Kommuneplanen sin arealdel
Bømlo kommune

Plandokument: 23.10.2023

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

arealendringar

Innhald

1 Innleiing/ bakgrunn 3

2 Kommunale arealstrategiar 3

3 Utgreiing og analyse 4

3.1 Konsekvensutgreiing 4

3.1.1 Kommentarar til særskilte problemstillingar 6

3.2 ROS-analyse 8

4 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av enkeltareal 10

4.1 Brandasund 15

4.2 Goddo 34

4.3 Rolfsnes 57

4.4 Rubbestadneset 65

4.5 Svortland 116

4.6 Meling 162

4.7 Gilje 196

4.8 Foldrøy 228

4.9 Moster 246

4.10 Finnås 274

4.11 Langevåg 324

4.12 Espevær 358

4.13 Akvakultur 362

1 Innleiing/ bakgrunn

Bømlo kommune har engasjert ABO Plan & Arkitektur for å bistå med konsekvensutgreiingar knytt til arealinnspel.

Nokre innspel til arealdelen er utarbeidd av ABO (eller tidlegare GØTZ, som no er ein del av ABO) eller av personar som no jobbar i ABO. I tillegg er det innspel der ABO har tett kontakt med tiltakshavarar som har levert inn innspel til KPA. Dette er løyst ved at ABO har gjennomført verdivurderingane for innspela, mens sjølve konsekvensvurderinga for desse innspela er gjort av kommunen.

2 Kommunale arealstrategiar

Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049 2019 – 2049, inneheld arealstrategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Følgjande føringar frå samfunnsdelen er vurdert til å vera relevante for **konsekvensutgreiinga** (utvalde punkt og ikkje i prioritert rekkefølgje):

- Berekraftig arealforvaltning i alle planar
- Satse på og utvikle kommunen på ungdom og dei unge sine omsyn
- Sikre gode og attraktive areal til bustader, næring og kultur (inkludert grøntareal) i planar
- Sikre ålmenta sine interesser først
- Satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde
- Nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra
- Bustad- og næringsutvikling ved sjøen
- Tilgjenge til blågrøne område. Alle skal ha nærturområde i maksimalt 500 meters avstand
- Prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta
- Båtplassar til alle. Fleire fellesanlegg.
- Forhindre nedbygging av kulturminne og kulturmiljø
- Ha eigna område til næringsføremål/reiseliv i strandsona
- Eigna sjøareal til marin næring
- Sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging, eit strengt jordvern
- Unngå nedbygging av matjord utan at tilsvarande areal blir erstatta
- Eigna areal for massedeponi
- Forhindre nedbygging av skog
- Bevare viktige friluftsområde
- Sikre grønt- og nærturområde
- Sørgje for ulike bustader som kan oppfylle ulike behov
- Meir gange og sykkel

3 Utgreiing og analyse

3.1 Konsekvensutgreiing

Godkjent planprogram skildrar det metodiske. Det slår fast at det skal leggjast til grunn tilgjengeleg og relevant informasjon, i tillegg til at lokal kunnskap og fagleg skjønn vil vera ein viktig del av konsekvensutgreiinga for nokre tema.

KU-metodikken er bygd på Statens vegvesen si handbok, V712, og M-1941 frå Miljødirektoratet, men med ei tilpassing til det konkrete plannivået - kommuneplan. Storleik/omfang av arealendringa vert vurdert opp mot konsekvensar. Verdi og konsekvens er skildra med tekst, og samla konsekvens for utgreiingstema er synleggjort ved bruk av fargeskala frå rødt til grønt.

-3 Stor negativ konsekvens	-2 Negativ konsekvens	-1 Liten negativ konsekvens	0 Ingen konsekvens	+1 Liten positiv konsekvens	+2 Positiv konsekvens	+3 Stor positiv konsekvens

Følgjande tema er nytta i konsekvensutgreiinga, sjå tabell under:

Utgreiingstema	Deltema	Kunnskapsgrunnlag
Naturverdiar og biologisk mangfald	Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur Strandsone	Er det kjente rødlisteartar, regionalt sjeldne artar eller registrerte naturtypar, funksjonsområde for vilt i området? Verna område? Kva type markslag i området? - Naturbase - Artskart - Gytefelt/oppvekst-/beiteområde (Fiskeridirektoratet) - Vann-nett - Vassforskifta med tilhøyrande regional planar - Viltet i Bømlo (2003) - Kartlegging av kystlynghei i Hordaland 2012
Friluftsliv og rekreasjon	Rekreasjonsbruk Strandsone	Er det kjente friluftsverdiar i området? Ligg innspelet i 100-metersbeltet? - Potensielt tilgjengeleg strandsone (SSB) - Eksisterande tiltak i strandsona og privatiseringsgrad - Fylkesatlas.no - Turkart og www.ut.no - Kartlegging av regionale / lokale friluftsområde - Kommuneplan/reguleringsplan med friområde/ friluftsområde - Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland
Landskap	Nærverknad Fjernverknad Strandsone	Er området bygd/ubygd, ope/vegetasjonskledd, godt/ lite synleg, eksponeringsgrad - Kartlegging av landskapstypar i Hordaland (HFK) og landskap NiN - INON - Hellingskart - 3d-kart for vurdering av eksponering/silhuettverknad - Flyfoto og grunnkart
Kulturminne	Kulturminne og kulturmiljø Strandsone	Er det kjente kulturminne eller kulturmiljø i området? - Askeladden - Sefrak-registeret - Fylkesatlas.no - Interkommunal strandsoneplan i Sunnhordland; Kulturminnerik strandsone - Kulturminneplan Bømlo

		- Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)
Naturressursar	Jordbruk og skogbruk Naturressursar Marine naturressursar Fiskeriinteresser	Er det kjente interesser knytt til landbruk, naturressursar og marine ressursar i området? - Ar5: Dyrka mark, innmarksbeite. Skogbonitet og hogstklasse - NGU; grus og pukkførekomstar, mineralressursar - Fiskeridirektoratet; Yggdrasil - Kommuneplanen sin arealdel for sjøområde (fiske) - Innspel frå lokale fiskarar - Skjelsandførekomstar
Teknisk infrastruktur	Transportbehov Nærleik til teknisk infrastruktur	Er området tilrettelagt med teknisk infrastruktur, som offentleg drikkevatn, avløp, veg, elektrisitet mm.? Vil arealendringa auke belastning av tilgjengelege system? Avstand til kommunale / offentlege tenester? Vil utbygging medføre auka belastning på vegnettet? - Grunnkart - Vegkart.no - Kystverket, Kystinfo Konsekvensvurderinga for temaet skildrar i kva grad området er tilrettelagt med teknisk infrastruktur, ev kor enkelt det er å kopla seg til slik infrastruktur.
Nærmiljø og stadutvikling	Folkehelse Born og unge	Er det etablert bumiljø i området? Kva kvalitet vil nær-/bumiljøet ha? Forureining av luft, vatn, støy nær der folk bur, jobbar eller ferdast? Er det tilbod for mjuke trafikantar? Avstand til sentrum/ skule/ fritidsaktivitetar. - Kommuneplanen/reguleringsplanar - Flyfoto/grunnkart - 1,5 km avstand frå sentrumsområde/delsenter/skule
Karbonrike areal		Er det registrert karbonrike areal i området? Det er knytt størst utslepp til utbygging på myr samt på høgbonitet skog. I forhold til desse er utsleppa mindre ved utbygging på areal med skog på lågare bonitetar, dyrka mark eller beite. Konsekvensvurderinga er basert på både arealtype og storleiken på arealet. - Ar5: Myr/skog/dyrka mark (karbonrike areal)
Næringsliv og sysselsetting	Er område bygd/ubygd? Sjønært? Byggjer arealendringa opp under næring og sysselsetting i kommunen? Verdiskaping? Grøn omstilling og utvikling?	
Strandsone	Arealendringa sitt forhold til Statleg planretningslinje for strandsona (SPR), regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, samt Strandsonerettleiar Vestland (digital).	
Samfunnsnytte og berekraft	Kva samfunnsnytte gir arealendringa? Er arealendringa i tråd med arealstrategiar i planprogrammet og samfunnsdelen?	

3.1.1 Kommentarar til særskilte problemstillingar

Utgangspunktet for konsekvensvurderingane

Nokre arealinnspel ligg i område som allereie er avsett til ulike utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan. Desse områda kan vera ferdig utbygde, dels utbygde eller ikkje utbygde. Sameleis er det innspel om omdisponering av LNF-område som er urørte i dag, og LNF-område som er heilt eller dels utbygde, og der innspelet om arealendring er meir ei stadfesting av eksisterande/utbygd situasjon.

Avsette, men ikkje utbygde, byggeområde skal gjennomgå ein miljørevisjon i samband med kommuneplanlegging. Dette kan påverke vurderingar ifht. om det avsette området skal vidareførast, avgrensast eller endrast med anna arealføremål. Dette forholdet er særleg relevant for følgjande tema; Strandsone, jordvern, naturmangfald (nye kartleggingar), kulturminne og senterstruktur (areal og transportplanlegging). Bømlo kommune har ikkje gjennomført miljørevisjon av desse temaa før konsekvensutgreiinga, og utgreiinga legg difor til grunn følgjande:

- Det er valt at konsekvensutgreiinga av enkeltinnspel på land tek utgangspunkt i eksisterande/utbygd situasjon for temaa naturverdiar/biologisk mangfald, friluftsliv og rekreasjon, landskap, kulturminne og naturressursar. Konsekvens-vurderingane vil såleis vera uavhengige av gjeldande plansituasjon i området.
- Under punktet *Samla vurdering og tilråding* vil det gjerast ei vurdering av konsekvensvurderingane på dei einskilde temaa sett i forhold til gjeldande plansituasjon. Her vil det også gjerast ei vurdering knytt til vektlegginga av eventuelle utbyggingsføremål opp mot kravet om miljørevisjon av avsette byggeområde.

Strandsone i konsekvensutgreiinga

Overordna føringar slår fast at strandsona er særskilt sårbar for vidare utbygging, og at det skal takast særskilt omsyn til strandsoneverdiar i samband med utgreiing av nye tiltak i 100-metersbeltet mot sjø. Konkrete strandsoneverdiar er i hovudsak knytt til *naturmangfald, kulturminne/miljø, friluftsliv og landskap*. Dei 4 temaa er eigne utgreiingstema i KU-oppsettet der forholdet til strandsona er skildra og konsekvensvurdert. Skildring av korleis tiltaket tek i vare eller er i strid mot overordna føringar er skildra i eige punkt kalla *Strandsone*. Denne er ikkje vekta med ei talfesting av konsekvens, for slik å hindre metodisk dobbeltvekting mellom dei ulike tema.

Følgjande punkt vert tillagt vekt i KU når det gjeld strandsone:

- Privatisering og okkuperande verknad. Alle tiltak har eit arealbeslag, men ulike typar tiltak og arealføremål har ulik privatiseringsgrad.
- Arealbruk i samanheng. Småbåthamn, naust/småbåtanlegg med fellesanlegg i tilknyting til anna utbyggings-føremål som t.d. bustad eller fritid, er vurdert å ha ei betre tilnærming til strandsoneverdiar enn enkeltståande naust på private eigedomar.
- Næring til sjø. SPR/kystsoneplan/rettleiar er klare på at område avsett til næring i strandsona skal vera sjørelatert. I utgangspunktet er det ikkje naudsynt at fritid/turisme ligg til sjø.
- Potensiell tilgjengeleg strandsone (SSB) er vurdert inn under tema friluftsliv i KU-en. Her er det presisert om strandsona i området er definert som tilgjengeleg, og lagt inn informasjon om hellingsgrad der det er relevant.
- Byggjegrense mot sjø. Det er jobba med å sette byggjegrense mot sjø parallelt med arbeidet med KU av enkeltinnspel. I ein del tilfelle vil tilrådinga henga saman med korleis byggegrensa vert sett i det enkelte området. Der dette er aktuelt er det nemnt som ein føresetnad i den faglege tilrådinga.

Innspel om bustad og LNF-spreidd-område

Når det gjeld bustad syner notat om bustadreserve, utarbeidd av kommunen, at KP2013 har ein svært stor bustad-reserve i alle delområde i kommunen. I samband med den endelege tilrådinga av enkeltsinnspel for bustad og LNF-spreidd må dette sjåast i samanheng og vurderast i eit overordna perspektiv. Også i samanheng med vurderingar av om enkelte område i eksisterande kommuneplan skal takast ut av planen.

I samband med vurdering av KU for enkeltinnspel er det i utgangspunktet ikkje teke høgde for behovsvurderingar som ein del av tilrådinga. Det enkelte innspelet er vurdert ut frå definerte KU-tema, og i enkelte tilhøve tilrådd positivt med atterhald om ei overordna behovsvurdering. Dette gjeld i utgangspunktet dei fleste arealføremål, men er særskilt viktig når det kjem til kommunen sine behov for nye bustadareal.

Planprogrammet peikar på at Bømlo er ein desentralisert kommune med livskraftig busetnad og næringsverksemd i nær heile kommunen. Sentraliseringa skal ikkje vera til hinder for busetnad utanfor eit senter. Det skal vidareførast

busetnad i LNF-område for spreidd busetnad. I konsekvensutgreiinga er det gjort ei vurdering på nærområda til innspelet, med tanke på område som allereie er avsett til LNF-spreidd, og om det er ledige tomter innanfor desse.

Innspel om fritidsbustad

Planprogrammet peikar på at fritidsbustader framleis kan ligge ved sjø, og at kartlegging av funksjonell strandsone skal vera kunnskapsgrunnlaget for kvar ein kan plassere fritidsbustader i forhold til nærleik av sjø. Planprogrammet seier vidare at tidlegare regulerte område, allereie detaljregulerte område, samt område avsett til dette føremålet i gjeldande kommuneplan skal vidareførast. I konsekvensvurderinga for arealinnspel for fritidsføremål er dei statlege planretningslinjene for strandsona og strandsonerettleiaren for Vestland fylke lagt til grunn. Nye fritidsføremål innanfor 100-metersbeltet er som hovudregel ikkje tilrådd.

Naust, småbåtanlegg og småbåthamn

I konsekvensutgreiinga for innspel på naust og småbåtanlegg er strandsonerettleiaren for Vestland og SPR lagt til grunn. Det er i tillegg gjort ei grov behovsvurdering for nærområda til innspelet, der ein ser på eksisterande naustområde og eventuelle ledige tomter. I tillegg vert plassering av innspela vektlagt, dvs. nærleik til bustadområde og eksisterande infrastruktur i området. Planprogrammet seier at felles småbåtanlegg/-hamner i tilknyting til eksisterande busetnad skal prioriterast. Dette er også i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, og slike område vert tilrådd i konsekvensutgreiinga dersom dei ikkje er i vesentleg konflikt med konkrete utgreiingstema.

Næring, kystfiske

Det er ein del innspel på endring frå naustføremål til næring/kystfiske. Dette gjeld kystfiskarar som ynskjer å ha naustet/ naustområdet som base for næringsaktiviteten sin. Slike endringar vert handsama som endring frå naustføremål til næring/kystfiske. Føresegnene regulerer skilnaden på dei to føremåla. Slike innspel er i tråd med strandsone-rettleiaren/SPR, for punktetat at dette er arealbruk som må ligga til sjø. I tillegg vil arealendringa i stor grad regulere eksisterande situasjon. Innspela vil i hovudsak verte tilrådd positivt dersom dei ikkje er i vesentleg konflikt med konkrete utgreiingstema.

Fritid/turismeføremål

Planprogrammet peikar på at det skal leggjast til rette for næringsverksemd i form av turisme og reiseliv. Når det gjeld fritid-/turistføremål i strandsona seier strandsoneretteleiaren for Vestland/SPR at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør i utgangspunktet prioriterast føre areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad, og vidare at berre den delen av næring/turisme som må liggje til sjø vert etablert der. Innspela vil i hovudsak verte tilrådd positivt dersom dei ikkje er i vesentleg konflikt med konkrete utgreiingstema.

Næring

Planprogrammet peikar på at kommunen ønskjer å leggja til rette for utviding av eksisterande industriområde, og å opna for næringsareal som ligg til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar. Det står vidare at tiltak som gjev grøn omstilling og utvikling i næringslivet vil bli prioritert, og at arealdelen må vera fleksibel i forhold til næringsutvikling.

Strandsonerettleiaren for Vestland/SPR peikar på at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring, men at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Næringsområde i strandsona er såleis i hovudsak tilrådd positivt dersom det er tilstrekkeleg infrastruktur på plass, og innspela ikkje er i vesentleg konflikt med konkrete utgreiingstema.

Akvakultur

Planprogrammet seier at det skal planleggjast med tilstrekkeleg eigna areal for akvakultur både på land og i sjø. Det er vidare peika på at eventuelle nye areal bør vera knytt til infrastruktur, og bør helst ikkje lokaliserast nær fiskeriinteresser, bustad-, fritidsbustad- eller naustområde, registrert naturmangfald strandsoneverdi eller verneområde.

I konsekvensvurderinga av akvakulturinnspel i sjø er det lagt til grunn at auka areal utover kommuneplan og/eller godkjent arealbruk (ihht. akvakulturregisteret) gir grunnlag for flytting og justering av eksisterande anlegg, større anlegg og auka produksjon (MTB). Dette er tilhøve som ikkje vert regulert gjennom pbl og kommuneplanprosessen, men det må likevel gjennomførast ei overordna vurdering av desse tilhøva i konsekvensutgreiinga. Konsekvensutgreiinga er såleis «konservativ» på dette punktet, og vil gi større utslag/meir negative konsekvensar enn berre ei flytting/justering av eksisterande anlegg skulle tilseie.

3.2 ROS-analyse

Plan- og bygningslova § 3-1 syner til at planlegginga skal *"fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv."*. ROS-analyse til kommuneplanen sin arealdel skal identifisere mogleg uønska hendingar gjennom kartlegging av risiko- og sårbarheitsforhold, jf. pbl. §4-3. ROS-analysen er tilpassa det planleggingsnivået som planen representerer, innspel til kommuneplan.

Målsetjinga med ROS-analysen er å laga ei oversikt som avdekkjer risiko som følgjer av arealendringa og kor sårbar arealbruken er for dei ulike risikotilhøva. Kartlegginga er ein del av kunnskapsgrunnlaget for tilråding av arealendringa, i tillegg til at det gir opplysningar for vidare detaljplanlegging. ROS-analysen er gjennomført slik at ein har sjekka innspela med omsyn til spesifikke tema og grad av risiko, sjå tabellar under. Analysen er integrert i konsekvensutgreiinga for å få eit heilskapleg bilete av situasjonen i kvart enkelt innspelsområde.

Det er nytta ein fargebruk i analysen som representerer følgjande:

Høg risiko	Høg risiko gir grunnlag for å ikkje tilrå arealendringa, og dersom endra arealbruk skal tilrådast positivt må det settast i verk tiltak for å redusere risiko. Grunnlag for å klassifisere arealendringa i høg risiko: - Arealet ligg i naturfaresonekartlagde område. Vurdering av sårbarheit ihht. tiltaksklasser definert i TEK17. - Arealet er knytt til vegar med særleg høg trafikkfare (dødsulykke) - Strålingsfare for bustadføremål - Bustadområde i rød støysone frå veg - Ny arealbruk gir uakseptabel verknad for omgjevnadane, t.d. for støy
Middels risiko	Middels risiko gir grunnlag for å tilrå arealet, men at risiko og sårbarheita for den enkelte hendinga må undersøkast nærmare i reguleringsplan, og at det då må vurderast avbøtande tiltak. Grunnlag for å klassifisere arealendringa i middels risiko: - Arealet ligg i aktsemdssone for naturfare - Arealet vil vera utsett for stormflo/havnivåstigning - Om arealet er knytt til vegar utan fortau/GS-veg eller smal/dårleg veg, for relevante arealføremål eller for større areal der det vil vera krav om reguleringsplan - Arealet overlappar med gul støysone frå veg eller forureina grunn - Ny arealbruk kan ha verknad for omgjevnadane, men avbøtande tiltak kan gjennomførast
Ingen kjend risiko	Arealet overlappar ikkje med kjent kunnskap knytt til naturfare, forureining (grunn og støy). Analysen har ikkje avdekka hendingar som gjera at arealet er ueigna for bruk/utbygging.

ROS-analysen er gjennomført for desse temaa og med grunnlag i desse kjeldene:


ROS-analyse Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko	
Naturfare	
Skred • Årsak alle type skred • Hendingar som vil skade bygg og tiltak, samt potensielt ta liv • Vurdering om arealet ligg i utløysing eller utløpsområde for skred • Kjelde og nivå aktsemdskart • Sikkerheitsklassar i TEK17	Skrednett.no Nve.no
Kvikkleire • Utgliding av terreng/ustabil byggegrunn som vil skade bygg og tiltak, samt potensielt ta liv • Vurdering av om arealet ligg over/under marin grense • Kjelde og nivå aktsemdskart	Nve.no Fylkesatlas.no
Flaum • Årsak flaum frå elv/bekk, samt overvatn • Flaumhendingar som vil skade bygg og tiltak, samt potensielt ta liv	Nve.no, Fylkesatlas.no

• Vurdering av om arealet ligg innanfor aktsemdssone for flaum eller ved avrennings-linje eller lågpunkt i terrenget. • Kjelde og nivå aktsemdskart • Sikkerheitsklassar i TEK17	
Stormflo /havnivåstigning • Hendingar som vil skade bygg og tiltak • Vurdering av om arealet ligg ved sjø og dermed potensielt utsett for vatn inn på arealet/bygg • Kjelde og nivå aktsemdskart • Sikkerheitsklassar i TEK17	Sehavnivå.no Nve.no
Menneske og verksemdbaserte farar	
Trafikktryggleik • Årsak trafikkfarleg situasjon (dagens/ framtidig) • Hendingar som vil skade køyretøy samt potensielt ta liv • Vurdering av om arealet ligg i område med tidlegare trafikkulykke, kryssløysing til hovud-veg, eige felt for mjuke trafikantar, fartsgrense/-nivå, vegstandard, auke i trafikk vil det endre situasjonen • Kjelde og nivå; overordna vurdering	Vegkart.no Lokal kunnskap hos kommunen.
Forureina grunn • Årsak registrert som forureina grunn eller mistanke om forureina grunn • Vil arealet potensielt medføre framtidig forureining av grunnforholda • Kjelde og nivå; overordna vurdering	Miljødirektoratet
Støy • Årsak trafikkstøy eller nærleik til næringsområde • Kontinuerleg hending som vil medføre helse-plager • Vurdering av om arealet ligg innanfor varslingskart for støy for veg, om arealet ligg i nærleiken av næringsareal, eller nytt næringsareal vil påverke eksisterande busetnad • Kjelde og nivå varslingskart • Støyretningslinje T-1442	Støyvarslingskart Statens vegvesen Grunnkart og oversikt av næringsområde og eksisterande busetnad
Stråling frå høgspent • Årsak stråling frå høgspent • Kontinuerleg hending som vil medføre helse-plager • Vurdering av om arealet ligg ved høgspentlinje i luftspenn • Kjelde og nivå varslingskart	Grunnkart og oversikt av eksisterande høg-spent i luftspenn
Innsatstid og kapasitet for naudetatane • Nærleik til naudetatar • Omfang av ønska utbygging vil påverke kapasitet og beredskap	Dsb.no Fylkesatlas.no

Det er ikkje gjort vurdering av verksemd-spesifikke risiko. ROS-analysen peiker på punkt og problemstillingar som må vidareførast i detaljregulering og -prosjektering av tiltak. Det er ei viss usikkerheit i analysane og datakjeldene med utgangspunkt i at det er offentlege og overordna datasett som er kjeldene i analysen. Med dette som bakgrunn, kan det komme opp problemstillingar som ikkje vert fanga opp i denne analysen. I seinare plansaker må dei følgjast opp med eventuelle kartleggingar/ dokumentasjon, samt nødvendige avbøtande tiltak.

4 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av enkeltareal

Det er gjennomført konsekvensutgreiing for alle arealinnspel som gjekk vidare frå kommunen si grovsiling av arealinnspel i 2022. Areala som er konsekvensutgreia er delt inn i 12 delområde/krinsar i kommunen, sjå kart under, samt eiga delkapitel for føremål knytt til akvakultur og opplag.



Figur 1. Oversikt delområde som konsekvensutgreiinga er delt inn i.

Link direkte til konsekvensutgreiing for dei enkelte arealinnspela


4.1 Brandasund ... 15
4.1.1 Brandasund 1a og 1b – gnr/bnr 148/2 – Næring, kystfiske ... 15
4.1.2 Brandasund 2a og 2b, gnr/bnr 151/8, 16, 24, 25 – Strandpromenade og naust ... 19
4.1.3 Brandasund 3, gnr./bnr. 152/1 – LNF-spreidd bustad ... 23
4.1.4 Brandasund 4, gnr/bnr 154/3 – Næring kystfiske ... 27
4.1.5 Brandasund 5, gnr/bnr 155/1 – Naust/fritid ... 30
4.2 Goddo ... 34
4.2.1 Goddo 1, gnr/bnr 63/1 - Bustad ... 34
4.2.2 Goddo 2, gnr/bnr 64/1 – Fritid ... 37
4.2.3 Goddo 3, gnr/bnr 68/7 – Næring ... 40
4.2.4 Goddo 4, gnr/bnr 75/1 - Fritid ... 43
4.2.5 Goddo 6b, gnr/bnr 98/5 – Naust ... 46
4.2.6 Goddo 7, gnr/bnr 98/6 – LNF ... 51
4.2.7 Goddo 8a-e, gnr/bnr 98/6 – Naust, bustad ... 53
4.3 Rolfsnes ... 57
4.3.1 Rolfsnes 1a-1f, gnr/bnr 76/2 - Diverse ... 57
4.3.2 Rolfsnes 2, gnr/bnr 76/131 - Naust ... 62
4.4 Rubbestadneset ... 65
4.4.1 Rubbestadneset 1, gnr./bnr. 79/8, LNF-spreidd bustad ... 65
4.4.2 Rubbestadneset 2, gnr./bnr. 80/2, Næring – kystfiske (KF) ... 69
4.4.3 Rubbestadneset 3, gnr./bnr. 81/4, 5, 7, 27, Turdrag, naust og småbåtanlegg ... 72
4.4.4 Rubbestadneset 4, gnr./bnr. 82/1 mfl., Kombinert bustad/naust ... 76
4.4.5 Rubbestadneset 6, gnr./bnr. 82/1 mfl., fjern næring/hamn ... 80
4.4.6 Rubbestadneset 5, gnr./bnr. 82/1 mfl. , Bustad ... 82
4.4.7 Rubbestadneset 7, gnr./bnr. 86/1, Fritid- og turisme ... 85
4.4.8 Rubbestadneset 8, gnr./bnr. 86/3, Næring ... 88
4.4.9 Rubbestadneset 9, gnr./bnr. 86/5, Småbåthamn ... 91
4.4.10 Rubbestadneset 10, gnr./bnr. 86/53, 87, 105, 120, Kombinert Bustad/Næring ... 94
4.4.11 Rubbestadneset 11 og 12, gnr./bnr. 143/1 og 143/4, Fritid, naust og småbåtanlegg ... 97
4.4.12 Rubbestadneset 13, gnr./bnr. 144/18, Næring/akvakultur ... 100
4.4.13 Rubbestadneset 14, gnr./bnr. 144/35, 54, 84, 127, Naust og småbåtanlegg ... 103
4.4.14 Rubbestadneset 15, gnr./bnr. 144/2, LNF-spreidd bustad og naust ... 106
4.4.15 Rubbestadneset 16, gnr./bnr. 84/10, Naust og kai og fritid og turisme (utleige hytter) ... 109
4.4.16 Rubbestadneset 17, gnr./bnr. 86/7, Fritid, naust og småbåtanlegg ... 112
4.5 Svortland ... 116
4.5.1 Svortland 1, gnr./bnr. 87/20, 109, 236. Næring ... 116
4.5.2 Svortland 2, gnr./bnr. 87/56, 61, 62. Næring ... 119
4.5.3 Svortland 3, gnr./bnr. 89/17, Bustad ... 122
4.5.4 Svortland 4a, c, gnr./bnr. 93/4. Kombinert føremål inkl. naust ... 125

4.5.5 Svortland 4b og 14a, gnr./bnr. 93/1, 4, og 94/9, 18. Bustad eller bustad/tenesteyting 129
4.5.6 Svortland 14b, gnr./bnr. 93/1 mfl. , Næring/akvakultur 132
4.5.7 Svortland 5, gnr./bnr. 94/4, Næring 135
4.5.8 Svortland 6, 8 og 9 a-d, gnr./bnr. 95/5, 15 mfl, Bustad og LNF 138
4.5.9 Svortland 7 og 10, gnr./bnr. 95/5 og 97/9, Fritid 144
4.5.10 Svortland 11, gnr./bnr. 109/5, Bustad 147
4.5.11 Svortland 12, gnr./bnr. 87/11,29,15, LNF-spreidd 150
4.5.12 Svortland 13, gnr./bnr. 88/7, LNF-spreidd 153
4.5.13 Svortland 15, gnr./bnr. 108/70, Næring 156
4.5.14 Svortland 16, gnr./bnr. 89/6, 79, Bustad 158
4.6 Meling 162
4.6.1 Meling 1a-1b, gnr/bnr 99/2 – Bustad 162
4.6.2 Meling 2, gnr/bnr 100/5,6 – Bustad, naust 165
4.6.3 Meling 3, gnr/bnr 100/27 m.fl. - Naust 168
4.6.4 Meling 4a – 4b, gnr/bnr 101/41 og Meling 13a - naust 170
4.6.5 Meling 5a-5c, gnr/bnr 103/1 og Meling 6 (gnr/bnr 103/98) – LNF, LNF-spreidd, bustad 173
4.6.6 Meling 7a-7b, gnr./bnr. 105/1 og Meling 8, gnr./bnr. 105/25 – Fritidsbustad 176
4.6.7 Meling 9, gnr/bnr 101/15 – Bustad 179
4.6.8 Meling 10a – 10k, gnr/bnr 100/84 – Næring m.m. 181
4.6.9 Meling 11, gnr/bnr 101/14 – LNF-spreidd og Meling 13b, gnr/bnr 101/18 – Bustad 187
4.6.10 Meling 12, gnr/bnr 131/15 – Kombinert næring, bustad, naust, kai 189
4.7 Gilje 196
4.7.1 Gilje 1, gnr/bnr 110/44 mfl. – Kombinert næring / tenesteyting 196
4.7.2 Gilje 2, gnr/bnr 110/206 mfl. - Fritidsbustad 199
4.7.3 Gilje 4, gnr/bnr 112/10 - Bustad 202
4.7.4 Gilje 5, gnr/bnr 113/1 - Naust 205
4.7.5 Gilje 6, 113/5 – Bustad 207
4.7.6 Gilje 7a-7c, gnr/bnr 113/6 mfl. – Næring, naust 210
4.7.7 Gilje 8a, b, gnr/bnr 113/11 mfl. – LNF spreidd, småbåtanlegg 213
4.7.8 Gilje 9a,-9h, gnr/bnr 114/1 – Diverse + 10a, gnr/bnr 114/4 - bustad 215
4.7.9 Gilje 9 i, j, gnr/bnr 114/1 – LNF-spreidd, Gilje 10b, gnr/bnr 114/4 – Bustad, Gilje 15, gnr/bnr 114/15 - Bustad 219
4.7.10 Gilje 11a, b, gnr/bnr 115/5 og 6 – Naust, LNF 221
4.7.11 Gilje 13a-c, gnr/bnr 118/2 – Massedeponi og Gilje 14, gnr/bnr 118/3 – Råstoffutvinning 224
4.8 Foldrøy 228
4.8.1 Foldrøy 1 og 5, gnr/bnr 29/2, LNF-spreidd bustad, bustad, naust 228
4.8.2 Foldrøy 2 og 6, gnr/bnr 32/2, 3, 5, 6, 10, 14 og 15, Bustad 233
4.8.3 Foldrøy 3, gnr/bnr 84/1, Bustad 236
4.8.4 Foldrøy 4, gnr/bnr 84/3 og 13 mfl., Kombinert Fritid – Fritid/turisme og LNF 239
4.8.5 Foldrøy 7, gnr/bnr 29/2, Næring, kystfiske 243

4.9 Moster ... 246
4.9.1 Moster 2 – gnr/bnr 13/10 - Bustad ... 246
4.9.2 Moster 3, gnr/bnr 14/193 og 2 – Næring, kystfiske ... 249
4.9.3 Moster 4, gnr/bnr 15/8 og 15/14 – og 11 (gnr/bnr 15/118) - Bustad ... 251
4.9.4 Moster 5a, 5b (gnr/bnr 19/2 og 97) og Moster 6 (gnr/bnr 19/4) - Bustad ... 254
4.9.5 Moster 7, gnr/bnr 25/9 – Fritid/turisme ... 257
4.9.6 Moster 8, gnr/bnr 28/1 - LNF ... 259
4.9.7 Moster 10a – 10b, gnr/bnr 14/137 – Fritidsbustad, naust ... 261
4.9.8 Moster 12, gnr./bnr. 16/6 og Moster 13, gnr./bnr. 17/29 – Bustad ... 264
4.9.9 Moster 14, gnr/bnr 25/11, 12, 103, 112 LNF spreidd bustad ... 266
4.9.10 Moster 15, gnr./bnr. 13/15 – Bustad ... 268
4.9.11 Moster 16 og 17, gnr./bnr. 27/4 – Fritidsbustad og bustad ... 271
4.10 Finnås ... 274
4.10.1 Finnås 1a-1e gnr/bnr 1/20, 25, 26, 27, Naust, småbåtanlegg, fritidsbustad ... 274
4.10.2 Finnås 2a – 2d, gnr/bnr 3/1, naust, fritidsbustad, LNF-spreidd ... 278
4.10.3 Finnås 3a – 3b gnr/bnr 5/4, bustad, naust ... 281
4.10.4 Finnås 4, gnr/bnr 5/27, Næring -kystfiske ... 284
4.10.5 Finnås 5a – 5b – gnr/bnr 6/4, næring, friområde ... 287
4.10.6 Finnås 6a – 6f og 7 – gnr/bnr 122/3 og 122/22, 39 - Bustad, naust, småbåtanlegg ... 291
4.10.7 Finnås 8a - 8b, gnr/bnr 124/3, naust, fritidsbustad ... 295
4.10.8 Finnås 9a – 9h, gnr/bnr 135/1, fritid/turisme, bustad, kai/hamn ... 298
4.10.9 Finnås 10a- 10b, gnr/bnr 135/2, LNF-spreidd ... 304
4.10.10 Finnås 11 – gnr/bnr 7/6, 12, LNF-spreidd ... 307
4.10.11 Finnås 13a-13b, gnr/bnr 141/3, naust ... 310
4.10.12 Finnås 14, gnr/bnr 4/8, 140, fritidsbustad ... 313
4.10.13 Finnås 15, Råstoffutvinning ... 316
4.10.14 Finnås 16a-e, Kombinert fritid/turisme/næring, bustad, grønstruktur, småbåthamn ... 320
4.11 Langevåg ... 324
4.11.1 Langevåg 1a-c, gnr/bnr 43/1, Naust, småbåtanlegg ... 324
4.11.2 Langevåg 2a, gnr/bnr 57/34 og deler av 57/4 – Næring ... 327
4.11.3 Langevåg 3, gnr/bnr 59/154, Fritid/Turisme ... 331
4.11.4 Langevåg 4, gnr/bnr 60/1, Næring ... 334
4.11.5 Langevåg 5a, 5b, gnr/bnr 53, 54/1,4,1,2,3, Næring ... 336
4.11.6 Langevåg 6, gnr/bnr 57/2, Bustad og Langevåg 2b, Næring ... 340
4.11.7 Langevåg 7, gnr/bnr 62/3,4,5,7,8,10, LNF-spreidd fritid ... 344
4.11.8 Langevåg 8 – Småbåthamn ... 346
4.11.9 Langevåg 9 – gnr/bnr 53/1 og 53/3 - Bustad ... 349
4.11.10 Langevåg 10 – gnr./bnr. 57/42 og 57/84 – Næring ... 352
4.12 Espevær ... 358
4.12.1 Espevær 1, gnr/bnr 46/5 – Bustad ... 358


4.13 Akvakultur 362
4.13.1 Dyrneset / Stora Brennøy 363
4.13.2 Ospøy Øst 366
4.13.3 Aga Øst 370
4.13.4 Holevik 373
4.13.5 Austnes 377
4.13.6 Breivik 381
4.13.7 Andal 384
4.13.8 Hattasteinen 388
4.13.9 Klungsholmen 391
4.13.10 Sølvøyane 395
4.13.11 Lyklingeholmen Nord 399
4.13.12 Gjæravågen 403
4.13.13 Trettholmosen 405
4.13.14 Oksøyskallen 408
4.13.15 Sengane 412
4.13.16 Opplag – Dyrøy 416

4.1 Brandasund



Figur 2. Oversiktskart arealinnspel i delområde Brandasund.

4.1.1 Brandasund 1a og 1b – gnr/bnr 148/2 – Næring, kystfiske

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Andre typar bebyggelse og anlegg (naust, kystfiske)	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring, kystfiske Ønske om næringsbygg for fiske, og oppbevaringsplass for utstyr og båtar.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1a: 6,1 daa

	1b: 13,0 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Vikøya, like nord for Goddo, i tilknyting til eksisterande gardsbruk der strandsona har vore nytta til naust, kai, reiskapsboder etc. knytt til sjarkfiskeri. Det er i dag ikkje vegtilkomst til området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Potensielt behov for vegtilkomst for næringsareal

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Det nordlege arealet overlappar litt med naturtypen Skjelsand, med verdi viktig. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ærfugl (VU) registrert like utanfor det nordlege innspelet. Sjøorre (VU) registrert innanfor det sørlege innspelet. Markslag: Open grunnlendt fastmark, bebygd, uproduktiv lauvskog, overflatedyrka jord.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Innspela gir grunnlag for tiltak i sjøområdet (utfylling og kaiområde). Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Strandsona i området er relativt bratt og lite tilgjengeleg frå land. Området er tilgjengeleg frå sjøsida. Deler av innspela er klassifisert som inngrepsnære areal av SSB. Resterande areal er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Store deler av denne har stor hellingsgrad (10 – 25 grader).	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Utvida utbyggingsføremål knytt til kystfiske, ein type nærings-aktivitet, vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området, men områda er relativt lite tilgjengelege i eit friluftlivsperspektiv i dag.	-1
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspela ligg innanfor landskapsområde Selsfjorden – Goddosen, landskapstype småfjord- og storsundlandskap, med verdi 2. Innspela ligg innanfor området Fitjarøyane, som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Lyngheilandskap, maktsete og handel i leia). Innspela ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til	Landskapet innanfor KULA-området Fitjarøyane er sårbart for tett utbygging. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet både på sjø og land. Tiltak som krev større terrenginngrep innanfor arealsone landskap og KULA er i utgangspunktet negativt. Det er avgrensa innsyn til områda då det er skjerma av nærliggande øyar. Området i og ved innspelet framstår som ope og for nærområdet sårbart for inngrep.	-2/-3

	planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Innspela ligg aust i Vikøysundet med Ylvesøya vest. Det er etablerte tiltak med kai og naust innanfor areala, flest tiltak i nordre del. Strandsona er kupert og dei etablerte tiltaka er i område der det er opning ned til sjø. Det er spreidd busetnad nord og aust for areala, bustader og fritidsbustader, og grasbakkar. Det er mykje ope berg i dagen og lite vegetasjon i området ved sjøen. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspela opnar for større terrenginngrep i sjø og på land i strandsona i eit kupert terreng. Dette vil gi negative verknadar for landskap.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne innanfor innspela. Det ligg eit automatisk freda kulturminne like nordaust for det nordlege innspelet. Dette er ein buplass frå steinalder – bronsealder. Det ligg eit automatisk freda kulturminne like nord for det sørlege innspelet. Dette er ein buplass frå steinalderen. Det ligg SEFRAK-registrerte bygg (gul og grå kategori) relativt tett på innspela.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det sørlege arealet overlappar såvidt (70 m^2) med overflatedyrka mark. Ingen registreringar i sjø	Innspelet i sør er trekt langt inn på land og omdisponerer innmark.	-1
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje veg fram til innspela, og innspela ligg relativt lite sentralt plassert i kommunen, men sentralt med omsyn til fiskefelt/område.| Føremålet er å leggja til rette for næringsverksemd knytt til sjarkfiskeri som er knytt til garden, og som allereie er etablert i området.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg relativt usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspela ligg relativt skjerma frå annan busetnad på Vikøy, men er godt synlege frå fritidsbustadane på Ulversøy på vestsida av Vikøysundet. Ei utvikling av områda til kan medføre ulemper for fritidsbustadane på den andre sida av sundet. Aktiviteten er likevel etablert i området i dag, og konsekvensen er vurdert til å vera relativt liten		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspela, som t.d. myr eller større skogområde.		0

Næringsliv og sysselsetting	Innspela omhandlar areal for sjarkfiskeri. Områda vert allereie brukt som lagringsplass for fiskeutstyr og som båtplass for sjarkane som er heimehøyrande i området. Næringsføremål i området vil vera med på å sikre vidare drift, vekst og utvikling for eigedomen, som kystlandsbrukseigedom.	+2
Strandsone	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust, kystfiske, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Strandsonerettleiaren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Innspela er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og tiltaka er lokalisert i tilknyting til eksisterande naust og kai.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, eigna sjøareal til marin næring.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense. Lausmassane i området er registrert som bart fjell, stadvis tynt lausmassedekke.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går nokre bekkar i området. Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Areala ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspela vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje om lag 70 meter frå det sørlege innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 10 km frå innspela i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	**Friluftsliv**	**Landskap**	**Kulturminne og kulturmiljø**	**Naturressursar**	**Teknisk infrastruktur**	**Nærmiljø og stadutvikling**	**Karbonrike areal**	**Næringsliv og sysselsetting**

-2	**-1**	**-2/-3**	**-1**	**-1**	**0**	**0**	**0**	**+2**

Innspela er positivt for næringsliv og sysselsetting, ved at føremålet vert tilpassa eksisterande bruk av området. Det er likevel ein del negative konsekvensar av innspela, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturmiljø.

Innspela ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak. Innspela er likevel i tråd med SPR og strandsonerettleiaren for Vestland fylke, då det er snakk om sjøretta næring, og utviding av eit eksisterande naust/kystfiskeområde.

På bakgrunn av dette vert innspel 1b tilrådd. Området må nyttast til fiskeritilknytt næring, og utbygging i området må tilpassast landskapsomsyn, slik at terrenginngrepa ikkje vert vesentlege. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.


Innspel 1a vert ikkje tilrådd, då dette er eit område med færre tiltak i dag, og ei utbygging i strandsona vil medføre relativt store terrenginngrep og negative konsekvensar for landskap.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering : Negativ tilråding innspel 1a

Fagleg vurdering: Positiv tilråding innspel 1b

4.1.2 Brandasund 2a og 2b, gnr/bnr 151/8, 16, 24, 25 – Strandpromenade og naust

Gjeldande arealbruk LNF Bruk og vern av sjø og vassdrag	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Strandpromenade (blågrøn struktur) – innspel 2a Naust – Innspel 2b	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2a: 1,2 daa 2b: 1,9 daa
Skildring av området	Området ligg på Kvernanes på Vikøy, og innspelsområdet er ein del av vika Pollen. Området kring innspelet omfattar bustader, naust og småbåtanlegg. Det er ønskjeleg å vidareføra grønstruktur/strandpromenade i tilgrensande reguleringsplan i vest, og leggje til rette for naust i aust. Det

	er opparbeidd teknisk infrastruktur som vatn, avløp, straum og fiber i området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Veg og parkeringstilhøve knytt til naustområdet. Det er stor høgdeforskjell mellom naustinnspelet og Kvernanes-vegen. Innspelet 2a overlappar med aktsemdområde for snøskred.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Lauvskog av høg bonitet	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. Deler av områda er i dag steinfylling på nedsida av vegen. Innspela gir grunnlag for tiltak i sjøområdet. Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag..	-1/-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor eller i nærleiken av planområdet. Heile innspela ligg i 100-metersbeltet mot sjø. Den austlege delen av innspel 2a og heile innspel 2b er av SSB definert som potensielt tilgjengeleg strandsone. Hellingsgraden i innspela er stor (10-25 grader) og veldig stor (> 25 grader).	Ingen kjende konsekvensar for kartfesta friluftsområde. Tilrettelegging for strand-promenade er positivt for allmenn tilgjenge til strandsona, men eit privat naust vil legge beslag på urørt strandsone. I samband med registrering av tilgjengeleg strandsone vil etablering av naust medføre eit direkte arealbeslag knytt til bygg og anlegg.	-1
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspela ligg innanfor landskapstype Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap, og har verdi 4 -stor verdi (landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng). Innspela ligg innanfor området Fitjarøyane, som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Lyngheilandskap, maktsete og handel i leia. Innspela ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til	Landskapet i Fitjarøyane og KULA er sårbart for tett utbygging. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet både på sjø og land. Tiltak som krev større terrenginngrep innanfor arealsone landskap og KULA er i utgangspunktet negativt. Det er avgrensa innsyn til områda då det er skjerma av nærliggande øyar. Området i og ved innspela framstår som inngrepsnært og nærområdet er mindre sårbart for inngrep.	-2/-3

	planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Areala er på nedsida av fylkesvegen, og er dels steinfylling knytt til vegen. Det er dels bratt terreng mot sjø. Sjå 3D-kart over området: https://3dx.kommunekart.com/	Innspela ligg i strandsona, og opnar for større terrenginngrep i sjø og på land, som vil gi negative landskapsmessige verknadar	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspela. Det er registrert nokre kulturminne nordvest for innspela. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspela.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspela, og det er ikkje registrert marine ressursar i tilliggjande sjøområde.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Områda vest for innspela er tilrettelagt med vatn, avløp, straum og fiber. Etablering av veg like ved nausteigedomane gir relativt lett tilgjenge og moglegheit for avkøyrsle på oppsida av innspelsområdet, men det er bratt terreng i området. Nærområdet er relativt godt tilrettelagt med teknisk infrastruktur		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen. Tilgrensande reguleringsplan i vest regulerer mellom anna areal til bustad, naust og grøntstruktur. Naust og strandpromenade vil vera ei naturleg vidareføring av føremåla som ligg i tilgrensande reguleringsplan i nordvest.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspela, som t.d. myr eller større skogområde		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust og strandpromenade. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspela er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om naustområde, der tiltaka er lokalisert i tilknyting til eksisterande naust og kai.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande bustader og naust, og er ei naturleg vidareføring av dette området. Innspela er dels i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet 2a, strandpromenade, ligg innanfor aktsemdområde for snøskred. Føremålet opnar ikkje for varig eller lengre opphald.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspela ligg under marin grense. Lausmassane i området er registrert som bart fjell, stadvis tynt lausmassedekke.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ingen bekkar innanfor innspelsområda, og såleis ikkje fare for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Areala ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst, og vegen har greie sikttilhøve på strekninga.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje kjente registreringar av forureina grunn i området		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentlinjer tett på innspela		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 11 km frå innspela i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	**-1**	**-2/-3**	**0**	**0**	**0**	**+1**	**0**	**x**


Innspela ligg i tilknyting til utbyggingsområde, og vil såleis utgjera ei naturleg utviding av desse områda. Strandpromenade er positivt for allmenn tilgjenge til strandsona. Det er negative konsekvensar av innspela med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap, og dels kulturminne og kulturmiljø.

Innspela vert ikkje tilrådd med bakgrunn i at utbygging av naustområde vil medføre større terrenginngrep i urørt strandsone. Det ligg fleire naustområde på Vikøy der det er ledige tomter.

ROS-analyse: Skred, stormflo/havnivåstigning.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.1.3 Brandasund 3, gnr./bnr. 152/1 – LNF-spreidd bustad

Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring**
Planlagt arealbruk LNF – spreidd bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 69 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på øya Selsøy, mellom fylkesvegen, Brandasundvegen, og Brandasund. Torgjo, som ligg sør for innspelet, med to faste busetnader og ein fritidsbustad er utan vegframføring til tunet. Forslagsstillar skriv at ved opning for bustadbygging i området vil veg kunna førast til tunet frå brufestet ved Brandasundbrua. Det er ledige tomter i LNF-spreidd områda som grensar til innspelet i sør og nordaust, samt i området like over brua, i vest.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Innspelet grensar til LNFS-område i sør, som ligg tettare på tunet i Torgjo. Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Sjøområdet ved Brandasund er registrert som funksjonsområde for svartand (VU) og svartbak. Artar: Makrellterne (EN), gråmåke (VU), heipiplerke og gråspett er registrert innanfor innspelet. Markslag: Open grunnlendt fastmark, lauvskog, innmarksbeite	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. Det er ingen tiltak innanfor arealet i dag med unntak av høgspentlinje. Området framstår som naturområde med typisk lågt voksande kyst-vegetasjon. Deler av innspelet ligg i strandsona. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-2

Friluftsliv	Ikkje registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Deler av innspelet ligg i 100-metersbeltet. Strandsona i området er i stor definert som potensielt tilgjengeleg (SSB), med relativt stor hellingsgrad, særleg tettast på sjøen.	Ingen kjende konsekvensar for kartfesta friluftsområde. Etablering av bustader i området vil medføre privatisering av strandsona, men det er ikkje kjend at området er brukt til friluftsliv i dag.	-1/-2
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapstype Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap, og har verdi 4 -stor verdi (landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng). Deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Innspelet ligg innanfor området Fitjarøyane, som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Lyngheilandskap, maktsete og handel i leia. Innspelet ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Området ligg aust for Brandasund og er utan tekniske inngrep med unntak av høgspentlinje. Områda langs fylkesvegen framstår som spreidd utbygd. Området er typisk kystlandskap med kupert terreng. Høgaste punktet i området er i overkant av 40 m.o.h. Sjå 3D-kart: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet innanfor KULA-området Fitjarøyane er sårbart for tett utbygging. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet både på sjø og land. Plasseringa innanfor arealsone landskap og KULA gjer at ein skal vera varsam med plassering av nye tiltak i området, og tilpassa desse mellom anna til landskapet. Deler av areala mot sjø og dei høgaste toppane er eksponert, elles er store deler innpå land skjerma av kupert terreng. Innspelet er spreidd bustad-bygging som såleis gir eit avgrensa omfang av tiltak og inngrep. Innspelsområdet er naturområde der deler vil vera sårbart for inngrep.	-2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. Det er fleire kulturminne og SEFRAK-bygg i områda kring innspelet, inkludert i sjølve Brandasund, på vestsida av vågen.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg. Innspelet er spreidd bustad-bygging som såleis gir eit avgrensa omfang av tiltak og inngrep. Deler av areala er eksponerte og vil ha ein visuell	-2

	Brandasund, som ligg på andre sida av Brandasund-vågen er omfatta av omsynssone bevaring kulturmiljø i gjeldande kommuneplan.	negativ verknad for kulturmiljøet i Brandasund.	
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet overlappar med om lag 4 daa innmarksbeite	Oppføring av bustader innanfor innmarksbeitet vil medføre tap av dyrka mark.	-1/-2
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje vegframføring inn i området i dag. Utbygging i området vil krevje relativt store terrenginngrep, mellom anna knytt til vegframføring.		-2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje tett på etablerte eller registrerte senter i kommunen. Innspelet vil ikkje bygga opp under etablerte senter i kommunen, og det er relativt lang veg til skular og barnehagar. Innspelet vil bygge opp under staden Brandasund.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspela, som t.d. myr eller større skogområde		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg dels innanfor 100-metersbeltet, og legg til rette for spreidd bustadbygging. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Strandsonerettleiaren for Vestland fylke peikar på at for nye tiltak innanfor LNF-spreidd føremål må prinsipp frå SPR for plassering av tiltak og areal leggast til grunn. Innspelet er til dels i samsvar med SRP og rettleiaren då den legg til rette for spreidd bustadbygging der det i nærområdet er spreidd utbygging. Utbyggingsføremålet er trekt noko frå sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg relativt usentralt plassert i eit område der det ikkje er vegframføring i dag. Fylkesvegen ligg likevel tett på området, så det er relativt kort til veg. Innspelet gir likevel grunnlag for spreidd utbygging i kommunen. Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, nærings- og friluftsområde, og bustad- og næringsutvikling ved sjøen.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. Verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet ligg under marin grense. Størstedelen av innspelet er registrert som bart fjell (område som stort sett manglar lausmassar, meir enn 50 % av arealet er fjell i dagen). Ein liten del er registrert som hav- og fjordavsetning og strandavsetning, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. Verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekker eller elver innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. Verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet ligg i strandsona, men terrenget stig bratt opp frå sjøen, og området vil ikkje vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. Verdiar/samfunn**
	Det er ikkje vegtilkomst til området i dag. Ei utbygging med nokre bustader innenfor området vil truleg ikkje utgjere ei vesentleg endring i trafikksituasjonen eller trafikktryggleiken i området		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. Verdiar/samfunn**


	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. Verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar så vidt med/grensar til gul støysone frå Brandasundvegen Innspelet vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemder eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. Verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje gjennom innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 12,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	**-1/-2**	**-2/-3**	**-2**	**-1/-2**	**-2**	**-1**	**0**	**x**

Innspelet gir grunnlag for spreidd busetnad i Brandasund, men medfører negative konsekvensar for fleire av temaa i konsekvensutgreiinga. Innspelet vert likevel tilrådd med justering då det grenser til og er naturleg utviding av eit LNF-spreidd område, heile området skal ikkje byggast ut, og det er høve til å gjera ei lokal tilpassing når det gjeld plassering av bustader innanfor området.


Positiv tilråding føreset at føresegnene sikrar ei god plassering av bustader i området, mellom anna med omsyn til dyrka mark. Området bør justerast slik at det grensar til Brandasundvegen, slik at det kan sikrast tilkomst.



ROS-analyse: Kvikkleire, stråling frå høgspent

Fagleg vurdering: Positiv tilråding med justering, til areal utanfor 100-metersbeltet, og inntil Brandasundvegen.

4.1.4 Brandasund 4, gnr/bnr 154/3 – Næring kystfiske

Gjeldande arealbruk Bustad Bruk og vern av sjø og vassdrag	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring, kystfiske I dag er naustføremålet inst i Kastevika avsett til kystfiske. Det er trongt i vågen og innspelshavar har behov for meir areal.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 4,5 daa
Skildring av området	Forslagsstillar har kjøpt eigedomen 154/3 og driv eit lite rederi med fem båtar som driv kystfiske. Selskapet har 4-5 tilsette, og har noverande og framtidig behov for kai- og naustareal. Det er ønskjeleg å kunna samla alt bruket i Kastevika, og byggja nok kai til at alle båtane kan liggja godt, og at alt utstyr kan lagrast optimalt.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Samlokalisering: Nærleik til bustader. Nærleik til slakteriet (som skal leggast ned)

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspelet ligg innanfor funksjonsområde for lomvi (CR) Artar: Lomvi (CR) registrert like utanfor innspelet i 2022. Markslag: Open fastmark, bebygd areal, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Innspelet gir grunnlag for tiltak i sjøområdet (utfylling og kaiområde). Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona og i sjø er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Ei utbygging vil medføre meir aktivitet i strandsona, noko som fører til meir forstyrringar for registrerte artar i området.	-2
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor eller i nærleiken av innspelet. Strandsona innanfor innspelet er ikkje definert som potensielt tilgjengeleg, då det ligg bustader tett på. Terrenget har bratt helling mot sjø.	Ingen kjende konsekvensar for kartfesta friluftsområde. Endring frå bustadføremål til næringsføremål vil ikkje medføre endring i konsekvensar for friluftsliv.	0

Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapstype Indre øy-, holme- og skjærgårds-landskap, og har verdi 4 -stor verdi (landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng). Innspelet ligg innanfor området Fitjarøyane, som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Lyngheilandskap, maktsete og handel i leia. Innspelet ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Arealet ligg i vågen Kastevika/ Tjoavikane. I Kastevika er det tett med fleire tiltak som naust, kai og bustad. Det er meir spreidd utbygging i vestre og nordre del av Tjoavikane. Innspelet ligg tett på slakteriet i Brandasund, som er eit større næringsområde som viser godt igjen i landskapet. Innspelet er i strandsone med bratt terreng mot sjø. Sjå 3D-kart: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet innanfor KULA-området Fitjarøyane er sårbart for tett utbygging. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet både på sjø og land. Tiltak som krev større terreng-inngrep innanfor arealsone landskap og KULA er i utgangspunktet negativt. Ei utbygging i tråd med innspelet vil medføre ein del terrenginngrep som kan negativ verknad med arealsone landskap og KULA. Plasseringa tett på slakteriet i Brandasund gjer at konsekvensen av dette vert noko dempa. Ei utbygging i tråd med innspelet vil medføre ein del nye tiltak i strandsona. Tiltaka vil i stor grad sett frå sør liggje skjerma bak slakteriet i Brandasund, med ventemerdar etc.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar på land eller i sjø	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg relativt lite sentralt plassert i kommunen, men sentralt med omsyn til fiskefelt/område.| Området er allereie bebygd med bustader, og nødvendig infrastruktur er såleis truleg tilfredsstillande. Etablering av flytekai i den nordlege delen av innspelet kan potensielt vera utfordrande med omsyn til ferdsel inn til vågen for fritidsbåtar.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen. Innspelet ligg relativt skjerma frå annan busetnad når det gjeld innsyn, og frå sør vil området vera skjerma av slakteriet.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspela, som t.d. myr eller større skogområde.		0

Næringsliv og sysselsetting	Næringsføremål i området vil vera med på å sikre vidare drift, vekst og utvikling i rederiet.	+2
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust, kystfiske, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Strandsonerettleiaren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og tiltaka er lokalisert i tilknyting til eksisterande naust og kai.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, eigna sjøareal til marin næring.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. Verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor registrerte aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. Verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense. Lausmassane i området er registrert som hav- og fjordavsetning og strandavsetning, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje bekker eller elver innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Etablering av næring i området vil medføre meir trafikk i området. Ein må sjå på krysssløysing til fylkesvegen i reguleringsplan.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Næringsføremål med fokus på kystfiske, kaiareal og naust kan potensielt medføre støy, men området ligg relativt skjerma frå busetnad, med unntak av dei to næraste bustadhusa.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentlinjer tett på innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 12 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting

-2	**0**	**-2**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**+2**


Endring til naustføremål, kystfiske vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting, då områda kan nyttast av rederiet som driv med kystfiske. Ei utbygging i strandsona og i sjø er negativt for fleire av temaa i KU-en.

Innspelet er i tråd med strandsonerettleiaren for Vestland og SPR, då det er snakk om tilrettelegging for næring som må liggja tilknytt sjø. På bakgrunn av dette vert innspelet tilrådd. Byggegrensa i området må sikre at bygg vert haldne tett på land. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, støy.

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.1.5 Brandasund 5, gnr/bnr 155/1 – Naust/fritid

Gjeldande arealbruk Forretninger Bustad Bruk og vern av sjø og vassdrag	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Naust/fritid	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 3,4 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i strandsona på Kvarven, på Selsøya. Det ligg fleire bustadar kring innspelet. Arealet er regulert til forretningar og til bustad i gjeldande plan.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Fiskemåke (VU), mink (særs høg risiko på svartelista), ærfugl (VU), gråmåke (VU), svartand (VU) er observert like utanfor innspelsområdet.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og	-1/-2

	Markslag: Open grunnlendt fastmark, bebygd, samferdsel, sjø	arealbeslag. Endringa medfører at det vert opna for tiltak i sjø.	
Friluftsliv	Ingen registreringar Strandsona innanfor innspelet er ikkje kategorisert som tilgjengeleg (SSB), då den er relativt utbygd i området.	Ingen kjende konsekvensar for kartfesta friluftsområde. Endring i føremål frå forretningar til naust og fritid vil medføre aukande grad av privatisering av strandsona i området.	-2
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapstype Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap, og har verdi 4 -stor verdi (landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng). Innspelet ligg innanfor området Fitjarøyane, som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (lyngheilandskap, maktsete og handel i leia). Innspelet ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Innspelet er i eit område med etablerte tiltak tett på sjøen. Det er ein mindre holme aust for innspelet, og noko høgare terreng nord og vest for innspelet. Det er etablert mindre båthamn i sjøområdet utanfor. Sjå 3D-kart: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i KULA-område Fitjarøyane er sårbart for tett utbygging. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet både på sjø og land. Tiltak som krev større terreng-inngrep innanfor arealsone landskap og KULA er i utgangspunktet negativt. Føremålet ligg i strandsona, men konsekvensen for landskap er vurdert til å vera tilnærma uendra samanlikna med dagens plan-situasjon.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. Det ligg nokre SEFRAK-registrerte bygg i nærleiken av innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar i sjø eller på land	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til området. Nærområdet til innspelet er bygd ut, og det meste av infrastruktur er truleg på plass.		+1

Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er relativt lite sentralt plassert i kommunen, men det ligg i nærleiken av etablerte bustad-, og naustområde.	+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspela, som t.d. myr eller større skogområde	0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	x
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust og fritidsbustad. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Strandsoneretteleiaren presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, og at ein bør vera tilbakehaldne med å legga til rette for ny fritidsbusetnad i strandsona. Etablering av naust er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om område med eksisterande busetnad. Fritidsbustad er ikkje i tråd med strandsoneretteleiaren og SPR.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i tilknyting til etablerte bustadområde. Det ligg også andre naustområde i nærleiken. Innspelet ligg tett på etablerte tiltak, og arealet er allereie vist som utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense. Området er registrert som bart fjell (område som stort sett manglar lausmassar, meir enn 50 % av arealet er fjell i dagen)		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ein bekk i den vestlege delen av innspelet. Det er små høgdeforskjellar i området, og kort veg til sjø, og det er lite truleg at flaum vil vera ein aktuell problemstilling i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst til området i dag. Ei endring til naust/fritidsbustad vil truleg medføre mindre trafikk enn dagens situasjon med forretning/bustad.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemder eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje om lag 20 meter frå innspelsgrensa.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 12 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	-2	0	0	0	+1	+1	0	x


Innspelet ligg i eit område som allereie er dels utbygd, og infrastruktur er stort sett på plass. Ei endring av føremål vil medføre auka privatisering av strandsona, særleg med omsyn til fritidsbustad.

Strandsoneretteleiaren for Vestland er tydeleg på at nye fritidsbustader bør som hovudregel ikkje lokaliserast i strandsona. I dette innspelet er naust/fritidsføremålet trekt heilt til sjø. Det kan vurderast nye naustføremål der desse kan samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. På bakgrunn av dette er det berre endring frå forretning til naust som vert tilrådd. Det er sett byggegrense i området som vil avgrense mogleg plassering av naust til den vestlege delen av innspelet.


ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Justert tilråding med berre endring til naust.

4.2 Goddo



4.2.1 Goddo 1, gnr/bnr 63/1 - Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad	

Arealstorleik planlagt arealbruk	24,7 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Erevikneset, søraust på Goddo, og er ei utviding av eksisterande bustadområde. Det er spreidd busetnad i områda nord, vest og sør for innspelet. Det er eitt bustadhus innanfor innspelet i dag, elles er det ikkje etablert tiltak i området.
Aktuelle problemstillingar	Innspelet ligg dels i strandsona. Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Det er registrert funksjonsområde for sjøorre i Nordrevågen nord for innspelet og i Erevika, vest for innspelet. Ingen registreringar innanfor innspelet. Artar: Ikkje registrert Markslag: Overflatedyrka jord, lauvskog, open grunnlendt fastmark, bebygd.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-2/-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrerte friluftsområde innanfor innspelet. Innspelet ligg dels i 100-metersbeltet. Dei sørlege delane av innspelet er registrert som ikkje tilgjengeleg strandsone. Dei nordlege delane er registrert som tilgjengeleg strandsone med ulik hellingsgrad.	Endring av føremål til bustadføremål vil medføre privatisering av strandsona i området, og vil gjera Erevikneset lite tilgjengeleg for allmenn ferdsel	-2/-3
Landskap	Innspelet er ein del av skjerma indre, slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Landskaptypen i området er småfjord- og storsundlandskap, med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Innspelet er ei utviding av eksisterande bustadfelt. Erevikneset er relativt kupert, og eksisterande bustader i området ligg plassert eksponert på knausane i området. Høgste punkt innanfor innspelet ligg over 50 m.o.h. og det er bratt ned til sjøen både i vest og i aust. Sjå 3D-kart her https://3dx.kommunekart.com/	Utviding av bustadområdet vil medføre større terrenginngrep i eit kupert kystlandskap, både for bustadar og tilkomstvegar. Det er relativt bratt ned til sjøen på dei fleste kantar, og eventuelle bustadar i området ville verte plassert med silhuettverknad, og vil vise godt igjen i terrenget.	-2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	|0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Overflatedyrka mark: 1,3 daa. Uproduktiv lauvskog	Innspelet er i konflikt med overflatedyrka mark (om lag 1,3 daa).	-2
Teknisk infrastruktur og klima/energi	Innspelet ligg i tilknyting til andre bustader, og vil truleg enkelt kunna kopla seg på eksisterande infrastruktur i området.		0

Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i tilknyting til etablerte senter i kommunen, men etablering av bustader i området vil vera positivt for Erevik. Det er nærleik til etablerte bustadområde. Det er lang veg til næraste skule, både Meling og Svortland skule ligg over 5 km frå innspelet i luftlinje.	0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av overflatedyrka mark innanfor innspelet.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	
Strandsone	Innspelet ligg dels innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er bustad. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Fortetting av bustadområde er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren og SPR.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde, men ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta	


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Nokre deler av innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet er ikkje utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst til området. Trafikktryggleik må avklarast i plan.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer i nærleiken av innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2/-1	**-2/-3**	**-2/-3**	**0**	**-2**	**0**	**0**	**-1**	**x**
Det er ein del ledig areal i eksisterande bustadområde. Sjølv om dette ligg i eit kupert terreng er det også relativt kupert i det utvida området (innspelet), og etablering av bustader i dette området vil medføre relativt store								

terrenginngrep. Utviding av bustadområdet vil i prinsippet «stenge» strandsona på Erevikneset for ålmenta, då det vil medføre privatiserande tiltak langs heile aksen frå sør til nord. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd. ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik
Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.2.2 Goddo 2, gnr/bnr 64/1 – Fritid

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bustad	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Fritidsføremål	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 48 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på austsida av Goddo, nordvest for Kruneneset, sørvest for Krunenesvik. Området er avsett til bustad, med krav om reguleringsplan. Det ligg nokre bustader på Krunense, på nedsida av Goddevegen; elles er det lite busetnad i nærområdet. Det ligg ein reguleringsplan for fritidsbustader 2-300 meter lenger nord; (Klungervika, Goddo) frå 2019. Innspelet strekk seg frå Goddevegen i aust
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering for bustadareal i området.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Open grunnlendt fastmark, barskog I rapporten Kartlegging av kystlynghei i Hordaland frå 2012 er området vist som Lynghei i attgroing. Det er ikkje gjennomført naturtypekartlegging (NiN) i	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Det er registrert kystlynghei i området, som er ein utvald naturtype. Området er relativt stort, og urørt i dag.	-2

	området, og verdien på lyngheia i området er uviss.		
Friluftsliv	Innspelet ligg innanfor det svært viktige friluftslivområdet Goddo. Dette er skildra som eit ope turterreng med store variasjonar i landskapet, og merka stiar. Det er markert ein sti som går gjennom innspelet på kartet.	Etablering av fritidsbustadfelt i området vil redusera verdien på friluftslivområdet.	-2
Landskap	Innspelet er ein del av skjerma indre, slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Landskaptypen i området er i hovudsak småfjord- og storsundlandskap, med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Den vestlege delen av innspelet er ein del av landskapstypen Kystheiene, med verdi 3 – middels verdi. Innspelet ligg i eit kupert kystlandskap. Terrenget stig opp til om lag 63 meter frå Goddevegen, som ligg på om lag 39 m.o.h. Det er lite andre tiltak i nærområdet til innspelet Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Utbygging av fritidsbustader i området vil medføre terrenginngrep i eit område som er urørt i dag. Det er ingen andre tiltak i området.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. Det går ein steingard langs den nordlege delen av innspelet.	Det er ingen kjende konsekvensar av innspelet for registreringar i området. Utbygging kan medføra negative konsekvensar for steingarden som går gjennom området.	0/-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Området er registrert som open grunnlendt fastmark, med noko barskog av høg bonitet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert infrastruktur i området, og det er heller ingen andre tiltak på oppsida av vegen, som ein kan kopla seg til.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i tilknyting til eller i nærleiken av etablerte senter i kommunen. Etablering av fritidsbustader i området vil kunna verka positivt for stadutvikling for Krunenes/Erevikområdet.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med kommunale arealstrategiar		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred i området.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspelet ligg over marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet er ikkje omfatta av aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet vil ikkje verta påverka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje etablert vegtilkomst til området. Trafikktryggleik må avklarast i plan.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Områda tettast på Goddovegen overlappar med gul støysone.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje gjennom innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er på Svortland, om lag 6 km i luftlinje til innspelet.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	**-2**	**-2**	**0/-1**	**0**	**-1**	**0**	**0**	**x**


Innspelet ligg i eit område utan tiltak i dag, og det er heller ikkje etablerte tiltak i tilgrensande område. Innspelet er i konflikt med eit svært viktig friluftslivområde, og ei utbygging vil ha negative konsekvensar med omsyn til naturmangfald, då det er eit relativt stort areal, med registrert kystlynghei.

I gjeldande plan er området sett av til bustad. Området er i dag ikkje utbygd. Ei eventuell vidareføring av dette bustadføremålet må sjåast i samanheng med overordna behov for bustadareal i kommunen, og plassering av bustadområde, til dømes i forhold til senterstruktur.

ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.2.3 Goddo 3, gnr/bnr 68/7 – Næring

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF LNF-spreidd Akvakultur Naust Bruk og vern av sjø og vassdrag	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 36 daa
Skildring av området	Området ligg i tilknyting til Bremnes Seashore sitt settefiskanlegg i Skålevik på Goddo. Det er starta opp reguleringsplan for området, med føremål å utvide næringsområdet og anlegget. Det ligg spreidde bygningar kring innspelet, naust, fritidsbygg og einebustader. Det ligg ein einebustad og eit naust innanfor innspelet, i tillegg til bygg som høyrer til anlegget.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Næringsutvikling

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Deler av innspelet overlappar med funksjonsområde for gjøk (NT), mogleg reproduksjon. Sjøområda utanfor anlegget er registrert som funksjonsområde (beiteområde) for kvinand. Artar: Ærfugl (VU) er registrert innanfor innspelet. Ærfugl, bjørkefink, heipiplerke, gråsisik og grønnfink (VU) er registrert i sjøområda like utanfor innspelet. Markslag: Bebygd, open fastmark, barskog, innmarksbeite, fulldyrka jord	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Ei utbygging i området vil vera negativt med omsyn til funksjonsområde for gjøk. Det registrerte beiteområdet for kvinand kan truleg ha samanheng med det etablerte anlegget i området.	-2
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor innspelet. Store deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Det meste av strandsona innanfor innspelet er allereie bygd ut med	Det er ingen registreringar i området, og strandsona i området er relativt utilgjengeleg, på grunn av etablerte tiltak og bratt topografi. Konsekvensen for friluftsliv er såleis vurdert til å vera relativt låg.	-1

	ulike tiltak, og områda nærast sjø er registrert som potensielt utilgjengeleg strandsone.		
Landskap	Landskapet i området er klassifisert som middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Det meste av innspelet ligg innanfor landskapstypen våg- og smalsundlandskap, med verdi 4 – stor verdi. Ein mindre del av innspelet i sør ligg innanfor landskapstypen Kystheiene, med verdi 3 – middels verdi. Den sjønære strandsona innanfor innspelet er i stor grad utbygd, med eksisterande anlegg, naust og bustadhus. Terrenget i området er kupert, og høgaste toppen innanfor innspelet ligg på om lag 45 m.o.h., aust i området. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging med næringsbygg i området vil medføre store terrenginngrep i eit kupert kystlandskap. Det er allereie etablert eit anlegg i området i dag, og området er såleis påverka av tiltak og næringsaktivitet. Den austlege delen av innspelet ligg ikkje ned mot strandlinja, og har ein kolle på nordsida, som vil medføre ein del skjerming mot sjøen. Omfang av terrenginngrep og skjerming/buffer må gjerast greie for i reguleringsplan for området.	-2/-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. Det ligg eit sefrak-registrert bygg (grå kategori, ruin eller fjerna objekt) innanfor innspelet. Dette er registrert som kjeller av hus, frå 1800-talet	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det meste av området er registrert som barskog (impediment). Av dyrka mark er det registrert 2 daa innmarksbeite og 1,2 daa fulldyrka jord innanfor innspelet.	Ei utbygging i området vil medføre nedbygging av dyrka mark. Det er mindre, avgrensa område som vert berørt, ikkje større saman-hengande jordbruksområde.	-2/-1
Teknisk infrastruktur	Det er vegsamband til området, og det er eit etablert anlegg i området i dag. Det er såleis truleg god tilgang på relevant infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Det ligg nokre spreidde bustadhus og fritidsbygg i området, i varierande avstand frå innspelet og eksisterande anlegg. Støy og lukt/lysforureining kan vera aktuelle problemstillingar som må gjerast greie for i reguleringsplan for området. Innspelet ligg ikkje tett på definerte senter i kommunen.		0
Karbonrike areal	Skogen i området er registrert som impediment. Det er noko karbonrike areal i form av innmarksbeite og fulldyrka mark.		-1/0
Næringsliv og sysselsetting	Ei utviding av næringsområdet vil vera svært positivt for næringsliv og sysselsetting		+2
Strandsone	Deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er næring, nærare bestemt akvakulturrelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, eigna sjøareal til marin næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er registrert eit aktsemdområde for jord- og flaumskredfare innanfor innspelet		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Delar av innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Den sørlege delen av innspelet ligg innanfor aktsemdområde for flaum		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet er utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Trafikktryggleik må utgreiast i samband med reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Støy er eit tema som må utgreiast i samband med reguleringsplan for området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje gjennom den sørlege delen av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er på Svortland, om lag 9 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	**-1**	**-2/-1**	**0**	**-2/-1**	**+1**	**+1**	**-1/0**	**+2**

Innspelet er ei utviding av eksisterande settefiskanlegg, og det er fleire tiltak i området kring innspelet, både bustadhus, naust og fritidsbustader i tillegg til anlegget.
Ei utbygging i området vil vera negativt for mellom anna naturmangfald, landskapsomsyn og naturressursar. Dei positive verknadane er når det gjeld næringsliv og sysselsetting er relativt store.

Det meste av innspelet er LNF-spreidd i dag, mens mindre deler av innspelet er naust, akvakultur, sjøområde og LNF i gjeldande kommuneplan. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.2.4 Goddo 4, gnr/bnr 75/1 - Fritid

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Fritidsbustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 7,9 daa
Skildring av området	Innspelet ligg sør på Goddo, inst i Ostrapøylo. Innspelet grensar til område for fritidsbusetnad i gjeldande kommuneplan.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Innmarksbeite, skog open grunnlendt fastmark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Innspelet overlappar med det svært viktige friluftslivområdet Goddo. Dette er skildra som eit ope turterreng med store variasjonar i landskapet, og merka stiar. Det er markert ein sti gjennom innspelet, som går bort til det statleg sikra friluftsområdet Goddo, som ligg på Plassaholmen. Dett er skildra som eit tur og båtutfartsområde på sørvestsida	Etablering av fritidsbustadfelt i området vil redusera verdien på det overlappande friluftslivområdet, og kan påverke tilkomst og bruk av det statleg sikra friluftsområdet. Etablering av fritidsbustader i området vil medføre vesentleg privatisering av strandsona i området.	-3

	av øya Goddo, godt skjerma for alle vindretningar. Innspelet ligg i strandsona. Den sørlege delen av innspelet er registrert som inngrepsnær, mens den nordlege delen er registrert som inngrepsfri med varierande hellingsgrad.		
Landskap	Innspelet er ein del av Eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Landskapstypen i området er indre øy-, holme og skjærgårdslandskap med verdi 3 – middels. Innspelet ligg inst i vågen Ostrapøyla. Strandsona i området er urørt, og kupert, terrenget stig raskt opp til 12-13 m.o.h. på få meter. Det er allereie etablerte fritidsbustader i området sør for innspelet.	Ei utbygging i området vil medføre store terrenginngrep i urørt strandsone, både når det gjeld etablering av hytter og vegframføring. Innspelet vil ha vesentlege landskapsmessige konsekvensar.	-2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innmarksbeite (om lag 2 daa) Uproduktiv skog	Utbygging i området vil medføre nedbygging av om lag 2 daa innmarksbeite	-2/-1
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert vegtilkomst til området. Det er truleg mogleg å kopla seg på eksisterande område for fritidsbustader når det gjeld annan infrastruktur.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i tilknyting til eller i nærleiken av etablerte senter i kommunen, men ligg i tilknyting til eksisterande hytteområde.		-1
Karbonrike areal	Det er registrert noko karbonrikt areal i form av beiteområde innanfor innspelet.		-1/0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritid. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for hytter i strandsona..		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet		

Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. Det er ikkje registrert elver eller bekker innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje etablert vegtilkomst til området. Trafikktryggleik må avklarast i plan.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidning i nærleiken av innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er på Svortland, om lag 5 km i luftlinje til innspelet.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	**-3**	**-2/-3**	**0**	**-2/-1**	**-1**	**-1**	**-1/0**	**x**

Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren for Vestland og SPR, då det opnar for fritidsbusetnad i strandsona. Det er vesentlege negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for friluftsliv og landskap.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.2.5 Goddo 6a, stad Sæverudsøy - LNF-spreidd bustad til bustadføremål

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF spreidd	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	106 daa
Skildring av området	Innspelet dekker store deler av Sæverudsøy. Nesten heile innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og i aust går føremålet heilt ned til sjø. Det er etablert ein del bustader innanfor området i dag.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Overordna behovsvurdering for nye bustadområde i kommunen.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Gråspurv (NT), gråmåke (VU), gulspurv (VU) og storskarv (NT) er registrert innanfor innspelet. Markslag: Dei ubygde delane av innspelet er registrert som lauvskog med varierande bonitet	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er potensiale for naturtypen kystlynghei innanfor innspelet, men dei nordlege delane av kommunen er ikkje kartlagt gjennom NiN-kartlegginga.	-2/-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø. Strandsona i området er relativt bratt. Deler av strandsona er klassifisert som potensielt tilgjengeleg (SSB).	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Ei vidare utbygging i området vil medføre ytterlegare privatisering av strandsona i området.	-2

Landskap	Innspelet er ein del av middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Landskapstypen i området er indre øy-, holme og skjærgårdslandskap, med verdi 3, middels verdi. Landskapet innanfor innspelet er kupert, og terrenget stig til om lag 35 m.o.h. i sør. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei vidare utbygging i dette området kan medføre vesentlege terrenginngrep i strandsona, og ha relativt store negative landskapsmessige konsekvensar i nokre deler av området.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. Det er nokre sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet (grå kategori).	Innspelet er ikkje i konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø. Endring av føremål vil truleg ikkje medføre negative konsekvensar for sefrak-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er i hovudsak registrert impediment skog innanfor innspelet, men nokre mindre parti er registrert som skog av høg bonitet.	Endring av føremål kan medføre tap av noko skog av høg bonitet.	-1/0
Teknisk infrastruktur	Det er allereie ein del busetnad på Sæverudsøy, og området er såleis godt tilrettelagt med nødvendig infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i tilknyting til etablerte senter i kommunen, men etablering av bustader i området vil vera positivt for Sæverudsøy. Det er meir enn 3 km i luftlinje til næraste grunnskule.		-1
Karbonrike areal	Det er i hovudsak registrert impediment skog innanfor innspelet, men nokre mindre parti er registrert som skog av høg bonitet.		-1/0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg i hovudsak innanfor 100-metersbeltet. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at nye område for bustad skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Fortetting av bustadområde er såleis dels i tråd med strandsoneretteleiaren og SPR.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde, men ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg i hovudsak under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Forhold knytt til trafikktryggleik må avklarast i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet		

Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer i nærleiken av innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 4 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2/-1	**-2**	**-2**	**0**	**-1/0**	**+1**	**-1**	**-1/0**	**x**

Store deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø. Ei tettare utbygging i området vil potensielt vera negativt for strandsoneverdiane i området.
Det er i dag spreidd busetnad innanfor innspelet. Området ligg ikkje i nærleiken av definerte sentrumsområde i kommunen, og det er ikkje ønskjeleg å etablere tettare bustadfelt i dette området. Det er også ein stor bustadreserve i kommunen i dag. På bakgrunn av dette er innspelet negativt tilrådd. Det betyr at LNF – spreidd-føremålet vert vidareført, og det kan framleis byggast enkeltbustader innanfor området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

Fagleg vurdering : Negativ tilråding

4.2.6 Goddo 6b, gnr/bnr 98/5 – Naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Naust	

Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 2,1 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på vestsida av Erestraumen på Sæverudsøy, sør for eksisterande busetnad. Innspelet omfattar ei relativt smal stripe på nedsida av Sæverudsvegen, og det er bratt terreng i området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Det ligg eit funksjonsområde for gråspett på austsida av vågen. Artar: Ikkje registrert Markslag: Open grunnlendt fastmark, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø. Strandsona innanfor innspelet er i hovudsak registrert som potensielt tilgjengeleg, med stor hellingsgrad.	Innspelet vil medføre arealbeslag og privatisering av eit område som er utan tiltak i dag.	-1
Landskap	Innspelet er ein del av middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Landskapstypen i området er indre øy-, holme og skjærgårdslandskap, med verdi 3, middels verdi. Innspelet er ein bratt skråning frå Sæverudsvegen ned til sjøen. Det er ingen tiltak innanfor innspelet i dag, men det ligg etablerte bustader nord for innspelet. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspelet er utan tiltak i dag, og ei utbygging i dette området vil medføre relativt store terrenginngrep i strandsona, då terrenget er bratt i området.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert naturressursar innanfor innspelet	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet grensar til Sæverudsvegen. Det ligg bustad- og naustområde nord for innspelet, og det er truleg enkelt å kopla seg på eksisterande infrastruktur i området		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i tilknyting til etablerte senter i kommunen, men det er nærleik til etablerte bustad- og naustområde.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal i området		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		

Strandsone	Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då innspelet ligg i nærleiken av eksisterande naustområde, men området er utan tiltak i dag.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst i nærleiken av innspela. Trafikktryggleik må eventuelt avklarast i reguleringsplan.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer i nærleiken av innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 4 km frå innspelet i luftlinje.		


Naturmangfald	**Friluftsliv**	**Landskap**	**Kulturminne og kulturmiljø**	**Naturressursar**	**Teknisk infrastruktur**	**Nærmiljø og stadutvikling**	**Karbonrike areal**	**Næringsliv og sysselsetting**
-1/-2	**-1**	**-2**	**0**	**0**	**+1**	**+1**	**0**	**x**

Ei utbygging i dette området ville krevja store terrenginngrep i urørt strandsone. Det ser ut til å vera ledige nausttomter i andre avsette naustområde i nærleiken.

ROS-analyse: Stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.2.7 Goddo 7, gnr/bnr 98/6 – LNF

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF-spreidd	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk LNF	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 0,6 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Sæverudsøy, i ein sørvendt bratt skråning.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Lauvskog	Det er ingen tiltak i området i dag, og området ligg utanfor føreslått byggegrense. Endring av arealføremål vil ikkje medføre konsekvensar for naturmangfald.	0
Friluftsliv	Ingen registreringar i området. Innspelet ligg i strandsona, og området er i hovudsak definert som potensielt tilgjengeleg strandsone, men med stor hellingsgrad.	Det er ingen tiltak i området i dag, om området ligg utanfor føreslått byggegrense. Endring av arealføremål vil ikkje medføre konsekvensar for friluftsliv.	0
Landskap	Innspela er ein del av middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Landskapstypen i området er indre øy-, holme og skjærgårdslandskap, med verdi 3, middels verdi. Innspelet består av ein bratt skråning ned mot sjøen. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Det er ingen tiltak i området i dag, og området ligg utanfor føreslått byggegrense. Endring av arealføremål vil ikkje medføre konsekvensar for landskap.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet.	Endring av arealføremål vil ikkje medføre konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø .	0

Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Heile innspelet er registrert som lauvskog (impediment).	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Ikkje relevant		x
Nærmiljø og stadutvikling	Ikkje relevant		x
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg i strandsona, og er vist som LNF-spreidd bustadbygging i dag. Føreslått byggegrense går innanfor innspelet, og det er såleis ikkje høve til å bygge i dette området. Ei endring av føremål til LNF vil såleis ikkje medføre endringar med omsyn til strandsone.		
Samfunnsnytte og berekraft	Ikkje relevant		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Innsatstid brann	Ikkje relevant		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	**Friluftsliv**	**Landskap**	**Kulturminne og kulturmiljø**	**Naturressursar**	**Teknisk infrastruktur**	**Nærmiljø og stadutvikling**	**Karbonrike areal**	**Næringsliv og sysselsetting**
0	**0**	**0**	**0**	**0**	**x**	**x**	**0**	**x**

I forslag til byggegrense for området ligg heile innspelet utanfor byggegrensa mot sjø, og det er såleis ikkje høve til å byggja i området. Ei endring av føremål til LNF vil såleis ikkje medføre kjende konsekvensar.

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.2.8 Goddo 8a-e, gnr/bnr 98/6 – Naust, bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF LNF-spreidd **Planlagt arealbruk** Naust Bustad	**Arealendring** 
Arealstorleik planlagt arealbruk	8a: Naust 138 m^2 8b: Naust 513 m^2 8c: Bustad 5,9 daa 8d: Naust 260 m^2 8e: Naust 785 m^2
Skildring av området	Innspela ligg på Sæverudsøy. 8a og 8b er innspel om naust, og gjeld utviding av eksisterande naustområdei nordaust. 8d og 8e er innspel om nye naustområde på vestsida av Sæverudsøy. Innspel 8c er innspel om bustad, som ligg i tilknyting til naustinnspela 8d og 8e.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Overordna behovsvurdering for bustadareal

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er registrert gråspurv (NT) og gulspurv (VU) i nærheten av innspel 8a. Ingen registreringar innanfor innspela. Markslag: Skog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2

Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor innspela. Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø. Innspela a, b og mesteparten av innspel c er definert som inngrepsnær strandsone. Innspel d og e er definert som tilgjengeleg stransone, meda varierande hellingsgrad.	Innspela a og b vil ikkje medføre ei vesentleg auke i privatiseringa av strandsona i området. Det er innspel på naust, og det er allereie etablerte tiltak i framkant av innspela. Innspel c ligg innanfor 100-metersbeltet. Etablering av bustader, særleg i den vestlege delen av innspelet, vil medføre privatisering av strandsona i området. Innspela d og e vil medføre arealbeslag og privatisering av eit område som er utan tiltak i dag.	8a, b: -1 8c: -2/-3 8d, e: -2
Landskap	Innspela er ein del av middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Landskapstypen i området er indre øy-, holme og skjærgårdslandskap, med verdi 3, middels verdi. Landskapet i området er kupert, med spreidde bustader, fritidsbustader og naust. Terrenget stig til 9 m.o.h. innanfor innspel 8a og 10 m.o.h. innanfor innspel 8b. desse innspela ligg i bakkant av eksisterande naustområde, og vil utgjera ei utviding av dette. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ Innspela 8c, d, e ligg på ein odde, der terrenget stig frå sjønivå opp til om lag 35 meter innanfor 100-metersbeltet. Det er ingen tiltak innanfor desse innspela i dag, men det ligg etablerte bustader kring bustadinnspelet. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Utbygging i områda 8a og 8b vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap, då desse areala ligg i bakkant av etablert naustområde. Innspela 8c, d og e ligg på ein odde i urørte område, og ei utbygging i dette området vil medføre vesentlege terrenginngrep i strandsona, og ha relativt store negative landskapsmessige konsekvensar.	8a:-1 8b:-1 8c: -2/-3 8d: -2/-3 8e: -2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	8a: uproduktiv lauvskog 8b: Lauvskog av høg bonitet 8c, d, e: Uproduktiv lauvskog	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspela 8a og 8b ha vegframføring, og ligg i tilknyting til andre naust, og vil truleg enkelt kunna kopla seg på eksisterande infrastruktur i området. For innspela 8c, d og e må det i større grad etablerast ny veg og infrastruktur i området.		8a, b: +1 8c, d, e: -1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i tilknyting til etablerte senter i kommunen, men etablering av bustader i området vil vera positivt for Sæverudsøy. Det er		0

	nærleik til etablerte bustadområde. Det er meir enn 3 km i luftlinje til næraste grunnskule, som er Meling skule.	
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av lauvskog med høg bonitet innanfor innspel 8b, men det er eit lite areal.	8a: 0 8b:-1/0 8c: 0 8d: 0 8e: 0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	
Strandsone	Bustadinnspelet ligg i hovudsak innanfor 100-metersbeltet. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at nye område for bustad skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Fortetting av bustadområde er såleis dels i tråd med strandsoneretteleiaren og SPR. Når det gjeld naustinnspela peikar strandsonerettleiaren for Vestland på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspel 8a og 8b er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om naust i tilknyting til etablert naustområde. Innspela 8d og e er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då dette er tiltak i urørte område	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde, men ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 8e ligg innanfor aktsemdområde for snøskred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i hovudsak under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst i nærleiken av innspela. Trafikktryggleik må eventuelt avklarast i plan.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer i nærleiken av innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 4 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	8a: -1	8a:-1	**0**	**0**	8a: +1	**0**	8a: 0	**x**
	8b: -1	8b:-1			8b: +1		8b:-1/0	
	8c:-2/-3	8c:-2/-3			8c: -1		8c: 0	
	8d: -2	8d:-2/-3			8d: -1		8d: 0	
	8e: -2	8e:-2/-3			8e: -1		8e: 0	

Deler av innspelet 8c på bustad er LNF-spreidd i dag. Byggegrensa i området inkluderer ikkje heile området sett av til LNF-spreidd. Det vert ikkje sett som hensiktsmessig å endra føremålet til bustad for ein liten del av eit større LNF-spreidd område. Det er heller ikkje aktuelt å opne for bustader tettare på sjøen enn det som dagens byggegrense i området opnar for.


Når det gjeld naustområda vert dei to innspela om utviding av eksisterande naustområde tilrådd, mens dei to nye områda vert ikkje tilrådd. Ei utbygging i dette området ville krevja store terrenginngrep i urørt strandsone, både for etablering av naust og for vegframføring. Det må utarbeidast reguleringsplan for naustområda som er lagt inn.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik


Fagleg vurdering: Positiv tilråding: 8a og b

Fagleg vurdering: Negativ tilråding: 8c, d, e

4.3 Rolfsnes



4.3.1 Rolfsnes 1a-1f, gnr/bnr 76/2 - Diverse

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 1a: LNF 1b: LNF 1c: Grøntstruktur, bustad, LNF 1d: LNF, del av reguleringsplan 1e: LNF, VA-anlegg 1f: LNF, del av reguleringsplan, sikringssone nedslagsfelt drikkevatn	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 1a: Kombinert fritid/næring 1b: LNF-spreidd 1c: LNF-spreidd 1d: Fritid/turisme 1e: Grøntstruktur 1f: Fritidsbustad	

Arealstorleik planlagt arealbruk	1a: 2,4 daa 1b: 9,3 daa 1c: 11,9 daa 1d: 36 daa 1e: 50 daa 1f: 270 daa
Skildring av området	Innspela ligg på Rolfsnes, i eit område som består av spreidd busetnad og jordbruksareal. Det ligg ei løe innanfor innspel 1a, elles er det ikkje etablerte tiltak innanfor innspela. Innspel 1e og 1f grensar til område sett av til fritidsbusetnad i gjeldande kommuneplan (med krav om reguleringsplan) , og dels til reguleringsplan for hytteområde frå 1989. Områda er ikkje utbygd.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Urørte naturområde Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert, men det er potensiale for kystlynghei på fleire av areala (ikkje kartlagt) Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er registrert storskarv (NT), gråmåke (VU), gjøk (NT) og svartbak innanfor innspel 1b. Det er registrert gråspett, stær (NT), bergirisk, grønnfink (VU) like utanfor innspel 1c. Det er registrert gråspett innanfor innspel 1f. Markslag: 1a: Innmarksbeite, bebygd, open fastmark 1b: Fulldyrka mark, innmarksbeite, open fastmark, skog 1c: Lauvskog, open fastmark, myr 1d: Barskog, open fastmark, myr 1e: Open fastmark, ferskvatn, myr 1f: Open fastmark, ferskvatn, barskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. For innspela 1d-f er det relativt store urørte areal som vert påverka.	1a: -1 1b: -2 1c: -1/-2 1d: -2 1e: -2 1f: -2
Friluftsliv	Innspela 1d, e og f er omfatta av det viktige friluftsområdet Rolvsnes, og det er markert ein sti/rundløype som går gjennom alle tre innspela. Området er skildra som rundløype på merka sti til Bjørndalsfjellet. Stien har rutenamn Bjørndalsfjellet – Rolfsnes. Innspela 1b og 1e ligg dels i strandsona. Strandsona innanfor innspel 1b er i stor grad registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, pga nærleik til bustadar. Strandsona innanfor innspel 1e er registrert som potensielt tilgjengeleg, med varierande hellingsgrad.	For innspel 1b vil ei utbygging medføre ytterlegare privatisering av strandsona i området. For innspela 1d, e og f vil ei utbygging medføre negative konsekvensar for friluftsliv. For dei andre innspela vil det ikkje vera kjende konsekvensar for friluftsliv.	1a: 0 1b: -1 1c: 0 1d: -1 1e:- 2 1f: -2
Landskap	Innspela ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspela ligg dels innanfor landskapstypen Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap, med verdi 4 – stor verdi (deler av innspel	Tiltak som krev større terrenginngrep innanfor arealsone landskap er i utgangspunktet negativt.	1a: -1 1b: -2 1c: -1 1d: -2 1e: -2/-3

	1b og 1e), og dels innanfor landskapstypen Kystheiene, med verdi 2 – vanleg forekomande landskap. Innspel 1e ligg dels innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Innspela 1a-c ligg i eit område med spreidd busetnad, og noko jordbrukslandskap. Innspela 1d-f ligg i eit urørt heilandskap. Terrenget stig frå Rolvsnesvegen, som ligg på om lag 40 m.o.h. til over 80 m.o.h. nærare Dyrvikvatnet og Viervatnet. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ https://3dx.kommunekart.com/	Innspela 1a og c ligg i eit område med spreidde bustader. Ei utbygging innanfor desse områda vil ikkje ha vesentlege negative verknader for landskap. Når det gjeld innspel 1b ligg innspelet i hovudsak i strandsona, og ligg i ein grøn korridor frå sjøen opp til vegen. Ei utbygging i dette området ha negative landskapsverknader	1f: -2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspela. Det er registrert fleire automatisk freda kulturminne innanfor reguleringsplanen som grensar til innspela 1e og f. Innspela 1a-c ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	1a: Innmarksbeite, om lag halve arealet 1b: I hovudsak fulldyrka mark, noko innmarksbeite, skog (impediment) og open fastmark. 1c: Lauvskog (impediment), open fastmark/myr. 1d: Barskog (impediment), myr 1e: Open fastmark 1f: Open fastmark, myr	Det vil vera negative konsekvensar for naturressursar ved utbygging innanfor innspela 1a og b. For dei andre delområda er det ingen kjende konsekvensar.	1a: -2 1b: -2/-3 1c: 0 1d: 0 1e: 0 1f: 0
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert infrastruktur i områda. For innspela 1a-c er det tilgrensande bustadområde som ein truleg kan kopla seg til. For innspela 1d-f vil det krevja meir å etablera infrastruktur i området.		1a: +1 1b: +1 1c: +1 1d: 0 1e: 0 1f: 0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela 1a-c ligg i tilknyting til spreidd busetnad, og sentralt plassert på Rolvsnes. Innspela 1d-f ligg meir i utkanten , i eit område der det ikkje er tiltak i dag. Næraste definerte lokalsenter i kommunen er Rubbestadneset, som ligg om lag 7 km frå innspela i luftlinje.		1a: +1 1b: +1 1c: +1 1d: 0 1e: 0 1f: 0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av dyrka mark innanfor innspel 1a og b. Det er karbonrike areal i form av myr innanfor innspela 1c, d og f.		1a: -1 1b: -1/-2 1c: -2 1d: -2 1e: 0 1f: -2

Næringsliv og sysselsetting	Innspela 1a og 1d, som inkluderer næring og fritid/turisme vil kunne ha positive konsekvensar for næringsliv og sysselsetting.	1a: +1 1b: 0 1c: 0 1d: +1 1e: 0 1f: 0
Strandsone	Innspel 1b ligg i hovudsak innanfor 100-metersbeltet, på det nærmaste 3 meter frå sjøen. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Strandsonerettleiaren for Vestland fylke peikar på at for nye tiltak innanfor LNF-spreidd føremål må prinsipp frå SPR for plassering av tiltak og areal leggast til grunn. Innspelet er til dels i samsvar med SPR og rettleiaren då den legg til rette for spreidd bustadbygging der det i nærområdet er spreidd utbygging.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustadområde, og bustad ved sjøen.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er registrert eit aktsemdområde for snøskred innanfor innspel 1f		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegframføring til områda via Rolvsnesvegen. Vegen har fortau/GS-veg på deler av strekninga. For innspela 1d-f må trafikktryggleik vera tema ved ein eventuell reguleringsplan for området. Dei andre områda vil ikkje generere store trafikkmengder.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 1a, c, d og f ligg innanfor gul støysone frå Rolvsnesvegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje gjennom innspel 1e. Dette er eit innspel på grøntstruktur, og høgspentlinja utgjer såleis ingen risiko.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 7-8 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
1a: -1	1a: 0	1a: -1	0	1a: -2	1a: +1	1a: +1	1a: -1	1a: +1
1b: -2	1b: -1	1b: -2		1b: -2/-3	1b: +1	1b: +1	1b: -1/-2	1b: 0
1c: -1/-2	1c: 0	1c: -1		1c: 0	1c: +1	1c: +1	1c: -2	1c: 0
1d: -2	1d: -1	1d: -2		1d: 0	1d: 0	1d: 0	1d: -2	1d: +1
1e: -2	1e:- 2	1e: -2/-3		1e: 0	1e: 0	1e: 0	1e: 0	1e: 0
1f: -2	1f: -2	1f: -2/-3		1f: 0	1f: 0	1f: 0	1f: -2	1f: 0

Innspel 1a ligg i eit område med registrert innmarksbeite, men det er få andre vesentlege negative konsekvensar ved innspelet. Det ligg ei løe i området i dag. Det er uheldig å plassere fritid/næringsføremål i eit område med bustader, og innspelet vert på bakgrunn av dette ikkje tilrådd.

Innspel 1b ligg i hovudsak i strandsona, og det er vesentlege negative konsekvensar både for naturmangfald, landskap og naturressursar ved ei utbygging her. Utbygging i området er heller ikkje i tråd med strandsonerettleiaren for Vestland/SPR.

Innspel 1c er ikkje i vesentleg konflikt med registrerte interesser, med unntak av at mykje av arealet er myrområde. Dette området kan vurderast positivt tilrådd som bustad, men arealet bør justerast til utanfor myrområdet.

1d: Innspelet har negative konsekvensar mellom anna for naturmangfald og landskap, og det er registrert myrområde innanfor innspelet. Arealet vert ikkje tilrådd.


Innspela 1e og f er relativt store område med urørt natur. Det ligg tilgrensande reguleringsplan frå 1989 for hytteområde som ikkje er bygd ut, og eit større tilgrensande område for hytter i gjeldande kommuneplan som ikkje er utvikla. Innspela har vesentlege negative konsekvensar for fleire tema. På bakgrunn av dette vert innspela ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, trafikktryggleik, støy

Fagleg vurdering: Negativ tilråding innspel 1a, b, d, e, f

Fagleg vurdering: Justert tilråding innspel 1c til bustadområde

4.3.2 Rolfsnes 2, gnr/bnr 76/131 - Naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Fritidsbustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	0,4 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Rolfsnes, mellom to større område for fritidsbustad. Innspelet var opphaveleg vist som naust i kommuneplanen, mens området nord for innspelet var LNF. Området nord for innspelet vart seinare omdisponert, først til naust, og seinare til fritid, mens innspelet vart ved rulleringa av kommuneplanen i 2013 tilbakeført til LNF. Området er ferdig planert.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Open fastmark, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Det er ingen registreringar innanfor innspelet. Innspelet ligg i strandsona. Strandsona i området er registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, då det ligg fritidsbustader tett på, både i sør og i nord. Terrenget i bakkant av innspelet er svært bratt, og området er lite tilgjengeleg.	Området ligg inneklemt mellom to større rorbu-område, som er bygd ut. Det er ein bratt skrent i bakkant av innspelet, og området er ferdig planert. Området har svært liten verdi for friluftsliv i dag, og ei endring av føremål frå LNF til fritid vil ikkje	-1

	Området har lite verdi som strandsone for allmenn bruk. Sjå også 3D-kart under tema landskap under. Området utanfor innspelet er omfatta av omsynssone friluftsliv i gjeldande kommuneplan (Hisøy).	medføre vesentlege negative konsekvensar for friluftsliv.	
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette (NiN). Landskapstypen i området er Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap, med verdi 4 – stor verdi Innspelet ligg midt i ei lengre rekke med fritidsbustader/rorbuer. Det er svært bratt i bakkant. Området er allereie planert. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging innanfor innspelet vil ikkje ha vesentlege landskapsverknader. Området er allereie planert, og det ligg i eit område som allereie er utbygd med rorbuer. Det vil krevja noko terrenginngrep å etablere tilkomstveg frå sør.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. Området er ein del av registrert kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert naturressursar eller marine ressursar innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg tett på etablerte rorbuområde i sør og nord, og det vil truleg vera enkelt å kopla seg på etablert infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i eit etablert rorbuområde. Næraste senterområde er Rubbestadneset, som ligg om lag 8 km frå innspelet.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritid. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for hytter i strandsona. Dette er eit område som ligg inneklemt mellom to større rorbuområde, og innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren med omsyn til lokalisering til annan busetnad.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med kommunale arealstrategiar.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ei utbygging i området vil ikkje medføre stor trafikkauke. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til trafikktryggleik i området, men tilkomstvegen manglar tilbod for mjuke trafikantar på deler av strekninga.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentleidningar innanfor innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 9 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	0	+1	+1	0	x

Innspelet ligg i strandsona. I utgangspunktet er det problematisk å leggje fritidsføremål i strandsona, då allmenne interesser, samt omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskap skal prioriterast i desse områda.
Dette er ein mindre område, som ligg inneklemt mellom to større rorbuområde som er ferdig utbygd. Området har liten funksjon som «grøn lunge», eller som rekreasjonsområde, då det er ferdig planert, og lite tilgjengeleg, både pga. terrenget i området, og tilgrensande rorbuer som ligg tett på. Det er heller ikkje vesentlege landskapsmessige konsekvensar ved å byggje ut dette området.
Det er likevel eit viktig prinsipp at ein ikkje ønskjer å leggje ut nye område til fritidsbustad i strandsona, og på bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.


ROS-analyse: Stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.4 Rubbestadneset



4.4.1 Rubbestadneset 1, gnr./bnr. 79/8, LNF-spreidd bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Turistføremål med krav om reguleringsplan	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk LNF-spreidd bustad.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 19,4 dekar

Skildring av området	Innspela er ved Gjøsætre nord for Rubbestadneset på veg ut til Rolvsnes. Arealet er knytt til etablert busetnad og infrastruktur, ei blanding av einebustadar og fritidsbustadar. Arealet grenser til fritidsføremål i nord og naust i aust.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone. Høgspentlinje Endring frå turisme til spreidd bustadføremål som ikkje gir grunnlag for næringsverksemd, men fast busetjing. Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: I hovudsak skog, og ein mindre del bebygd	Det er allereie ein del etablerte tiltak i området, men ei ytterlegare utbygging vil medføre meir nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Store deler av innspelet ligg i strandsona. Strandsona innanfor innspelet er klassifisert som inngrepsnær, og ikkje potensielt tilgjengeleg. Tilgrensande strandsone i nord og sør er klassifisert som potensielt tilgjengeleg, men har bratt helling.	Ingen kjende konsekvensar for friluftsområde. Innspelet er trekt noko frå sjø, på ei høgare høgde enn den nærmaste strandsona. Det er veg ned til sjøkanten og naustområdet der.	-1/-2
Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Området er registrert med verdi 3 – middels verdi - vanleg førekomande landskap i regional samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet ligg i strandsona. Arealet nærmast sjø ligg i overkant av 10 moh. Terrenget er kupert. Sjå 3D kart her.	Det er etablert busetnad i området. Det er kupert terreng i området og deler av innspelet er mindre kollar og høgder. Utbygging i området vil likevel ikkje medføre silhuettverknad eller vesentleg fjernverknad pga. eksisterande tiltak og høgare terreng i bakkant av området. Innspelet opnar for terrenginngrep i strandsona og dette vil gi negative verknadar for landskap. Områda nærmast det som vert bygd på vert endra, men omfanget er lite.	-1/-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0

Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Området er nord for vegen klassifisert som skog, av blandingsskog, impediment og grunnlendte forhold. Området sør for vegen er klassifisert som skog, barkog, impediment, og lauvskog, høg bonitet og jorddekt grunnforhold. Skogressursene er avgrensa.	Innspelet fjernar grunnlaget for ev. skogbruk. Potensiale for skogsdrift er relativt lågt.	0/-1
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomstveg i området. Innspelet ligg tett på bygd område, og det er truleg enkel tilgang til annan infrastruktur i området. Det vil krevje lite for å etablere teknisk infrastruktur for spreidd bustad.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området, men relativt langt unna definerte sentrumsområde i kommunen. Innspelet vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspela, som t.d. myr, men arealet er dels skogkledd.		-1/0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg dels innanfor 100-metersbeltet, på det nærmaste om lag 6 m frå sjø. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Strandsonerettleiaren for Vestland fylke peikar på at for nye tiltak innanfor LNF-spreidd føremål må prinsipp frå SPR for plassering av tiltak og areal leggast til grunn. Innspelet er til dels i samsvar med SPR og rettleiaren då den legg til rette for spreidd bustadbygging der det i nærområdet er spreidd utbygging.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustadområde, og bustad ved sjøen. Innspelet er ikkje i tråd med mål om å forhindre nedbygging av skog.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Heile innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Areala tett på sjøen, men over kote +10.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst til området i dag. Tilkomstvegane har ikkje eit tilbod til mjuke trafikantar i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet. Det er private avløpsanlegg i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet. Ikkje registrert støysone frå hovudveg inn på arealet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet lengst vest overlappar med høgspentlinje. Det kan ikkje byggast tett på linja.		

Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 6 km frå innspelet i luftlinje.


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	-1/-2	-1/-2	0	0/-1	+1	0	-1/0	+1

Innspelet gir grunnlag for spreidd busetnad ved Gjøsæter. Utbygging i området medfører moderate negative konsekvensar, i hovudsak pga. at arealet ligg i strandsona. Innspelet vert tilrådd justert til i hovudsak etablerte tiltak med grunnlag i at innspelet gir grunnlag for fast busetjing og at det er blanda utbygging av bustad og hytter i området.


Området er avsett til utbyggingsføremål i KP2013. KU ovanfor syner at innspelet har avgrensa/moderate konsekvensar for strandsoneverdiar i området. Deler av innspelet, som ikkje er utbygd vert endra til LNF.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, høgspent



Fagleg vurdering: Justert tilråding, til utbygde område. Delar av innspelet vert endra til LNF.

4.4.2 Rubbestadneset 2, gnr./bnr. 80/2, Næring – kystfiske (KF)

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Naust og fritid	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring knytt til fiskeri Innspelet er knytt til stadbunden fiskerinæring i Klubbevågen. Innspelshavar har gnr. 80/8 som base for fiskebåtane og bruk.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 0,6 dekar
Skildring av området	Arealet ligg i Klubbosen sør for Aga og nord for Rubbestadneset. Arealet ligg i eit etablert naustområde, med naust og kai. Arealet vert nytta i samband med fiskeri.
Aktuelle problemstillingar	Endring av bruksføremål til faktisk bruk Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: I hovudsak skog og bebygd.	Store deler av området er bygd og planert eller skjering i tilknyting til veganlegg. Tiltaket vil medføre eit avgrensa arealbeslag, og nedbygging av eit område som truleg har avgrensa funksjon for naturmangfald lokalt.	0/-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg i strandsona, i eit område som er klassifisert som inngrepsnært pga. eksisterande tiltak.	Ingen kjende konsekvensar for friluftsområde. Innspelet er ei bruksendring til faktisk bruk som vil ha liten verknad for friluftsliv.	0
Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette med tettstad. Alle er registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional	Det er etablert naust og kai på og i nærområdet. Ny utbygging vil ikkje medføre store inngrep, silhuettverknad eller vesentleg fjernverknad. Områda nærmast som vert bygd på kan vert endra, men omfanget er liten.	0/-1

	Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet ligg i strandsona, og heilt ned til sjø. Det er del av eit naustmiljø, dels skjerma av Nordre Notaholmen i sør. Sjå 3D kart her.		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor innspelet. Eksisterande bygg er eit meldepliktig SEFRAK-registrert bygg, sjøhus/naust frå 1800-talet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne. Innspelet endrar ikkje status på det SEFRAK-registrerte bygget.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Området er i hovudsak klassifisert som bebygd areal. Ingen landbruksinteresser innanfor arealet.	Ingen konsekvens.	0
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomstveg i området, og det er etablert bygg og verksemd på arealet. Bruksendring har ingen verknad for teknisk infrastruktur då endringa er til faktisk bruk av arealet.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg relativt usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Det er naustføremål på tilgrensande areal. Fiskeriaktivitet er etablert i området i dag, og konsekvensen er vurdert til å vera relativt liten		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet er knytt til faktisk bruk av området, og gir grunnlag for vidare bruk knytt til lokal fiskeriverksemd heimehøyrande i området. Næringsføremål i området vil vera med på å sikre vidare drift og utvikling.		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust, kystfiske, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland syner til at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad, og vidare at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Innspelet er i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og tiltaka er lokalisert i tilknyting til eksisterande naust og kai.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, eigna sjøareal til marin næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekkeløp i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			

Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst til området i dag. Det ikkje sannsynleg at endring av føremål vil endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ingen høgspent i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 5,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
0/-1	**0**	**0/-1**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**+1**

Innspelet tilpassar føremål til eksisterande bruk og er positivt for næringsliv og sysselsetting. Det er avgrensa negative konsekvensar av innspelet då det er arealet er i stord grad bygd ut og området er avsett til utbyggingsføremål i KP2013. Dette er det lagt vekt på i tilrådinga. Innspelet ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak. Innspelet er i tråd med SPR og strandsonerettleiaren for Vestland fylke, då det er snakk om sjøretta næring, og regulering av eit eksisterande naust/ kystfiskeområde.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.4.3 Rubbestadneset 3, gnr./bnr. 81/4, 5, 7, 27, Turdrag, naust og småbåtanlegg

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bustad og LNF Friluftsområde i sjø	**Arealendring**
Planlagt arealbruk 3a) Turdrag på austsida av vågen for å kunne legge til rette for turløype kring vågen og med bru over sjøen til vestsida. Vidare er det to delområde planlagd som fellesanlegg med naust og småbåtanlegg i tilknyting til bustadområdet. 3b) Naust 3c) Småbåtanlegg 3d) Naust 3e) Småbåtanlegg I tillegg, ønske om å sikre at bustadføremålet på vestsida av Søre Stongarvågen vert vidareført (ikkje gjennomført KU på dette).	
Arealstorleik planlagt arealbruk	3a) om lag 6,4 dekar 3b) om lag 2,2 dekar 3c) om lag 4,4 dekar 3d) om lag 0,5 dekar 3e) om lag 2,3 dekar
Skildring av området	Areala er lokalisert inst i Søre Stongarvåg i tilknyting til område avsett til framtidig bustadføremål. I dag er områda utan tiltak med unntak av sti/traktorveg vest for innspela på vestsida av vågen, og fylkesveg på austsida av vågen.
Aktuelle problemstillingar	Omdisponering av utbyggingsføremål. Tilrettelegging for friluftsliv og folkehelse. Djupneforhold for småbåtanlegg Overordna behovsvurdering for naust og småbåtanlegg

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: skog	Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspela opnar for nye tiltak i sjø med småbåtanlegg. Innspelet i aust er kantvegetasjon med dels skog og dels steinfylling mellom fylkesveg og sjøen. Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-2

Friluftsliv	Innspela i vest overlappar med registrerte friluftsområde Stongarvågen/ Steinfjellet. Dette er klassifisert som eit viktig område med lett turterreng med delvis grusa sti. Alle innspela ligg i strandsona og heilt til sjøkanten. Vestre deler definert som potensielt tilgjengeleg strandsone, medan store deler av arealet i aust er definert som inngrepsnært pga. eksisterande veg og busetnad. Det er ikkje spesielt bratt terreng i og kring innspela i vest, medan deler av strandsona i aust er bratt.	Innspelet i aust, for tilrettelegging av turveg, vil opne ein del av strandsona som er mindre tilgjengeleg i dag pga. terreng og vegetasjon. Dette er positivt for friluftsinteressene i området. Innspela i vest er i arealkonflikt med friluftsregistreringar. Innspela vil medføre arealbeslag og redusere potensielt tilgjengeleg strandsone.	3a) +1 3b-e) -2/-1
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Områda er registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Innspela ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela er i strandsona som er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er ein del utbygging i dei austlege delane av Stongarvågen, men mindre i dei vestlege delane av vågen. Sjå 3D kart her.	Innspelet i aust gir nytt tiltak i relativt bratt terreng mellom fylkesveg og sjøen. Det er planar om turveg i området. Sjølv om tiltaket er relativt lite vil det truleg medføre større terrenginngrep for å etablere turvegen. Dette vil gi negative verknadar for landskap. Innspela i vest vil medføre nye tiltak i urørt strandsone. Etablering av småbåtanlegg vil gi nærverknadar for landskap, grunna nye tiltak i sjø.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av areala. Areala ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Areala er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Områda er klassifisert som skog. På vestsida barskog med høg bonitet og jorddekt. På austsida lauvskog, impediment og grunnlendt forhold. Ikkje registrert fiskeriinteresser ved innspela.	Innspela i vest fjernar grunnlaget for skogsdrift, men det er snakk om mindre arealbeslag. Innspelet i aust har ikkje verknad for landbruk.	0
Teknisk infrastruktur	Areala i vest er i stord grad ubygde område som er avsett til bustad-føremål i KP2013. Det er naturleg at innspela i vest vert regulert saman med tilgrensande bustadområde. Isolert vil innspela ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur, men det kan sjå ut som sjøområdet inst i		0

	vågen er relativt grunt og det kan såleis vera utfordrande å få etablert anlegg i sjø her. Innspelet i aust ligg tett på fylkesveg og eksisterande busetnad. Turveg som vil fremje gange/sykling i området.	
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg tett på annan busetnad i området og areal regulert til framtidig bustad og ny fylkesvegtrase. Innspela ligg relativt sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen og vil vera med på å byggje opp under Rubbestadneset som eit av senterområda i kommunen. Vurderinga føreset realisering av bustadføremålet i området, og at naustområda vert opparbeidd med godt tilgjenge og fellesskapsløysingar.	+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspela, som t.d. myr, men areala er dels skogkledd.	3b, d: -1 3a, c, e: 0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.	x
Strandsone	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust og strandpromenade/turveg. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjø i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspela er dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om naustområde, men områda er ikkje lokalisert i tilknyting til eksisterande busetnad og opnar for utbygging i urørt strandsone. Innspela i vest ligg i avsett, men ikkje utbygd, bustadføremål. Ein må i tilfellet bustadføremålet ikkje vert endra i ein miljørevisjon, legge til grunn at naustområda naturleg vert regulert saman med tilgrensande bustadområde.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande og framtidig bustadområde, sjølv om ein miljørevisjon av tilgrensande bustadføremål til strandsona kan medføra endring av den opphavlege avgrensinga av arealføremålet. Innspela er dels i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet 3a) overlappar med aktsemdområde for skred, snøskred, lengst nord. Det er ikkje planlagt for varig opphald innafor føremålet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekkeløp i området, med unntak av bekkeløp i grensa til naustføremålet 3b).		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Vegtilkomst og trafikktryggleik i området må sjåast i samanheng med regulering av nytt bustadfelt.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet. Det er private avløpsanlegg i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela. Deler av turvegen,		

	3a) ligg i gul støysone frå Rolfsnesvegen. Det er ikkje planlagt for varig opphald innanfor føremålet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ingen høgspent i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 4,7 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	3a: +1	-2	0	0	0	+1	3a. 0	x
	3b: -2/-1						3b: -1	
	3c: -2/-1						3c: 0	
	3d: -2/-1						3d: -1	
	3e: -2/-1						3e: 0	

Innspela er positive med omsyn til nærleik til Rubbestadneset og planlagt framtidig bustadområde. Innspela fremjar friluftsliv og folkehelse, men tiltaka har negative verknadar for naturmangfald og landskap. Innspela ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak. Innspela er i tråd med SPR og strandsonerettleiaren for Vestland fylke med omsyn til at det er snakk om fellesanlegg for naust og båtplassar. Naust og småbåtanlegg med godt tilgjenge og fellesløysingar i tilknyting til bustadområde kan gje positive synergiar. Desse tiltaka utan tilgrensande bustadområde vil vera meir problematisk, då innspela ikkje ligg i tilknyting til eksisterande naustområde eller andre utbyggingsføremål.


Turvegen (innspel 3a) vil medføre store terrenginngrep i strandsona. På bakgrunn av dette har innspelet negativ fagleg tilråding.

Områda i vest (Innspel 3a-e) er avsett til utbyggingsføremål i KP2013. Dette er det lagt mindre vekt på i tilrådinga, fordi det er usikkerheit til om ein miljørevisjon knytt til strandsoneverdiar vil endra den opphavlege avgrensinga av arealføremålet. KU ovanfor syner at innspelet har ein del negative konsekvensar for strandsoneverdiar i dette området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.4.4 Rubbestadneset 4, gnr./bnr. 82/1 mfl., Kombinert bustad/naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 4a) LNF og næring 4b) LNF-spreidd bustad og naust **Planlagt arealbruk** 4a) Kombinert bustad/naust 4b) Kombinert bustad/naust Innspelet omfattar 2 areal som er ønska omdisponert til kombinert føremål. Bakgrunnen for innspelet er signal om at det ikkje er behov for næringsføremålet i området. Innspelet må sjåast i samanheng med innspel Rubbestadneset nr. 6 som går på å ta ut næringsføremålet frå kommuneplanen.	**Arealendring** 
Arealstorleik planlagt arealbruk	4a) om lag 385 dekar 4b) om lag 14,6 dekar
Skildring av området	Areala er lokalisert nord for Rubbestadneset sentrum i området Rubbestadklubben i nord og Ramsdalen i sør. Innspelet i nord a) er utan tiltak og infrastruktur, og grenser til LNF-spreidd bustadområde i sør og framtidig småbåthamn i nordvest (Nordre Stongarvågen) Innspel i sør b) grenser dels til Rolvsnesvegen og etablert spreidd bustad og naust. Det er ingen tiltak innanfor sjølve innspelet.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Fjernar grunnlag for næringsføremål. Overordna behovsvurdering for bustadareal

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert på land, i sjøområdet vest for innspelet er marin naturtype kartfesta; fjord med lågt oksygeninnhald, viktig verdi. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er punktregistrering av havørn innanfor innspelet.	Tiltak i området vil medføre arealbeslag, og nedbygging av større område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Området 4a er eit stort område i hovudsak utan tiltak og urørt naturområde, medan 4b er mindre og ligg i tilknyting til eksisterande busetnad.	4a -3

	Markslag: 4a: ope fastmark og skog 4b: skog og myr.	Innspela går ikkje ut i sjø, men ønskjer naustføremål. Det er grunn til å tru at innspelet vil medføre tiltak i sjø. 4b medfører nedbygging av myrområde. Begge innspela ligg i strandsona, eit område som er utsett for utbygg-ingspress, og naturmang-faldet i her er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	4b -2/-3
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspela. 4a: Innspelet er eit større naturområde nord for konsentrert busetnad på Rubbestadneset. Heile strandsona er klassifisert som potensielt tilgjengeleg (SSB). Det har potensial som nærturområde. Topografisk er strandsona nærmast sjø relativt bratt, men med delstrekk der det er lett tilgjengeleg. 4b: Deler av innspelet er klassifisert som potensielt tilgjengeleg, andre delar inngrepsnært pga. etablerte tiltak. Den tilgjengelege strandsona er ikkje særleg bratt.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Innspela ligg heilt ned til sjø. Nye privat bustadar og naust vil legge beslag på strandsona, og auke privatiseringa av området 4a: Det er ikkje tiltak innanfor arealet i dag, utover ein mindre vegbit og nokre naust lengst søraust. Arealet er stort. 4b: Det går ein veg gjennom området, samt nokre naust ved sjøen.	4a -3/-2 4b -2
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Områda er registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Innspela ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet 4a) er i strandsona som er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Arealet er eit tydeleg landskapselement i området (nes). Det er ein del utbygging i områda sør for innspelet. Sjå 3D kart her. Innspel 4b) ligg dels i tilknyting til etablert bustadfelt og naustområde. Sjå 3D kart her.	Etablering av tiltak vil medføre terrenginngrep i strandsona. Dette vil gi negative verknadar for landskap. 41) Innspelet er eit stort område utan tiltak i dag. Det er i hovud-sak lågvokst vegetasjon. Området er sårbart for inngrep. Innspelet gir grunnlag for inngrep i naturområde og nær- og fjern-verknaden vil vera vesentleg. Langøya utanfor innspelet vil skjerme noko. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda. 4b) Innspelet ligg i ein dal mellom veg og etablerte bustadar heilt ned til sjø. Innspelet gir grunnlag for nye tiltak. Fjernverknaden er avgrensa pga. terreng, etablerte tiltak nærmare sjø og Langøya utanfor innspelet. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda.	4a -3 4b -2

Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspela. Innspela ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert jordbruksareal innanfor innspela. Det er mindre teigar registrert som skog. 4a: ope fastmark og uproduktiv skog. 4b: lauvskog av høgbonitet og myr.	Innspelet 4a) har ikkje verknad for landbruk. Innspelet 4b) fjernar grunnlaget for skogsdrift, men det er snakk om mindre arealbeslag.	0
Teknisk infrastruktur	Innspela er relativt sentralt plassert i kommunen nord for Rubbestad-neset. Fylkesveg går forbi innspela, men det er ikkje etablert tilkomstveg til 4a). Innspela ligg i nærleiken av bygd område, og det er moglegheit for tilgang til annan infrastruktur i området. Det er etablert kommunalt avløpsanlegg innafor innspel 4b.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet 4b ligg tett på annan busetnad i området, medan 4a ligg noko lengre unna. Innspela ligg relativt sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen og vil vera med på å byggje opp under Rubbestadneset som eit av sentrumsområda i kommunen. Det er om lag 4 km i luftlinje frå innspela til Foldrøy skule, som er næraste grunnskule.		0
Karbonrike areal	Det er registrert lauvskog av høg bonitet og myrområde innanfor innspel 4b.		4a: 0 4b: -2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Deler av innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er bustad/naust. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet 4a ligg noko lengre unna etablert bustadfelt, og medfører at ein opnar eit heilt nytt område for utbygging. Dette innspelet er ikkje i samsvar med SPR og rettleiar. Innspelet 4b er i samsvar med SPR og rettleiaren då den legg til rette for bustad og naust der det i nærområdet er bustadfelt.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- område, og bustadutvikling ved sjøen. Innspel 4b ligg tett på eksisterande bustader, og kan vera ei naturleg vidareføring av dette i området.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspel 4a, austlege deler, ligg i område med aktsemd for skred (snø og steinsprang). Innspel 4b er ikkje omfatta av aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er eit tjern og bekkeløp innanfor innspel 4a. Det er ikkje registrert bekkeløp i innspel 4b.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av areala ligg i strandsona, dei lågaste område er utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspel 4a er eit stort areal som potensielt vil generere ein god del trafikk. Det er ikkje vegtilkomst til arealet. Tilkomst og trafikktryggleik må vera tema i reguleringsplan for området. Innspel 4b er lite og det er lite sannsynleg at arealet vil endra til høve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 4,8 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
4a: -3	**4a: -3/-2**	**4a: -3**	**0**	**0**	**0**	**0**	**4a: 0**	**x**
4b: -2/-3	**4b: -2**	**4b: -2**					**4b: -2**	


4a) Innspelet er eit større naturområde utan inngrep. Det ligg i randsona av Rubbestadneset og bustadfelt i Ramsdalen, og kan sjåast å vera ei naturleg utvikling og utviding. Det er store negative konsekvensar av innspelet med omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskap. Innspelet ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak.

4b) Innspelet er eit mindre område i tilknyting til bustadfelt i Ramsdalen. Det ligg i randsona av Rubbestadneset, og kan sjåast å vera ei naturleg utvikling og utviding. Det er dels store negative konsekvensar av innspelet med omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskap. Innspelet ligg i strandsona og i eit registrert myrområde, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.4.5 Rubbestadneset 6, gnr./bnr. 82/1 mfl., fjern næring/hamn

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Næring og hamn Krav om reguleringsplan	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Anna Forslagsstillar ønsker at det bandlagde arealet med strandlinje skal ut av kommuneplanen, no når Wartsila har fått nytt industriområde.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 249 daa
Skildring av området	Innspelet omfattar området sett av til nærings- og hamneføremål i gjeldande kommuneplan
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Fjernar grunnlag for næringsføremål.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Sjø, bebygd, open fastmark, lauvskog, barskog	Oppheving av nærings-/utbyggingsføremål i området vil vera positivt for naturmangfald.	+2
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor innspelet. Innspelet ligg i sjø og strandsona. Det meste av strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, utan svært bratt terreng (SSB).	Oppheving av nærings-/utbyggingsføremål i området vil vera positivt for friluftsliv.	+2
Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Områda er registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng.	Oppheving av nærings-/utbyggingsføremål i området vil vera positivt for landskapet i området.	+2

	Terrenget er småkupert, og heile innspelet ligg i strandsona. På Langøya er det ingen tiltak i dag. Det ligg ein del naust langs vestsida av innspelet, mens det er etablert lagerhall og industriområde på sørsida av innspelet. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg i området.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert naturressursar eller marine ressursar innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Ikkje relevant		
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknyting til industriområde i søraust, mens det er større bustadområde sør for innspelet, og spreidd busetnad vest for innspelet. For bustadområda vil det vera positivt med oppheving av nærings-føremålet		+1
Karbonrike areal	Eit mindre areal i sørvest er registrert som lauvskog med høg bonitet		0/+1
Næringsliv og sysselsetting	Ei oppheving av næringsføremålet vil vera svært negativt for næringsliv og sysselsetting. Dette området er utviklingsaksen for all næringsaktivitet i Rubbestadneset. Det er signalisert oppstart av planarbeidet for ny dokk i den sørlege delen av området, noko som viser at det framleis er behov for næringsareal i området.		-3
Strandsone	Ei oppheving av næringsføremålet vil vera positivt for strandsoneverdiane i området.		
Samfunnsnytte og berekraft	Oppheving av næringsføremålet vil ikkje vera i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til næring. Innspelet vil vera i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet i sør overlappar med aktsemdområde for snøskred og steinsprang		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Området vil vera utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst til den sørlege delen av innspelet. Trafikktryggleik må vera tema i reguleringsplan for området dersom det skal nyttast til andre føremål.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er registrert forureina grunn like søraust for innspelet, ved Wärtsila. Området er registrert med påvirkningsgrad 3 – ikkje akseptabel tilstand, og behov for tiltak.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ei endring frå næring til anna vil mest truleg redusere risiko for støy i området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer innanfor innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
+2	+2	+2	0	0	x	+1	0/+1	-3

Ei oppheving av næringsføremålet har i hovudsak positive konsekvensar, mellom anna for naturmangfald, friluftsliv og landskap. Innspelet vert likevel ikkje tilrådd, på bakgrunn av at det deler av området i sør er i bruk til industri og hamneføremål. Samt at arealet er ein arealreserve for framtidig behov for næringsareal i området.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, forureina grunn

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.4.6 Rubbestadneset 5, gnr./bnr. 82/1 mfl. , Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF-spreidd LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad Innspelet omfattar 3 areal med ønska omdisponert til bustad. Innspel 5a) går på fortetting og bustadfelt, meda 5b-c) er enkelttomtar for bustad. 5d) er restareal LNFS med to frådelte tomtar.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	5a) om lag 16,7 dekar 5b) om lag 0,9 dekar 5c) om lag 0,9 dekar 5d) om lag 5,9 dekar
Skildring av området	Areala er lokalisert nord for Rubbestadneset sentrum i Ramdalen. Tilkomst er frå fylkesveg Rolfsnesvegen. Areala ligg i tilknyting til etablert bustadfelt.
Aktuelle problemstillingar	Støy frå fylkesveg Strandsone (5a) Overordna behovsvurdering for bustadareal

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: skog og bebygd. Ein mindre del av 5c) er klassifisert som myr	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. For 5a og d) Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. For 5c) Myrområde er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	5a og d: -1 5b: 0 5c: -1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. 5a og d) Strandsona på nedsida av fylkesvegen er relativt bratt, men sjølve innspelet er ikkje det. Store deler av arealet er klassifisert som potensielt tilgjengeleg.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Innspel 5a og d) ligg i strandsona, men på oppsida av fylkesvegen. Innspelet vil ikkje hindre direkte tilkomst til sjøen.	5a og d: 0 5b: 0 5c: -1
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Områda er registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Innspela ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet 5a og d) er i strandsona som er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er ein del utbygging i områda nord og sør for innspelet. Innspel 5b-c) ligg i tilknyting til etablert bustadfelt. Sjå 3D kart her.	Det er etablert bustadar tett på innspela. 5a) innspelet er på ei høgde over fylkesvegen. Det kan vera potensial for silhuettverknad av nye bygg. Områda nærmast som vert bygd på vert endra. Utbygging i strandsona. Dette vil gi noko negative verknadar for landskap. 5b) dette er ei opparbeida tomt tett på eksisterande bustadar. Verknaden av eit nytt hus her er liten. 5c) dette er eit mindre naturareal tett på etablerte bustadar. Det ligg dels skjerma av kupert terreng i kring arealet.	5a og d: -2 5b: 0 5c: 0
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspela. Innspela ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert jordbruksareal innanfor eller i nærleiken av innspela. 5a) og nordre del 5d) er klassifisert som lauvskog, impediment og grunnlendt forhold.	Innspela har ingen verknad for naturressursar.	0

Teknisk infrastruktur	Innspela er relativt sentralt plassert i kommunen. Fylkesveg går forbi innspela, og det er etablert tilkomstveg til områda 5b-d). I område 5a er det bratt ned til fylkesveg, og dårleg sikt, så det vil være ønskeleg at områda får vegtilkomst frå eksisterande veg. Innspela ligg i nærleiken av bygd område, og det er truleg enkel tilgang til annan infrastruktur i området.	+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg tett på annan busetnad i området. Innspela ligg relativt sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen og vil vera med på å byggje opp under Rubbestadneset som eit av sentrumsområda i kommunen. Det er om under 1 km i luftlinje til Rubbestadneset skule, som er næraste grunnskule.	+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrikt område (myr) innanfor innspel 5c.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	x
Strandsone	Deler av innspelet 5a og d) ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er bustad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspela er i samsvar med SPR og rettleiaren då den legg til rette for bustad der det i nærområdet er bustadfelt. Bustadføremålet 5a og d), ligg på oppsida av fylkesvegen som er nærmast sjøen, og det må i samband med detaljplanlegging gjerast gode strandsonevurderingar.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen. Innspela ligg tett på eksisterande bustader, og er ei naturleg vidareføring av dette i området.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekkeløp i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet 5a og d) ligg i strandsona, men på ei høgde som gjer at det ikkje er utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst. For område 5a må tilhøve knytt til trafikktryggleik vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela. Deler av 5a) overlappar med gul støysone frå fylkesvegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ingen høgspentlinje innanfor eller i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 4,8 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
5a og d: -1	5a og d: 0	5a og d: -2	0	0	+1	+1	-1	x
5b: 0	5b: 0	5b: 0						
5c: -1	5c: -1	5c: 0						

Areala er ein naturleg utviding/fortetting ved lokalsenteret. Fylkesvegen som går her er utvida til rett forbi avkøyrslene til 5b og c, men er smal og med ein del bratt terreng som fører til at siktforholda ikkje er så bra der den går forbi 5a. Det er anbefalt at 5a får tilkomst via eksisterande avkøyring. Byggjegrense til veg på 20 meter. Innspela 5a-c) vert tilrådd, medan areal sør/aust for bygd eigedom i5d) vert endra frå LNF-spreidd til LNF-føremål. Det må utarbeidast reguleringsplan for område 5a og utbygd del av 5d.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy

Fagleg vurdering: positiv tilråding 5a-c og justering 5d.

4.4.7 Rubbestadneset 7, gnr./bnr. 86/1, Fritid- og turisme

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Fritid	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Fritid- og turisme Innspelet omfattar eit ønske om å enten vidareføre arealet som fritid eller endre føremålet frå fritid til fritidsbustad/reiseliv. Innspel om endra bruk er knytt til reiselivsanlegg.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 1,6 dekar
Skildring av området	Arealet er lokalisert på neset Sandholmen, inst i Innværfjorden sør for Rubbestadneset. Det ligg i eit område med etablerte tiltak i strandsona. Det er etablert flytebrygge utanfor innspelet , samt ein mindre vegbit lengst vest.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Næringsgrunnlag for turisme

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert på land. Sjøområdet er registrert som blautbunnsområde i strandsona (ca. 76 daa stort område). Området er klassifisert som lokalt viktig. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: skog og mindre del bebygd.	Tiltak i området vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Innspelet er på land og det opnar ikkje for tiltak i sjøområdet og påverknad for registrert marin naturtype. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er ikkje tiltak innanfor arealet i dag, utover ein mindre vegbit.	-2/-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Strandsona i og ved innspelet er klassifisert som inngrepsnært og ikkje potensielt tilgjengeleg. Dette pga. nærliggande bygg og tiltak. Sjølve innspelet er utan tiltak i dag.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Innspelet ligg heilt ned til sjø. Innspelet vil hindre direkte tilkomst til sjøen. Fritid- og turisme som føremål i strandsona kan vera noko mindre privatiserande enn reint fritidsføremål. Det er ikkje tiltak innanfor arealet i dag, utover ein mindre vegbit.	-2
Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet er i strandsona, med eit landskap som er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspelet er eit dels utstikkande nes. Det er ein del utbygging i områda nær innspelet og elles i kring denne delen av Innværfjorden. Det er ikkje tiltak innanfor arealet i dag, utover ein mindre vegbit. Sjå 3D kart her.	Det er etablert tiltak i nærleiken av innspelet, men sjølve innspelet er i hovudsak utan tiltak. Det er plassert på eit mindre nes. Arealet er relativt bratt og kupert slik at det vil krevje ein del inngrep for å skape nytt areal for bygningar. Dette vil gi negative verknadar for landskap. Fjernverknaden er noko avgrensa pga. arealet er skjult inne i vika..	-2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller sefrak-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert jordbruks-areal innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet er klassifisert	Innspelet har ingen verknad for jordbruksinteresser, og avgrensa for	0

	som lauvskog, høg bonitet og grunnlendt forhold.	skogbruk då arealet er lite i som ein driftsressurs.	
Teknisk infrastruktur	Innspelet er relativt sentralt plassert i kommunen, ikkje langt frå Rubbestadneset. Det er tiltak i nærområdet som ny utbygging truleg kan kople seg til.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området. Det er regulert fritidsføremål og naust elles i vågen. Endring av føremål vil ha mindre betyding for senterområda i kommunen og det å byggje opp under sentrumsområda i kommunen		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrikt område (høgbonitet skog) innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Endring frå fritid til reiselivsanlegg gir grunnlag for næringsutvikling.		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og innspelet er endring frå fritid til fritid og turisme (reiseliv). Innspelet ligg i avsett, men ikkje utbygd, fritidsføremål. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Vidare at berre den delen av næring/turisme som må liggje til sjø vert etablert der. Endringa frå fritid til fritid/turisme er delvis i tråd med rettleiaren då ein ved utleige gir grunnlag for at fleire kan ta i bruk bygga og strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekkeløp i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst. Det ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela. Deler av 5a) overlappar med gul støysone frå fylkesvegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspent innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 4 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2/-1	-2	-2/-3	0	0	0	0	-1	+1

Innspelet er positivt ved at det gir grunnlag for næringsutvikling (utleige). Området er avsett til utbyggingsføremål i KP2013. Dette er det lagt mindre vekt på i tilrådinga, fordi det er usikkerheit til om ein miljørevisjon knytt til strandsoneverdiar vil endra den opphavlege avgrensinga av arealføremålet. Førebels sett ny byggegrense er sett oppe ved Innværvegen, og det er berre eit mindre område av innspelet som ligg innanfor byggegrensa mot sjø. KU ovanfor syner at innspelet har større negative konsekvensar for strandsoneverdiar i dette området. Med bakgrunn i strandsoneverdiar og førebels ny byggegrense er innspelet fagleg ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.4.8 Rubbestadneset 8, gnr./bnr. 86/3, Næring

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF-område	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring Arealet grensar til reguleringsplan med næringsføremål og samferdselsføremål knytt til fylkesvegen.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 4 dekar
Skildring av området	Innspelet ligg på sørsida av Bremnesvegen og avkøyring til Rubbestadneset/ Rolfsnes. Sør for arealet er Åsavatnet. Nordre del er opparbeida og det grenser i aust til areal som er opparbeida for lager og sjølvbetent bensinpumpe. Det går ei høgspentlinje i søndre del av innspelet.
Aktuelle problemstillingar	Næringsutvikling ved eit samferdselsknutepunkt Nærleik til Åsvatnet Høgspent

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: skog og samferdsel	Tiltak i området vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Arealet ligg om lag 70m frå Åsavatnet og det kan vera potensial for påverknad av utbygging om det ikkje vert gjennomført på ein skånsam måte.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg ikkje i strandsona.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Innspelet hindrar ikkje etablert tilkomst til Åsavatnet.	0
Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet ligg i tilknyting til veg-anlegg og etablert næringsområde. Det er eit høgdepunkt innanfor innspelet, om lag 10 meter over tilgrensande planert område. Det er etablerte skjeringar i området i dag. Nordre del av innspelet er i dag planert. Sjå 3D kart her.	Det er etablert tiltak i nærleiken av innspelet og nordre del av innspelet. Etablering av nærings-areal på søndre del av innspelet vil medføre større terrenginngrep. Dette vil gi negative verknadar for landskap. Fjernverknaden er noko avgrensa pga. tilgrensande kupert og høgareliggjande terreng. Arealet er i område med etablerte tiltak og storleik av arealet er avgrensa.	-1/-2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller sefrak-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert jordbruksareal innanfor innspelet. Innspelet er klassifisert som barskog, høg bonitet og grunnlendt forhold.	Innspelet har ingen verknad for jordbruks interesser, og avgrensa for skogbruk då arealet er lite og ut frå flyfoto er skogsressursane svært avgrensa.	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er relativt sentralt plassert i kommunen, ikkje langt frå Rubbestadneset og Bremnesvegen. Det er tiltak i nærområdet som ny utbygging truleg kan kople seg til.		+
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på anna næringsområde. Arealet ligg mellom Rubbestadneset og Svortland og såleis vil det ikkje i særleg grad bygge opp under senterområda i kommunen. Føringar gjennom kommunen sin senterstruktur vil sikre rett næring på rett stad i kommunen. I dette tilhøvet bør det til dømes ikkje opnast for detaljhandel eller arbeidsintensive kontorarbeidsplassar.		0

Karbonrike areal	Det er registrert karbonrikt område (høgbonitet skog) innanfor innspelet.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Endring frå LNF til næring gir grunnlag for næringsutvikling. Det er ikkje spesifisert type næring i innspelet.	+
Strandsone	Ikkje aktuelt	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til næring.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går eit bekkeløp aust i arealet. Deler av arealet er omfatta av aktsemdsområde for flaum. Forventa maksimal auke i vasstand er 1,69m.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje aktuelt		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst. Det ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av området med unntak av fylkesvegen. Arealet er næring utan at det er spesifisert type. Det er relativt lang avstand til busetnad.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ei høgspentlinje i søndre del av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 3 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1/-2	0	0	+1	0	-1	+1

Innspelet er positivt med omsyn at det gir grunnlag for næringsutvikling og at det grenser til etablert næringsområde. Det ligg sentralt til hovudvegnett, Bremnesvegen, men ikkje tett på definerte sentrumsområde. Type næring bør ikkje svekke sentrumsområda i kommunen. Innspelet har noko negativ verknad for naturmangfald og landskap. Det er høgspent sør i området. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stråling frå høgspent

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.4.9 Rubbestadneset 9, gnr./bnr. 86/5, Småbåthamn

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF-område Friluftsområde i sjø	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 9a) Kombinert fritid/turisme /parkering/serviceanlegg tilknytt småbåthamn 9b) Småbåthamn i sjø	
Arealstorleik planlagt arealbruk	9a) Om lag 21 dekar 9b) Om lag 23 dekar
Skildring av området	Areala er nord for Stongarvågsbrua og i innløpet til Stongarvågen. Området grenser i sør og vest til planlagt næringsområde (reguleringsplan under handsaming). Området er i dag utan inngrep.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Tiltak i innløp til Stongarvågen, ferdsel på sjø Høgspent Overordna behovsvurderingar for småbåthamner

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: skog, ope grunnlendt fastmark og sjø	Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspelet opnar for tiltak i sjø, småbåthamn. Tiltak i området vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg i strandsona. Strandsona er klassifisert som potensielt tilgjengeleg då det ikkje er tiltak i området. Topografisk er det deler som er bratt, men i hovud-sak er områda under 25graders helling.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Innspelet er i strandsona. Småbåthamn er eit felles anlegg som opnar strandsona for fleire enn t.d. naust og småbåtanlegg. Samstundes inneber det eit arealinngrep og endrar strandsona frå å vera eit naturområde til eit utbygd område. Innløpet til Stongarvågen vert innsnevra med	-2

		tiltak i sjø og ferdsel inn vågen kan verta negativt påverka.	
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet ved sjøen i eit område med dels kupert terreng. Det er ikkje etablert tiltak innanfor areala, men det grenser til veg og bru i sør. Det er planlangt næringsføremål i sør/sørvest. Sjå 3D kart her.	Innspelet og områda i kring er i dag naturområde. Det er kupert terreng og dels bratt terreng nærmast sjøen. Fjernverknaden er noko avgrensa pga. tilgrensande kupert og høgareliggjande terreng. Etablering av småbåt-hamna på land vil medføre større terrenginngrep i strandsona. Dette vil gi negative verknader for landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller sefrak-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert jordbruksareal innanfor innspelet. Deler av innspelet nærmast sjøen er klassifisert som barskog, impediment og grunnlendt forhold. Det er ikkje kartfesta fiskeri-interesser i sjøområda.	Innspelet har ingen verknad for jordbruksinteresser eller fiskeriinteresser, og avgrensa for skogbruk og skogsressursane.	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er relativt sentralt plassert i kommunen, ikkje langt frå Rubbestadneset, og kan såleis gi grunnlag for båtplassar for busetnad på Rubbestadneset. Det er noko avstand til etablerte tiltak som ny utbygging truleg kan kople seg til. Potensiale i samband med nytt næringsareal og hovudveg til Rolfsnes sør/sørvest for innspelet.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på framtidig næringsområde. Arealet ligg relativt tett på Rubbestadneset og vil til dels bygge opp under Rubbestadneset som eit av senterområda i kommunen. Det er ei etablert småbåthamn i Kattahola og det ligg inne område i kommuneplanen for småbåthamn i Nordre Stongarvågen som ikkje er realisert.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrikt areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje aktuelt.		x
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er småbåthamn på land og i sjø. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad, og at felles bryggjer og naust bør prioriterast. Innspelet er dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om felles anlegg (småbåthamn), men områda er ikkje lokalisert i tilknyting til anna busetnad og opnar for utbygging i urørt strandsone.		

Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å ha båtplassar til alle gjennom fleire fellesanlegg.


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekkeløp i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje etablert vegtilkomst. Det er relativt store areal som er spelt inn og trafikktryggleik må avklarast i plan.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av området med unntak av fylkesvegen. Det er ikkje planlagt for varig opphald.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ei høgspentlinje som går gjennom deler av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 4,4 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-2	0	0	-1	-1	0	x


Det er ei etablert småbåthamn i Kattahola og det ligg inne område i kommuneplanen for småbåthamn i Nordre Stongarvågen som ikkje er realisert. Det er derfor ikkje stort behov for mykje meir areal og ønska område for småbåthamn bør reduserast. Område i nord inne i vika vert innpassa til småbåthamn med tilhøyrande anlegg. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, høgspent



Fagleg vurdering: Positiv til justert slik at området i sjø lengst nord inne i vika tas inn i planen, slik at anlegget ikkje vil få verknad for ferdselsområdet. Område på land blir justert tilsvarande og blir lagt inn med same føremålet som i sjø.

4.4.10 Rubbestadneset 10, gnr./bnr. 86/53, 87, 105, 120, Kombinert Bustad/Næring

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bustad	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Kombinert: Bustad/næring Innspelet er med bakgrunn i faktisk bruk av eigedomane med etablert verkstadbygning (86/105) og lagerbygning (86/120), og bustad (86/53). Næringsverksemda er retta mot etablert reiselivsanlegg elles på Innvær.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 4 dekar
Skildring av området	Området er på Innvær, i eit område med spreidd utbygging. Tre av fire eigedomar er bygd. Arealet ligg på ei høgd ovanfor den nærmaste strandsona til sjø.
Aktuelle problemstillingar	Endring av arealføremål som gir plangrunnlag for dagens bruk knytt til næring. Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: skog og bebygd.	Tiltak i området vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Deler av innspelet er i strandsona, område som er utsett for utbyggingspress. Naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Store deler av areala er bygd, og arealet er trekt frå nærmaste areal mot sjø.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Strandsona i og ved innspelet er klassifisert som inngrepsnært og ikkje potensielt tilgjengeleg. Dette pga. nærliggande bygg og tiltak. Det er bygd på det arealet som ligg tettast på sjøen.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Store deler av innspelet er bygde område. Innspelet hindrar ikkje ferdsel i området utover dagens situasjon.	0

Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Deler av innspelet er i strandsona, med eit landskap i som er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspelet er trekt frå nærmaste strandsone til sjø. Det er ein del utbygging i områda nær innspelet og elles i kring denne delen av Innværfjorden. Sjå 3D kart her.	Det er etablert tiltak i nærleiken av innspelet, og det er etablert tiltak innanfor innspelet. Det er plassert på ei høgde ovanfor nærmaste strandsone/sjø. Deler av arealet er kupert slik at det vil krevje noko inngrep for å skape nytt areal for bygningar. Dette vil gi negative verknadar for landskap. Fjernverknaden er noko avgrensa pga. arealet er skjult inne i vika..	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller sefrak-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert jordbruksareal innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet er klassifisert som barskog, middels bonitet og grunnlendt forhold.	Innspelet har ingen verknad for jordbruk interesser, og avgrensa for skogbruk då arealet er lite og ut frå flyfoto er skogsressursane svært avgrensa.	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er relativt sentralt plassert i kommunen, ikkje langt frå Rubbestadneset. Det er tiltak i nærområdet som ny utbygging truleg kan kople seg til. Innspelet er endring av utbyggingsføremål.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området. Endring av føremål vil ikkje i særleg grad bygge opp under senterområda i kommunen. Næring i etablert bustadområde kan potensielt medverke til konflikt, t.d. støy. Det må leggjast til grunn at type næring vert avgrensa slik at støy ikkje vert problematisk.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet		0
Næringsliv og sysselsetting	Endring frå bustad til bustad/næring gir grunnlag for næringsutvikling.		+1
Strandsone	Deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og innspelet er endring frå bustad til bustad/næring. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Vidare at berre den delen av næring som må liggje til sjø vert etablert der. Innspelet har bakgrunn i faktisk bruk av eigedomane med etablert verkstad- og lagerbygning og bustad. Næringsverksemda er retta mot etablert reiselivsanlegg elles på Innvær. Arealet er trekt frå nærmaste strandsone til sjøen.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- næringsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen, samt å sikre gode og attraktive areal til bustader og næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekkeløp i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet er ikkje utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst. Det ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av området. Næringsaktivitet kan potensielt medføre støy.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspent innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i underkant av 4 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	0	0	-1	0	+1


Innspelet gir grunnlag for faktisk bruk av området til næring og bustad. Innspelet er positivt med omsyn til endring av føremål som gir eit næringsgrunnlag. Utbygging i området medfører relativt små negative konsekvensar, i hovudsak pga. at arealet ligg i strandsona og det opnar for næring i etablert bustadområde. Nye tiltak må forholde seg til krav i støyretningslinja T-1442 og såleis leggjast føringar for type næring slik at t.d. støy ikkje vert problematisk.

Området er avsett til utbyggingsføremål i KP2013, og i førebels ny byggegrense mot sjø viser at store deler av arealet ligg utanfor byggegrensa mot sjø. Det er liten usikkerheit til om ein miljørevisjon knytt til strandsoneverdiar vil endra den opphavlege avgrensinga av arealføremålet. KU ovanfor syner at innspelet har avgrensa/moderate konsekvensar for strandsoneverdiar i området. Innspelet vert tilrådd med grunnlag i at innspelet gir grunnlag for faktisk bruk av arealet.

ROS-analyse: Kvikkleire, støy

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.4.11 Rubbestadneset 11 og 12, gnr./bnr. 143/1 og 143/4, Fritid, naust og småbåtanlegg

Skildring av arealendringa:		
Gjeldande arealbruk LNF-område Omsynssone bevaring kulturmiljø, H570_35 (potensiell funnplass for freda kulturminne). Bruk og vern av sjø og vassdrag **Planlagt arealbruk** 11a) Fritidsbustad 11b) Fritidsbustad 11c) Fritidsbustad 11d) Fritidsbustad 11e) Kai 11f) Småbåtanlegg/båtslipp 12a) Fritidsbustad 12b) Naust 12c) Småbåtanlegg	**Arealendring**  	
Arealstorleik planlagt arealbruk	11a) Om lag 0,8 dekar 11b) Om lag 1 dekar 11c) Om lag 1 dekar 11d) Om lag 1,4 dekar 11e) Om lag 0,4 dekar 11f) Om lag 0,2 dekar	12a) Om lag 0,3 dekar 12b) Om lag 0,1 dekar 12c) Om lag 0,2 dekar
Skildring av området	Innspela er lokalisert på øya Vedøy utanfor Rubbestadneset. Det er etablert hytter og naustområde på øya. Innspela 11 a-f er knytt til nye tomter utover etablert bygg på øya, medan innspela 12 a-c er knytt til etablert hytte som manglar fast båtplass på øya.	
Aktuelle problemstillingar	Strandsone og tilkomst sjøveg Kulturmiljø og landskap	

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: skog, ope gunnlendt fastmark og sjø	Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Alle innspela er i strandsona, i tillegg til at innspelet 11e-f og 12c) onar for tiltak i sjø. Tiltak i området vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspela. Innspela ligg i strandsona, som for alle innspela er klassifisert som potensielt tilgjengeleg, då det ikkje er tiltak i nærområdet. Topografisk	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Innspela er i strandsona. Dei gir grunnlag for arealinngrep og endrar strandsona frå å vera eit naturområde til eit utbygd område, samt at ein større del av øya bebygd. Tomtane for	-2/-3

	er det deler som er bratt, men i hovudsak er områda under 25graders helling.	fritid er spreidd og gir grunnlag for større privatisering av området.	
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette med tettstad. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspela ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Alle fritids innspela ligg tett på sjøen og i område med dels kupert terreng. Det er ikkje etablert tiltak innafor areala, med unntak av 12a). Det er regulert for fritidsbusetnad sør for innspela (bygd ut). Sjå 3D kart her.	Innspela og områda i kring er i dag naturområde. Det er kupert terreng. Fjernverknaden er noko avgrensa pga. tilgrensande kupert terreng, men nye tiltak mot aust vil verta eksponerte. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda. Etablering av tiltaka vil medføre terrenginngrep i strandsona, spreidd over eit større område. Dette vil gi negative verknadar for landskap.	-2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspela. Det er fleire meldepliktige bygg på øya. Kommuneplanen si omsynssone for bevaring kulturmiljø omfattar alle innspela med unntak av 11e). Innspela ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller sefrak-registrerte bygg. Innspela er er i konflikt med omsynssone kulturmiljø.	-1/-2
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert jordbruksareal innanfor innspela. Innspela er klassifisert som lauvskog, høg bonitet og jorddekt grunnforhold. Det er ikkje kartfesta fiskeri-interesser i sjøområda innanfor innspela.	Innspela har ingen verknad for jordbruksinteresser eller fiskeriinteresser, og avgrensa for skogbruk då skogsressursane svært avgrensa.	0
Teknisk infrastruktur	Innspela er ikkje sentralt plassert i kommunen. Ferdsel på sjø er einaste vegen til øya, noko som krev båtplass.		-2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela er ikkje sentralt plassert i kommunen. og vil ikkje bygge opp under senterområda i kommunen.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert myrområde innanfor innspela, men det er registrert karbonrike område i form av skog med høg bonitet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje aktuelt.		x

Strandsone	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er knytt til fritid og båtplass/naust. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad, og at felles bryggjer og naust bør prioriterast. Innspelet er ikkje tråd med strandsonerettleiaren, då det ber preg av private løysingar og ikkje fellesanlegg, samt at områda til fritid er ikkje lokalisert i tilknyting til anna busetnad, med unntak av 12a), og opnar for utbygging i urørt strandsone.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er ikkje i tråd med kommunale arealstrategiar.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekkeløp i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje etablert vegtilkomst.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentlinje ved eller i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 6,3 km frå innspelet i luftlinje. Ein er avhengig av båt for å kunne rykke ut til hendingar.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	**-2/-3**	**-2/-3**	**-1/-2**	**0**	**-2**	**-2**	**-1**	**x**

Innspela er private hytter i strandsona på Vedøya. Det er store negative verknadar for alle innspela knytt til naturmangfald, friluftsliv, landskap og kultur. Ein er avhengig av båt for å komme seg til øya og det er mangel på felles anlegg. Innspela ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak. Innspela er ikkje i tråd med SPR og strandsonerettleiaren for Vestland fylke.

Fagleg vurdering: Positiv tilråding 12a med tilpassing til etablert hytte

Fagleg vurdering: Negativ tilråding 11 a-f, og 12b-c

4.4.12 Rubbestadneset 13, gnr./bnr. 144/18, Næring/akvakultur

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF-område Akvakultur i sjø **Planlagt arealbruk** Næring / akvakultur (landbasert)	**Arealendring** 
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 8,1 dekar
Skildring av området	Området ligg nord for Foldrøy, på austsida mot Stokksundet. Det er ikkje vegtikomst til arealet og området er i dag del av eit lengre naturområde mot sjø.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Næringsutvikling med landbasert oppdrett.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Markslag: Open grunnlendt fastmark, skog og sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Innspelet gir grunnlag for tiltak i sjøområdet. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Strandsona i området er relativt bratt og lite tilgjengeleg frå land. Området er tilgjengeleg frå sjøsida. Innspelet er klassifisert potensielt tilgjengeleg. Mindre del av denne har stor hellingsgrad (10 – 25 grader).	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Innspelet er eit nytt utbyggings-føremål som medfører arealbeslag og auka grad av privatisering av strandsona i området. Området er relativt lite tilgjengelege frå land i eit friluftlivsperspektiv i dag.	-2
Landskap	Arealet er klassifisert som ope fjordlandskap med bebyggelse/ infrastruktur. Området er registrert med verdi 2 – vanleg	Innspelet og områda i kring er i dag naturområde. Det er kupert terreng. Fjernverknaden er noko avgrensa pga. tilgrensande kupert terreng, men nye tiltak vil verta eksponerte mot	-2/-3

	førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet er i strandsona og eit større samanhengane naturområde. Det er kupert terreng. Sjå 3D kart her.	Stokksundet. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda. Etablering av tiltak vil medføre større terrenginngrep i strandsona. Dette vil gi negative verknadar for landskap.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller sefrak-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert jordbruks-areal innanfor innspelet. Innspelet er klassifisert som barskog, impediment og grunnlendt forhold. Ingen fiskeriinteresser innanfor arealet, men i sjøområda lengre ut.	Innspelet har ingen verknad for jordbruks- eller fiskeriinteresser, og avgrensa for skogbruk då skogsressursane er svært avgrensa.	0
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje veg fram til innspelet, og det ligg relativt lite sentralt plassert i kommunen, men sentralt med omsyn til akvakultur. Føremålet er å leggja til rette for næringsverksemd knytt til landbasert oppdrett.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspelet ligg relativt skjerma frå annan busetnad.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspela, som t.d. myr eller skog med høg bonitet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet omhandlar areal for landbasert oppdrett. Bakgrunnen for innspelet er at akvakulturføremålet i sjø som ligg ved innspelet er mindre eigna pga. konflikt med farlei og fiskeri. Næringsføremål i området vil vera med på danne grunnlag for nyetablering knytt til akvakultur.		+2
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er landbasert oppdrett, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspela er delvis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, men det trekk ned at tiltaka er lokalisert i urørt strandsone.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære næring-område, næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, og eigna sjøareal til marin næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje vegtilkomst til området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området. Potensielt noko støy frå aktiviteten, men det er lang avstand til busetnad		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ingen høgspent innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 6,5 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	**-2**	**-2/-3**	**0**	**0**	**-1**	**-1**	**0**	**+2**


Innspelet er positivt for næringsliv og sysselsetting, ved at føremålet legg til rette for nytt næringsområde. Det er likevel ein del negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskap.

Innspelet ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak. Innspelet er likevel i tråd med SPR og strandsonerettleiaren for Vestland fylke, då det er snakk om sjøretta næring, men ikkje med omsyn til å plassere tiltak i nærleik av etablert tiltak/infrastruktur

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering : Negativ tilråding

4.4.13 Rubbestadneset 14, gnr./bnr. 144/35, 54, 84, 127, Naust og småbåtanlegg

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF-område Bruk og vern av sjø og vassdrag	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Naust (og småbåtanlegg)	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 8,3 dekar
Skildring av området	Arealet er på øya med fastlandssamband Aga, inst i vågen Austnesvågen. Innspelet grenser i nord til areal avsett til naustføremål. Det er etablerte tiltak innanfor vestre del av innspelet, medan areala i aust er utan tiltak.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Fiskeriinteresser Behovsvurderingar knytt til naust og båtplassar i området

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: bebygd og ope grunnlendt fastmark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. Innspelet opnar for tiltak i sjø. Deler av områda er i dag opparbeida med kai og naust. Austleg del og areal mellom indre del og naust i nord er bratt naturterreng. Innspelet gir grunnlag for tiltak i sjøområdet. Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-2/-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor eller i nærleiken av planområdet. Heile innspelet ligg i 100-metersbeltet mot sjø. Store deler er av SSB definert som potensielt tilgjengeleg strandsone. I dei områda utan eksisterande tiltak er hellingsgraden i innspela	Ingen kjende konsekvensar for kartfesta friluftsområde. Nye privat naust vil legge beslag på urørt strandsone. I samband med registrering av tilgjengeleg strandsone vil etablering av naust medføre eit direkte arealbeslag knytt til bygg og anlegg.	-1/-2

	er stor (10-25 grader) og veldig stor (> 25 grader).		
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette med tettstad. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Arealet er på nedsida av fylkesvegen i grensa mot naustføremål i nord. Terrenget her er bratt. Midtre del er bygd med naust og kaiar. Austre deler er naturområde med bratt topografi. Sjå 3D-kart over området her.	Deler av innspelet og områda i kring er i dag naturområde. Det er bratt terreng på deler av arealet. Fjernverknaden er noko avgrensa pga. arealet ligg i ein våg. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda. Etablering av tiltak vil medføre større terrenginngrep i strandsona. Dette vil gi negative verknadar for landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller sefrak-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet. I austre del av sjøområdet er det registrert ein låssettingsplass for makrell.	Ingen kjende konsekvensar for jord- eller skogbruk. Tiltak i sjø i austre deler av innspelet er i direkte konflikt med låssettingsplass. Informasjonen om låssettingsplassen er gamal og er ikkje klassifisert med verdi eller omfang av bruk.	-1/-2
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tiltak i nærområdet og innanfor innspelet, som nye tiltak truleg kan kople seg til.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen. Tilgrensande areal i nord er naust. Innspelet vil vera ei naturleg vidareføring av føremåla.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust med småbåtanlegg. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Deler av innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om naustområde, der tiltaka er lokalisert i tilknyting til eksisterande naust og kai.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande bustader og naust, og er ei naturleg vidareføring av dette området. Innspela er dels i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		


Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje vegtilkomst til området. Innspelet vil ikkje medføre særleg auka trafikk og dermed trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ingen høgspent innanfor eller i nærleiken av innspele.t		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 6,7 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2/-1	**-1/-2**	**-2**	**0**	**-1/-2**	**0**	**0**	**0**	**x**


Innspelet ligg i tilknyting til utbyggingsområde, og vil såleis utgjera ei naturleg utviding av desse områda, samt at det er etablert tiltak i deler av innspelet. Det er negative konsekvensar av innspelet med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap, og fiskeriinteresser. Innspelet ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak. Det ser ut til å vera ledige tomter i tilgrensande naustområde, og såleis ikkje eit tydeleg behov for meir areal avsett til naust i området. Innspelet ligg heller ikkje i tilknyting til tettbygd område, der det naturleg vil vera eit større behov for båtplassar. Areal med etablerte tiltak kan tilrådast (gnr. 144/84 og deler av 144/127), men areal utan tiltak vert fråråddd ut frå strandsoneomsyn. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning



Fagleg vurdering: Justert tilråding. Justert areal ifht. tilpassing til etablerte tiltak knytt til naust og kaianlegg.

4.4.14 Rubbestadneset 15, gnr./bnr. 144/2, LNF-spreidd bustad og naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF-område	**Arealendring**
Planlagt arealbruk 15a) LNF-spreidd bustad 15b-c) Naust	
Arealstorleik planlagt arealbruk	15a) Om lag 9,3 dekar 15b) Om lag 0,3 dekar 15c) Om lag 0,9 dekar
Skildring av området	Arealet er på øya med fastlandssamband Aga, på austsida mot Stokksundet. Innspelet grenser i vest til areal avsett til LNF-spreidd bustad. Det er etablert spreidde tiltak innanfor areala.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad og naust

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Nordaustleg del er registrert som naturtype, naturbeite-mark med viktig verdi. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: bebygd, samferdsel, skog, innmarksbeite, overflatedyrka mark og ope grunnlendt fastmark	Innspelet er i direkte konflikt med registrert naturtype. Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. Deler av områda er i dag opparbeida med bygg, veg, samt kai og naust ved sjøen. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	15a) -2/-3 15b) -2 15c) -2/
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor eller i nærleiken av planområdet. Heile innspelet ligg i 100-metersbeltet mot sjø. Innspelet er av SSB definert som inngrepsnær strandsona pga. bygg og tiltak. I deler av strandsona utan tiltak er terrenget bratt.	Ingen kjende konsekvensar for kartfesta friluftsområde. Nye privat bustadar og naust vil legge beslag på strandsona, og auke privatiseringa av området	-2

Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette med tettstad. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Areala ligg tett på og på ei høgde like over sjøen. Det er fleire tiltak i området. Sjå 3D-kart over området her.	Innspelet består i stor grad av området med etablerte tiltak, samtidig som det gir grunnlag for nye tiltak. Fjernverknaden er noko avgrensa pga. terreng og øyar utanfor innspelet. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda. Etablering av tiltak vil medføre terrenginngrep i strandsona. Dette vil gi negative verknadar for landskap.	-2/-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er meldepliktige SEFRAK-bygg innanfor innspelet 14a). Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne. Nye tiltak vi i mindre grad ha verknad for meldepliktige SEFRAK-registrerte bygg.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert dyrka mark innanfor innspel 15a) - Innmarksbeite, ca. 1,6 daa - Overflatedyrka mark, ca. 1,5 daa.	Innspelet medfører omdisponering av innmarksareal (beite og overflatedyrka).	-2
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tiltak i nærområdet og innanfor innspelet, som nye tiltak truleg kan kople seg til.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er ikkje sentralt plassert i kommunen, og vil ikkje bygge opp under senterområda i kommunen. Det er i underkant av 7 km avstand til Foldrøy skule, som er næraste grunnskule.		0
Karbonrike areal	Deler av innspelet er skog av høg bonitet, som er areal med store karbonlager. Dyrka mark og beite har også relativt store karbonlager.		15a: -1 15b: 0 15c: 0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er spreidd bustadbygging og naust. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Deler av innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om bustadar og naustområde, der tiltaka er lokalisert i tilknyting til eksisterande bygde område.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad-område, og bustad ved sjøen. Ein er ikkje i tråd med mål å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging, eit strengt jordvern.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**


	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje vegtilkomst til området. Innspelet vil ikkje medføre særleg auka trafikk og dermed trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ingen høgspent innanfor eller i nærleiken av innspele.t		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 7 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
15a: -2/-3	**-2**	**-2/-1**	**-1**	**-2**	**0**	**0**	**-1**	**x**
15b: -2							**0**	
15c: -2							**0**	

Innspelet ligg i tilknyting til bygd areal, og vil såleis utgjera ei naturleg utvikling og utviding av desse områda. Det er negative konsekvensar av innspelet med omsyn til naturmangfald (naturtype), friluftsliv, landskap, kulturmiljø og naturressursar. Innspelet ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak. Areal med etablerte tiltak kan tilrådast, men areal utan tiltak vert fråråd ut frå strandsoneomsyn.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning




Fagleg vurdering: Dels positiv tilråding 15a). Justert tilråding med avgrensing til etablerte tiltak og utanfor naturtype, dyrka mark og ikkje nærmare sjø enn dagens tiltak.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding til 15b)

Fagleg vurdering: Dels positiv tilråding 15c). Justert tilråding med avgrensing til etablerte tiltak lengst nord i innspelet.

4.4.15 Rubbestadneset 16, gnr./bnr. 84/10, Naust og kai og fritid og turisme (utleige hytter)

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 16a-b) LNF-område 16c) Fiskeri: Gytefelt 16d) Fritidsføremål	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 16a) Naust 16b) Naust 16c) Kai 16d) Fritid og turisme Bakgrunn for kaiføremålet på Notaholmen er knytt til birøkting, og lyngtrekk til holmen, samt skogsdrift for å halde på kulturlandskapet på øya.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	16a) Om lag 0,1 dekar 16b) Om lag 0,2 dekar 16c) Om lag 0,01 dekar 16d) Om lag 3,5 dekar
Skildring av området	Innspelet er på Mækjerneset i Innværfjorden, sør for Rubbestadneset og vest for Foldrøy. Innspelet er på vestsida av ei halvøy, samt eit av innspela er på Notaholmen. Det er ikkje tiltak på Notaholmen, men det er spreidd busetnad på fastland.
Aktuelle problemstillingar	Fiskeriinteresser (gytefelt/-område) Omdisponering av føremål til fritid- og turisme

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: skog, innmarksbeite, overflatedyrka mark og sjø	Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. Innspel 16c opnar for tiltak i sjø. Områda er utan tiltak i dag. Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-2/-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor eller i nærleiken av planområdet. Heile innspelet ligg i 100-metersbeltet mot sjø. Innspelet 16a er av SSB definert som inngrepsnær strandsone pga. eksisterande bygg og tiltak.	Ingen kjende konsekvensar for kartfesta friluftsområde. Nye privat naust og hytter for utleige vil legge beslag på strandsona, og auke privatiseringa av området.	16a-b,d) -2 16c)

	Innspela 16b-c) er av SSB definert som potensielt tilgjengeleg. Det er del svært bratt topografi ved innspel 16b).	Kaiareal på Notaholmen gir potensielt ein betre og tilrettelagt tilkomst for ålmenta.	+1
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette (16c) med tettstad). Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela a-c ligg heilt ned til sjøkanten og i sjø. 16a) ligg i tilknyting til etablert kai, medan dei andre to er i område utan tiltak. Det er dels bratt terreng på land ved 16b-c). Sjå 3D-kart over området her.	Innspel 16a) er i område med etablerte tiltak, medan 16b-d) er område utan tiltak. Fjernverknaden er noko avgrensa pga. terreng og øyar utanfor innspelet. Nye tiltak vil vera godt synleg og eksponert for dei nære områda. Etablering av tiltak vil medføre terrenginngrep i strandsona. Dette vil gi negative verknadar for landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller sefrak-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspel 16a er klassifisert som skog, blandingsskog med høgbonitet og grunnlendt forhold og 16b) blandingsskog, impediment Det er registrert dyrka mark innanfor innspel 16d: - Innmarksbeite, ca. 1,6 daa - Overflatedyrka mark, ca. 1,5 daa. Det er registrert fiskeriinteresser i sjøområdet utanfor innspela 16a-c) og som overlappar med 16c). Dette er gyteområde og gytefelt for torsk.	Ingen kjende konsekvensar for jord- eller skogbruk for 16a-c). Tiltak i sjø innanfor 16c) er i direkte konflikt med gytefelt/-område. Omfang av tiltaket er avgrensa. Innspelet 16d) medfører omdisponering av innmarksareal (beite og overflatedyrka).	16a-b) 0 16c) -1 16d) -2
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tiltak i nærområdet, som nye tiltak innanfor 16a, og som truleg b og d truleg kan kople seg til. Det er ingen tiltak på Notaholmen.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er ikkje sentralt plassert i kommunen, og vil ikkje bygge opp under senterområda i kommunen.		0
Karbonrike areal	Deler av innspelet er skog av høg bonitet, som er areal med store karbonlager. Dyrka mark og beite har også relativt store karbonlager.		16a: -1/0 16b: 0 16c: 0

		16d: -1
Næringsliv og sysselsetting	Innspel 16c) er i samanheng med birøkting og dels skogsskjøtsel. Ein tilrettelagt tilkomst til Notaholmen vil vera positivt i den samanheng. Grunnlaget for næringsaktiviteten er av mindre skala. Innspel 16d) gir grunnlag for næringsutvikling.	16a-b) 0 16c) 0/+1 16d) +1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust og kai, samt utleige hytter. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Vidare at berre den delen av næring/turisme som må liggje til sjø vert etablert der. Deler av innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om naust i tilknyting til etablert kai for 16a. Innspel 16b-d) er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då dette er tiltak i urørte område.	
Samfunnsnytte og berekraft		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst til området. Innspelet vil ikkje medføre særleg auka trafikk og dermed trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ingen høgspent innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i underkant av 5km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2/-1	16a: -2 16b: -2	-2	0	16a: 0 16b: 0	-1	0	16a: -1/0 16b: 0	16a: 0 16b: 0

	16c: +1 16d: -2			16c: -1 16d: -2			16c: 0 16d: -1	16c: +1/0 16d: +1

Innspelet består av 4 arealinnspel, der alle er i samband med etablert og avsett fritidsområde. Tre av innspela, 16a-c) går på infrastruktur knytt til tilgjenge til sjø med naust og kai. Det er generelt negative konsekvensar av innspela med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap, og naturressursar (gytefelt). Innspela ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak. Areal med etablerte tiltak kan tilrådast, men areal utan tiltak vert fråråddd ut frå strandsoneomsyn.

Området 16d) er avsett til utbyggingsføremål i KP2013, og i førebels ny byggegrense mot sjø viser at deler av arealet ligg utanfor byggegrensa mot sjø. Det er liten usikkerheit til om ein miljørevisjon knytt til strandsoneverdiar vil endra den opphavlege avgrensinga av arealføremålet. KU ovanfor syner at innspelet gir grunnlag for næring, men elles negative konsekvensar for strandsoneverdiar og jordvern. Positiv tilråding. Ubygd fritidsføremål mellom innspelet og hytte i vest vert gjort om til LNF-føremål.


Fagleg vurdering: 16a) Positiv tilråding

Fagleg vurdering: 16b) Negativ tilråding

Fagleg vurdering: 16c) Negativ tilråding

Fagleg vurdering: Positiv tilråding 16d). Ubygd fritidsføremål mellom innspelet og hytte i vest vert gjort om til LNF.

4.4.16 Rubbestadneset 17, gnr./bnr. 86/7, Fritid, naust og småbåtanlegg

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF-område Bruk og vern av sjø og vassdrag	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 17a) Fritidsføremål 17b) Fritidsføremål 17c) Småbåtanlegg 17d) Naust 17e) Småbåtanlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	17a) Om lag 39 dekar 17b) Om lag 9,1 dekar 17c) Om lag 3 dekar 17d) Om lag 1,2 dekar 17e) Om lag 1,3 dekar
Skildring av området	Innspelet er eit område sør for Brubakken og Rubbestadneset. Det grenser til Innværfjorden. Det er ingen tiltak innanfor arealet 17a, d-e), medan det er etablert naust og kai innanfor deler av 17b-c).
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Samlokalisering med næringsområde nord for innspelet Overordna behovsvurderingar av hytter, naust og båtplassar

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert på land eller i sjøområdet utanfor 17d-e). Ein mindre del av 17c overlappar med registrert marin naturtype, bløtbunnområder i strandsonen. Området er klassifisert til lokal viktig. Sjøområda utanfor innspela er del av eit større gytefelt for kysttorsk. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: skog og sjø	Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Områda er i hovudsak utan tiltak og urørt naturområde. Innspel 17c og e) opnar for tiltak i sjø. Innspel 17c er i direkte konflikt med marin naturtype. Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	17a-b, d-e -2 17c -2/-3
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor eller i nærleiken av planområdet. Deler av innspelet 17a og heile 17b-e ligg i 100-metersbeltet mot sjø. Innspelet 17b-c er av SSB definert som inngrepsnær strandsone pga. eksisterande bygg og tiltak. Innspela 17a og 17d-e er av SSB definert som potensielt tilgjengeleg. Det er del svært bratt topografi ved innspela.	Ingen kjende konsekvensar for kartfesta friluftsområde. Nye privat hytter og naust vil legge beslag på strandsona, og auke privatiseringa av området. Fritidsføremålet 17a) er trekt frå sjø, der nærmaste avstand er om lag 55 meter. 17b) fritidsføremål ligg heilt ned til sjø.	17a) -1/-2 17b-c) -2 17d-e) -1/-2
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela 17b-e ligg heilt ned til sjøkanten og i sjø. Det er etablerte tiltak innafor b-c, og areala er skjerma av halvøya Forenes. Det er ikkje tiltak innafor d-e, og areala ligg i starten på halvøys Fornes og er eksponert mot Innværfjorden.	Innspel 17a) er i dag eit naturområde med kupert terreng. Det er fleire høgpunkt i området slik at nye tiltak vil vera godt synleg for nærområdet, men også område lengre vekke. Etablering av tiltak vil medføre terreng-inngrep også i strandsona. Samla vil dette gi negative verknadar for landskap. Innspel 17b-c er område med etablerte tiltak. Fjernverknaden er noko avgrensa pga. terreng og Fornes utanfor innspelet. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda, medan fjernverknaden er	17a) -2 17b-c) -2/-1

	17a) er trekt frå sjø på ei høgde ovanfor sjøen. Det er kupert terreng innanfor arealet. Det er dels bratt terreng mot vest og mot sjø. Sjå 3D-kart over området her.	avgrensa. Etablering av tiltak vil medføre nye terrenginngrep i strandsona. Innspel 17d-e er område utan tiltak og eksponert. Det ligg tett på etablert næringsområde. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære og fjernare områda. Etablering av tiltak vil medføre terrenginngrep i urørt strandsone.	17d-e) -2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller sefrak-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspela på land er klassifisert som skog, lauvskog med høg bonitet og grunnlendt forhold. Det er ikkje registrert fiskeriinteresser i sjøområdet.	Ingen kjende konsekvensar for jordbruk eller fiskeriinteresser. Innspelet fjernar grunnlag for skogsdrift, men skogsressursane er avgrensa.	-1/0
Teknisk infrastruktur	Det er noko avstand til etablert tiltak i nærområdet. Det er mogleg at nye tiltak innanfor kan kople seg til det.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er sentralt plassert i kommunen, men fremjar fritids- og naust-føremål som ikkje spesielt vil bygge opp under senterområda i kommunen. Areala ligg relativt tett på etablert næringsområde, og det er potensiale for konfliktar knytt til samlokalisering.		-2
Karbonrike areal	Deler av innspelet er skog av høg bonitet, som er areal med store karbonlager		17a, b, d: -1 17c, e: 0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritid og naust. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspel 17d-e) er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då dette er tiltak i urørte område. Innspel 17a og b-c) er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for hytter i strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til næring, eller om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst fram til området. Trafikktryggleik må vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er næringsområde nord for innspela og det er potensiale for støy frå området. Det er ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ingen høgspent innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 4,1 km frå innspelet i luftlinje		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
17a: -2	**17a: -1/-2**	**17a: -2**					**17a: -1**	
17b: -2/-3	**17b: -2**	**17b: -2/-1**					**17b: -1**	
17c: -2/-3	**17c: -2**	**17c: -2/-1**	**0**	**-1/0**	**0**	**-2**	**17c: 0**	**x**
17d: -2	**17d: -1/-2**	**17d: -2**					**17d: -1**	
17e: -2	**17e: -1/-2**	**17e: -2**					**17e: 0**	


Innspelet 17a) er fritidsføremål i område mellom bustadføremål og næringsområde. Området er i dag utan tiltak og ligg på ei høgde som skjermar bustadområdet i sør for næringsområdet i nord. Det er negative konsekvensar av innspelet med omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskap. Deler av innspelet ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak.
Innspelet 17 b-c) er fritidsføremål og småbåtanlegg i område i område med etablerte tiltak. Området er godt skjerma av nærliggjande terreng. Det et dels kupert og bratt terreng i området, og nye tiltak vil medføre terrenginngrep. Det er negative konsekvensar av innspelet med omsyn til naturmangfald (marin naturtype), friluftsliv og landskap. Innspelet ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak.
Innspelet 17 d-e) er naust og småbåtanlegg i område i område utan etablerte tiltak. Området er eksponert mot sjø. Det et dels kupert terreng slik at nye tiltak vil medføre terrenginngrep. Det er negative konsekvensar av innspelet med omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskap. Innspelet ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak.
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.5 Svortland



4.5.1 Svortland 1, gnr./bnr. 87/20, 109, 236. Næring

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Bandlegging for regulering etter pbl. (H710_39) Sikringssone, nedslagsfelt drikkevatn (H110_6)	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 19,5 dekar

Skildring av området	Innspelet ligg i tilknyting til næringsområda i Hollundsdalen. Sør for arealet er avfallsanlegget til SIM etablert, og vest for arealet er næringsområde med ulike funksjonar etablert.
Aktuelle problemstillingar	Omdisponering av jordbruksareal Næringsgrunnlag

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er registrert observasjon av piggsvin (NT) innanfor arealet. Markslag: Innmarksbeite, fulldyrka jord og barskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg ikkje i strandsona, og store deler innmarksareal som deler av året ikkje er ope for ålmenta.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Landskap	Arealet er klassifisert som skjerma indre slakt til småkupert kystslette-landskap med tettbusetnad. Området er registrert med verdi 2 – vanleg verdi - vanleg føre-kommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet ligg ikkje i strandsona. Deler av arealet er ein kolle mot fylkesvegen med slak grasbakke som grenser til nærings-/handelområde og skogsteig. Sjå 3D kart her.	Innspelet er ei utviding av eksisterande næringsområde, men det er ein del terrenginngrep som må til for å få planert ut arealet.	-1/-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Søre del av området er klassifisert som skog, av barskog av høg bonitet og grunnlendte forhold. Nordre del er klassifisert som	Det vil være negative konsekvensar for innmarksbeite og dyrka jord ved utbygging av innspelet.	-2

	innmarksbeite, ca. 7 dekar. Midtre del er klassifisert som fulldyrka jord, ca. 8 dekar.		
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert tilkomstveg i området. Innspelet ligg tett på bygd område, og det er såleis truleg enkel tilgang til annan infrastruktur i området. Utviding av næringsområdet vil krevje lite for å etablere teknisk infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på eksisterande nærings-/handelområde, og eit stykke unna definerte sentrumsområde i kommunen, Svortland. Innspelet vil være ein naturleg utviding av eksisterande næringsområde men vil ikkje vera med på å byggje opp under Svortland sentrum.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrikt område (høgbonitet skog) innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Arealet er ei naturleg utviding av næringsområda i Hollundsdalen og gir grunnlag for vidare utvikling av dette området. Det er ikkje spesifisert type næring i innspelet.		+2
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i strandsona. Ikkje relevant.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til næring. Ein er ikkje i tråd med mål å forhindre nedbygging av dyrka mark.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Heile innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje til sjø		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst fram til området i dag. Det mindre sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet. SIM har etablert næringsområde sør for innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av området. Registrert støysone frå hovudveg inn på deler av arealet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet grenser til høgspentlinje i sør. Det kan ikkje byggast tett på linja.		
Drikkevatn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg innanfor sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatn.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i underkant av 2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1/-2	0	-2	+1	0	-1	+2

Utbygging vil ha negative konsekvensar for landbruk og landskap.


Det er mykje ledig næringsareal i Hollundsdalen, både areal i kommuneplanen og regulert areal.

Innspelet vert ikkje tilrådd no, men kan være eit aktuelt utvidingsareal på lengre sikt.

ROS-analyse: Kvikkleire, støy, stråling frå høgspent, drikkevatn

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.5.2 Svortland 2, gnr./bnr. 87/56, 61, 62. Næring

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Sikringssone, nedslagsfelt drikkevatn (H110_6)	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Næring, industri	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2a) Om lag 8,4 dekar 2b) Om lag 0,4 dekar
Skildring av området	Innspelet ligg langs Bremnesvegen, og grenser til etablert næringsområde knytt til Viergo (kompetanse- og opplæringsbedrift) med m.a. vaskeri, kjøkken, handverk/snekkeravdeling. Arealet 2a) omfattar eksisterande

	næringsbygg og areal for å utvide vaskeriet, medan 2b er utan tiltak i dag og er ei tilleggstomt tilhøyrande produksjonsområde ved kjøkkenavdeling.
Aktuelle problemstillingar	Deler av innspelet; endring av bruksføremål til faktisk bruk Næringsgrunnlag

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: barskog av høg bonitet (grunnlendt) og bebygd areal.	Deler av arealet i aust er bygd og planert, medan areal lengst i vest og aust er skogsområde. Tiltak i området vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg ikkje i strandsona.	Ingen kjende konsekvensar for kjente friluftsområde. Deler av innspelet er ei bruksendring til faktisk bruk. Verknad for friluftsliv er ingen.	0
Landskap	Arealet er klassifisert som skjerma indre slakt til småkupert kystslette-landskap med tettbusetnad. Området er registrert med verdi 2 – vanleg verdi - vanleg føre-kommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet ligg ikkje i strandsona. Innspelet er dels utbygd og er elles naturområde på ei høgde ovanfor fylkesvegen. Det er ikkje tett skog i området. Sjå 3D kart her.	Det er etablert næringsbygningar på deler av arealet. Utviding av føremål vil ikkje medføre vesentlege inngrep, silhuett-verknad eller fjernverknad. Området er synleg på eit kortare strekk langs fylkesvegen. Områda nærmast som vert bygd på kan vert endra, men omfanget er liten.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrert bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Området er i klassifisert som bebygd areal og barskog med høgbonitet og grunnlendte forhold. Ingen jordbruksareal innanfor arealet.	Skogsressursane innanfor areala er avgrensa i storleik og kvalitet. Ingen konsekvens.	0
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomstveg i området, og det er etablert bygg og verksemd på deler av arealet. Utviding av næringsområdet vil krevje lite for å etablere teknisk infrastruktur.		+1

Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på eksisterande næringsområde, men eit stykke unna definerte sentrumsområde i kommunen, Svortland. Innspelet vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen.	-1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrikt område (høgbonitet skog) innanfor innspelet.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Deler av innspelet er knytt til faktisk bruk av området, samt at det gir grunnlag for utviding av verksemda. Næringsføremål i området vil vera med på å sikre vidare drift og utvikling av dagens aktivitet på området.	+2
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i strandsona. Ikkje relevant.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til næring.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg over marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg ikkje til sjø		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst til området i dag. Det ikkje sannsynleg at endring av føremål vil endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet. Deler av innspel 2b ligg innanfor støysone frå fylkesvegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ingen høgspent i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i ca. 2,5 km frå innspelet i luftlinje.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	**0**	**-1**	**0**	**0**	**+1**	**-1**	**-1**	**+2**

Innspelet er positivt for næringsliv og sysselsetting, ved at føremålet vert tilpassa eksisterande bruk av området og gir moglegheit for utviding. Det er avgrensa negative konsekvensar av innspelet då det er etablert verksemd og tiltak på deler av området i dag og at det ikkje er kartfesta verdiar i områda.
ROS-analyse: Støy

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.5.3 Svortland 3, gnr./bnr. 89/17, Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad Ønske om bygging av einebustad og konsentert bustadar, ca. 20 einingar totalt. Bakgrunnen er restareal frå hovudbruket og at areala ikkje er rekna som å vera eigna for jordbruksdrift lengre. Arealet ligg tett på sentrum, solrikt og med fin utsikt. Det er etablert bustadfelt sør og vest for arealet.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 39,2 dekar
Skildring av området	Arealet ligg like nordaust for Svortland sentrum langs Hollundsvegen. Storavatnet er aust for arealet. Det er ein del spreidd bustad, bustadfelt, gardsbruk og barnehage i nærområdet til innspelet. Området er i dag hovudsakleg ope jordbruksområde.
Aktuelle problemstillingar	Jordvern Sentrumsnært bustadområde Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Innmarksbeite, overflate- og fulldyrka mark, samt ein mindre del med skog og bebygd.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg ikkje i strandsona.	Ingen kjende konsekvensar.	0

Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette med tettstad. Områda er registrert med verdi 3 – vanleg førekommande landskap i regional samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela er ikkje i strandsona. Det er ein del bustadbygg langs Hollundsvegen vest for innspelet, samt gardsbruk i aust. Landskapet er dels ope og består av grasbakkar og kollar med lite høg vegetasjon. Sjå 3D kart her.	Sør i området er det flatt og ligg lavt i terrenget, her vil utbygging ikkje føre til vesentlege terrenginngrep, silhuettverknad eller fjernverknad. Nord i området er terrenget høgare og meir kupert og utbygging vil kunne føre til noko silhuettverknad og vil ha meir fjernverknad.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Områda er klassifisert som dyrka mark; - Innmarksbeite 26,5 daa - Overflatedyrka mark 3 daa - Fulldyrka mark 3,7 daa Innmarksareala grenser delvis til større areal klassifisert som dyrka mark, hovudsakleg innmarksbeite.	Utbygging vil få negative konsekvensar for landbruksareala.	-2/-3
Teknisk infrastruktur	Arealet er i hovudsak ubygde, men grenser til areal som er utbygd og avsett til bustad i kommuneplanen. Endring av føremål og dei nye areala vil ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur. Innspelet i aust ligg tett på fylkesveg med fortau/GS-veg og eksisterande busetnad. Det vil fremje gange/sykling i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området og areal regulert til framtidig bustad. Like søraust for arealet er det etablert barnehage. Innspelet ligg relativt sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen, det er under 1 km til matbutikk og like i overkant av 1 km til skule. Innspelet vil vera med på å byggje opp under Svortland som eit av sentrumsområda i kommunen.		+2
Karbonrike areal	Det er registrert eit mindre areal som er karbonrikt område (høgbonitet skog) innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		0
Strandsone	Innspelet ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande bustadområde og Svortland sentrum. Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til bustader, nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum. Det er ikkje i tråd med strategi kring sikre jordvern.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av arealet lengst i sør ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg ikkje i strandsona.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst fram til innspelet. Trafikktryggleik må vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet. Det er private avløpsanlegg i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet. Ein mindre del i vest ligg i gul støysone frå Hollundsvegen. Det er etablerte bustadar nærmare fylkesvegen enn innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ingen høgspent i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i underkant av 1 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	-2/-3	+1	+2	-1	0


Det er to store bustadområde som ikkje er påbegynt nært opp til innspelet i tillegg til ein relativt ny vedtatt reguleringsplan. Dette er også eit ganske stort område som er registrert som landbruksareal.

Grunna mykje ledig areal og jordvern er tilrådinga negativ for området.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.5.4 Svortland 4a, c, gnr./bnr. 93/4. Kombinert føremål inkl. naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Kombinert føremål; bustad/ næring/ småbåtanlegg (B/NV/SB) Krav om reguleringsplan (H710_22)	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 4a) Småbåtanlegg 4c) Kombinert bustad, næring inklusiv naust Eit kombinert føremål med bustad, næring, småbåt og naust vil vera i tråd med historia og gi eit godt og variert maritimt miljø.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	4a) 23 daa 4c) 37,6 daa
Skildring av området	Arealet er lokalisert i Urangsvågen, nord for Svortland, langs Goddevegen. Store deler av areala ned mot sjø i Urangsvågen er bebygd med ei blanding av type bygg og tiltak. Arealet lengst nordaust er ikkje bygd på i dag.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Blanding av føremål Overordna behovsvurdering knytt til bustadareal i kommunen og delområdet.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert på land, men ei registrering i sjø av gråmåke (nær trua rødlista art) Markslag: bebygd, og ope fastmark	Tiltak i område utan eksisterande tiltak vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. Innspelet er på land og i sjø, det opnar for tiltak i sjøområdet. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er tiltak innanfor arealet i dag lengst sør og vest. I nordaust er det eit naturområde utan tiltak.	-2

Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innanfor søraustre del av innseplet er det registrert startpunkt for rundløype/kultursti Urangsvåg- Dyravatnet. Innspelet ligg i strandsona. Store deler er klassifisert som inngrepsnært pga. etablert infrastruktur og bygg. Nordaustre del er klassifisert som potensielt tilgjengeleg (SSB). Deler av terrenget er svært bratt og dermed mindre eigna for ferdsel.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde, men deler er i arealkonflikt med registrert kultursti. Innspela ligg heilt ned til og i sjø. Nye privat bustadar, næring og naust vil legge beslag på strandsona, og auke privatiseringa av området særleg i det området som er utan tiltak i dag.	-2
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette med tettstad. Områda er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet er i strandsona. Det er ein del bygg og tiltak langs Godde-vegen og inst i vågen. Bygga i området varierer i storleik og utforming. Innspelt ligg inst i ein våg med høgareliggjande areal i kring. Sjå 3D kart her.	Etablering av tiltak vil medføre terrenginngrep i strandsona. Dette vil gi negative verknadar for landskap. Innspelet er stort og ein større del i nordaust er utan tiltak i dag. Dersom arealet skal utviklast til utbygging vil det medføre store terrenginngrep. Innspelet er dels skjerma inne i vika og fjernverknad vil vera avgrensa. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda.	4a: -1 4c: -2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er eitt meldepliktig SEFRAK-registrerte bygg innanfor arealet. Urangsvågen har vore eit maritimt miljø over ein lengre periode og bygga varierer frå nyare tids bygg til eldre bygningar frå tidleg 1900-talet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne. Det er etablert bygningar tett på det meldepliktige bygget, og ei utvikling av området vil i mindre grad påverke denne sin status.	4a : 0 4c: -1/0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje klassifisert jordbruks- eller skogbruksressursar innanfor arealet på land. Det er ikkje registrert fiskeriinteresser innanfor arealet i sjø.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte naturressursar på land eller i sjø.	0

Teknisk infrastruktur	Areala på land er i stor grad utbygd, med unntak av arealet på land lengst nordaust. Det er etablert kai og flytebrygger i området. Utvikling av arealet vil kunne kople seg på eksisterande infrastruktur.	+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på eksisterande tiltak og infrastruktur i nærområdet. Det er ei blanding av funksjonar i området og utvikling av Urangsvågen som inkluderer naust er naturleg. Innspelet ligg mindre sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen, det er over 1 km til matbutikk og skule. Innspelet vil i mindre grad vera med på å byggje opp under Svortland som eit av sentrumsområda i kommunen.	0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrikt område innanfor innspelet	0
Næringsliv og sysselsetting	Vidareføring av arealet gir grunnlag for næringsverksemd.	+1/0
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet og det er ei utviding av dei kombinerte føremåla med naust. Det er etablerte naust i området, og såleis vil innspelet gi eit naturleg utviking av området. Innspelet ligg i avsett, og delvis utbygd område. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Endringa som inkluderer naust i det kombinerte føremålet er delvis i tråd med rettleiaren då arealet og føremål naust kan utviklast i område med etablerte tiltak. Arealet lengst nordaust er ikkje i samsvar då dette er eit urørt område.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg relativt tett på eksisterande bustadområde, og vidareutvikling av området som inkluderer naust er naturleg.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg i strandsona.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst fram til innspelet. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet. Det er private avløpsanlegg i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet. Ein mindre del i vest ligg i gul støysone frå Hollundsvegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ingen høgspent i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	4a: -1 4c: -2/-3	4a: 0 4c: -1/0	0	+1	0	0	+1/0

Innspelet ligg i tilknyting til utbyggingsområde, og er regulert til kombinert utbyggingsføremål. Innspelet går på å inkludere naust i det kombinerte føremålet på land, noko som er naturleg for området sidan det allereie er etablert naust i området.

Det er negative konsekvensar av innspelet med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap, og dels kulturmiljø. Innspelet ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak. Innspelet ligg i tilknyting til dels tettbygd område, der det naturleg vil vera eit større behov for båtplassar.

Området er avsett til utbyggingsføremål i KP2013. KU ovanfor syner at areala lengst nordaust har negative konsekvensar for strandsoneverdiar i området. Ut frå dette tilrår ein areal med etablerte tiltak som framleis utbyggingsføremål som inkluderer naust (inst i vågen), men areal utan tiltak på land vert fråråddt ut frå strandsoneomsyn. Desse områda vert endra til LNF. I sjøområda vert utbygde område i tilknyting til utbygde område på land endra til småbåtanlegg, mens urørte areal lenger ute i vågen vert endra til bruk og vern av sjø og vassdrag.


ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, støy



Fagleg vurdering 4a: Justert tilråding, tilpassa innspel 4c. Ytre deler utan tiltak vert endra til bruk og vern av sjø og vassdrag

Fagleg vurdering 4c: Positiv tilråding til å inkludere naustføremål i det kombinerte føremålet. Arealet vert justert og tilpassa område med etablerte tiltak. Urørte område i nord – nordaust vert endra til LNF.

4.5.5 Svortland 4b og 14a, gnr./bnr. 93/1, 4, og 94/9, 18. Bustad eller bustad/tenesteyting

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Bustad med krav om reguleringsplan (H710_24)	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad 4b) Bustad 14a) Kombinert Bustad/ Tenesteyting Innspel 14a sei at området er i stor grad bygd ned og at attverande jordbruksområde framstår som fragmentert og lite eigna for moderne og effektiv gardsdrift. Det er i innspelet synt alternative veg-trasear inntil området og at dei ønskjer å sjå sitt område i samanheng med tilgrensande areal for bustad og planlegging. Innspel 14a sei at det er VA fram til / over eigedomane, og at dei ønskjer primært bustadføremål, ev. bygging av institusjon for eldre, eldrebustadar/omsorgsbustadar eller barnehage.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	4b:om lag 28,7 daa 14a: om lag 17 daa
Skildring av området	Området ligg nord for Storavatnet og Svortland, på Steinsbø. Det er etablerte bustadfelt i området areala grenser til, samt vegtilkomst fram til areala. Deler av areala er ope jordbruksområde.
Aktuelle problemstillingar	Jordvern Vegtilkomst Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: 4a) Ope fastmark, innmarksbeite, overflatedyrka mark og ein mindre del bebygd 14a) Ope fastmark, fulldyrka mark, overflatedyrka mark og skog	Areala er klassifisert til jordbruksareal og ope fastmark som ikkje er kjent for å ha særleg stort mangfald. Tiltak vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1

Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Lengst nord innanfor 4b er det ei etablert turløype, Gåslandsmarka. Areala ligg ikkje i strandsona.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Innspel 4b) overlappar delvis med turløype, men dette er mogleg å tilpasse i plan.	0
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Områda er registrert med verdi 3 – vanleg førekomande landskap i regional samanheng. Innspela ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Begge innspela er i randsona av etablert bustadfelt, og består i stor grad av jordbruksområde med kollar og knausar. Sjå 3D kart her.	Det er etablert bustadar tett på innspela. 4b) Arealet i sør ligg i eit småkupert terreng og arealet i nord på eit høgareliggjande område (kolle). Det er høgareliggjande areal i bakkant og mindre fare for silhuettverknad av nye bygg. Arealet i nord er relativt bratt slik at det vil krevje ein del inngrep for å skape nytt brukbart areal. Områda nærmast som vert bygd på vert endra, medan fjernverknad er noko avgrensa. 14a) Arealet er eit relativt flatt område. Det ligg dels skjerma av kupert terreng i kring arealet. Det er mindre behov for terrenginngrep for å etablere byggjeland. Områda nærmast som vert bygd på vert endra.	4b: -1/-2 14a: -1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspela. Innspela ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller bygningsmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er klassifisert jordbruksareal innanfor begge innspela. 4b) Områda er klassifisert som dyrka mark; - Innmarksbeite 10,7 daa - Overflatedyrka mark 2,2 daa 14a) Områda er klassifisert som dyrka mark, ca.; - Innmarksbeite 1,4 daa - Overflatedyrka mark 1,4 daa - Fulldyrka mark 8,6 daa	Innspela medfører omdisponering av innmarksareal (beite, fulldyrka- og overflatedyrka). Areala er isolerte teigar og ikkje del av eit større aktivt jordbruks-område.	-2/-3

	Innmarksareala grenser ikkje til større areal klassifisert som dyrka mark.		
Teknisk infrastruktur	Areala er ubygd, men det er etablert tiltak i nærområdet som nye tiltak truleg kan kople seg til. Dei nye areala vil ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur, og det er vist alternative vegløysingar fram til innspel 4b. Innspela ligg ikkje langt frå fylkesveg med fortau/GS-veg og eksisterande busetnad. Det vil fremje gange/sykling i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg tett på annan busetnad i området, grønt-/turområde og areal regulert til framtidig bustad. Innspela ligg relativt sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen, innanfor 5km til matbutikk og skule, men over 1 km. Innspela til bustad vil delvis vera med på å byggje opp under Svortland som eit av sentrumsområda i kommunen. Kommunale tenester som synt til i innspel 14a bør ikkje etablerast her, men heller på areal tettare på sentrum.		+1
Karbonrike areal	Deler av innspela er dyrka mark og beite som har relativt store karbonlager.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspela ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela ligg tett på eksisterande bustadområde og dels Svortland sentrum. Innspela er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til bustader, nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum. Det er ikkje i tråd med strategi kring sikre jordvern.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspel 14 a ligg under marin grense. Innspel 4b ligg i all hovudsak over marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Areala ligg ikkje i strandsona		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje vegtilkomst til områda, men fram til. Det er ikkje eige felt for mjuke trafikantar langs dei nærmaste vegane. Innspela vil truleg medføre noko auka trafikk gjennom etablerte bustadfelt. Tilkomst og trafikktryggleik må avklarast i plan.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ingen høgspent innanfor eller i nærleiken av innspela		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 1,4 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	4b: -1/-2 14a: -1	0	-2/-3	+1	+1	-1	x

Innspela knytt til er positive med omsyn til nærleik til Svortland og planlagt framtidig bustadområde i nærområdet. Innspela har negative verknadar for naturmangfald, landskap og særleg naturressursar (jordbruk).


4b) Arealet har større negative verknadar for landskap og naturressursar, og det medverkar til at utbyggingsføremål veks ut mot tur- og grøntområdet. Det er ledige bustadføremål i nærområdet og desse bør prioriterast før nye areal vert tilrådd.

14a) Innspelet er bustad eller kombinert føremål bustad/tenesteyting. Det er ikkje tilrådeleg å etablere tenesteyting på areala med omsyn til nærleik til sentrum og senterfunksjonar. Det har større negativ verknad for naturressursar (jordbruk). Det er ledige bustadføremål i nærområdet og desse bør prioriterast før nye areal vert tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.5.6 Svortland 14b, gnr./bnr. 93/1 mfl. , Næring/akvakultur

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF på land Akvakultur (nedre Søljevatn) Friluftsområde (Søljevatn)	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring/akvakultur Innspelet sei at det har vore produksjon av østersyngel/østers i nedre Søljevatn tidlegare, og no ønskjer ein at det skal tillatast å drive med produksjon av liknande artar i både sjø, fersk og sjøblanda ferskvatn (nedre Søljevatn).	
Arealstorleik planlagt arealbruk	14b) om lag 180 daa
Skildring av området	Arealet er lokalisert på Stongjo nordaust for Urangsvåg og vestsida av Selsfjorden. Det er ikkje vegtilkomst fram til området.

Aktuelle problemstillingar	Strandsone Akvakultur på land/ferskvatn

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Registrert ein art på land mellom vatna, granmeis (rødlista som sårbar, ansvarsart) Markslag: skog og vatn (ferskvatn og sjø/brakkvatn).	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Området er utan tiltak i dag og ligg i strandsona. Innspelet går ut i sjø/brakkvasspoll (nordre Søljevatn). Strandsone og sjøområde er område som er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet her er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Produksjon av akvatiske artar vil ha potensial for negative verknadar for naturmangfald i sjø.	-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Søljevatnet er regulert som friluftsføremål i KPA 2013. Deler av innspelet ligg i strandsona og dette er klassifisert som potensielt tilgjengeleg (SSB). Hellinga i området gir grunnlag for ferdsel og bruk av strandsona.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde med unntak av Søljevatnet der grunnlaget for friluftsliv vil verta svekka om det skal vera produksjon i vatnet. Deler av innspel ligg i strandsona til sjø og langs kantsone mot ferskvatn. Innspelet er eit nytt utbyggingsføremål som medfører arealbeslag og auka grad av privatisering av strandsona i området.	-2
Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Områda er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Deler av innspelet er i strandsona mot sjø og vassdrag. Dette er eit landskap i som er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er ingen tiltak eller utbygging i nærleiken av arealet og det framstår som naturområde med kupert terreng. Sjå 3D kart her.	Arealet er utan tiltak i dag og det er ikkje vegtilkomst. Det er kupert terreng. Fjernverknaden er noko avgrensa pga. tilgrensande kupert terreng, men nye tiltak vil verta eksponerte mot Selfjorden. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda. Etablering av tiltak vil medføre større terrenginngrep i strandsona. Dette vil gi negative verknadar for landskap.	-2

Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspela. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert jordbruks-areal innanfor innspelet. Innspelet er klassifisert som barskog, låg bonitet og grunnlendt forhold. Ingen fiskeriinteresser innanfor arealet, men i sjøområda lengre ut.	Innspelet har ingen verknad for jordbruks- eller fiskeriinteresser, og avgrensa for skogbruk då skogsressursane er svært avgrensa.	0
Teknisk infrastruktur og klima/energi	Det er ikkje veg fram til innspelet, og det ligg relativt lite sentralt plassert i kommunen, men dels sentralt med omsyn til akvakultur. Føremålet er å leggja til rette for næringsverksemd knytt til oppdrett.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrums-områda i kommunen. Innspelet ligg relativt skjerma frå annan busetnad.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspela, som t.d. myr eller skog med høg bonitet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet omhandlar areal for næring knytt til oppdrett. Bakgrunnen for innspelet er knytt til akvakulturføremålet i nedre Søljevatn. Nærings-føremål i området vil vera med på danne grunnlag for nyetablering knytt til akvakultur		+2
Strandsone	Deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er oppdrett, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspela er delvis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, men det trekk ned at tiltaka er lokalisert i urørt strandsone.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære næringsområde, næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, og eigna sjøareal til marin næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er registrert bekkeløp i området til Søljevatnet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg i strandsona tett på sjø		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje vegtilkomst til området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		

Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda. Potensielt noko støy frå aktiviteten, men det er lang avstand til busetnad		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ingen høgspentlinje innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i underkant av 3 km frå innspelet i luftlinje.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-2	0	0	-1	-1	0	+2

Innspelet er positivt for næringsliv og sysselsetting, ved at føremålet legg til rette for nytt næringsområde. Det er likevel ein del negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskap.
Innspelet ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak. Innspelet er likevel i tråd med SPR og strandsonerettleiaren for Vestland fylke, då det er snakk om sjøretta næring, men ikkje med omsyn til å plassere tiltak i nærleik av etablert tiltak/infrastruktur
ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.5.7 Svortland 5, gnr./bnr. 94/4, Næring

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring Innspelet sei at det ønsker om å starte ei lita verksemd retta mot innbyggjarar, samt turisme og reiseliv, der det vert leigd ut areal for oppbevaring av båtar, og utleige av mindre båtar og anna sjøsportsutstyr.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 7,3 daa

Skildring av området	Arealet ligg vest for Urangsvågen, langs Sæverudsøyvegen. Arealet er i dag dels opparbeidd.
Aktuelle problemstillingar	Næringsutvikling Klassifisert som myrområde

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: søndre del av innspelet overlappar med funksjonsområde for gråspett (LC) og granmeis (VU). Området er skildra som mogleg reproduksjons-område. Artar: Ikkje registrert Markslag: ope fast mark og myr (ikkje tresett, impediment)	Midtre deler av arealet er opp-arbeida og planert, medan areal lengst i sør og nord er naturområde. Nordre del er klassifisert som myr (djup myr). Deler er kartfesta som funksjons-område for sårbare fugleartar. Både arealbeslag og aktivitet kan påverke artane. Tiltak i området vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg ikkje i strandsona.	Ingen kjende konsekvensar for kjente friluftsområde. Verknad for friluftsliv er ingen.	0
Landskap	Arealet er klassifisert som skjerma indre slakt til småkupert kystslette-landskap med tettbusetnad. Området er registrert med verdi 2 – vanleg verdi - vanleg føre-kommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet ligg ikkje i strandsona. Innspelet er dels utbygd og er elles naturområde i eit dalsøkk aust for fylkesvegen mot Sæverudsøy. Det er ikkje tett skog i området, synlege kollar og berg i dagen i sør og relativt flatt myrområde i nord. Sjå 3D kart https://3dx.kommunekart.com/?x=59.79970688900554&y=5.218373137276505&z=92.4957511369092&head=113.90691976213213&pitch=-29.617472352018876&roll=0.0003612786244549341her.	Det er ikkje etablert bygningar på området, men deler er planert. Næringsføremål og utviding av planert areal vil medføre vesentlege inngrep i terreng i sør, og for myrområde i nord. Fjernverknaden er avgrensa då arealet ligg skjult mellom tilgrensande areal. Området er synleg på eit kortare strekk langs fylkesvegen. Områda nærmast som vert bygd på kan vert endra, men omfanget er relativt liten.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrert bygg innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	0

	Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone		
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Området er i klassifisert som ope fast mark og myr (djup). Det er ingen jordbruks- eller skogbruks-areal innanfor arealet.	Ingen konsekvens.	0
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomstveg i området, men ingen bygg eller tiltak i nærmaste nærleik. Nytt næringsområde vil krevje ein del for å etablere teknisk infrastruktur.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje tett på eksisterande næringsområde, og eit stykke unna definerte sentrumsområde i kommunen, Svortland. Innspelet vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen.		-1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrikt område (myr) innanfor innspelet.		-2
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet sei at det ønsker om å starte ei lita verksemd retta mot innbyggjarar, samt turisme og reiseliv, der det vert leigd ut areal for opp-bevaring av båtar, og utleige av mindre båtar og anna sjøsportsutstyr. Næringsføremål i området vil vera med på danne grunnlag for nyetablering knytt til tenester som ikkje er etablert elles i kommunen.		+2
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i strandsona. Ikkje relevant.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum, men det er myrområde i nordre del av området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg ikkje til sjø.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst til området i dag. Trafikktryggleik må vera tema i eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ingen høgspent i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i ca. 2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	0	-1	0	0	-1	-1	-2	+2

Innspelet er positivt for næringsliv og sysselsetting, ved at føremålet gir grunnlag for etablering av type verksemd som elles ikkje er i kommunen. Det er noko negative konsekvensar av innspelet då det er registrert funksjonsområde for fugleartar og myrområde her. Intensjonen med innspelet er godt, men lokaliseringa er mindre eigna pga. kjente registreringar her. På bakgrunn av dette er innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.5.8 Svortland 6, 8 og 9 a-d, gnr./bnr. 95/5, 15 mfl, Bustad og LNF

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 6) LNF 8) LNF 9a) LNF-spreidd 9b) LNF-spreidd 9c) LNF-spreidd og LNF 9d) LNF-spreidd	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 6) Bustad 8) Bustad 9a) Bustad 9b) Bustad 9c) Bustad 9d) LNF	
Arealstorleik planlagt arealbruk	6) om lag 22,1 daa 8) om lag 19,1 daa 9a) om lag 48,9 daa 9b) om lag 1,8 daa 9c) om lag 37,9 daa 9d) om lag 23,7 daa
Skildring av området	Innspela er lokalisert på nordsida av Storavatnet, Habbestad, i eit område mellom Søvoll og Gåsland. Det er spreidd busetnad i området og ein del

	jordbruksareal imellom og på tilgrensande areal. Gåslandvegen går gjennom området.
Aktuelle problemstillingar	Jordvern Sentrumsnært bustadområde Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Registrert innanfor 9d) grønnfink, bjørkefink, fiskemåke, gråspett, stær, gråmåke, Markslag: 6) skog (middels bonitet og svært høg), innmarksbeite, fulldyrka og overflatedyrka mark. 8) Innmarksbeite og ope fastmark 9a-c) Bebygd, innmarksbeite, ope fastmark og fulldyrka og overflatedyrka mark. 9d) innmarksbeite og fulldyrka og overflatedyrka mark.	Areala er i stor grad klassifisert til bygd areal, jordbruksareal og ope fastmark som ikkje er kjent for å ha særleg stort mangfald. Det er ei punktregistrering av ulike fugleartar innafor 9d, som truleg også er å finne i dei andre områda. Innspelet 9c ligg tett på Storavatnet, men i hovudsak er desse areala bebygd med bygg og tiltak slik at det er lite rom for nye tiltak nærmast vatnet. Tiltak vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Ev. avrenning til Storavatnet i anleggsperiode må hindrast.	6: -1 8: -1 9a: -1 9b: -1 9c: -1/-2 9d: +1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspela. Areala ligg ikkje i strandsona til sjø. Innspel 9c ligg tett på Storavatnet, men desse areala er i stor grad utbygd.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde.	0
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Områda er registrert med verdi 3 – vanleg førekomande landskap i regional samanheng. Innspela ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet 6 er i kanten av etablert bustadområde, og innspela 8-9 er areal med spreidd busetnad. Områda og i kring består i stor grad av jordbruksområde med kollar og knausar. Sjå 3D kart her.	Det er etablert bustadar tett på innspela. 6) Arealet grense i nord til etablert bustadfelt på Steinsbø. Arealet er eit høgdedrag som er markant i området. Areala i kring er lågare og såleis fare for silhuettverknad av nye bygg. Arealet er relativt bratt slik at det vil krevje ein del inngrep for å skape nytt brukbart areal. Områda nærmast som vert bygd på vert endra, og fjernverknad kan potensialt vera dels vesentleg. 8) Innspelet er nord for etablerte bustadar og ei utviding av utbyggingsområde. Arealet består av kupert terreng i sør og flatare område i nord. Arealet i søraust relativt bratt slik at det vil krevje ein del inngrep for å skape nytt brukbart areal. Areala i kring er lågare og har såleis	6: -2 8: -2/-1 9a: -1/0 9b: -1/0 9c: -1/0 9d: +1

		fare for silhuettverknad av nye bygg. Områda nærmast som vert bygd på vert endra, medan fjernverknad kan potensialt vera dels vesentleg. 9a-c) Areala er i stor grad utbygd med einebustadar. Det er noko potensial for fortetting, men avgrensa. Ved nybygging vil områda nærmast det som vert bygd på vert endra. 9d) Arealet vil sikre jordbruks-areal noko som er positivt for landskapet i kring.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne innanfor innspela. Det er registrert meldepliktige sefrakt bygg innanfor innspel 6), 9a) og 9c). Innspela ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne. Det er fleire eldre bygningar nordaust innanfor 9c og sørvest innanfor 6. Ny utbygging må tilpasse seg etablert busetnad.	6: -1 8: 0 9a: 0 9b: 0 9c: -1 9d: 0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er klassifisert jordbruksareal innanfor alle innspela. 6) Områda er klassifisert som dyrka mark, ca.; - Innmarksbeite 3,4 daa - Overflatedyrka mark 0,5 daa - Fulldyrka mark 2,6 daa 8) Områda er klassifisert som dyrka mark, ca.; - Innmarksbeite 15,8 daa 9a) Områda er klassifisert som dyrka mark, ca. - Innmarksbeite 8,5 daa - Overflatedyrka mark 3,2daa - Fulldyrka mark 2,6 daa 9b) klassifisert som bebygd 9c) områda er klassifisert som dyrka mark, ca.: - Innmarksbeite 11,6 daa - Overflatedyrka mark 1,7 daa - Fulldyrka mark 1,1 daa Innmarksareala grenser til større areal klassifisert som dyrka mark.	Innspela medfører omdisponering av innmarksareal (beite, fulldyrka- og overflatedyrka). Innspela omdisponerer ikkje heile teigar, men innspela er ein del av eit større aktivt jordbruksområde. Deler av omdisponeringa er mindre bitar av større innmarks-teigar som påverkar attverande areal sin kvalitet og drifts-grunnlag. Deler av den klassifiserte dyrka marka innanfor 9a og c) er bygd ut (feilkjelde i Ar5). Innspel 9d) sikrar jordbruksareal til LNF-føremål.	6: -2 8: -2 9a: -1 9b: -1 9c: -1 9d: +2
Teknisk infrastruktur	Innspela 6 og 8 er ubygde, men grenser til areal som er utbygd og avsett til bustad/LNF-spreidd i kommuneplanen. Endring av føremål og dei nye areala vil ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur.		+1

	Innspela 9a-c) er spreidd utbygde område, men moglegheit for noko fortetting. Nye tiltak kan truleg kople seg til etablert infrastruktur. Innspela ligg tett på fylkesveg utan fortau/GS-veg, men med busstopp.	
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg tett på annan busetnad i område, og grønt/turområde. Innspela ligg relativt sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen, innanfor 5km til matbutikk og skule, men over 1 km. Innspela til bustad vil delvis vera med på å byggje opp under Svortland som eit av sentrumsområda i kommunen.	+1/0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrikt areal (høgbonitet skog og jordbruksareal) innanfor innspela.	-1/0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.	x
Strandsone	Innspelet ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela ligg tett på eksisterande bustadområde og dels Svortland sentrum. Innspela er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til bustader, nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum. Det er ikkje i tråd med strategi kring sikre jordvern.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 6, 8 og 9 a-b) ligg over marin grense, medan deler av 9c ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Areala ligg ikkje i strandsona.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst fram til områda. Det er ikkje felt for mjuke trafikantar langs hovudvegen mot sentrum. For dei ubygde områda må trafikktryggleik vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela. Deler av 6), 9a-b) overlappar med gul støysone frå fylkesvegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspent innanfor eller i nærleiken av innspela 6, 8, 9a-b). Det er høgspentlinje innanfor søndre del av 9c)		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i underkant av 1,5km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
6: -1	0	6: -2	6: -1	6: -2	+1	+1/0	6: -1	x
8: -1		8: -2/-1	8: 0	8: -2			8: -1/0	
9a: -1		9a: -1/0	9a: 0	9a: -1			9a: -1/0	
9b: -1		9b: -1/0	9b: 0	9b: -1			9b: 0	
9c: -1/-2		9c: -1/0	9c: -1	9c: -1			9c: -1/0	
9d: +1		9d: +1	9d: 0	9d: +2			9d: +1	

Innspela knytt til er positive med omsyn til nærleik til Svortland og etablerte bustadområde innanfor eller i nærområdet. Innspela har negative verknadar for naturmangfald, landskap og særleg naturressursar (jordbruk).

6) Arealet har noko negative verknadar for naturmangfald, landskap og naturressursar, og det medverkar til at utbyggingsføremål veks ut mot spreidd bustad og jordbruksområde. Bustad kan vurderast ut frå naturleg utvikling av tilgrensande og etablerte bustadfelt. Det er ledige bustadføremål i nærområdet og desse bør prioriterast før nye areal vert tilrådd.

8) Arealet har noko negative verknadar for naturmangfald, landskap og naturressursar, og det medverkar til at utbyggingsføremål veks ut mot jordbruksområde. Bustad kan vurderast ut frå naturleg utvikling av tilgrensande og etablerte spreidd bustadområde. Det er ledige bustadføremål i nærområdet og desse bør prioriterast før nye areal vert tilrådd.

9a-c) Areala er endring frå LNF-spreidd til bustadføremål som gir grunnlag for fortetting og omdisponering av dyrka mark. Innspela har noko negative verknadar for naturmangfald, landskap og naturressursar, og det medverkar til potensiell fortetting i området, og at areala får meir preg av bustadfelt enn spreidd utbygging. Tilrår at LNF-spreidd vert vidareført ut frå naturleg utvikling av området. Det er ledige bustadføremål i nærområdet og desse bør prioriterast før nye areal vert tilrådd.

9d) Innspelet er endring frå LNF-spreidd til LNF som tek i vare jordbruksareala. Dette har positive konsekvensar for naturmangfald, landskap og naturressursar.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent


Fagleg vurdering: 6) Negativ tilråding

Fagleg vurdering: 8) Negativ tilråding

Fagleg vurdering: 9a-c) Negativ tilråding

Fagleg vurdering: 9d) Positiv tilråding

4.5.9 Svortland 7 og 10, gnr./bnr. 95/5 og 97/9, Fritid

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 7 og 10 LNF-område	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Innspel 7. Ønskje om utviding av fritidsføremål langs sjø og nytt fritidsføremål trekt frå sjøen. Innspel 10. Ønskje om å kunne etablere hytter i bakkant av etablert rorbuområde.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	7) Om lag 45,5 daa 10) Om lag 5,8 daa
Skildring av området	Innspela ligg langs Urangsvågen og grensar til eksisterande fritidsbygg / rorbuer langs sjøen. Fylkesveg til Goddo går vest for innspela. Områda ved sjøen er fullt utbygd med fritidseiningar medan areala nærmast fylkesvegen er utan tiltak med unntak av tilkomstveg til sjøen. Innspel 7 grenser i sør til reguleringsplan for rorbuer/naust.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: ope fastmark.	Tiltak i området vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Ope fast-mark er lite artsrikt. Areala ligg i strandsona. Det er tiltak mellom innspel 10 og sjøkanten, og det same for deler av innspel 7. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2

Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspela. Deler av innspel 7 ligg i strandsona og heile innspel 10. Areala nærmast sjøen er klassifisert som inngreps-nært pga. etablert bygg og tiltak. Dei areala som er definert som potensielt tilgjengeleg har ei helling som gjer områda lett tilgjengelege (SSB).	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Etablering av nye hytter i området auke graden av privatisering. Innspel 7 gir grunnlag for tiltak heilt ned til sjøen, i eit område der det er tett bygd med hytter i sjøkanten. Utbygging i området vil vere uheldig med omsyn til strandsoneverdiane i området.	7: -2 10: -2/-1
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspela ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela ligg i tilknyting til veg og hytter i sjøkanten. Begge areala er høgdedrag med veg i bakkant og hytter i framkant. Areala er eksponert mot sjøsida. Sjå 3D kart her.	Det er etablert tiltak i nærleiken av innspela, veg og hytter i sjøkanten. Areala er relativt bratt og kupert slik at det vil krevje ein del inngrep for å skape nytt brukbart areal. Innspel 7): Arealet er stort og eksponert mot sjø. Hytte-utbygging i sjøkanten og på høgdedraget vil verta godt synleg i området. Det vil tru Innspel 10): Arealet er mindre og i bakkant av hytter ved sjøkanten. Terrenget er dels kupert og eksponert mot sjø. Bygging på høgdedraget vil verta god synleg i område.t	7: -2 10: -2/-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspela. Innspela ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller sefrak-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert jordbruksareal innanfor innspela. Innspela er klassifisert som ope fastmark.	Innspelet har ingen verknad for jordbruks eller skogbruks interesser.	0
Teknisk infrastruktur	Det er tiltak i nærområdet som ny utbygging truleg kan kople seg til.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i tilknyting til etablerte hytteområde ved sjøkanten. Areala er dels skjerma frå anna busetnad. Innspela er lite sentralt plassert i kommunen. Innspela støttar ikkje opp under sentera i kommunen.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspela.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		x
Strandsone	Innspel 10 ligg innanfor 100-metersbeltet, i tillegg til deler av innspel 7. Ønska arealbruk er fritidsbustad. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Strandsoneretteleiaren presiserer at nye område for bustad og fritid skal som		


	hovudregel ikkje leggjast i strandsona, og at ein bør vera tilbakehaldne med å legga til rette for ny fritidsbusetnad i strandsona. Etablering av fritidsbustad er ikkje i tråd med strandsoneretteleiaren og SPR.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspel 7 ligg i strandsona heilt ned til sjøen, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning. Ikkje aktuelt for innspel nr. 10 då det ligg høgt i terrenget.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst til begge områda. Trafikktryggleik må vera tema ved ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda med unntak av fylkesvegen. Deler av innspel 7 ligg innanfor gul støysone frå fylkesveg.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ei høgspentlinje i vestre del av innspel 7.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i underkant av 4 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

	Naturmangfald	**Friluftsliv**	**Landskap**	**Kulturminne og kulturmiljø**	**Naturressursar**	**Teknisk infrastruktur**	**Nærmiljø og stadutvikling**	**Karbonrike areal**	**Næringsliv og sysselsetting**
7	**-1/-2**	**7: -2**	**7: -2**	**0**	**0**	**+1**	**-1**	**0**	**x**
10		**10: -2/-1**	**10: -2/-1**						
Innspela har negative verknadar for særleg naturmangfald, friluftsliv og landskap. I tillegg bygg dei ikkje oppunder stadutvikling eller nærmiljø i kommunen. Areala omfattar innspel om fritidsføremål i strandsona i eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området. ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent									
Fagleg vurdering innspel 7 og 10: Negativ tilråding									

4.5.10 Svortland 11, gnr./bnr. 109/5, Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk KPA: LNF Rplan R-16: Friområde (park/turveg/leikeplass)	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad Innspelet sei at området er attraktivt for fleire aldersgrupper, men særleg med barnefamiliar. I nokre få minuttars gangavstand ligg barnehage, idretts- og symjeanlegg, barneskule, ungdoms- og vidaregåande skule. Det er gangavstand til sentrumskjernen, offentleg transport og daglegvare. Nærleik til Fet-løypa som er universelt utforma, gir dessutan gode høve til tur-, fritids- og helseaktivitet i naturen.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 20,7 daa
Skildring av området	Området ligg aust for Svortland sentrum og skule- og idrettsområde, samt vest for Hollundsdalen. Det er etablerte bustadfelt i områdeareala grenser til i nord og sørvest. Det er vegtilkomst fram til arealet. Arealet er ikkje opparbeida som friområde, men er eit grønt belte mellom bustadar.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: i aust skog (barskog av høg bonitet) og i vest ope fastmark (ikkje tresett)	Deler av arealet er klassifisert til ope fastmark som ikkje er kjent for å ha særleg stort mangfald, medan arealet i aust er del av eit samanhengande skogsområde. Tiltak vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Arealet ligg ikkje i strandsona.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde.	0

Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette med tett busetnad. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet er i randssona av etablert bustadfelt. Terrenget er relativt flatt og består i stor grad av naturområde med mindre kollar og knausar. Sjå 3D kart her.	Det er etablert bustadar tett på innspelet. Terrenget er relativt flatt og der er ikkje fare for silhuettverknad av nye bygg. Det er mindre behov for terrenginngrep for å etablere byggeland. Arealet vil framstå som ein naturleg del av etablert bustadfelt. Områda nærmast som vert bygd på vert endra, men verknaden er avgrensa.	-1/0
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller bygningsmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje klassifisert jordbruksareal innanfor innspelet. Ein mindre del er klassifisert som skog med høg bonitet, barskog.	Innspela medfører ikkje omdisponering av innmarksareal, men ein mindre del skog. Ut frå flyfoto ser ressursen til å vera avgrensa.	0/-1
Teknisk infrastruktur	Areala er ubygd, men det grenser til bustadfelt med infrastruktur som nye tiltak truleg kan kople seg til. Det nye arealet vil ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur Innspela ligg ikkje langt frå hovudveg med fortau/GS-veg og eksisterande busetnad. Det vil fremje gange/sykling i området.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området, grønt-/turområde og skule, idrett og barnehage. Innspelet ligg veldig sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen, innanfor 1km til matbutikk og skule. Innspelet til bustad vil vera med på å byggje opp under Svortland som eit av sentrumsområda i kommunen.		+2
Karbonrike areal	Deler av innspela er skog som har relativt store karbonlager.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande bustadområde og Svortland sentrum. Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til bustader, nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet lengst aust ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg ikkje i strandsona		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst fram til området. Det er eige felt for mjuke trafikantar langs dei nærmaste vegane. Innspelet vil truleg medføre noko auka trafikk gjennom etablerte bustadfelt. Tilkomst og trafikktryggleik må avklarast i plan.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ingen høgspent innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i underkant av 1 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	**0**	**-1/0**	**0**	**0/-1**	**+2**	**+2**	**-1**	**x**

Innspelet er positivt med omsyn til nærleik til Svortland og nærleik til bustadfelt, skule, idrett og barnehage. Innspelet har mindre negative verknadar for naturmangfald, landskap og naturressursar (skogbruk). Det lite ledig utbyggingsland til bustad i denne delen av Svortland. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Positiv tilråding, dvs. justert til området som ligg utanfor reguleringsplan.

4.5.11 Svortland 12, gnr./bnr. 87/11,29,15, LNF-spreidd

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk LNF-spreidd bustad Innspelet sei at det i dag er 4 einebustadar innafor arealet. Det er eit fint område som ligg usjenert til, men likevel sentralt nært Svortland og Rubbestadneset. Ønske om 5 nye bustadeiningar i framtida.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 41,6 daa
Skildring av området	Området ligg aust for Svortland sentrum og sør for Rubbetadneset. Det er spreidd busetnad i området. Det er vegtilkomst fram til arealet.
Aktuelle problemstillingar	Jordvern Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Skog, bebygd, innmarksbeite, fulldyrka og overflatedyrka mark	Arealet i nord er del av eit samanhengande skogsområde. Tiltak vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Arealet ligg ikkje i strandsona.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde.	0

Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Det er etablert næringsareal nordaust for innspelet (bensin-stasjon mm). Innanfor innspelet er det nokre få bueiningar med tilhøyrande bygg og tiltak. Terrenget er kupert og består i stor grad av naturområde med mindre kollar og knausar. Sjå 3D kart her.	Det er etablert nokre få bueiningar i området og det er nærings-område tett på innspelet. Terrenget er kupert og der er ikkje fare for silhuettverknad av nye bygg. Det kan vera behov for ein del terrenginngrep for å etablere byggeland. Områda nærmast som vert bygd på vert endra, men nær- og fjernverknaden er avgrensa med omsyn til storleik på arealet og tal einingar.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller bygningsmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er klassifisert jordbruksareal innanfor innspelet, ca.: - Innmarksbeite 9 daa - Overflatedyrka mark 2,2 daa - Fulldyrka mark 2,5 daa Ein del er klassifisert som skog med høg bonitet, barskog.	Innspelet kan medføre omdisponering av innmarksareal, og skog. Innspelet omfattar store deler av innmarka som finst i området og reduserer drifts-grunnlaget. Utbygging kan medføre oppsplitting av innmarksteigar.	-2
Teknisk infrastruktur	Deler av arealet utbygd, men i hovudsak er det ubygd. Nye tiltak kan truleg kople seg til eksisterande infrastruktur. Nokre nye bueiningar i området vil ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur Innspelet ligg ikkje langt frå hovudveg med fortau/GS-veg til Svortland. Det vil fremje gange/sykling i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området og grønt-/turområde. Innspelet ligg relativt sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen, innanfor 5km til matbutikk og skule, men over 1 km. Innspel til bustad vil delvis vera med på å byggje opp under Svortland/Rubbestadneset som eit av sentrumsområda i kommunen.		+1
Karbonrike areal	Deler av innspelet er innmark og skog som har relativt store karbonlager.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande bustadar og Svortland/Rubbestad sentrum. Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til bustader, nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum. Det er ikkje i tråd med strategi kring sikre jordvern.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet lengst aust der det er etablert bustadar ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg ikkje i strandsona		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst fram til området. Det er eige felt for mjuke trafikantar langs hovudvegen til Svortland. Innspelet vil ha avgrensa verknad for trafikkmengde ut frå tal einingar.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er bensinstasjon/verkstad like nordaust for arealet. Det er elles ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet. Deler av innspelet lengst nord ligg innafor gul støysone frå fylkesveg.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje lengst sør og aust i innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 3 km frå innspelet i luftlinje		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	-2	+1	+1	-1	x

Innspelet er positivt med omsyn til nærleik til Svortland/Rubbestadneset. Innspelet har negativ verknad for naturressursar (innmark), og mindre negative verknadar for naturmangfald og landskap.

Kan vurdere LNF-spreidd knytt til eksisterande bustadar og opne for 1 ny eining i nærleiken av desse og utanfor areal med innmark og faresone høgspent.

ROS-analyse: Kvikkleire, stråling frå høgspent



Fagleg vurdering: Positiv justert tilråding ift. areal og omfang

4.5.12 Svortland 13, gnr./bnr. 88/7, LNF-spreidd

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Sikringssone nedslagsfelt drikkevasskjelde og settefiskanlegg	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk LNF-spreidd bustad Innspelet sei at det er ønskeleg å utvide LNF-spreidd føremålet i området til å inkludere eigedomen og eksisterande hus. Det er ikkje konkrete ønskjer om ny utbygging av hus eller hytter, men ønskjer å ha moglegheit for dette i framtida.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 17,7 daa
Skildring av området	Området ligg ved Selle og Selsvatnet, nordaust for Svortland sentrum. Det er spreidd busetnad i området. Det er vegtilkomst fram til arealet.
Aktuelle problemstillingar	Strand-/kantsone mot vassdrag Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Søndre del overlappar med funksjonsområde for dvergspett. Artar: Ikkje registrert Markslag: Skog og bebygd	Arealet grenser til Selsvatnet i aust, bekk i sør. Arealet er i stor grad klassifisert som skog. Kantsone mot vassdrag er generelt sårbart for tiltak. Innspelet overlappar med funksjonsområde for dvergspett. Tiltak vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Arealet ligg ikkje i strandsona mot sjø, men i kantsona mot vassdrag.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Ny utbygging tett på vatnet vil ha ein privatiserande effekt.	-1

Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Det er etablert spreidd busetnad nord og aust for innspelet. Dette er dels eit ope jordbruks/ kultur-landskap. Innspelet vender mot vatnet i eit skråande terreng. Terrenget er kupert og består i stor grad av naturområde med mindre kollar og knausar. Sjå 3D kart her.	Det er etablert spreidd utbygging i nærområdet og ei bueining innanfor innspelet. Terrenget er kupert og der er dels fare for silhuettverknad av nye bygg. Det vil vera behov for ein del terrenginngrep for å etablere byggeland. Landskapet er ope mot vatnet. Områda nærmast som vert bygd på vert endra, men nær- og fjernverknaden er noko avgrensa med omsyn til storleik på arealet og tal einingar.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er eit meldepliktig sefrak bygg nord i innspelet, og nokre i tilknyting til busetnad nord for innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne. Ny utbygging må tilpasse seg meldepliktige bygg i nærområdet.	-1/0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje klassifisert jordbruks-areal innanfor innspelet. Store deler av arealet er klassifisert som skog med høg bonitet, lauvskog, grunnlendt.	Innspelet har ingen verknad for jordbruk. Det gir grunnlag for fjerning av skog, men ressursen er avgrensa.	-1/0
Teknisk infrastruktur	Det er ein bustad innanfor innspelet og spreidd busetnad i nærleiken. Nye tiltak kan truleg kople seg til eksisterande infrastruktur. Nokre nye bueiningar i området vil ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur Innspelet ligg langt frå hovudveg med fortau/GS-veg.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området og grønt-/turområde. Innspelet ligg innafor 5 km frå skule og matbutikk, men er ikkje sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen. Innspelet til bustad vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen.		-1
Karbonrike areal	Deler av innspelet er skog som har relativt store karbonlager.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg ikkje innanfor 100-metersbelte mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til bustader.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Store deler ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet i sør ligg innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg ikkje i strandsona mot sjø.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst fram til området. Innspelet vil ha avgrensa verknad for trafikkmengde ut frå tal einingar.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentlinje innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 3 km frå innspelet i luftlinje		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	**-1**	**-2**	**-1/0**	**-1/0**	**-1**	**-1**	**-1**	**x**

Innspelet har negativ verknad for naturmangfald og landskap og mindre negative verknadar for friluftsliv og kulturmiljø. Årsak til dei negative verknadane er i hovudsak knytt opp til nærleik til Selsvatnet.


Kan vurdere LNF-spreidd knytt til eksisterande bustad.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum



Fagleg vurdering: Positiv justert tilråding til eksisterande bustad

4.5.13 Svortland 15, gnr./bnr. 108/70, Næring

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring Innspelet er ei tilpassing til faktisk bygd situasjon (bygg og parkering).	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 0,7 dekar
Skildring av området	Innspelet ligg vest for Svortland sentrum, i tilknyting til etablert nærings-verksemd. Det er planert areal med etablerte tiltak. Arealet grenser til Storavatnet i nord og busetnad i vest.
Aktuelle problemstillingar	Deler av innspelet; endring av bruksføremål til faktisk bruk Næringsgrunnlag

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: ope fast mark og bebygd	Store deler av arealet er bygd og planert. Arealet ligg tett på Storavatnet. Nye tiltak i området vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt	-1/0
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg ikkje i strandsona til sjø, men i kantsona mot Storavatnet	Ingen kjende konsekvensar for kjente friluftsområde. Innspelet er ei bruksendring til faktisk bruk. Verknad for friluftsliv er ingen.	0
Landskap	Arealet er klassifisert som skjerma indre slakt til småkupert kystslette-landskap med tettbusetnad. Området er registrert med verdi 3 – vanleg verdi - vanleg føre-kommande landskap i regional samanheng.	Det er etablert parkering og næringsbygg på deler av arealet. Utviding av føremål vil ikkje medføre vesentlege inngrep, silhuett-verknad eller fjernverknad. Områda nærmast som vert bygd på kan vert endra, men omfanget er liten.	-1

	Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet ligg ikkje i strandsona. Innspelet er i stor grad utbygd. Det er ei kantsone mot vatnet utanfor innspelet. Sjå 3D kart her.		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrert bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Området er i klassifisert som bebygd areal og ope fastmark. Ingen jordbruksareal innanfor arealet.	Ingen konsekvens.	0
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomstveg i området, og det er etablert bygg og på deler av arealet. Det er etablert teknisk infrastruktur på området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er del av eksisterande næringsområde, og tett på definerte sentrumsområde i kommunen, Svortland. Arealet ligg tett på bustadfelt, og samlokalisering kan vera utfordring. Innspelet vil vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrikt område innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Deler av innspelet er knytt til faktisk bruk av området. Næringsføremål i området vil vera med på å sikre vidare drift og utvikling av dagens aktivitet på området.		+2
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i strandsona. Ikkje relevant.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ein mindre del av innspelet ligg innanfor aktsemdområde for flaum (Storavatnet).		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg ikkje til sjø		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst til området i dag. Det ikkje sannsynleg at endring av føremål vil endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området. Det er næringsområde tett på bustadar, og avhengig av type verksemd kan støy vera ei problemstilling.		


Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ingen høgspent i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i under 1 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/0	0	-1	0	0	+1	+1	0	+2

Innspelet er positivt for næringsliv og sysselsetting, ved at føremålet vert tilpassa eksisterande bruk av området. Det er avgrensa negative konsekvensar av innspelet då det er etablert verksemd og tiltak på deler av området i dag og at det ikkje er kartfesta verdiar i områda.

Innspelet bør justerast til eksisterande tiltak.



Fagleg vurdering: Justert tilråding, til eksisterande tiltak

4.5.14 Svortland 16, gnr./bnr. 89/6, 79, Bustad


Skildring av arealendringa:

Gjeldande arealbruk
LNF

Planlagt arealbruk
Bustad

Innspelet sei at i samband med utbyggingsplanar for naboområdet på gnr. 89, bnr. 19 mfl. er det fremja ynskje om å legge litt om på tilkomstvegen gjennom gnr. 89, bnr. 6. Grunneigar av bnr. 6 og bnr.79 ynskjer då samstundes at delar av LNF-område vert omregulert til bustad for framtidig utbygging.

Arealendring



Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 9,1 dekar
Skildring av området	Arealet ligg like nordaust for Svortland sentrum langs Hollundsvegen. Storavatnet er aust for arealet. Det er ein del spreidd bustad, bustadfelt, gardsbruk og barnehage i nærområdet til innspelet. Området er i dag hovudsakleg ope jordbruksområde.
Aktuelle problemstillingar	Jordvern Sentrumsnært bustadområde Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Innmarksbeite, fulldyrka mark, samt ein mindre del med skog og bebygd i aust	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg ikkje i strandsona.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette med tettstad. Områda er registrert med verdi 3 – vanleg førekommande landskap i regional samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet er ikkje i strandsona. Det er ein del bustadbygg langs Hollundsvegen nord og sør for innspelet. Landskapet er dels ope og består av bakkar og kollar med lite høg vegetasjon. Sjå 3D kart her.	Arealet ligg lavt i terrenget, her vil utbygging være synleg frå vegen og naboar i området men vil ikkje få silhuettverknad eller fjernverknad.	0/-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Områda er klassifisert som dyrka mark; - Innmarksbeite 5,5 daa - Fulldyrka mark 1,3 daa	Utbygging vil få negative konsekvensar for landbruksareala.	-2

	Innmarksareala grenser til teigar klassifisert som dyrka mark i nord.		
Teknisk infrastruktur og klima/energi	Arealet er i hovudsak ubygd, men grenser til areal som er utbygd og avsett til noverande og framtidig bustad i kommuneplanen. Endring av føremål og dei nye areala vil ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur. Innspelet i aust ligg tett på fylkesveg med fortau/GS-veg og eksisterande busetnad. Det vil fremje gange/sykling i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området og areal regulert til framtidig bustad. Nordaust for arealet er det etablert barnehage. Innspelet ligg sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen, det er under 1 km til matbutikk og skule. Innspelet vil vera med på å byggje opp under Svortland som eit av sentrumsområda i kommunen.		+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal (innmark og høgbonitet skog) innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		0
Strandsone	Innspelet ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande bustadområde og Svortland sentrum. Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til bustader, nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum. Det er ikkje i tråd med strategi kring sikre jordvern.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ein mindre del i nordvest ligg innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg ikkje i strandsona.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst fram til innspelet. Trafikktryggleik må vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet. Ein større del i vest ligg i rød og gul støysone frå Hollundsvegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ingen høgspent i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i under 1 km frå innspelet i luftlinje.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	0/-1	0	-2	+1	+2	-1	0

Det er to store bustadområde som ikkje er påbegynt nært opp til innspelet i tillegg til ein relativt ny vedtatt reguleringsplan. Det er også landbruksareal i området.


Tilrår redusert område som opnar for 1-2 nye eigedommar ved vegen i sør.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik, støy




Fagleg vurdering: Justert til eit mindre areal i sør

4.6 Meling



4.6.1 Meling 1a-1b, gnr/bnr 99/2 – Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1a: 4,2 daa 1b: 2,8 daa

Skildring av området	Innspela ligg i tilknyting til eksisterande bustadområde ved Brekke. Innspel 1a er dels utbygd med einebustad, innspel 1b er ikkje bygd ut.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Gråspurv (NT) og gråmåke (VU) er registrert innanfor innspel 1a. Markslag: 1a: Open fastmark, bebygd, innmarksbeite, overflatedyrka mark 1b: Innmarksbeite, overflatedyrka mark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor innspela.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspel 1a ligg innanfor landskapsområde Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Innspel 1b ligg dels innanfor det same området, dels innanfor Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspela ligg innanfor landskapstypen Kystheiene, med verdi 3 – middels verdi. Innspela ligg i eit område med spreidd busetnad. Landskapet er relativt flatt i området, men innspel 1b ligg på ein knaus i terrenget, og har relativ stor høgdeforskjell, frå 26 til 9 m.o.h. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging med eit par ekstra bustader i området vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap i området. For innspel 1b vil ei utbygging krevja relativt store terrenginngrep, då innspelet har relativt stor hellingsgrad	1a: -1 1b: -2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspela Innspela ligg innanfor område definert som kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Begge innspela overlappar med innmarksbeite og overflatedyrka mark.	Utbygging i områda vil medføre nedbygging av dyrka mark. Innspela ligg som ei vidareføring av allereie utbygde område, og vil såleis ikkje medføre fragmentering av større, samanhengande jordbruksområde.	-2
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i eit område med spreidde bustader, og det er truleg relativt enkelt å kopla seg til infrastruktur som allereie er etablert i området.		+1

Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i eit område med spreidd busetnad. Det er om lag 2 km i luftlinje til Svortland sentrum. Innspela ligg i underkant av 1 km i luftlinje frå Meling skule.	+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av dyrka mark innanfor innspela.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	
Strandsone	Ikkje relevant	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på nye bustadområde i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra. Innspelet er ikkje i tråd med strategien om å sikre grønt – og landbruksområde mot vidare utbygging.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 1b ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 1b grensar til ein bekk, og innspelet overlappar med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ha tilkomst via Brekkevegen. Denne er smal, og det er ikkje etablert fortau i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 1a overlappar med gul støysone frå Brekkevegen. Bremnes Seashore sitt anlegg i Øklandsvågen ligg relativt tett på innspel 1b.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentleidningar i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, om lag 2 km i luftlinje frå innspela.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	**0**	**1a: -1** **1b: -2**	**0**	**-2**	**+1**	**+2**	**-1**	**x**


Innspela er i konflikt med innmarksbeite og overflatedyrka mark. Innspel 1b ligg i eit kupert terreng, der ei utbygging vil krevja relativt store terrenginngrep. Innspelet overlappar også med aktsemdområde for flaum.
Innspela må sjåast i samanheng med overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen, og i delområdet.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, støy, trafikktryggleik

Fagleg vurdering innspel 1a: Positiv tilråding.

Fagleg vurdering innspel 1b: Negativ tilråding

4.6.2 Meling 2, gnr/bnr 100/5,6 – Bustad, naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF, bustad, naust, VA-anlegg	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad, naust	
Arealstorleik planlagt arealbruk	155 daa
Skildring av området	Innspelet strekk seg frå Øklandsvegen ned til sjøen, ved Holo. Det er i hovudsak LNF-område og jordbruksland i dag, mens det er ein del bustader i området lengst aust, og område sett av til naust ved Holo.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Dyrka mark Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling.

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspela

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Funksjonsområde for gråspett, tårnseiler, gråtrost, sivsanger og storspove overlappar med innspelet. Artar: Gråspett, tårnseiler (NT), gråtrost, dvergspett, gjøk (NT), stær (NT), vannrikse (VU), heipiplerke, storspove (EN) er registrert innanfor innspelet. Markslag: Open fastmark, skog, innmarksbeite, fulldyrka jord, myr, bebygd, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det vil være eit stort urørt areal som vert påverka.	-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrerte friluftsområde innanfor innspelet. Strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg, med varierande hellingsgrad.	Utbygging vil medføre til privatisering av strandsona.	-1

Landskap	Innspelet ligg i hovudsak innanfor landskapsområdet Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap, og dels innanfor Eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med jordbruksdominans (NiN). Innspelet ligg dels innanfor landskapstypen Ytre skjærgård med verdi 2 – vanleg førekomande landskap, dels innanfor landskapstypen våg- og smalsundlandskap med verdi 2 – vanleg førekomande landskap, og dels innanfor landskapstypen Kystheiene, med verdi 3 – middels verdi. Innspelet består av småkupert kystlandskap, utan markante høgdeforskjellar. I aust er det busetnad, mens det ikkje er tiltak i området ved strandsona, med unntak av ved Skipavik/Holo, der det ligg nokre naust. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspelet er i dag naturområde. Det er kupert terreng. Nye tiltak vil vera synleg for dei nære områda på land og frå sjø. Etablering av tiltaka vil medføre terrenginngrep i strandsona.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Innspelet overlappar så vidt med automatisk freda kulturminne i nord. Dette er ei gravrøys frå bronsealder – jernalder. Det ligg fleire automatisk freda kulturminne i områda kring innspelet. Innspelet ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	Utbygging vil kunne få konsekvens for kulturminnet i nord.	0/-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert innmarksbeite og fulldyrka jord innanfor innspelet.	Det vil være negative konsekvensar for innmarksbeite og dyrka jord ved utbygging av innspelet.	-2
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert vegtilkomst og infrastruktur i området, med unntak av i aust, der innspelet grensar til bustadområde.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet grensar til bustadområde i aust, og det er spreidde bustader sør for innspelet. Avstanden til Svortland sentrum er om lag 2 km i luftlinje. Innspelet ligg tett på Meling skule.		+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av myr, innmarksbeite og fulldyrka mark innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		0
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er bustad og naust. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Strandsoneretteleiaren presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad		

	Etablering av naust vil såleis vera i tråd med strandsonerettleiaren dersom nausta vert plassert i tilknyting til eksisterande naustområde i Skipavik/Holo. Bustadområde i 100-metersbeltet vil ikkje vera i tråd med strandsoneretteleiaren og SPR.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde, nye bustadområde i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra. Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Området vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Trafikktryggleik må avklarast i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar så vidt med gul støysone frå Øklandsvegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer innanfor innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2 km i luftlinje frå innspelet.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	**-1**	**-2**	**0**	**-2**	**-1**	**+2**	**-1**	**0**

Det er mykje areal som har registrerte verdiar innanfor innspelet. Det er noko areal som kan byggjast ut utan å få konsekvensar for registreringane, men dette er allereie avsett til bustad i gjeldande plan. Det er og fleire bustadområde i skulekretsen som ikkje er ferdig utbygde og skulen har liten kapasitet. Innspelet blir ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy.

Fagleg vurdering: Negativ

4.6.3 Meling 3, gnr/bnr 100/27 m.fl. - Naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Bruk og vern av sjø og vassdrag **Planlagt arealbruk** Naust	**Arealendring** 
Arealstorleik planlagt arealbruk	5,2 daa
Skildring av området	Innspelet ligg ved Brekkesjøen/Øyjordspollen, i tilknyting til eksisterande naustområde. Området er spelt inn av Bremnes Seashore, som eit alternativt naustområde å tilby som erstatning der verksemda overtek naustområde i området kring næringsverksemda ved Øklandsvågen.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er registrert heipiplerke like sør for innspelet. Ingen registreringar innanfor innspelet. Markslag: Open grunnlendt fastmark, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor innspelet. Det går ein sti gjennom området. Strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg, med varierande hellingsgrad, i hovudsak stor helling (10-25 grader)	Utbygging vil føre til meir privatisering av strandsona, og vil være i konflikt med stien i området.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstypen Indre øy-, holme og skjærgårdslandskap, med verdi 3 – middels verdi.	Innspelet ligg relativt skjerma til, men vil være synleg frå bustadar, hytter, rorbuer og naust i nærleiken. Grunna dagens terreng vil bygging også kunne bli	-2

	Innspelet ligg i strandsona, i eit relativt kupert terreng. Terrenget stig til om lag 9 m.o.h. innanfor innspelet. Det ligg eit naust innanfor innspelet i dag, elles er området ikkje utbygd. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	synleg frå naturområda rundt, spesielt bygging ute på nesa.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert naturressursar innanfor innspelet, på land eller i sjø.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Området er ikkje utbygd, men det ligg eitt naust innanfor innspelet. Det vil truleg vera behov for å etablere veg og infrastruktur til området.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet vil ikkje vera med på å bygge opp nærmiljø eller sentrum i kommunen		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet		0
Næringsliv og sysselsetting	Er ikkje direkte næring, men arealet er tenkt brukt som erstatning til nausteigarar som eig i Øklandsvågen der Bremnes Seashore ynskjer å kjøpe opp for mogleg utviding av drifta der.		+1
Strandsone	Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Området vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje vegtilkomst til området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet vil ikkje medføre støy, og det er ikkje kjent at det er støyande verksemder i nærleiken av innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, i overkant av 2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-2	0	0	-1	0	0	+1

Det er eit bygg i området i dag, men elles er arealet ubygd. Det er sti til området. Det er mykje ledig naustareal i nærområdet, som bør byggjast ut før ein vurderer å legge inn eit stort nytt areal. Tilrådinga er negativ for området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.6.4 Meling 4a – 4b, gnr/bnr 101/41 og Meling 13a - naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Naust Småbåthamn	
Arealstorleik planlagt arealbruk	4a (naust): 0,2 daa 4b (småbåthamn): 0,2 daa 13a (naust): 1,7 daa
Skildring av området	Innspelet ligg ved Karihavet, Meling. Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspela i dag.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens

Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Karihavet naturreservat ligg like nord for innspela. Dette er del av verneplan for sjøfugl. Vilt/funksjonsområde: Innspel 13a ligg innanfor funksjonsområde for tjeld og gråtrost. Artar: Det er registrert tjeld og fiskemåke like nord for innspela. Markslag: 4a: Open fastmark 4b: Sjø 13a: Innmarksbeite	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Tiltak innanfor innspela vil medføre forstyrringar for registrert naturreservat og funksjonsområde for fugl i området.	-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivinteresser innanfor eller tett på innspela. Innspela ligg i strandsona. Strandsona innanfor innspel 4a er registrert som potensielt tilgjengeleg, med i hovudsak 3-10 grader helling (SSB). Strandsona innanfor innspel 13a er ikkje registrert som potensielt tilgjengeleg, på grunn av dyrka mark (SSB).	Areala er dels tilgjengelege i eit friluftslivperspektiv. Utbygging av områda vil legge beslag på strandsone som er dels tilgjengeleg i dag.	-2
Landskap	Innspela ligg innanfor eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med jordbruksdominans (NiN) Landskapstypen i området er Våg- og smalsundlandskap, med verdi 2 – vanleg førekomande landskap. Terrenget i området er småkupert, og hellingsgraden er større innanfor innspel 13a enn innanfor innspel 4a. Det ser ut frå flyfoto som det er grunt i vågen. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspela ligg i strandsona, og opnar for terrenginngrep i sjø og på land, som vil gi negative landskapsmessige verknadar.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspela. Innspela ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Heile innspel 13a er registrert som innmarksbeite. Det er ikkje registrert naturressursar innanfor innspel 4a og 4b. Det er ikkje registrert marine ressursar i nærleiken av innspela.	Ingen kjende konsekvensar for innspel 4a og 4b. Utbygging av innspel 13a vil medføre nedbygging av innmarksbeite.	4a, b: 0 13a: -2
Teknisk infrastruktur	Tilgrensande område nord for innspel 4a og 4b er utbygd med fritidsbustader, og det er truleg enkelt å kopla seg på desse. Det er ikkje vegtilkomst, eksisterande tiltak eller tilgrensande tiltak på innspel 13a.		0

Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i eit område med spreidd busetnad, landbrukseigedomar, samt naust og fritidsbygg. Det er om lag 2,5 km i luftlinje til Svortland, som er næraste senter.	+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av innmarksbeite på innspel 13a. Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspel 4a og b.	4a, b: 0 13a: -1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspela er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, då områda ikkje ligg i tilknyting til eksisterande naustområde.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.	


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil vera utsett for stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje etablert vegtilkomst til innspel 13a. Innspela 4a og b ligg i tilknyting til Strandavegen. Etablering av eitt naust vil ikkje medføre store endringar i trafikksituasjonen i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet vil ikkje medføre støy, og det er ikkje kjent at det er støyande verksemder i nærleiken av innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer innanfor eller i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er på Svortland, om lag 2,5 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	**-2**	**-2**	**0**	**4a, b: 0** **13a: -2**	**0**	**+1**	**4a, b: 0** **13a: -1**	**x**

Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspela i dag, og ei utbygging vil medføre negative konsekvensar for fleire tema. På bakgrunn av dette vert innspela ikkje tilrådd. ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning
Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.6.5 Meling 5a-5c, gnr/bnr 103/1 og Meling 6 (gnr/bnr 103/98) – LNF, LNF-spreidd, bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 5a: LNF-spreidd bustad 5c: LNF- spreidd bustad og VA 5b og 6: LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 5a: LNF 5b: LNF-spreidd bustad 5c: Bustad 6: LNF-spreidd bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	5a (LNF): 9,4 daa 5b (LNF-spreidd): 4,7 daa 5c (bustad): 4,4 daa 6 (LNF-spreidd): 1,6 daa
Skildring av området	Innspela ligg på Nesse, med tilkomst via Nesosvegen. Det er spreidde bustader i området, og landbrukseigedomar. Innanfor innspel 5a og 5c er det ikkje etablerte tiltak i dag, mens innspela 5b og 6 er bebygd med einebustader.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling VA-føremål

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Det er registrert fleire funksjonsområde i områda sør for innspela; for hønsehauk (VU), rosenfink (NT), gråspett, fiskemåke (VU), tjeld (NT), storspove (EN), stær (NT), gråtrost, gråmåke (VU), bjørkefink Artar: Det er registrert villeple (VU) innanfor innspel 5c. Det er registrert	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Innspel 5b er allereie dels utbygd, og innspel 6 er utbygd. Ei føremålsendring vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald.	5a: +2 5b: 0 5c: -1 6: 0

	fleire fugleartar i områda like sør for innspela (sjå funksjonsområde over) Markslag: 5a: Barskog (høg bonitet), fulldyrka jord, open fastmark, innmarksbeite. 5b: Uproduktiv lauvskog, bebygd, fulldyrka jord. 5c: Innmarksbeite, bebygd. 6: Bebygd, open fastmark.		
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor innspela. Innspela ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspela ligg innanfor landskapsområdet Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstypen våg- og smalsundlandskap med verdi 2 – vanleg førekomande landskap. Terrenget i området er relativt flatt, og innspela ligg i eit område med spreidd busetnad kombinert med jordbruksareal. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspel 5b og 6 er allereie utbygd, og ei endring av føremål vil ikkje medføre endringar i konsekvens for landskap. Ei utbygging i område 5c med nokre få einingar vil ikkje medføre vesentlege negative verknader for landskap. Ei endring til LNF-føremål for innspel 5a vil ha positive konsekvensar for landskap.	5a: +2 5b: 0 5c:-1 6: 0
Kulturminne og kulturmiljø	Det ligg eit automatisk freda kulturminne like vest for Nesosvegen, tilgrensande innspel 5c. Det ligg eit automatisk freda kulturminne like sør for innspel 5b. Det er ikkje sefrak-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspela. Områda er del av registrert kulturminnerik strandsone.	Innspela 5b og 5c ligg tett på registrerte automatisk freda kulturminne. Det er ikkje direkte påverknad, men ei utbygging kan medføre noko visuell negativ påverknad for innspela.	5a: 0 5b: -1/0 5c: -1 6:0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert dyrka mark innanfor innspel 5a (fulldyrka og innmarksbeite) og 5c (innmarksbeite).	For innspel 5a vil ei endring til LNF-føremål vera positivt med omsyn til naturressursar. For innspel 5c vil ei endring til bustadføremål vera negativt med omsyn til naturressursar. Dei andre to innspela er i stor grad utbygd, og har ingen registreringar knytt til naturressursar.	5a: +3 5b:0 5c: -2 6: 0
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i eit område med spreidde bustader, og det er truleg relativt enkelt å kopla seg til infrastruktur som allereie er etablert i området. NB! Innspel 5c overlappar med eksisterande VA-føremål. Det må avklarast om dette føremålet kan endrast.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i eit område med spreidd busetnad. Det er om lag 2,5 km i luftlinje til Svortland sentrum. Innspela ligg tett på Meling skule (om lag 1 km i luftlinje).		+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonsike areal i form av skog med høg bonitet og dyrka mark innanfor innspela 5a og 5c.		5a: +2 5b:0 5c:-1 6: 0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Ikkje relevant		

Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på nye bustadområde i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra. Innspelet er ikkje i tråd med strategien om å sikre grønt – og landbruksområde mot vidare utbygging.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Områda vil ikkje vera utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av områda er utbygd, og endring av føremål vil ikkje medføre endringar i trafikktryggleik. Tilkomst er via Nesevegen og Nesosvegen. Vegane er smale, og det er ikkje etablert fortau i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ikkje medføre støy, og det er ikkje kjent at det er støyande verksemder i nærleiken av innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2 km i luftlinje frå innspelet.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
5a: +2	**0**	**5a: +2**	**5a: 0**	**5a: +3**	**+1**	**+2**	**5a: +2**	**x**
5b: 0		**5b: 0**	**5b: -1/0**	**5b: 0**			**5b: 0**	
5c: -1		**5c: -1**	**5c: -1**	**5c: -2**			**5c: -1**	
6: 0		**6: 0**	**6: 0**	**6: 0**			**6: 0**	

Det er ingen vesentlege negative konsekvensar for registrerte tema og interesser. Det er registrert innmarksbeite innanfor innspel 5c, og ei utbygging her er negativt for naturressursar. Området er dels avsett til LNF-spreidd bustad i gjeldande kommuneplan, og ei eventuell utbygging i området skal tilpassast jordbruksinteresser. Deler av innspelet er VA-føremål i dag. Dette føremålet bør vidareførast, mellom anna på grunn av luktproblematikk.
Innspel 5a har utelukkande positive konsekvensar, og vert tilrådd.
Innspela 5b og 6 er heilt eller dels utbygd, og ei endring til LNF-spreidd bustadføremål har lite negative konsekvensar, og vert tilrådd.
ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

Fagleg vurdering 5a, 5b og 6: Positiv tilråding

Fagleg vurdering innspel 5c: Negativ tilråding, dvs. vidareføring av LNF-S og VA.

4.6.6 Meling 7a-7b, gnr./bnr. 105/1 og Meling 8, gnr./bnr. 105/25 – Fritidsbustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Fritidsbustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Meling 7a: 1,1 daa Meling 7b: 14,2 daa Meling 8: 0,1 daa
Skildring av området	Innspela ligg i tilknyting til eksisterande område for fritidsbustader og rorbuer i Sekk, langs Hiskavegen.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspel 7a overlappar med den marine naturtypen Større kamskjellforekomster, registrert med verdi Viktig. Innspel 7a overlappar også med naturtypen Naturbeitemark, med verdi Svært viktig. Like vest for innspel 7b er naturtypen Rikmyr registrert, med verdi Viktig. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Nordvest for innspel 7b er det registrert funksjonsområde for bjørkefink. Artar: Ingen registrerte innspel innanfor innspela. Markslag: Open fastmark, sjø, myr. Det er ikkje gjennomført NiN-naturtypekartlegging i området, men området er registrert i rapporten Kartlegging av kystlynghei i Hordaland, som open lynghei.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspel 7a overlappar med to naturtypar med høg verdi, og ligg i urørt strandsone. Innspel 7b er eit urørt område, og er truleg i konflikt med kystlynghei. Innspelet overlappar også med registrert myrområde.	7a: -2 7b: -2 8: -1

		Det er ingen registreringar innanfor innspel 8, og arealet er lite i utstrekning.	
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftsområde innanfor innspela. Innspel 7a, 8 og litt av 7b ligg i strandsona. Strandsona innanfor innspel 7a er dels registrert som potensielt tilgjengeleg (sørlege del), med hellingsgrad 0 – 10 grader. Innspel 8 er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, og strandsona innanfor innspel 7b er registrert som potensielt tilgjengeleg.	Ei utbygging av områda med fritidsbygg vil medføre privatisering av strandsona.	7a:-2 7b:-1 8:-1
Landskap	Innspela ligg i hovudsak innanfor Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap. Deler av innspel 7a og innspel 8 ligg innanfor Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspela ligg innanfor landskapstypen Ytre Skjærgård, med verdi 2 – vanleg førekomande landskap. Innspela ligg kring vågen Sekk. Vågen er spreidd utbygd med fritidsbustader. Det er relativt flatt terreng i området. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Områda er ikkje utbygde i dag, og ei føremålsendring vil medføre relativt store landskapsmessige konsekvensar.	7a: -2 7b:-2 8: -1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspela. Innspela ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert naturressursar innanfor innspela. Det er ikkje registrert marine ressursar innanfor innspela (med unntak av kamskjel, sjå naturmangfald).	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspela 7a og 8 ligg i tilknyting til rorbu-område, og kan truleg koplast til eksisterande infrastruktur. For innspel 7b må det etablerast tilkomstveg og infrastruktur.		7a:+1 8: +1 7b: 0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i tilknyting til andre fritidsbustad-område. Det er om lag 4 km avstand i luftlinje til Svortland, som er næraste senter.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av myr innanfor innspel 7b. Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor dei andre innspela.		7a:0 7b:-2 8:0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritid. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad.		

	Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for hytter i strandsona.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 8 ligg innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 7a og 8 vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Tilkomst vil vera via Hiskavegen. Trafikktryggleik må avklarast i eventuell reguleringsplan.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ikkje medføre støy, og det er ikkje kjent at det er støyande verksemder i nærleiken av innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar tett på innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 4,5 km i luftlinje frå innspelet.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
7a: -2	**7a: -2**	**7a: -2**	**0**	**0**	**7a: +1**	**+1**	**7a: 0**	**x**
7b: -2	**7b: -1**	**7b:-2**			**7b: +1**		**7b: -2**	
8: -1	**8: -1**	**8: -1**			**8: 0**		**8: 0**	

Innspela 7a og 8 er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, og er i konflikt med strandsoneverdiane naturmangfald, friluftsliv og landskap. Innspel 8 er eit lite areal, og er ei mindre justering av føremålet. På bakgrunn av dette vert innspelet tilrådd. Det må utarbeidast reguleringsplan for nye tiltak innanfor fritidsføremålet som innspel 8 er del av.


Innspel 7b ligg i liten grad i strandsona, men består av urørt natur, inkludert myrområde, og det er truleg kystlynghei i området. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik.

Fagleg vurdering innspel 7a og 7b: Negativ tilråding

Fagleg vurdering innspel 8: Positiv tilråding

4.6.7 Meling 9, gnr/bnr 101/15 – Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	15,3 daa
Skildring av området	Innspelet er ei utviding sørover av eksisterande bustadfelt ved Melingsheio.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspelet overlappar med funksjonsområde for gråspett, rødstilk (NT), heipiplerke og vandrefalk. Artar: Ikkje registrert Markslag: Barskog, innmarksbeite, open fastmark, overflatedyrka jord, bebygd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor innspelet	Ingen kjende konsekvensar for friluftsliv.	0
Landskap	Innspela ligg innanfor eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med jordbruksdominans (NiN). Innspelet ligg dels innanfor landskapstypen våg- og smalsundlandskap med verdi 2 – vanleg førekomande landskap, og dels innanfor	I område nord for innspelet er det regulert til bustad, det er bygd ein del her. Utbygging nord for vegen vil føre til ei ny eining på linje, og høgde, med eksisterande.	-1

	landskapstypen Kystheiene, med verdi 3 – middels verdi. Innspelet ligg i tilknyting til eksisterande bustadområde. Terrenget er småkupert, og består dels av skog, dels av jordbrukslandskap. Så 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Sørvest vil være meir eksponert i landskapet. Øst i innspelet er landskapet flatt og utbygging vil ikkje få vesentlege landskapsmessige konsekvensar.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. Området er ein del av registrert kulturminnerik strandsone.	Tiltaka har ingen kjende konsekvens for registrerte kulturminneinteresser i området.	0/-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet overlappar med overflatedyrka jord, innmarksbeite og barskog av middels bonitet	Det vil være negative konsekvensar for innmarksbeite og dyrka jord ved utbygging av innspelet.	-3
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ikkje utbygd, men ligg i tilknyting til eksisterande bustadfelt, og kan truleg relativt enkelt koplast på infrastruktur frå dette området.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknyting til eksisterande bustadfelt. Næraste senter er Svortland, som ligg i overkant av 2 km frå innspelet i luftlinje. Innspelet ligg i underkant av 1 km i luftlinje frå Meling skule.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av skog av middels bonitet, overflatedyrka mark og innmarksbeite innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		0
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på nye bustadområde i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra. Innspelet er ikkje i tråd med strategien om å sikre grønt – og landbruksområde mot vidare utbygging.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg dels under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje aktsemdområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Området er ikkje utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Trafikktryggleik må avklarast i samband med reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet overlappar med gul støysone frå Melingsheio.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje gjennom innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0/-1	-3	+2	+1	-1	0

Utbygging vil få store konsekvensar for dyrka marka og innmarksbeite i området.
I tilgrensande felt i nord er det framleis ein god del ledige tomter, og det er enda meir ledige areal litt lenger nord og sør.
Tilrådinga er negativ for området.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.6.8 Meling 10a – 10k, gnr/bnr 100/84 – Næring m.m.

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 10a: Bruk og vern av sjø og vassdrag 10b: Del av reg.plan – Delar av Øklandsvåg 10c: Akvakultur, bruk og vern av sjø og vassdrag 10d: Bruk og vern av sjø og vassdrag 10e: Bruk og vern av sjø og vassdrag 10f: Naust 10g: LNF 10h: Bruk og vern av sjø og vassdrag	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 10a: Føresegnsområde for utbetring av seglingstilhøve 10b: Næring 10c: Akvakultur 10d: Næring 10e: Kombinert næring og småbåtanlegg 10f: Kombinert næring og naust 10g: Næring 10h: Næring	
Arealstorleik planlagt arealbruk	10a: 36,3 daa 10b: 9,4 daa 10c: 13,2 daa 10d: 1 daa 10e: 0,6 daa

	10f: 3,9 daa 10g: 0,3 daa 10h: 8,2 daa
Skildring av området	Innspela ligg i Øklandsvågen, i tilknyting til anlegget til Bremnes Seashore. Området er i stor grad prega av eksisterande næringsverksemd. Innspela ligg i tilknyting til næringsområdet i Øklandsvågen, og fleire av innspela er direkte tilgrensande gjeldande reguleringsplan for området. Innspela ligg i hovudsak i sjø eller i strandsona. Innspel 10a er eit innspel på føresegnsområde for utbetring av seglingstilhøve. Det er ønskjeleg å legge til rette for utbetra seglingslei. Innspel 10b er eksisterande fiskerihamn i Øklandsvågen, Bremnes Seashore er i dialog med Bømlo kommune om overtaking av området. Området er omfatta av reguleringsplan, og er i denne planen regulert til næring. Innspel 10c er endring i storleik av eksisterande akvakulturområde. Innspela 10d og 10e er innspel på utviding av næringsareal ut mot den austre moloen. Det er eksisterande naust på landsida av innspel 10d, og eksisterande småbåtanlegg vert aktivt nytta (innspel 10e). Det er difor spelt inn kombinert føremål småbåtanlegg og næring, som skal gi rom for å halde fram bruken som småbåtanlegg inntil vidare. Innspel 10f og 10h er innspel på utviding av næringsareal inst i vågen. Det er føreslått kombinert føremål naust og næring på innspel 10f for at naustområda skal kunna brukast inntil vidare. Det er fleire eksisterande naust i området. Innspel g er ei utviding av næringsarealet i nordaust, i eit område som allereie er planert og tatt i bruk.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Sjøtilknytt næringsutvikling

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspel 10b overlappar med funksjonsområde for gråmåke (VU), storskarv (NT), svartbak og gråspett Artar: Storskarv (NT), ærfugl (VU), makrellterne (EN) og lomvi (CR) er registrert innanfor innspel 10c. Markslag: Sjø, bebygd, open fastmark, barskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Ei utviding av næringsområdet i Øklandsvågen vil medføre negative konsekvensar for registrerte raudlista fugleartar på Sjøbuholmen og i Kvernavika, på grunn av forstyrringar og tap av areal. Innspel 10a vil vera negativt for marint naturmangfald grunna endring av djupneforhold, og endring av habitat i anleggsfasen. Konsekvensane er mindre i «driftsfasen» når utbetringsarbeidet er gjennomført. For nokre innspel (10b, d, e, h) vil ei føremålsendring medføre utfylling i sjø.	10a: -2 10b: -2 10c: -1 10d: -1/-2 10e: -1/-2 10f: -1 10g: -1 10h: -2

		Fleire av dei aktuelle områda er i bruk eller utbygde allereie; konsekvensen er såleis lågare enn dersom områda var urørt natur i dag.	
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor innspela. Dei fleste innspela ligg i sjø eller i strandsona. Innspel 10b og deler av innspel 10f er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone (SSB). Inst i vågen (innspel 10f) ligg det bustadhus tett på, og strandsone er såleis definert som ikkje potensielt tilgjengeleg.	Fleire av områda er allereie utbygde, eller ligg tett på næringsområdet i Øklandsvågen. Sjøområda og innspela som ligg på nordsida av Kvernevika har difor truleg liten verdi for friluftsliv i dag. Innspel 10d, e, f og h vil medføre negative konsekvensar for etablert naust og småbåtanlegg i området, ved at desse vert omdisponert til næring.	10a: 0 10b: -1 10c: -1 10d: -2 10e: -2 10f: -2 10g: -1 10h: -2
Landskap	Innspela ligg dels innanfor landskapsområde Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap, og dels innanfor Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstypen Indre øy-, holme og skjærgårdslandskap, med verdi 3 – middels verdi. Innspela ligg i tilknyting til næringsområdet i Øklandsvågen, og fleire av innspela er direkte tilgrensande gjeldande reguleringsplan for området. Innspel 10 b, som ligg på Sjøbuholmen på sørsida av Kvernavika omfattar eit område som er planert allereie, og som er i bruk som fiskerihamn. Området inst i vågen, innspel 10f er i bruk som naustområde. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Nokre av innspela vil medføre vesentlege terrenginngrep og -endringar. Dette gjeld særleg områda som er føreslått til næring. For nokre innspel (10b, d, e, h) vil ei føremålsendring medføre utfylling i sjø. Innspela d og e vil medføre at karakteren til området som naustområde og småbåtanlegg vert endra til utfylt og planert næringsområde. For innspel f vil ei føremålsendring medføre at landskapet endrar karakter frå dagens naustområde til eit planert næringsområde. Deler av næringsområdet ligg i dag relativt skjerma for innsyn frå vest/nordvest (inn vågen). Konsekvensen for landskap er vurdert til å vera høgare for innspel	10a: 0 10b: -1 10c: 0 10d: -2 10e: -2 10f: -2 10g: 0 10h: -2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspela. Kulturmiljøet Handelsstad Øklandsvågen med bustadhus og sjøhuset «Gamlebutikken» er definert som eit verneverdig	Ingen kjende direkte arealkonfliktar. Ei vidare utbygging i Øklandsvågen vil vera negativt med omsyn til kulturmiljøet kring handelsstaden Øklandsvågen. Konsekvensane er likevel avgrensa, då miljøet i vågen allereie er vesentleg endra, og påverka av eksisterande næringsverksemd.	-1

	kulturminne klasse B i kommunedelplanen for kulturminne. Innspelet ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.		
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspela. Innspel 10a overlappar med to låssettingsplassar; Sjøbuholmen i sør, og Øklandsvågen nord i nord. Begge låssettingsplassane er skildra slik: Her låssettast alle artar som fiskast med not. Plassen brukast mange gongar kvart år. Brukast mest til Sei og makrell og litt til Sild. Har vore i bruk sia før 1970. Mest brukte låssettingsplassen i Bømlo.	Innspel 10a overlappar med viktige låssettingsplassar. Utbetring av seglingsleia vil vera konfliktfylt med omsyn til bruken av låssettingsplassane, men når arbeidet er ferdig utført vil låsettingsplassane kunna brukast som vanleg. For innspela 10b-h er det ingen kjende konsekvensar for naturressursar.	10a: -1 10b: 0 10c: 0 10d: 0 10e: 0 10f: 0 10g: 0 10h: 0
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i tilknyting til eksisterande næringsområde, og det vil truleg vera relativt enkelt å bygge ut områda med teknisk infrastruktur.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i tilknyting eller tilgrensande til eksisterande næringsområde. Det ligg bustadområde, naustområde og spreidde bustader kring næringsområdet, og ei utviding av næringsverksemda vil kunna vera negativt for desse. Næraste senter er Svortland, som ligg om lag 2,5 km frå innspela i luftlinje.		+1
Karbonrike areal	Innanfor innspel 10f er det registrert noko barskog med høg bonitet. Elles er det ikkje registrert karbonrike areal		10a: 0 10b: 0 10c: 0 10d: 0 10e: 0 10f: -1 10g: 0 10h: 0
Næringsliv og sysselsetting	Ei utviding av næringsområdet vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting.		+2
Strandsone	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er relatert til næringsverksemda i Øklandsvågen. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspela er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og tiltaka er lokalisert i tilknyting til eksisterande næringsområde.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad-nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, eigna sjøareal til marin næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		

Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 10c ligg innanfor aktsemdområde for flaum		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Nokre av innspela vil vera utsett for risiko for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til trafikktryggleik i området, men dette er tilhøve som må avklarast i samband med eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Støy kan vera ein generell problemstilling i eit næringsområde med kringliggjande bustadområde. Dette må vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg i overkant av 2 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
10a: -2	**10a: 0**	**10a: 0**		**10a: -1**			**10a: 0**	
10b: -2	**10b: -1**	**10b: -1**		**10b: 0**			**10b: 0**	
10c: -1	**10c: -1**	**10c: 0**		**10c: 0**			**10c: 0**	
10d: -1/-2	**10d: -2**	**10d: -2**	**-1**	**10d: 0**	**+2**	**+1**	**10d: 0**	**+2**
10e: -1/-2	**10e: -2**	**10e: -2**		**10e: 0**			**10e: 0**	
10f: -1	**10f: -2**	**10f: -2**		**10f: 0**			**10f: -1**	
10g: -1	**10g: -1**	**10g: 0**		**10g: 0**			**10g: 0**	
10h: -2	**10h: -2**	**10h: -2**		**10h: 0**			**10h: 0**	


Innspela ligg i tilknyting til eksisterande næringsverksemd i Øklandsvågen. Det er moderate negative konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv og landskap ved dei fleste innspela, mens konsekvensane er positive for næringsliv og sysselsetting.

- Innspel 10a vert positivt tilrådd med føresetnad av at det er snakk om utbetring av djupneforhold, og at det ikkje skal gjerast varige tiltak.
- Innspel 10b er allereie i bruk som fiskerihamn, og er regulert til næring i reguleringsplan. Innspelet vert tilrådd positivt, men bør justerast slik at det ikkje opna for utfylling utover dagens situasjon, sjå kart til høgre.
- Innspel 10c er ei mindre justering av akvakulturføremålet, og vert positivt tilrådd.
- Innspel 10d og e medfører ei utviding av næringsføremålet mot nordvest, inn i eit område med etablerte naust på landsida, og ei velfungerande eksisterande småbåtanlegg. Innspela vert ikkje tilrådd, då det er relativt store negative konsekvensar ved innspela, og dei samsvarer ikkje med føremåla som ligg inne i gjeldande reguleringsplan. Det vil vera uheldig landskapsmessig å trekke næringsområde for langt ut mot sundet og naustmiljøet i dette området.
- Innspel f og h vil omdisponere eit større naustområde, og dette har negative konsekvensar, særleg for friluftsliv, men også for landskap og naturmangfald. Det er likevel store positive konsekvensar for næringsliv og sysselsetting ved innspela, då desse gir gode høve til utvikling av næringsverksemda i området. Det må

utarbeidast reguleringsplan for området, der registrerte interesser vert ivaretekne. På bakgrunn av dette vert innspela tilrådd.

- Innspel g er eit område som er planert, og ei endring av føremål vil ha mindre konsekvensar. På bakgrunn av dette vert innspelet tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy.




Fagleg vurdering innspel 10a, c, f, g, h: Positiv tilråding

Fagleg vurdering innspel 10b: Positiv, justert til dagens grense ut i sjø

Fagleg vurdering innspel 10d og e: Negativ tilråding

4.6.9 Meling 11, gnr/bnr 101/14 – LNF-spreidd og Meling 13b, gnr/bnr 101/18 – Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 11: LNF 13b: LNF-spreidd bustad **Planlagt arealbruk** 11: LNF-spreidd bustad 13b: Bustad	**Arealendring** 
Arealstorleik planlagt arealbruk	11: 6,9 daa 13b: 4,4 daa
Skildring av området	Innspela ligg i eit område med spreidd bustadbygging. Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspela.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling Strandsone Dyrka mark

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspel 13b overlappar med funksjonsområde for tjeld (NT) og gråtrost. Artar: Ikkje registrert Markslag: 11: Innmarksbeite, fulldyrka mark, bebygd, open fastmark 13b: Innmarksbeite, overflatedyrka mark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor innspela. Innspel 13b ligg dels i strandsona. Strandsona i området er ikkje definert som potensielt tilgjengeleg, då det ligg bustadhus tett på.	Utbygging i området vil medføre større grad av privatisering i strandsona i området.	-1
Landskap	Innspela ligg innanfor eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med jordbruksdominans (NiN) Landskapstypen i området er i hovudsak Våg- og smalsundlandskap, med verdi 2 – vanleg førekomande landskap. Ein mindre del av innspel 11 ligg innanfor	Ei utbygging i området vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap.	-1

	landskapstypen Kystheiene, med verdi 3 – middels verdi. Terrenget i området er småkupert. Det er spreidde bustader og jordbrukslandskap i området kring innspela. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspela. Innspela ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspel 13b består i all hovudsak av innmarksbeite. Innspel 11 består i hovudsak av innmarksbeite, men òg noko fulldyrka mark.	Utbygging vil medføre nedbygging av jordbruksareal.	-2
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje tiltak innanfor innspela i dag, men dei ligg i tilknyting til eksisterande bustader, og det er truleg relativt enkelt å kopla til infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknyting til eksisterande bustader. Næraste senter er Svortland, som ligg i overkant av 2 km frå innspelet i luftlinje.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av innmarksbeite og dyrka mark innanfor innspela.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspel 13b ligg dels i strandsona. Strandsoneretteleiaren presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Bustadområde innanfor innspel 13b er såleis dels i tråd med strandsoneretteleiaren og SPR, då innspelet ligg i tilknyting til eksisterande busetnad.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen. Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 11 overlappar med aktsemdområde for flaum		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ikkje vera utsett for risiko for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Melingsvegen er relativt smal, og har ikkje etablert fortau. Hiskavegen har fortau.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspela vil ikkje medføre støy, og det er ikkje kjent at det er støyande verksemder i nærleiken av innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller tett på innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er på Svortland, om lag 2,5 km i luftlinje frå innspela.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	-2	+1	+1	-1	x

Det er registrert jordbruksareal, i hovudsak i form av innmarksbeite innanfor innspela. Ei endring av føremål vil såleis medføre nedbygging av dyrka mark. På bakgrunn av dette vert innspela ikkje tilrådd.
Områda må sjåast i samanheng med overordna bustadbehov i kommunen og i delområdet.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.6.10 Meling 12, gnr/bnr 131/15 – Kombinert næring, bustad, naust, kai

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Naust Omsynssone bevaring kulturmiljø Omsynssone friluftsliv	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Kombinert næring, bustad, naust, kai	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1,2 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Hiskjo, innanfor omsynssone bevaring kulturmiljø. Det er ønskjeleg at føremålet vert i tråd med faktisk bruk, som er næring, bustad,

	naust og kai. Dette for å sikra eventuell gjenreising av bygningar, som må vera i samsvar med underliggjande føremål i KPA. Det ligg ein einebustad og eit uthus/garasje på eigedomen i dag.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet grensar til den marine naturtypen Større kamskjelførekomstar, med verdi Viktig. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspelet grensar til funksjonsområde for grønnfink (VU) Artar: Ikkje registrert Markslag: Bebygd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	0
Friluftsliv	Innspelet ligg innanfor det svært viktige friluftslivområdet Hiskjo. Området er skildra som eit populært badeområde på vestsida av Bømlo. Innspelet ligg i strandsona. Området er utbygd, og strandsona i området er såleis ikkje registrert som potensielt tilgjengeleg.	Området er allereie utbygd med einebustad. Det er såleis ingen kjende konsekvensar av føremålsendringa for friluftsliv.	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet er ein del av landskapstypen Indre øy-, holme og skjærgårdslandskap, med verdi 3 – middels verdi. Innspelet ligg på eit nes like vest for Hiskholmen. Området er allereie utbygd med bustadhus og uthus/garasje. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspelet er allereie utbygd med bustadhus og uthus/garasje. Ei endring av føremål vil såleis ikkje medføre kjende konsekvensar for landskap.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor omsynssone bevaring kulturmiljø i gjeldande kommuneplan.	Innspelet er allereie utbygd, og endring i føremål vil ikkje medføre endring i konsekvens for kulturminne og kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert naturressursar innanfor innspelet. Det er ikkje registrert marine ressursar i tilgrensande sjøområde.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er allereie ferdig utbygd, og infrastruktur er truleg tilfredsstillande.		0

Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er allereie ferdig utbygd. Ei endring til kombinert føremål næring, bustad, naust, kai vil kunne medføre meir forstyrringar for nærmiljøet enn eit reint naustføremål, slik situasjonen er i dag.	-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.	0
Næringsliv og sysselsetting	Ei endring til føremålet frå naust til kombinert næring, bustad, naust, kai kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting	+1
Strandsone	Innspelet ligg i strandsona, og ønska føremål er kombinert næring, bustad, naust, kai. Strandsonerettleiaren presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Strandsonerettleiaren for Vestland viser til at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad, og vidare at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Dersom det er snakk om sjøretta næring vil næringsføremål i dette området vera i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er allereie ferdig utbygd	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Området er allereie bygd ut, og føremålsendring vil ikkje endra tilhøva knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet vil ikkje medføre støy, og det er ikkje kjent at det er støyande verksemder i nærleiken av innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 7,5 km i luftlinje frå innspelet.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
0	0	0	0	0	0	-1	0	+1

Innspelet er allereie utbygd, og det ønskjeleg at føremålet vert endra til faktisk bruk; altså ei endring frå naustføremål til kombinert naust, bustad, næring og kai.
Innspelet har ikkje kjende konsekvensar for registrerte interesser og verdiar, då området allereie er utbygd med einebustad og uthus/garasje.

ROS-analyse: Kvikkleire

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.6.11 Meling, stad Nese – LNF-spreidd til bustadføremål

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF – spreidd bustad	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad Administrativt innspel om endring av LNF spreidd bustad til bustadføremål	
Arealstorleik planlagt arealbruk	27 daa
Skildring av området	Området ligg på Nesse, i eit område med spreidd busetnad, og er ein del av eit større område for LNF spreidd bustad. Deler av arealet ligg i strandsona. Det er frådelt fleire tomter innanfor innspelet.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Overordna behovsvurdering for nye bustadområde i kommunen.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Det er ikkje registrert naturtypar innanfor arealet, men i rapporten Kartlegging av kystlynghei i Hordaland frå 2012 er området vist som lynghei i attgroing. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Det er fleire funksjonsområde i områda kring arealet, mellom anna for tjeld, rosenfink, bjørkefink og makrellterne, men ingen som overlappar med arealet. Artar: Ingen registreringar innanfor arealet. Markslag: Open fastmark, fulldyrka mark, innmarksbeite, lauvskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av arealet. Strandsona i området er registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna etablerte bustadhus i området.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Strandsona innanfor arealet er i stor grad utbygd, og endring av føremål vil såleis ikkje medføre kjende konsekvensar for friluftsliv.	0
Landskap	Arealet ligg innanfor NiN-område Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Arealet er ein del av landskapstypen våg- og smalsundlandskap, med verdi 2. Terrenget i området er småkupert. Det er spreidd busetnad innanfor arealet, noko jordbruksland, og noko heilandskap. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Arealet ligg i eit område med spreidd busetnad og jordbruksland. Ei vidare utbygging innanfor området vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturmiljø, kulturminne eller sefrak-registrerte bygg innanfor arealet. Arealet ligg innanfor kulturminnerik strandsone	Arealet er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Arealet overlappar med fulldyrka mark og innmarksbeite	Arealet vil medføre tap av fulldyrka mark og innmarksbeite.	-2
Teknisk infrastruktur	I den nordlege delen av arealet er det fleire hus, og dermed etablert vegtilkomst. Den ligg ein bustad innanfor den sørlege delen av arealet, men det vil vera behov for tilrettelegging for infrastruktur i resten av dette området.		0/+1
Nærmiljø og stadutvikling	Det er spreidde bustader i områda kring arealet. Avstanden til Svortland sentrum ligg om lag 3 km i luftlinje frå arealet. Arealet ligg tett på Meling skule.		+1

Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av innmarksbeite og fulldyrka mark innanfor arealet.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	x
Strandsone	Det aller meste av arealet som ligg i strandsona er allereie utbygd. Strandsoneretteleiaren presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Fortetting av bustadområde er såleis dels i tråd med strandsoneretteleiaren og SPR.	
Samfunnsnytte og berekraft	Arealet er i tråd med arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde. Arealet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor arealet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor arealet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Aealet vil ikkje vera utsett for risiko for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Trafikktryggleik må vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av arealet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet vil ikkje medføre støy, og det er ikkje kjent at det er støyande verksemder i nærleiken av arealet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor arealet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 3 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	0	-1	0	-2	0/+1	+1	-1	x

Arealet er i dag vist som LNF spreidd bustad. Det er noko spreidd busetnad innanfor arealet, og i områda rundt. Det er frådelte tomter både i den nordlege og den sørlege delen av arealet.

I den nordlege delen av arealet er det tilrådeleg å behalde LNFS-føremålet. I dette området er det registrert dyrka mark, både innmarksbeite og fulldyrka jord, og deler av arealet ligg innanfor 100-metersbeltet.


I den sørlege delen av arealet er det tilrådeleg å endre føremålet til bustad. Det er fleire frådelte tomter i området, og plasseringa av området er gunstig, mellom anna med omsyn til nærleik til skule. Arealet bør justerast i forhold til føremålsgrensa for LNF i vest - nordvest, og gjeldande reguleringsplan i nord - nordaust.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik




Fagleg vurdering : Justert tilråding til den sørlege delen av innspelet

4.7 Gilje



4.7.1 Gilje 1, gnr/bnr 110/44 mfl. – Kombinert næring / tenesteyting

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bustad Bandlagt for regulering.	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Kombinert føremål næring/tenesteyting	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 10,7 daa

Skildring av området	Innspelet ligg i strandsona på Alvsvåg. Det er etablert industribygg, verkstad, kaianlegg, båtslipp, ein einebustad og fleire uthus på området i dag. Halleraker Mek. Verkstad er etablert på området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Samlokalisering industri og tenesteyting

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Bebygd, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Området er allereie utbygd, og ei arealendring vil ha avgrensa konsekvensar for naturmangfald	-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Strandsona i området er registrert som inngrepsnær, og ikkje tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv.	Ingen konsekvensar for kjende registreringar. Innspelet er allereie utbygd, og ei endring av utbyggingsføremål vil ikkje ha vesentlege konsekvensar for friluftsliv	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspelet er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 – middels verdi. Innspelet ligg i strandsona på Alvsvåg, i eit område som er prega av maritim verksemd, naust og industri. Det er etablert kai og båtslipp langs heile strandsona. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei endring av føremål i området vil ikkje medføre vesentlege konsekvensar i eit område som allereie er i bruk, og heile strandlinja er prega av ulike tiltak.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. Det ligg nokre sefrak registrerte bygg i sjøkanten like sør for innspelet.	Ei endring av føremål i området er ikkje vurdert å ha konsekvensar for kjende registreringar av kulturminne eller kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert landbruksinteresser innanfor innspelet. Det er ikkje registrert marine ressursar i sjøområda.	Ingen kjende konsekvensar	0

Teknisk infrastruktur	Området er allereie tatt i bruk til ulike tiltak. Det er truleg god tilgang på infrastruktur, og det er allereie etablert veg til området.	+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg på Alvsvåg, i eit område med spreidde bustader, naust og noko næringsverksemd. Det må sikrast at ikkje næringsføremål i området kjem i konflikt med bustad- og naustmiljøet; dvs det bør ikkje tillatast støyande næringar i området. Innspelet ligg relativt tett på kommunesenteret Svortland (under 3 km)	+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.	0
Næringsliv og sysselsetting	Endring til kombinert føremål næring/tenesteyting vil kunna vera positivt for næringslivet i området.	+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er kombinert føremål næring/tenesteyting. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspela er i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og området ligg i tilknyting til eksisterande busetnad. Det bør presiserast at næringar som skal etablerast i området må vera næringar som treng å liggja til sjø.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære næringsområde, næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, og eigna sjøareal til marin næring.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er tilkomstveg til området. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er registrert mistanke om forureina grunn i området kring Halleraker Mek Verkstad.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert mekanisk verkstad på området i dag. Støyproblematikk må vera tema i ein ev reguleringsplan for området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje like nordvest for innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2,8 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	0	0	0	+2	+1	0	+1

Området er allereie avsett til utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan, til bustad. Området er utbygd allereie, og det er ikkje vurdert at det er vesentlege negative konsekvensar ved ei føremålsendring.
Strandsoneretteleiaren peikar på at det er næringar som treng å liggja ved sjø som skal leggast til sjø. Det bør presiserast at næringar som skal etablerast/vidareførast i området skal vera sjøretta. Innspelet ligg relativt tett på bustad- og naustområde, og det bør heller ikkje etablerast støyande verksemder i området. Når det gjeld tenesteyting er dette vurdert som eit føremål som ikkje treng å liggja i strandsona. Det vert difor tilrådd ei endring til reint næringsføremål, ikkje kombinert næring/tenesteyting. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, forureina grunn, støy, høgspent, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Positiv tilråding til næring, med krav om etablering av sjøretta næring, som ikkje er spesielt støyande.

4.7.2 Gilje 2, gnr/bnr 110/206 mfl. - Fritidsbustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Naust	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Fritidsbustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 2,4 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Alvsvåg, i eit område som er avsett til naustområde. Området er ferdig utbygd med store naustbygg, og det er ønskjeleg at føremålet i området vert endra til fritidsbustad. Bygga innanfor innspelet er registrert som naust.

Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med den marine naturtypen Bløtbunnsområder i strandsonen, med verdi Viktig. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspelet overlappar med funksjonsområde for alke (VU) Artar: Alke (VU), sjå funksjonsområde over. Markslag: Bebygd, open grunnlendt fastmark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Store deler av området er allereie utbygd, og ei føremålsendring vil ikkje medføre vesentlege endringar i konsekvens. Fritidsføremål vil likevel medføre meir forstyrringar og varig opphald enn naustføremål.	-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor innspelet. Innspelet ligg i 100-metersbeltet, og strandsona i området er registrert som tilgjengeleg, og med i hovudsak stor hellingsgrad.	Ei endring frå naustføremål til fritidsbustadføremål vil medføre at strandsona i større grad vert privatisert. Strandsona i området er registrert som tilgjengeleg fordi bygga i området er registrert som naust, og naust vert ikkje rekna som privatiserande i same grad som andre typar bygg.	-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspelet er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 – middels verdi. Innspelet ligg i strandsona i Andahavet på Alvsvåg. Det er allereie fullt utbygd, dels på utfylling. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Endring av føremål frå naust til fritidsbustad vil ikkje ha vesentlege landskapsmessige konsekvensar for eit område som allereie er bygd ut.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar	0

Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert landbruksinteresser på land eller fiskeriinteresser i sjø innanfor eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Området er allereie tatt i bruk til ulike tiltak. Det er truleg god tilgang på infrastruktur, og det er allereie etablert veg til området.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg på Alvsvåg, i eit område med spreidde bustader, naust og noko næringsverksemd. Innspelet ligg relativt tett på kommunesenteret Svortland (under 3 km)		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritidsbustad. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad, og at felles bryggjer og naust bør prioriterast. SPR seier vidare at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Innspelet er ikkje tråd med strandsonerettleiaren, då det opnar for private fritidsbustader i strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande naustområde. Innspelet er ikkje i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst til området. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til trafikktryggleik i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 3,4 km i luftlinje frå innspelet.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	0	0	0	+2	+1	0	x

Innspelet ligg i eit større område med naustføremål. Området er bygd ut i dag, med større naust, og det er ønskjeleg å endra føremålet til fritidsbustad. Infrastruktur, vegsamband etc. er allereie på plass. Ei endring av føremål vil ha mindre konsekvensar for dei fleste tema, med unntak av friluftsliv. Fritidsbustad i strandsona medfører vesentleg meir privatisering enn naust. Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren for Vestland/SPR

ROS-analyse: Skred, kvikkleire

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.7.3 Gilje 4, gnr/bnr 112/10 - Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Støysone frå skytebane (H220_1)	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 3,7 daa
Skildring av området	Innspelet ligg nord for Giljevegen, og omfattar to tomter som er bygd ut. Det er ønskjeleg å endre føremål frå LNF til bustad, slik at grunneigarane kan disponere tomtene som bustadeigedomar.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Bebygd, overflatedyrka jord.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Innspelet er allereie bygd ut, og ei endring av føremål vil ha mindre konsekvensar for naturmangfald	0
Friluftsliv	Innspelet overlappar så vidt med det svært viktige friluftslivområdet Svortlandsmarka. Ein av turvegane inn til området har felles innkøyring som bustadane i området. Området er skildra som Enkle turar som passar for barn, eller lengre for vaksne. Merka løyper	Endring av føremål i området vil ikkje endra på konsekvensen for friluftsliv, så lenge området allereie er bygd ut.	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspelet er ein del av landskapstypen Kystheiene, med landskapsverdi 2 – vanleg førekomande landskap Innspelet er utbygd med bustadar allereie. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Endring av føremål vil ikkje endra konsekvensen for landskap.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. Det ligg eit sefrak-registrert bygg innanfor innspelet (grå kategori, utefjøs frå 1800-talet).	Endring av føremål vil ikkje medføre endringar i konsekvens for kulturminne/kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet overlappar 190 m^2 med overflatedyrka jord.	Endring av føremål vil kunne medføre tap av noko overflatedyrka jord	-1
Teknisk infrastruktur	Området er allereie i hovudsak bygd ut. Dette betyr god tilgang på infrastruktur, og det er allereie etablert veg til området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i eit område med spreidde bustader. Innspelet ligg relativt tett på kommunesenteret Svortland, og tett på barneskulen. Innspelet ligg innanfor støysone frå skytebane.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert noko karbonrike areal innanfor innspelet i form av overflatedyrka mark		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Området er allereie tatt i bruk som bustadområde.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspelet ligg i all hovudsak over marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet vil ikkje vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst til innspelet. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar med trafikktryggleik i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg dels innanfor gul og raud støysone frå Giljevegen, og støysone frå skytebane.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer i nærleiken av innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2,3 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
0	**0**	**0**	**0**	**-1**	**+1**	**+1**	**-1**	**x**

Området er allereie i bruk som bustadområde. Det er såleis ikkje vesentlege konfliktar knytt til ei føremålsendring. Innspelet ligg i eit landbruksområde, og det vil vera naturleg å endra føremålet til LNF-spreidd bustad.

ROS-analyse: Støy

Fagleg vurdering: Positiv tilråding, til LNF spreidd bustad

4.7.4 Gilje 5, gnr/bnr 113/1 - Naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Naust	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 3,6 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i forlenginga av eksisterande naustområde på Gilje. Området er ikkje bygd ut, og det er ikkje vegframføring til området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Open fastmark, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivinteresser innanfor innspelet. Innspelet er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone (SSB), med til dels veldig stor helling (> 25 grader).	Innspela er i strandsona. Dei gir grunnlag for arealinngrep og endrar strandsona frå å vera eit naturområde til eit utbygd område.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspelet er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 – middels verdi. Strandsona i området er urørt i dag, og terrenget er dels svært kupert. Sjå 3D-kart her:	Innspelet og nærområda ikring er i dag naturområde. Det er kupert terreng. Nye tiltak vil vera godt synleg og eksponert for dei nære områda. Etablering av tiltaka vil medføre vesentlege terrenginngrep i strandsona	-2/-3

	https://3dx.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert landbruksinteresser innanfor innspelet. Det er ikkje registrert marine ressursar i sjøområda.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje infrastruktur og vegframføring til området. Det er noko avstand til etablerte tiltak i nærområdet.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen. Tilgrensande areal i sør er naust. Innspelet vil vera ei naturleg vidareføring av føremåla.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om etablering av naust, men ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då dette er tiltak i urørte område		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med kommunale arealstrategiar.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje etablert vegtilkomst til området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer i nærleiken av innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 3,8 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	-1	-2/-3	0	0	-1	0	0	x

Ei utbygging i dette området ville krevja store terrenginngrep i urørt strandsone, både for etablering av naust og for vegframføring. Det ser ut til å vera ledige nausttomter i andre avsette naustområde i nærleiken.

ROS-analyse: Kvikkleire

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.7.5 Gilje 6, 113/5 – Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 51 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i tilknyting til bustadfeltet Buhamrane på Fylkesnes, og inneber ei utviding av dette bustadfeltet søraustover.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i delområda

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Barskog, open fastmark, ferskvatn, innmarksbeite, overflatedyrka mark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1/-2

	Området er ikkje ein del av nyare NiN-kartlegging av naturtypar, men kan ha potensiale for kystlynghei.	Området er relativt stort, og urørt i dag.	
Friluftsliv	Det er ingen registreringar knytt til friluftsliv innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar for registreringar, men området sin funksjon som nærturområde forsvinn ved ei utbygging	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspelet er i hovudsak ein del av landskapstypen Kystheiene, med landskapsverdi 2 – vanleg førekomande landskap. Den vestlege delen er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 – middels verdi. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspelet ligg i eit relativt flatt kystslettelandskap, utan store høgdeforskjellar. Områda nord og vest for innspelet er i stor grad utbygd. Ei utbygging i området vil ikkje medføre vesentlege landskapsmessige konsekvensar	-1/-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet overlappar 11,3 daa med innmarksbeite, og 1,6 daa med overflatedyrka jord	Ei utbygging i området vil medføre tap av dyrka mark.	-2
Teknisk infrastruktur	Det er ingen etablerte tiltak i innspelsområdet i dag, men det er etablerte bustadområde i tilgrensande område.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i overkant av 3 km frå kommunesenteret Svortland, og ligg mellom Svortland og lokalsenteret Finnås. Det er relativt kort veg til skule. Innspelet vil ikkje medverke til å byggje opp under sentera i kommunen. Det er etablerte bustadfelt tett på innspelet, og området vil såleis vera del av eit større bustadområde.		+1
Karbonrike areal	Det er noko karbonrike areal innanfor innspelet, barskog av middels bonitet og dyrka mark		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Ikkje relevant.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med strategien om nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra, strategien om å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging, eit strengt jordvern, strategien om å forhindre nedbygging av skog og strategien om å sikre grønt- og nærturområde.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum		

Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet vil ikkje vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje etablert veg inn i området. Trafikktryggleik må vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg tett på høgspentlinje i nordvest.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 3,2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	**-1**	**-1/-2**	**0**	**-2**	**0**	**+1**	**-1**	**x**

Området er urørt i dag, og ei utbygging vil medføre negative konsekvensar for fleire tema. Området ligg i tilknyting til eksisterande bustadfelt. Innspelet ligg på Gilje, relativt usentralt plassert med omsyn på senterstruktur i kommunen, og er i konflikt med fleire av dei kommunale arealstrategiane. Innspelet ligg tett på Gilje skule, og vil vera med på å bygge opp under skulekrinsen.
Det er generelt relativt god tilgang på ledig bustadareal i området, på bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, høgspent

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.7.6 Gilje 7a-7c, gnr/bnr 113/6 mfl. – Næring, naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Næring, bustad, naust, FFNF (i sjø)	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring Naust	
Arealstorleik planlagt arealbruk	7a: 18,4 daa (næring) 7b: 0,9 daa (naust) 7c: 4,7 daa (naust)
Skildring av området	Innspela ligg på Fylkesnes, i tilknyting til Fylkesnes Fisk sin base. Deler av næringsinnspelet ligg i område avsett til naust. Det er såleis lagt inn to innspel på naustområde i nærleiken, som kompensasjon.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert innanfor innspel 7a og 7b. Naturtypen bløtbunnsområder i strandsonen med verdi Viktig er registrert innanfor innspel 7c. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Open fastmark, bebygd, lauvskog, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Naturtypen bløtbunnsområder i strandsonen vil verte negativt påverka av tiltak innanfor innspel 7c.	7a: -1 7b: -1 7c: -2

Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor innspela. Mykje av strandsona innanfor innspel 7a og 7c er registrert som inngrepsnær (ikkje potensielt tilgjengeleg). Den vestlege delen av innspel 7a og innspel 7b er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, med varierande hellingsgrad.	Det er ingen registreringar i området, og strandsona i området er relativt utilgjengeleg, grunna nærleik til bustadhus og fritidsbustad. Konsekvensen for friluftsliv er såleis vurdert til å vera relativt låg.	0/-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspelet er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 – middels verdi. Innspela ligg på Fylkesnes, i eit område med einebustader og fritidsbygg. Landskapet er relativt flatt i området, men kupert langs sjøen. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging i områda vil medføre terrenginngrep i eit kupert kystlandskap. Det er allereie etablert eit anlegg i området i dag, og området er såleis påverka av tiltak og næringsaktivitet.	-2/-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspela. Det ligg fleire sefrak-registrerte bygg (grå kategori – ruin eller fjerna bygning) innanfor innspel 7a, og 4 sefrak -registrerte bygg (ruin eller fjerna bygg) i vågen mellom innspel 7b og 7c. Innspela overlappar med kulturminnerik strandsone	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspel 7a overlappar litt med lauvskog av varierande bonitet. Det er ikkje registrert marine ressursar i sjøområda.	Utbygging av næringsområdet vil medføre tap av noko lauvskog i nord.	7a: 0/-1 7b-c: 0
Teknisk infrastruktur	Området innanfor innspel 7a er i stor grad opparbeidd, og det er etablert infrastruktur og vegtilkomst. Innspela 7b og 7c ligg i nærleiken av område med etablerte tiltak, men har ikkje tilknytt infrastruktur og vegsamband.		7a: +2 7b-c: +1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i overkant av 3 km frå kommunesenteret Svortland, og ligg mellom Svortland og lokalsenteret Finnås. Innspelet vil ikkje medverke til å byggje opp under sentera i kommunen. Det er etablerte bustadområde og fritidsbustader i området.		0
Karbonrike areal	Det er registrert noko karbonrike areal innanfor innspel 7a (lauvskog av høg bonitet.)		7a: 0/-1 7b-c: 0
Næringsliv og sysselsetting	Ei utviding av næringsområdet vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting i området. 7b-c er tenkt som kompensasjon for at næringa tar i bruk område sett av til naust i gjeldande plan.		7a: +2 7b-c: +1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er næring og naust. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad.		

	Innspel 7c er i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og området ligg i tilknyting til eksisterande busetnad. Det bør presiserast at næringar som skal etablerast i området må vera næringar som treng å liggja til sjø. Innspela 7b og 7c er dels i tråd med strandsonerettleiaren, då føremålet er naust, men områda ligg ikkje i tilknyting til etablerte område.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære nærings-område, næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, og eigna sjøareal til marin næring.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, og er utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert veg fram til næringsområdet og til naustområdet 7c. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til trafikktryggleik i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje kjent at det er spesielle støyande verksemder i nærleiken av innspelet. Næringsverksemda innanfor innspelet kan potensielt medføre støy.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentlinjer tett på innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 3,2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0/-1	-2/-1	0	0/-1	+2	0	0/-1	+2
-1				0	+1		0	+1
-2				0	+1		0	+1

Innspelet er ei utviding av eksisterande næringsområde og nye naustareal som kompensasjon for at utvidinga vil ta noko av det avsette naustområdet. Det er fleire tiltak i området kring innspelet, både bustadhus, naust og fritidsbustader.
Ei utbygging i området vil vera negativt for mellom anna naturmangfald og landskapsomsyn. Dei positive verknadane er når det gjeld næringsliv og sysselsetting er relativt store.
Innspelet om næring er næring, bustad, naust og LNF i dag, mens innspelet til naustareal er LNF i dag. Det er ledig naustareal i området i dag
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, støy

Fagleg vurdering: Positiv for utviding av næringsføremål

Fagleg vurdering: Negativ for utviding av naust

4.7.7 Gilje 8a, b, gnr/bnr 113/11 mfl. – LNF spreidd, småbåtanlegg

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk LNF-spreidd bustad Småbåtanlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	8a: 29,3 daa (LNF-spreidd) 8b: 1,7 daa (småbåtanlegg)
Skildring av området	Innspelet ligg på Korsnes, på sørvestsida av Giljevatnet, nordaust for Korstjørna. Det ligg i dag einebustader, fritidsbustader, garasje/uthus, drivhus og løe.
Aktuelle problemstillingar	Innspelet ligg dels i strandsona. Det er etablert ein kanal mellom Giljevatnet og sjøen. Giljevatnet vert rekna som sjøområde, og kjem såleis inn under strandsonevurderingar. Overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i delområda.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er registrert purpurlyng (NT) og solblom (EN) innanfor innspelet Markslag: Barskog, lauvskog, bebygd, open fastmark, overflatedyrka jord	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-2/-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor innspelet. Innspela ligg dels i strandsona. Strandsona i området er i hovudsak registrert som ikkje tilgjengeleg i eit friluftslivperspektiv, pga nærleik til eksisterande busetnad.	Føremålsendring frå LNF til LNF-spreidd vil ikkje endre konsekvensen for friluftsliv vesentleg i området. Området er definert som inngrepsnært, med unntak av den sørvestlege delen av 100-metersbeltet.	-1

Landskap	Innspela ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspela er ein del av landskapstypen Kystheiene, med landskapsverdi 2 – vanleg førekomande landskap. Området består av spreidd busetnad. Det er relativt flatt i området. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Det er allereie etablert ein del bustader i området. Terrenget er relativt flatt, og ei vidare utbygging i området treng ikkje medføre store terrenginngrep.	-2/-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. To av dei eksisterande bygningane i området er sefrak-registrerte (gul kategori). Dette gjeld ein driftsbygning frå 1900-talet første kvartal, og bustadhus frå 1900-talet, fjerde kvartal.	Ei utbygging med fleire bustader i området vil ikkje medføre vesentlege konsekvensar for sefrak-registrerte bygg i området.	0/-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Overflatedyrka jord Barskog og lauvskog av middels bonitet.	Innspelet overlappar med overflatedyrka jord.	-2
Teknisk infrastruktur	Området er allereie dels bygd ut. Dette betyr at det truleg er god tilgang på infrastruktur, og det er allereie etablert veg til området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i eit område med nokre spreidde bustader, men relativt usentralt plassert i forhold til senter i kommunen.		0
Karbonrike areal	Det er registrert noko karbonrike areal innanfor innspelet (overflatedyrka mark og skog av middels bonitet).		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspela er i samsvar med SPR og rettleiaren då den legg til rette for bustad der det i nærområdet er bustadfelt. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad, og at felles bryggjer og naust bør prioriterast.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen. Innspela ligg tett på eksisterande bustader, og er ei naturleg vidareføring av dette i området.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, og er utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Det er etablert veg fram til området. Tilkomstvegen, Korsnesvegen, er smal, og det er ikkje etablert fortau i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentlinjer tett på innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 3,4 km frå innspelet i luftlinje.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2/-1	-1	-2/-1	0/-1	-2	+1	0	-1	x

Innspelet ligg i hovudsak i 100-metersbeltet mot sjø. Det er allereie etablert bygg relativt tett på sjøen/vatnet i området. Det bør ikkje tillatast nye bygg tettare på strandlinja enn eksisterande bygg; og eventuelle nye bustader må leggast utanom dyrka mark.
Eit eventuelt småbåtanlegg i området må vera tilgjengeleg for alle einingane i området.
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

Fagleg vurdering:
8a: Positiv tilråding
8b: Positiv tilråding til fellesanlegg til alle einingane i området.

4.7.8 Gilje 9a,-9h, gnr/bnr 114/1 – Diverse + 10a, gnr/bnr 114/4 - bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 9a-9g: Reguleringsplan R – 147 (2010) Bustad Støysone frå skytebane 9h: Naust, LNF 10a: LNF, LNF-S, støysone frå skytebane	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 9a: Friluftsområde 9b: Naust 9c: Friluftsområde 9d: Friluftsområde 9e: Naust 9f: Småbåtanlegg 9g: LNF spreidd busetnad 9h: Naust 10a: Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	9a: 0,9 daa (friluftsområde) 9b: 0,4 daa (naust) 9c: 0,4 daa (friluftsområde) 9d: 0,1 daa (friluftsområde)

	9e: 0,5 daa (naust) 9f: 1,2 daa (småbåtanlegg) 9g: 26,5 daa (LNF spreidd bustad) 9h: 1,4 daa (naust) 10a: 7,4 daa (bustad)
Skildring av området	Innspela ligg langs Giljevegen, i områda kring barneskulen. Fleire av innspela ligg i strandsona ned mot Giljevatnet. Det er spreidd busetnad i området. Det er ingen etablerte tiltak innanfor innspel 9a, 9b og 10a. Innanfor innspel 9c, d, e og f er det etablert naust med tilkomstveg og flytebrygge. På innspel 9g ligg det eit bustadhus, og innanfor innspel 9h ligg det to eksisterande naust. Innspela 9a – 9g er omfatta av reguleringsplan frå 2010. Denne planen vert oppheva i samband med revisjonen av kommuneplanen.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i delområda Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Barskog, innmarksbeite, fulldyrka jord	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og natur-mangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor innspela. Innspel 9a-h ligg heilt eller dels i strandsona. Den sjønære strandsona i området er i hovudsak registrert som potensielt tilgjengeleg, med varierande hellingsgrad.	Innspela i strandsona gir grunnlag for arealinngrep og endrar strandsona frå å vera eit naturområde til eit utbygd område	9a: 0 9b: -1 9c: 0 9d: 0 9e: -1 9f: -1 9g: -1/-2 9h: -1 10a: 0
Landskap	Innspela ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslette-landskap (NiN) Innspela er ein del av landskap-stypen Kystheiene, med landskaps-verdi 2 – vanleg førekomande landskap. Terrenget er småkupert i området, og arealet er i hovudsak skogkledd. Nærområdet består av spreidd busetnad og landbruksjord.Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspela 9a-9h ligg heilt eller dels i strandsona. Det er relativt kupert ved strandlinja i området og utbygging med fleire tiltak i området vil medføre relativt store terrenginngrep i dels urørt strandsone. Den nordlege delen av innspelet består av ein kolle, som strekk seg opp til om lag 40 m.o.h. Bustader i dette området vil anten medføre store terrenginngrep, eller at husa vert liggande svært eksponert i terrenget. Ei utbygging i område 10a vil ikkje medføre vesentlege	9a: 0 9b: -2 9c: 0 9d: 0 9e: -1/-2 9f: 0 9g: -2/-1 9h: -2/-1 10a: 0

		negative konsekvensar for landskap.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspel 9a – 9f og innspel 10a. Det ligg eit automatisk freda kulturminne frå eldre jernalder i den nordaustlege delen av innspel 9g, som er så vidt innanfor innspels-grensa. Det ligg fleire sefrak-registrerte bygg i områda kring innspela. Dei to nausta som ligg innanfor innspel 9h er sefrak-registrert (gul kategori	Innspel 9g overlappar så vidt med kulturminne, og innspel 9h har sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. For dei andre innspela er det ingen kjende konsekvensar som kjende kulturminne.	9a: 0 9b: 0 9c: 0 9d: 0 9e: 0 9f: 0 9g: -1 9h: -1/0 10a: 0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	9a: Lauvskog med høg bonitet 9b: Lauvskog med høg bonitet 9c: I hovudsak bebygd 9d: Sjø 9e: Bebygd/lauvskog med høg bonitet 9f: Sjø 9g: Skog med i hovudsak høg bonitet, innmarksbeite (4,5 daa), bebygd 9h: Barskog med høg bonitet, open fastmark, bebygd 10a: Barskog av høg bonitet, overlapp med innmarksbeite (1,3 daa) og fulldyrka mark (0,7 daa).	Innspel 9g og 10a overlappar med innmarksbeite og fulldyrka mark.	9a: 0 9b: 0 9c: 0 9d: 0 9e: 0 9f: 0 9g: -2 9h: -1 10a: -2
Teknisk infrastruktur	Områda kring innspela er dels bygd ut, og det bør vera god tilgang på infrastruktur i området. Det er ikkje vegtilkomst fram til naustområdet (innspel 9h).		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i eit område med spreidde bustader. Innspelet ligg eit stykke frå kommunesenteret Svortland, men tett på barneskulen på Gilje. Innspel 10a og deler av innspel 9g ligg innanfor støysone frå skytebane.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal innanfor innspela (høgbonitet skog og dyrka mark)		9a: -1 9b: -1 9c: 0 9d: 0 9e: 0 9f: 0 9g: -2 9h: -1 10a: -2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med dei kommunale strategiane om å forhindre nedbygging av skog, og å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging; eit strengt jordvern		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg heilt (9a, b, c, d, e, f, h) eller dels (9g, 10a) under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Nokre av innspela (9a, b, c, d, e, f, h) vil vera utsett for stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst til innspela. Tilkomstvegen er relativt smal, og det er ikkje etablert fortau i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela 9g og 10a ligg dels innanfor gul støysone rundt Giljevegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje inn i innspelet 9g.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2,8 km frå innspela.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	9a: 0	9a: 0	9a: 0	9a: 0	**+1**	**+1**	9a: 0	**x**
	9b: -1	9b: -2	9b: 0	9b: 0			9b: -1	
	9c: 0	9c: 0	9c: 0	9c: 0			9c: 0	
	9d: 0	9d: 0	9d: 0	9d: 0			9d: 0	
	9e: -1	9e: -1/-2	9e: 0	9e: 0			9e: 0	
	9f: -1	9f: 0	9f: 0	9f: 0			9f: 0	
	9g: -1/-2	9g: -2/-1	9g: -1	9g: -2			9g: -2	
	9h: -1	9h: -2/-1	9h: -1/0	9h: -1			9h: -1	
	10a: 0	10a: -1	10a: 0	10a: -2			10a: -2	

Innspela 9b, e, g og h er utbyggingsføremål som vil medføre negative konsekvensar, mellom anna med omsyn til strandsoneverdiar, og landskapsomsyn, samt konflikt med innmarksbeite (9g). Innspelet 10a er ikkje i vesentleg konflikt med registrerte tema, med unntak av naturressursar, då det er overlapp med innmarksbeite og fulldyrka mark. Det er generelt relativt god tilgang på ledig bustadareal i området.
På bakgrunn av desse vurderingane vert innspel 9g tilrådd justert i forhold til strandsone, dyrka mark og landskap. Innspel 10a er ei mindre utviding av eksisterande LNF-Spreidd område, og kan tilrådast, som LNF-spreidd. Utbyggingsføremåla i strandsona vert ikkje tilrådd, med unntak av innspel 9e og 9f, der føremåla kan leggast rundt eksisterande tiltak.
Innspela 9a, c og d er friluftsområde, og vil ikkje ha kjende negative konsekvensar. Innspela vert tilrådd som LNF-område.
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, støy, stråling frå høgspent, trafikktryggleik

Fagleg vurdering innspel 9a, 9c, 9d: Positiv tilråding som LNF-område

Fagleg vurdering 10a: Positiv som LNF-S

Fagleg vurdering innspel 9e, 9f: Positiv justert til eksisterande tiltak

Fagleg vurdering innspel 9g: Justert som bustadføremål i forhold til strandsone, dyrka mark og strandsone.

Fagleg vurdering 9b, g, h: Negativ tilråding

4.7.9 Gilje 9 i, j, gnr/bnr 114/1 – LNF-spreidd, Gilje 10b, gnr/bnr 114/4 – Bustad, Gilje 15, gnr/bnr 114/15 - Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Støysone skytebane (H220_1) Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn – reservevasskjelde (H110_8)	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk LNF – spreidd Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	9i: 3 daa (LNF-spreidd) 9j: 21,6 daa (LNF-spreidd) 10b: 8,7 daa (Bustad) 15: 10,8 daa (Bustad)
Skildring av området	Innspela ligg på Gilje, langs Giljevegen, i eit område med spreidde bustader. Det er ingen tiltak innanfor innspela.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i delområda

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: I hovudsak skog, noko overflatedyrka mark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor innspela	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspela ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspela er ein del av landskapstypen Kystheiene, med landskapsverdi 2 – vanleg førekomande landskap Terrenget er småkupert i området, og arealet er i hovudsak skogkledd. Nærområdet består av spreidd busetnad og landbruksjord. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspela ligg i eit småkupert landskap, med spreidd busetnad. Ei vidare utbygging i området vil ikkje ha vesentlege negativt landskapsmessige konsekvensar	-1

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	9i: Barskog 9j: Blandingsskog, lauvskog, barskog, open fastmark, litt myr i vestlege delen 10b: Barskog 15: Barskog; overlapp med overflatedyrka mark; 2,7 daa Det er ein metallregistrering i NGU sin database innanfor innspel 10b. Ressurstypen er registrert som basemetaller (Cu,Zn,Pb,Fe sulfider,As,Sb,Bi,Sn), ressursundertype sulfider. Skjerpet er skildra som ganske lite.	Utbygging i områda vil medføre tap av skog med til dels høg bonitet. Når det gjeld innspel 15 vil utbygging medføre tap av dyrka mark.	9i, 9j, 10b: -1/0 15: -2
Teknisk infrastruktur	Områda er ikkje bygd ut i dag, og det må leggast til rette med vegtilkomst og infrastruktur. Det er spreidd busetnad kring innspela og det er såleis truleg tilgang på infrastruktur i området. Innspel 9j ligg dels innanfor Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn – reservevasskjelde (H110_8).		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i eit område med spreidde bustader. Innspelet ligg relativt tett på barneskulen, men ikkje i tilknyting til eit av dei definerte sentera i kommunen. Innspela 9j, 10b og 15 ligg innanfor støysone frå skytebane.		0
Karbonrike areal	Innspel 9j overlappar litt i vest med myr. Det er elles registrert karbonrike areal i form av skog med høg bonitet og overflatedyrka mark.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med dei kommunale strategiane om å forhindre nedbygging av skog, og å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging; eit strengt jordvern		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela 10b og 15 ligg dels under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet 10b overlappar så vidt med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela er ikkje utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Tilkomst til områda må etablerast via Giljevegen/Ådnanesvegen. Vegen er relativt smal, og det er ikkje etablert fortau i området. Trafikktryggleik må utgreiast i samband med reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg dels innanfor gul støysone frå Giljevegen. Innspela ligg innanfor støysone frå skytebane.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Det går ikkje høgspentlinjer innanfor innspela.
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2,8 km frå innspela.


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	9i, 9j, 10b: -1/0 15: -2	0	0	-1	x

Innspela er ikkje i vesentleg konflikt med registreringar i området, med unntak av innspel 15, som overlappar med overflatedyrka mark. Innspela ligg dels innanfor støysone frå skytebanen. Områda er urørte i dag, og ligg relativt lite sentralt plassert med omsyn til senterstruktur i kommunen, i underkant av 3 km frå Svortland. Innspela vil vera positive med omsyn til å bygge opp under Gilje skulekrins.
Bruken av områda til bustad må sjåast i forhold til overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i delområda. Innspela 10b og 15 grensar til areal som allereie er avsett til bustad i gjeldande kommuneplan, men som ikkje er utbygd. Det er generelt relativt god tilgang på ledig bustadareal i området, på bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.
ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, støy, trafikktryggleik . Dels overlapp med sikringssone drikkevasskjelde

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.7.10 Gilje 11a, b, gnr/bnr 115/5 og 6 – Naust, LNF

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Naust	**Arealendring**
Planlagt arealbruk 11a: Naust 11b: LNF	
Arealstorleik planlagt arealbruk	11a: 0,5 daa - naust 11b: 0,7 daa - LNF
Skildring av området	Ønskje om å flytta naustområde på Ådnanes til ny plassering lenger nordaust; på grunn av at eksisterande naustområde ligg utsett til for vind og sjø.

Aktuelle problemstillingar	Strandsone Konsekvensvurderingane er gjort med omsyn på etablering av naustområde 11a.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: 11a: Lauvskog, open fastmark 11b: Lauvskog, overflatedyrka jord	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor innspela. Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet. Strandsona i området 11a er i hovudsak registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg. Strandsona innanfor innspel 11b er i hovudsak registrert som tilgjengeleg.	Innspela er i strandsona. Dei gir grunnlag for arealinngrep og endrar strandsona frå å vera eit naturområde til eit utbygd område. Strandsona innanfor innspel 11a er registrert som ikkje tilgjengeleg, på grunn av nærliggande einebustad.	-2/-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspelet er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 – middels verdi. Terrenget i området er småkupert. Det er spreidde naust og einebustader/ fritidsbygg i området. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Eksisterande naustområde (11b) ligg dels på eit nes (Notatangen), nord for området utbygd med naust. Området er utan tiltak i dag, og det er ikkje vegframføring til området. I området for nytt naustområde, 11a, står det nokre tufter frå tidlegare tiltak, og det er etablert tilkomstveg fram til området. Naustområde på område 11a vil medføre terrenginngrep i strandsona, men i mindre grad enn for eksisterande område, 11b.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspela. Innanfor innspel 11a er det ein sefrak-registrering (grå kategori – ruin eller fjerna objekt), knytt til den nordlege nausttufta.	Etablering av naustområde innanfor innspel 11a kan medføre negativ konsekvens for den sefrak-registrerte naust-tufta.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Lauvskog (impediment) 11b: Så vidt overlapp med overflatedyrka mark Det er registrert fiskeplassar for aktive og passive reiskap i sjøområda utanfor innspela.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Det er etablert vegsamband fram til innspel 11a. Det ligg ein einebustad i nærleiken, og det er truleg mogleg å kople seg til infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen. Det er spreidd busetnad og naustområde i nærområda.		0

Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet	0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	
Strandsone	Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om etablering av naust. Innspelet ligg ikkje i direkte tilknyting til eksisterande naustområde, men det er nokre nausttufter i området, og det er vegframføring til området.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med kommunale arealstrategiar.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegframføring fram til innspel 11a i dag.. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til Ådnanesvegen når det gjeld trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 4,5 km frå innspela.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	**-2/-1**	**-2**	**-1**	**0**	**+1**	**0**	**0**	**x**

Innspelet 11a ligg i strandsona, og ei utbygging i området vil ha negative konsekvensar, mellom anna for landskap og friluftsliv. Strandsona i området er ikkje registrert som potensielt tilgjengeleg, det er eldre tufter etter naust i området, og det er etablert vegtilkomst. Etablering av naustområde innanfor innspel 11a er vurdert som mindre konfliktfylt enn innspel 11b. Innspel 11a vert positivt tilrådd med føresetnad om at innspel 11b vert tilbakeført til LNF. Det må utarbeidast reguleringsplan for område 11a.
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: 11a: Positiv tilråding, med føresetnad om at innspel 11b vert tilbakeført til LNF.

4.7.11 Gilje 13a-c, gnr/bnr 118/2 – Massedeponi og Gilje 14, gnr/bnr 118/3 – Råstoffutvinning

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Nedslagsfelt drikkevatn (H110_9) – drikkevasskjelde og settefiskanlegg Råstoffutvinning, med bandlegging for regulering.	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Massedeponi Råstoffutvinning	
Arealstorleik planlagt arealbruk	13a: 133 da - steinuttak 13b: 49 daa – Anna bebyggelse og anlegg - massedeponi 13c: 50 daa – Anna bebyggelse og anlegg - massedeponi 14: 90 daa – råstoffutvinning
Skildring av området	Innspela ligg mellom Rubbestadneset og Finnås, langs Sakseidvegen. Innspela 13a og 14 ligg i tilknyting til eksisterande masseuttak. Dette området er sett av til råstoffutvinning i gjeldande kommuneplan.
Aktuelle problemstillingar	Store terrenginngrep, friluftområde, myr, jordvern Nedslagsfelt drikkevatn

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspel 14 overlappar med funksjonsområde for sandsvale (VU). Innspel 13c tangerer funksjonsområde – trekkområde for hjort i søraustlege del. Artar: Det er registrert øygardsmose (VU) innanfor innspel 13b, og musvåk innanfor innspel 13c. Det har ikkje vore gjennomført NiN-naturtypekartlegging i området, men det er truleg potensiale for kystlynghei i området.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	13a: -2 13b: -2 13c: -2 14: -1

	Markslag: 13a og b: Barskog av høg og middels bonitet, ferskvatn, myr, open fastmark 13c: Om lag 1 daa fulldyrka jord, barskog av høg bonitet, myr, ferskvatn 14: Barskog av høg om middels bonitet, open fastmark.		
Friluftsliv	Innspela 13a og 14 overlappar med det svært viktige friluftslivområdet Svortlandsmarka. Dette er skildra som eit område med enkle turar som passar for barn, eller lengre for vaksne. Merka løyper. Innspel 13c overlappar så vidt med det svært viktige friluftslivområdet Baståsen. Dette er skildra som ei ringsløype, dels langs gamle gongstiar, men også nyare traktorvegar.	Innspela 13a og c, og 14 er i konflikt med registrerte friluftsområder, men ikkje direkte konflikt med løypene i områda. 13b ligg i urørt område med nærheit til friluftsområda.	13a, 13c og 14: -2 13b: -1
Landskap	Innspel 13a, sørlege del av 13c og nordlege del av 14 ligg innanfor Slakt til småkupert ås- og fjellandskap under skoggrensen (NiN). Innspel 13b og sørlege del av 14 ligg innanfor Kystnært innlandsslettelandskap under skoggrensen med bebygde områder. Nordlege del av innspel 13 c ligg innanfor Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap. Alle innspela er ein del av landskapstypen Kystheiene, med landskapsverdi 2 – vanleg førekomande landskap Innspela ligg i eit småkupert, skog- og heilandskap, med lite nærliggande busetnad eller andre tiltak, med unntak av eksisterande masseuttak. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	13a og 14: Råstoffutvinning har generelt store konsekvensar for terrenget, og kan være store sår i landskapet. Her er det eit eksisterande uttak og sjølv om områda er synlege frå vegen så er terrenget slik at det ligg meir skjerma frå områda rundt. 13b og c: Innspela for deponi av massar omtaler dette som jorddeponi der massane skal brukast til å planere ut området og dyrke opp etter ferdigstilling. Dette vil føre til endra terreng.	13a: -2 13b: -1/-2 13c: -1/-2 14: -2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspela.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Barskog av middels og høg bonitet. Innspel 13c overlappar med om lag 1 daa fulldyrka mark. Innspel 14 overlappar med område registrert som pukkområde i pukkdatabasen til NGU.	Det vil være negative konsekvensar for dyrka jord for innspel 13c, men området skal tilbakeførast til landbruksareal etter deponering, som reduserer konsekvensen på lengre sikt. Det er positivt å opne for masseuttak for pukkområdet, då det legg til rette for at ressursen kan tas i bruk.	13a: 0 13b: 0 13c: -1 14: +1

Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i varierande grad i tilknyting til eksisterande industriområde/masseuttak. Innspel 13a og 14 vil naturleg bruke eksisterande tilkomst til masseuttaket. Det er også eksisterande avkøyrsler tett opp til 13 b og c.	13a og 14: +2 13b og c: +1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg mellom Rubbestadneset og Finnås.	-1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av myr, skog av høg bonitet og fulldyrka mark innanfor innspela.	-2
Næringsliv og sysselsetting	Etablering av massedeponi og råstoffutvinning i området kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting	+2
Strandsone	Ikkje relevant	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til bustader, næring og kultur (inkludert grøntareal) i planar. Innspela er ikkje i tråd med arealstrategiane om å forhindre nedbygging av skog, og å bevare viktige friluftsområde.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i hovudsak over marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ikkje verte utsett for påverknad knytt til stormflo eller havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil få tilkomst via Sakseidvegen. Det vil verta transport med store køyretøy i området, og trafikktryggleik må avklarast i samband med reguleringsplan.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela 13a og 14 overlappar med gul og raud støysone frå Sakseidvegen. Føremåla massedeponi og råstoffutvinning vil kunne generere ein del støy.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje gjennom innspel 13b og 13c		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 5 km frå innspela.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	**-2**	**-2**	**0**	**0**	**+2**	**-1**	**-2**	**+2**
-2	**-1**	**-1/-2**		**0**	**+2**			

-2	-2	-1/-2		-1	+1			
-1	-2	-2		+1	+1			

Innspela ligg ved dei einaste arealet som er avsett til masseuttaket i kommunen, det er positivt å fortsette der ein allereie har starta slik drift. Området ligg ikkje i umiddelbar nærleik til større utbyggingar men ligg ganske midt på Bømlo. Dette fører til at massane må transporterast til og frå utbyggingsområde, men utan at det blir store avstandar. Det må utarbeidast reguleringsplan for områda 13a og 14.
Tilrådinga er negativ for område 13c. For dei andre områda er tilrådinga å ta inn avgrensing justert for terreng, myr og artsregistrering. Det må utarbeidast reguleringsplan for områda.


ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent. Dels overlapp med sikringssone drikkevasskjelde. Dette må takast omsyn til i samband med reguleringsplan for områda.




Fagleg vurdering: Justert for 13a, 13b og 14

Fagleg vurdering: Negativ for 13c

4.8 Foldrøy



4.8.1 Foldrøy 1 og 5, gnr/bnr 29/2, LNF-spreidd bustad, bustad, naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 1a) Hamn 1b) Bustadføremål 1c) LNF og bustadføremål 5a) LNF 5b) LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 1a-b) naustføremål 1c) LNF-spreidd bustad 5a) bustad 5b) naustføremål Innspela omfattar 5 areal i Siggjarvågen; 2 føremål til bustad/ LNF-spreidd bustad og 3 areal til naust. Areala er endring av føremål eller utviding av føremål.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1a) om lag 1,2 dekar 1b) om lag 0,3 dekar 1c) om lag 142,9 dekar 5a) om lag 176 dekar 5b) om lag 5,1 dekar

Skildring av området	Innspela er i Siggjarvågen og er knytt til etablert busetnad og infrastruktur.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone. Innmark Utbygging i område med registrerte naturtypar. Utvikling av Siggjarvågen som bustadområde med skjerma hamn egna for naust og båtplassar. Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: To naturtypar innanfor innspel 1c), eller ikkje registrert. Naturtypane er regnskog i sør (B-verdi) og naturbeitemark i nord (B-verdi) Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Fleire registreringar innanfor naturtypane, og elles ikkje registrert Markslag: I hovudsak skog, men også bebygd, mindre teigar med innmark.	Innspel 1a er allereie planert og utfylt, og har lite verdi for naturmangfald i dag. Innspel 1b er eit mindre areal, og det vil ikkje vera vesentlege verknader ved ei utbygging for naturmangfald. Innspel 1c er i direkte konflikt med registrerte naturtypar. 5a er eit større naturområde. Innspel 5b er i område utan tiltak i dag. Innspela vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Innspela gir grunnlag for tiltak i strandsona. Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	1a: -1 1b: -1 1c: -3 5a: -2 5b: -2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Deler av alle innspela ligg i strandsona. Innspel 5b og deler av 1c lengst nordvest ligg i område som er definert som potensielt tilgjengeleg, elles er innspela del av inngrepsnær strandsone pga. etablerte tiltak og arealbruk. Deler av den tilgjengelege strandsona har bratt topografi.	Ingen kjende konsekvensar for kjente friluftsområde. For innspel 1a-b) vil ei føremålsendring medføre arealbeslag i strandsona. Areal nord for dagens bustad-føremål knytt til innspel 1c er i strandsona, men ligg på eit høgare høgde enn sjøområdet. Fleire bustadar i dette området kan auke privatiseringa av strandsona. Innspel 5a ligg i hovudsak utanfor strandsona, og privatiseringa vil vera avgrensa. Innspel 5b ligg i strandsona, men er for naustføremål og medføre eit direkte arealbeslag knytt til bygg og anlegg.	1a: -2 1b: -1 1c: -1 5a: 0 5b: -2

Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Alle er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspela ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela er knytt til etablerte busetnad i kring Siggjarvågen. Nærområda utan inngrep og er større og samanhengande natur-område. Terrenget er kupert og det er tydeleg lågare areal ved sjøen og busetnad høgare i området. Deler av innspela er i strandsona og areal i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Sjå 3D kart her.	Det er etablert busetnad og tiltak i området. Tidlegare ferjeleie er i nærleiken av 1a-b). Innspel 1a-vil opne for bygg, noko som hamneføremålet ikkje gjer. Arealet grenser til naust i sør. Innspel 1c) opnar for bustadbygg i høgare liggjande område sør for dagens busetnad, og areal i strandsona i nord. Sidan det er LNF-spreidd føremål vil utbygginga vera av eit avgrensa omfang. Området er stort og dels eksponert og høgt i terrenget. Nye tiltak i området vil gi negative verknadar for landskap. Innspel 5a) opnar for bustadbygging på eit høgare-liggjande område med god utsikt mot aust. Terrenget er dels kupert og det er potensial for store inngrep, silhuettverknad og dels vesentleg fjernverknad. Nye tiltak i området vil gi negative verknadar for landskap. Innspel 5b) opnar for naustbygg i innløpet til vågen i eit område utan tiltak i dag. Det vil krevje større terreng inngrep i strandsona	1a: -1/-2 1b: -1 1c: -2 5a: -2 5b: -2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspela. Innspel 1c grenser til område med fleire meldepliktige SEFRAK. Det er eit SEFRAK registrert bygg innanfor 5a, ikkje meldepliktig. Innspela ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert jordbruksareal innanfor innspela: 1b) heile innmarksbeite (status bustad i KPA) 1c) fulldyrka (del av ein teig, 0,5 daa), overflatedyrka (ein teig,13 daa) og innmarksbeite (to teigar samla 7,1 daa) 5a) fulldyrka (to teigar samla 6,6 daa), overflatedyrka (status bustad i KPA, to teigar samla 4,4 daa) og innmarksbeite (to teigar samla 6,4 daa. Nytt areal 18,6 daa). Skogsområda er klassifisert som barskog med låg bonitet (5a) eller høgbonitet og impediment (1c) og grunnlendte grunnforhold. Ingen fiskeriinteresser i sjøområda.	Innspela fjernar grunnlaget for jordbruk og ev. skogbruk. Dei omdisponerer nesten all innmark i Siggjarvågen.	1a: 0 1b: -1/-2 1c: -2/-3 5a: -2/-3 5b: 0
Teknisk infrastruktur og klima/energi	Det er etablert tilkomstveg til alle områda, med unntak av innspel 5b). Samstundes er det behov for større og nye infrastruktur særleg knytt il innspel		+1/0

	5a). Innspela ligg tett på bygd område, og det er såleis truleg enkel tilgang til annan infrastruktur i området. Fortetting av bustadar vil krevje lite for å etablere teknisk infrastruktur.	
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg ikkje tett på etablerte eller registrerte senter i kommunen. Dei ligg tett på annan busetnad i området. Innspela vil ikkje bygga opp under etablerte senter i kommunen, og det er relativt lang veg til skular og barnehagar. Innspela vil bygge opp under grenda Siggjarvågen.	0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal som høgbonitet skog og dyrka mark innanfor innspela.	-1/-2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	x
Strandsone	Innspela ligg heilt eller dels innanfor 100-metersbeltet, og legg til rette for naust og spreidd bustadbygging. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Strandsone-rettleiaren for Vestland fylke peikar på at for nye tiltak innanfor LNF-spreidd føremål må prinsipp frå SPR for plassering av tiltak og areal leggast til grunn, og at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er til dels i samsvar med SRP og rettleiaren då den legg til rette for bustad, spreidd bustadbygging og naust der det i nærområdet er spreidd utbygging. Bustadføremåla, 1c og 5a, er trekt noko frå sjø.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på gode og attraktive areal til bustader. Innspelet ligg tett på eksisterande bustader og naust, og er ei naturleg vidareføring av dette området. Ein er ikkje i tråd med mål om å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging, eit strengt jordvern og unngå nedbygging av matjord utan at tilsvarande areal blir erstatta, samt forhindre nedbygging av skog.	


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela 1a-b og 5b overlappar ikkje med aktsemdområde for skred Deler av 1c og 5a overlappar med aktsemdsområde for snøskred. 1c overlappar i tillegg med aktsemdsområde for jord- og flaum skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Heile eller deler av innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela 1a-b og 5a-b overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum. Deler av 1c overlappar med aktsemdsområde flaum, lengst i vest		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Areala 1a-b og 5b ligg tett på sjøen, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst til alle områda i dag, og med nyleg oppgradert tilkomst frå fylkesvegen, Bremnesvegen. Omfang av innspel 5a kan endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela. Det er private avløpsanlegg i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området. Tidlegare var Stokkabekkvegen hovudvegen til Svortland, men denne er no flytta til ny trase. Støyvarslingskart er basert på tidlegare trafikk forbi innspela. Deler av		

	5b ligg innanfor støysone, men det er vesentleg mindre trafikk på Stokkabekkvegen i dag. Ny støysituasjon må kartleggjast.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet 1c og 5a overlappar med høgspentlinje. Det kan ikkje byggast tett på linja.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 8,5 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
1a: -1	1a: -2	1a: -1/-2	0	1a: 0	+1/0	0	1a: 0	x
1b: -1	1b: -1	1b: -1		1b: -1/-2			1b: -1	
1c: -3	1c: -1	1c: -2		1c: -2/-3			1c: -2	
5a: -2	5a: 0	5a: -2		5a: -2/-3			5a: -2	
5b: -2	5b: -2	5b: -2		5b: 0			5b: 0	

- Innspel 1a: Innspelet er endring frå hamn til naustføremål. Verknadane av endringa er avgrensa både negativt og positivt. Innspelet er tilrådd med bakgrunn i naturleg utvikling av Siggjarvågen.
- Innspel 1b: Innspelet er endring frå bustad til naustføremål. Verknadane av endringa er avgrensa. Innspelet er tilrådd med bakgrunn i at arealet har ei naturleg tilknyting til naustføremålet heller enn bustadføremål.
- Innspel 1c: Innspelet er positivt med omsyn at det er utviding i område med eksisterande bustadar. Det er ein del store negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, landskap og omdisponering av innmarksareal. Innspelet er ikkje tilrådd med hovudvekt på jordbruk, landskap og naturmangfald.
- Innspel 5a: Innspelet er positivt med omsyn at det er utvikling av eit nytt område i Siggjarvågen med eksisterande bustadar. Det er ein del store negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, landskap og omdisponering av innmarksareal. Innspelet er tilrådd justert til eit område som er mindre i konflikt med jordbruk, landskap og naturmangfald. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.



- Innspel 5b: Innspelet er positivt med omsyn at det er utviding i område med eksisterande naust og tiltak ved sjøen. Det er ein del store negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til strandsona sin verdi knytt til naturmangfald og landskap, samt friluftsliv. Innspelet er ikkje tilrådd med hovudvekt på strandsoneverdiar.


Det må utarbeidast reguleringsplan for nye tiltak i området som innspel 1a og b er del av.
ROS-analyse: Skred, kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, støy, stråling frå høgspent

Fagleg vurdering innspel 1a og 1b: Positiv tilråding.

Fagleg vurdering innspel 5a: Justert tilråding

Fagleg vurdering innspel 1c og 5b: Negativ tilråding

4.8.2 Foldrøy 2 og 6, gnr/bnr 32/2, 3, 5, 6, 10, 14 og 15, Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad Innspelet omfattar tre areal med ønskje om bustadføremål	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2a) om lag 6,9 dekar 2b) om lag 1,7 dekar 6) om lag 13,2 dekar
Skildring av området	Areala er lokalisert på Bakken sør for Foldrøyhamn. Stokkabekkvegen går tett på areala. Areal 2a er i dag utan busetnad, medan areal 2b og 6 er område med etablerte bustadar. Det er noko spreidd jordbruksareal i området.
Aktuelle problemstillingar	Høgspentlinje Fortetting med bustadar i området med etablert infrastruktur som nye tiltak kan kople seg til. Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: I hovudsak skog, bebygd, samt mindre teigar med overflatedyrka jord	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Innspel 2b er utbygd, og ei endring i føremål vil ikkje medføre endring i konsekvens for naturmangfald.	2a: -1 2b: 0 6: -1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg utanfor strandsona.	Ingen kjende konsekvensar for kjente friluftsområde.	0

Landskap	Areala aust for Stokkabekkvegen er klassifisert som ope fjordlandskap med busetnad/infrastruktur og arealet i vest beskytta indre småkupert kystslette med tettstad. Alle er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspela ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela ligg utanfor strandsona, men med utsikt aust mot Stokksundet. Areala ligg i overkant av 40moh, og ikkje på dei høgaste toppane/kollene i området. Sjå 3D kart her.	Det er etablert busetnad i området. Fortetting på austsida og nye einingar på vestsida av Stokkabekkvegen vil ikkje medføre store inngrep, silhuett-verknad eller vesentleg fjernverknad. Områda nærmast som vert bygd på vert endra, men omfanget er liten.	2a: -1 2b: 0 6: 0
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. Det er nokre eldre bygningar aust for innspela, knytt til gardstun. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert overflatedyrka mark innanfor innspel 6 i søraust, ca. 2,2 dekar. Skogsområda er klassifisert som barskog med middels bonitet eller impediment og grunnlendte grunnforhold.	Innspela fjernar grunnlaget for jordbruk og ev. skogbruk. Den overflatedyrka marka er delt i to små teigar på om lag 1 daa kvar, midt mellom etablerte bustadar. Dei grensar ikkje til større samanhengande jordbruksområde. Driftsverdien er difor noko låg. Skogsteigen i vest er naturskog.	2a: 0 2b: 0 6: -2
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomstveg i området, med unntak av avkøyring til bustadområde vest for Stokkabekkvegen. Innspela ligg tett på bygd område, og det er såleis truleg enkel tilgang til annan infrastruktur i området. Fortetting av bustadar vil krevje lite for å etablere teknisk infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg tett på annan busetnad i området, og relativt tett på Foldrøy, ca. 1,3 km. Innspelet vil til ein viss grad bygge opp under Foldrøy med etablert grunnskule. Foldrøy er ikkje definert som eit lokalsenter i kommunen.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert noko karbonrike areal, i form av dyrka mark.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Ikkje relevant. Areala ligg utanfor 100-metersbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på gode og attraktive areal til bustader, og delvis nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum (herunder Foldrøy). Ein er ikkje i tråd med mål om å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging, eit strengt jordvern og unngå nedbygging av matjord utan at tilsvarande areal blir erstatta, samt forhindre nedbygging av skog.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg over marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekkeløp i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje aktuelt		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst til området i dag. Tidlegare var dette hovudvegen til Svortland, men denne er no flytta til ny trase. Det er såleis vesentleg mindre trafikk her, og den vert nytta som lokalveg. Det ikkje sannsynleg at innspela vil endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela. Det er private avløpsanlegg i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet. Tidlegare var Stokkabekkvegen hovudvegen til Svortland, men denne er no flytta til ny trase. Støyvarslingskart er basert på tidlegare trafikk forbi innspela. Det er vesentleg mindre trafikk forbi området i dag.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet i vest overlappar med høgspentlinje. Det kan ikkje byggast tett på linja.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 7,6 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
2a: -1	**0**	**2a: -1**	**0**	**2a: 0**	**+1**	**+1**	**-1**	**x**
2b: 0		**2b: 0**		**2b: 0**				
6: -1		**6: 0**		**6:-2**				

Innspelet er positivt med omsyn til nærleik til Foldrøy, samt at det er utviding i område med eksisterande bustadar. Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, landskap og omdisponering av innmarksareal.
Områda på nedsida av vegen, som allereie er heilt og dels utbygd vert tilrådd, som LNF-spreidd. Det nye området på oppsida av vegen (2a) vert ikkje tilrådd.
ROS-analyse: Stråling frå høgspent

Fagleg vurdering: Innspel 2b og 6: Positiv tilråding til LNF-spreidd

Fagleg vurdering innspel 2a: Negativ tilråding

4.8.3 Foldrøy 3, gnr/bnr 84/1, Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 7,3 dekar
Skildring av området	Areala er lokalisert ved Mækjevik og Stølshaugane aust for Foldrøy og vest for Innvær. Arealet grenser til Stokkabekkvegen. Arealet er i dag utan tiltak, men grenser til etablert bustadområde i aust og bustadføremål utan bustadar i vest.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: skog	Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspelet er trekt frå den nærmaste strandsona til sjøen. Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1/-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Ein mindre del av innspelet ligg i strandsona, nærmaste ca. 35 meter til sjøen. Vestre deler definert som potensielt tilgjengeleg strandsone, medan areal i aust er definert som inngrepsnært pga. eksisterande busetnad.	Ingen kjende konsekvensar for kjente friluftsområde. Arealet er ei utviding av bustadføremål mellom eksisterande og framtidig bustadføremål. Innspelet vil redusere potensielt tilgjengeleg strandsone. Det er avsett utbyggingsføremål på areala nærmast sjøen. Utvida utbyggingsføremål vil medføre ei auka grad av	-1

		arealbeslag og privatisering av strandsona i området, men innspelet er trekt frå nærmaste strandlinja.	
Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Ein del av innspelet er i strandsona, med eit landskap i som er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er ein del utbygging i områda i og kring areala i sør. Sjå 3D kart her.	Det er etablert busetnad som grenser til innspelet. Innspelet er ei utviding av bustadføremål i område. Arealet er trekt noko frå sjø, og deler av det er godt synleg frå sjø (toppar og søndre del som ligg høgare). Utbygging innanfor området vil ikkje skape silhuett-verknad, og vil ha avgrensa fjernverknad. Terrenget er kupert og utbygging vil medføre inngrep i naturområde. Området vil vera ei naturleg utviding av etablert bustadområde. Områda nærmast som vert bygd på vert endra, men omfanget er liten.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Området er klassifisert som skog, barskog med høg bonitet og jorddekt.	Innspelet fjernar grunnlaget for skogsdrift. Det er framtidig bustadføremål i aust som gjer at den smale stripa som innspelet er har avgrensa verdi i driftssamanheng.	-1
Teknisk infrastruktur og klima/energi	Arealet grenser til Stokkabekkvegen, men det er ikkje veg innanfor arealet. Innspelet ligg i nærleiken av bygd område, og det er såleis truleg enkel tilgang til annan infrastruktur i området. Endring av føremål og dei nye areala vil ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur. Det er registrert karbonrike areal i form av skog med høg bonitet innanfor innspelet.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området, og relativt tett på Foldrøy, ca. 2,5 km, med etablert grunnskule. Innspelet ligg relativt usentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av skog med høg bonitet innanfor innspelet.		-1/-2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		
Strandsone	Deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og legg til rette for bustadbygging. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er til dels i samsvar med SRP og rettleiaren då den legg til rette for bustad der det i nærområdet er spreidd utbygging. Bustadføremålet er trekt noko frå sjø.		

Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i tilknyting til etablerte bustadområde. Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på gode og attraktive areal til bustader, og delvis nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum (herunder Foldrøy). Ein er ikkje i tråd med mål om å forhindre nedbygging av skog.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekkeløp i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet går ikkje heilt ned til sjøkanten.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst, og vegen har greie sikttilhøve på strekninga, men et er ikkje etablert fortau i området. Trafikktryggleik må vurderast i samband med reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet. Det er private avløpsanlegg i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet. Deler av arealet ligg i gulstøysone frå Stokkabekkvegen. Tidlegare var Stokkabekkvegen hovudvegen til Svortland, men denne er no flytta til ny trase. Støyvarslingskart er basert på tidlegare trafikk forbi innspela. Det er vesentleg mindre trafikk forbi området i dag.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet i nord overlappar med høgspentlinje. Det kan ikkje byggast tett på linja.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i underkant av 5 km frå innspela i luftlinje.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	**-1**	**-1**	**0**	**-1**	**+1**	**0**	**-1/-2**	**x**

Innspelet er positivt med omsyn til nærleik til Foldrøy, samt at det er utviding i område med eksisterande bustadar. Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, landskap og skogsområde. I tillegg til at deler av innspelet ligg i strandsona. Innspelet er likevel tilrådd med bakgrunn i utviding av bustadføremål og at utbygging i området kan tilpassast terreng og strandsone. Det er ein føresetnad for positiv tilråding at det er behov for meir bustadareal i området. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, stråling frå høgspent, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Justert tilråding. Arealet må trekkast sør for høgspentlinje.

4.8.4 Foldrøy 4, gnr/bnr 84/3 og 13 mfl., Kombinert Fritid – Fritid/turisme og LNF

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 4a: Fritid 4b: LNF, bruk og vern av sjø og vassdrag 4c: LNF 4d: Fritid 4e: Fritid 4f: LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 4a) Kombinert føremål fritid / fritid/turisme 4b) Naust 4c) Kombinert føremål fritid/ fritid/turisme 4d) Kombinert føremål fritid/ fritid/turisme 4e) LNF 4f) Fritidsbustad Innspelet omfattar 6 areal i hovudsak med ønske om å endre føremål, samt eitt område for utviding av utbyggingsføremål som kompensasjon for funn av kulturminne innanfor 4e). Det er ønskeleg å sikre veg/VA som kan knyte saman 4a og 4d.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	4a) om lag 7 dekar 4b) om lag 1,1 dekar 4c) om lag 3,1 dekar 4d) om lag 25,4 dekar 4e) om lag 0,9 dekar 4f) om lag 1,4 daa
Skildring av området	Areala er lokalisert ved Mækjebakkvatnet aust for Foldrøy og vest for Innvær. Tilkomst er via Stokkabekkvegen og vidare Korsvegen Det er ei blanding av eksisterande bustadar og hytter innanfor delområde 4d), og etablert hytte innanfor innspel 4f, elles er areala utan tiltak. 4b) grenser til etablert naustområde.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Næring som i utleige gir potensial for inntekter og arbeidsplassar.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: I hovudsak skog, bebygd, samt mindre teig med	Ein stor del av innspela er i strandsona. Innspela 4a, 4b og 4c er utan tiltak i dag. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2

	innmarksbeite, fulldyrka mark, samt sjøområde	Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt.	
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Store deler av innspelet ligg i strandsona. Innspela 4a og 4b er i hovudsak registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone (SSB), og det er ikkje svært stor hellingsgrad på terrenget i området.	For innspela 4a og 4b vil utbygging i området medføre arealbeslag og privatisering i strandsona. Dette vil vera mest negativt for innspel 4a (fritid/næring), i noko mindre grad for innspel 4b. Innspel 4d er i stor grad utbygd, men deler av innspelet ligg i strandsona. Innspel 4c ligg ikkje i strandsona. Innspel 4f er bygd ut med fritidsbustad.	4a:-2/-3 4b: -1/-2 4c: 0 4d: -1 4e: +1 4f: 0
Landskap	Areala er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette med tettstad. Alle er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Store deler av innspelet er i strandsona, og tett på Mækjebekk-vatnet i sør med eit landskap i som er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er ein del utbygging i områda i og kring areala i sør. Sjå 3D kart her.	Det er etablert busetnad i området lengst sør. Utvida areal 4c) er trekt inn på land og utbygging vil ikkje vera synleg frå sjø. Nytt naustområde ligg inne i vågen, i eit område med etablert tiltak. Det er relativt flatt slik at det ikkje vil medføre store inngrep for å etablere naust og bryggjer. Det vil likevel vera terrenginngrep og tiltak i urørt strandsone. Ei utbygging med hytter på neset (innspel 4a) vil ligge eksponert til, og medføre relativt store landskapsmessige konsekvensar. Innspel 4f er allereie utbygd, og ei føremålsendring vil ikkje medføre endring i konsekvens.	4a:-2/-3 4b: -1/-2 4c: -1 4d: -1 4e: +1 4f: 0
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. Innanfor 4e) er det eit automatisk freda kulturminne frå steinalder , busetting-aktivitets-område (Mækjebakken). Eit bygg innanfor 4d) er meldepliktig (einebustad frå 1800-talet) Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne då innspel 4e) endrar føremålet frå fritid til LNF. Det er fritidsføremål knytt til areala kring det meldepliktige bygget i 4d). Endring frå fritid til fritid/næring har mindre betydning for bygget og kulturmiljøet.	4a: 0 4b: 0 4c: 0 4d: -1 4e: +2 4f: 0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert innmarksbeite og fulldyrka og overflatedyrka mark innanfor innspel 4c, d og e. Skogsområda er klassifisert som bar- og blandingsskog med høg bonitet eller impediment og grunnlendte grunnforhold.	For nokre av innspela vil ei utbygging/vidare utbygging medføre nedbygging av jordbruksareal.	4a: 0 4b: 0 4c: -1 4d: -1/-2 4e: +1 4f: 0

	Det er ikkje registrert fiskeriinteresser innanfor innspelet i sjø.		
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomstveg til områda lengst sør, medan det er ikkje veg fram til areala i nord. Innspela ligg i nærleiken av bygd område, og det er såleis truleg enkel tilgang til annan infrastruktur i området. Endring av føremål og dei nye areala vil ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er knytt til fritid og fritid/turisme (utleige). Det er fritidsføremål i nærområdet og hytter er såleis ikkje framand for området. Hytter og utleigehytter vil i seg sjølv ikkje bygge under stadutvikling. Innspelet ligg relativt usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av dyrka mark og skog av høg bonitet innanfor innspela.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Endring av føremål frå fritid til fritid/fritid/turisme (utleige) har eit potensial for næringsutvikling ved utleigedelen. Det er noko avgrensa verknader med omsyn til storleik på areala.		0/+
Strandsone	Deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritid - fritid/turisme og naust. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Rettleiaren presiserer også at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, og at ein bør vera tilbakehaldne med å legga til rette for ny fritidsbusetnad i strandsona. Vidare at berre den delen av næring/turisme som må liggje til sjø vert etablert der. Etablering av naust er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om område med eksisterande busetnad og næringstiltak som må liggje til sjø. Fritidsbustad er ikkje i tråd med strandsoneretteleiaren og SPR. Endringa frå fritid til fritid/turisme (utleige) er delvis tråd med rettleiaren då ein ved utleige gir grunnlag for at fleire kan ta i bruk bygga og strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i tilknyting til etablerte fritidsområde. Det ligg også andre naustområde i nærleiken. Innspelet ligg tett på etablerte tiltak, og fleire av areala er allereie vist som utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan. Automatisk freda kulturminne vert teke i vare som LNF-område.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekkeløp i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Areala ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst. Dersom det vert lagt til rette for fleire nye einingar i området må tilkomsten vurderast med omsyn til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela. Det er private avløpsanlegg i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**


	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet. Ikkje registrert støysone frå hovudveg inn på areala.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentlinje tett på innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 5 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	4a:-2/-3	4a:-2/-3	4a: 0	4a: 0	0	0	-1	0/+1
	4b: -1/-2	4b: -1/-2	4b: 0	4b: 0				
	4c: 0	4c: -1	4c: 0	4c: -1				
	4d: -1	4d: -1	4d: -1	4d: -1/-2				
	4e: +1	4e: +1	4e: +2	4e: +1				
	4f: 0	4f: 0	4f: 0	4f: 0				

Innspela er positive med omsyn til endring av føremål, næringsgrunnlag, samt at ein fjernar grunnlag for frigjering av automatisk freda kulturminne. Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald og landskap då dei nye utbyggingsføremåla er knytt til strandsona.
Deler av områda er avsett til utbyggingsføremål i KP2013. Dette er det lagt mindre vekt på i tilrådinga, fordi det er usikkerheit til om ein miljørevisjon knytt til strandsoneverdiar vil endra den opphavlege avgrensinga av arealføremålet. Dette gjeld særskilt innspel 4a, som er sett av til fritidsbustad i gjeldande kommuneplan, og der heile innspelet ligg i strandsona. KU ovanfor syner at innspelet har relativt store negative konsekvensar for strandsoneverdiar i området.

- Innspel 4a og 4b er utan tiltak i dag, og ligg i strandsona. Innspela vert ikkje tilrådd. Innspel 4a er fritidsbustad i gjeldande kommuneplan. Føremålet vert føreslått teke ut, forslag til byggegrense i området viser at det er i praksis ikkje mogleg å bygge i området.
- Innspela 4c, 4e og 4f vert positivt tilrådd. Innspel 4c ligg ikkje i strandsona, og er ikkje i vesentleg konflikt med registreringar i området. Innspel 4e er ei omdisponering til LNF for eit område med registrerte kulturminne. Innspel 4f er allereie utbygd med fritidsbustad. Det bør settast byggegrense i området som avgrensar ytterlegare utbygging i området.
- Innspel 4d er i stor grad utbygd. Innspelet vert tilrådd positivt, justert til eksisterande tiltak. Deler av innspelet, der det ikkje er tiltak i dag, vert endra til LNF.




ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

Fagleg vurdering innspel 4c, e og f: Positiv tilråding

Fagleg vurdering innspel 4d: Justert tilråding til eksisterande tiltak. Deler av innspelet vert endra til LNF.

Fagleg vurdering innspel 4a og 4b: Negativ tilråding

4.8.5 Foldrøy 7, gnr/bnr 29/2, Næring, kystfiske

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring Innspelet omfattar utviding av etablert næringsområde som er knytt til akvakultur. Innspelet er knytt til ønske om etablering av base for fiskeri med hamn og landområde for utstyr.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 6 dekar
Skildring av området	Areala er lokalisert i Stokkavika sør for Foldrøy. Tilkomst er frå fylkesveg Bremnesvegen og Idlestigen. Innspelet grenser til etablert næringsområde med kai og landbase for akvakultur.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Djupnetilhøve for ny hamn/kai.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: skog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Potensielt kaiareal og mogleg utdjuping for å få tilstrekkeleg djupne i ei skjerma vik. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og natur-mangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Strandsona i området er relativt bratt, tilkomstvegen går gjennom innspelet. Området er tilgjengeleg frå sjøsida. Arealet er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Store deler av denne har stor hellingsgrad (10 – 25 grader).	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Utvida utbyggingsføremål knytt til næring (kystfiske) vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området, men områda er relativt lite tilgjengelege i eit friluftsperspektiv i dag.	-1
Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng.	Det er etablert næringsverksemd nordvest for innspelet.	-1/-2

	Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet er i strandsona, i Stokkavika. Innspelet er inst i vika og det er etablert næringsareal i nordvest med landbase og kai. Elles er nærområda utan inngrep og er større og samanhengande natur-område. Areal i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Sjå 3D kart her.	Arealet er relativt bratt slik at det vil krevje ein del inngrep for å skape nytt brukbart areal. Fjernverknaden er noko avgrensa pga. arealet er skjult inne i vika. Områda nærmast som vert bygd på vert endra. Innspelet opnar for større terrenginngrep på land i strandsona i eit bratt terreng. Dette vil gi negative verknadar for landskap.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspelet. Det ligg eit automatisk freda kulturminne sør for innspelet (hustuft frå førreformatorisk tid). Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne. Innverknad på kjent kulturminne i sør vil vera avgrensa.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert jordbruks-areal eller fiskeriinteresser innan-for eller i nærleiken av innspelet. Arealet er klassifisert som barskog med høg og middels bonitet.	Innspelet fjernar grunnlag for skogbruk, men området er bratt og ulendt og ressursen er avgrensa.	0/-1
Teknisk infrastruktur og klima/energi	Innspelet ligg relativt lite sentralt plassert i kommunen, men sentralt med omsyn til fiskefelt/område. Det er etablert tilkomstveg til området. Innspelet ligg i nærleiken av bygd område, og det er såleis truleg enkel tilgang til annan infrastruktur i området.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen. Innspelet ligg relativt skjerma frå annan busetnad når det gjeld innsyn, og potensial for konflikt kring samlokalisering er lågt.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av skog med høg bonitet innanfor innspelet.		-1/-2
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for etablering av næringsareal knytt til fiskeri, og bygge opp under fiskeriet i kommunen.		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er næring (kystfiske, altså sjørelatert næring). Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og tiltaka er lokalisert i tilknyting til eksisterande næringsområde.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad-nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, eigna sjøareal til marin næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
	Liv og helse	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
Skred	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred. Føremålet opnar ikkje for varig eller lengre opphald.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekkeløp i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er etablert vegtilkomst. Det ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet. Det er ingen bustadområde tett på arealet. Ikkje registrert støysone frå hovudveg inn på arealet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje gjennom innspelet. Det er ikkje planlagt for føremål som opnar for varig opphald eller lengre opphald.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 9,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	**-1**	**-1/-2**	**0**	**0/-1**	**0**	**0**	**-1/-2**	**+1**

Innspelet er positivt med omsyn til at det gir moglegheit for utvikling av næringsføremål knytt til sjørelatert verksemd.
Det er ein del negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald og landskap då dei nye utbyggingsføremåla er knytt til strandsona. Innspelet er likevel tilrådd med bakgrunn at det er utviding av næringsføremål og arealet ligg skjerma og medfører ingen arealkonflikt med andre bruksområde.


ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, stråling frå høgspent.

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.9 Moster



4.9.1 Moster 2 – gnr/bnr 13/10 - Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 2 daa

Skildring av området	Innspelet ligg tett på etablert bustadområde. Forslagsstillar skriv at dette er ei naturleg fortetting av området med bustad. Arealet er utmarksareal som ikkje vert nytta til landbruksføremål. Veg og vatn ligg opp mot bustadtomta, slik at tilhøva ligg godt til rette for at parsellen kan verta ei eigna bustadtomt
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering knytt til bustadareal i kommunen og delområdet. Myr

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Blandingsskog, myr	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Nedbygging av myr er uheldig, mellom anna med omsyn til naturmangfald.	-1
Friluftsliv	Ingen registreringar	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet er ein del av Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse (NiN) Innspelet ligg innanfor landskapstype Vestlandets skogåser, og har landskapsverdi 4 – Stor verdi – landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng. Innspelet ligg mellom etablert bustadområde og landbruksområde. Det er relativt flatt terreng i området. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspelet grensar til etablerte bustadområde. Ei endring frå LNF til bustad vil ikkje gi vesentlege negative konsekvensar for landskap.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Innspelet ligg innanfor område registrert som kulturminnerik strandsone. Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert blandingsskog av høg bonitet og myr innanfor innspelet.	Ingen kjende, store konsekvensar for naturressursar	0/-1
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg tett på etablerte bustadområde, og har enkel tilgang til veg og annan infrastruktur.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på etablerte bustadområde, og det vil vera gode bukvalitetar i nærområdet. Det ligg relativt tett på Moster, som er kategorisert som eit lokalsenter i samfunnsdelen til kommuneplanen til Bømlo. Det er i overkant av 2 km avstand i luftlinje til Moster skule.		+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrikt areal i form av myr og skog med høg bonitet innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Ikkje relevant		

Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i eit område som allereie er tilrettelagt med infrastruktur, og relativt nært lokalsenteret Moster. Innspelet er i tråd med mellom anna arealstrategien om nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg over marin grense		
Flaum	Liv og helse	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ein mindre bekk i området, som det må takast omsyn til.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje tett på strandsona.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Totlandsvegen, som vert tilkomstveg til området, er relativt smal, og har ikkje fortau.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje kjente støykjelder i området kring innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy for omgjevnadane.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ein høgspentleidning fram til innspelsgrensa.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster (lokalstasjon), om lag 2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	**0**	**-1**	**0**	**0**	**+2**	**+2**	**-1**	**x**

Innspelet ligg tett på etablert bustadområde, og ligg gunstig plassert både i forhold til infrastruktur, nærmiljø og stadutvikling. Innspelet er i hovudsak ikkje i vesentleg konflikt med registreringar i området. Innspelet ligg i eit myrområde, og endring av føremålet vil medføre nedbygging av myr. Dette er uheldig, mellom anna i eit klimaperspektiv.

ROS-analyse: Høgspent, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.9.2 Moster 3, gnr/bnr 14/193 og 2 – Næring, kystfiske

Gjeldande arealbruk Naust LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring, kystfiske	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 0,4 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i Øyarvik, nordvest for Moster sentrum. Eigedomen gnr/bnr 14/193 ligg som naust i gjeldande kommuneplan, men bygget er godkjent som sjøsportsenter. Området er i bruk som base for fiskeri, og det er såleis ønskjeleg at føremålet vert endra til næring. Eigedomen gnr/bnr 14/2 vert også brukt til lagring av utstyr.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Artar: Det er registrert alke (VU) og mink (særs høg risiko på svartelista) like nord for innspelsområdet. Ingen registreringar innanfor innspelet. Markslag: Bebygd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Konsekvensen er vurdert til å vera uendra for naturmangfald, samanlikna med dagens situasjon.	0
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg i strandsona. Området er ikkje registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone (SSB).	Ingen kjende konsekvensar for friluftsliv, då området allereie er utbygd	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Landskapstypen innanfor innspelet er kategorisert som våg- og smalsundlandskap, med verdi 3	Ei endring av føremålet til å vera i tråd med faktisk bruk av området vil ikkje medføre konsekvensar for landskap i området.	0

	– middels verdi, vanleg førekomande i regional samanheng. Området er i all hovudsak utbygd med naust og planert område. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Innspelet ligg innanfor område definert som kulturminnerik strandsone. Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø, då området allereie er utbygd	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar innanfor eller i nærleiken av innspelet-	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Området er allereie utbygd og i bruk til fiskeri.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i eit område med naust og fritidsbustader. Føremålet med innspelet er å leggja betre til rette for næringsverksemda knytt til kystfiske som allereie er etablert i området. Bruken av området vil ikkje endrast vesentleg. Endring til næringsføremål kan likevel potensielt medføre meir støy, som kan vera sjenerande for nærliggande naust og fritidsbustadar		-2
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Næringsføremål i området vil vera med på å sikre vidare drift, vekst og utvikling for eigedomen, for bruk til kystfiske.		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust, kystfiske, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Strandsonerettleiaren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og tiltaka er lokalisert i tilknyting til eksisterande naust og kai.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, eigna sjøareal til marin næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense. Lausmassane i området er registrert som forvitringsmateriale.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor eller i nærleiken av aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		

Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje medføre vesentlege endringar i trafikkforhold, då området allereie er i bruk til føremålet i dag.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av høgspentlinjer.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Mosterhamn, i overkant av 2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
0	**0**	**0**	**0**	**0**	**+2**	**-2**	**0**	**+1**

Innspelet gjeld for tomt som er utbygd og brukt til næring. Bruken av området vil ikkje bli endra vesentleg. Innspelet blir tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.9.3 Moster 4, gnr/bnr 15/8 og 15/14 – og 11 (gnr/bnr 15/118) - Bustad

Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Moster 4: Om lag 4,2 daa

	Moster 11: Om lag 0,7 daa
Skildring av området	Forslagsstillar på gnr/bnr 15/8 (innspel 4) ønskjer deler av tomta til bustadføremål, då det er sett opp bustad på dispensasjon i LNF-føremålet. Forslagsstillar på gnr/bnr 15/118 (innnspel 11) ønskjer at heile tomta skal visast som bustad (i dag er halve tomta bustad og halve tomta LNF.
Aktuelle problemstillingar	Registrert naturmangfald

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Naturtypen Semi-naturlig eng med moderat tilstand og låg kvalitet ligg i den nordaustlege delen av innspel 4. Lokaliteten er registrert med stor verdi. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: 4: Bebygd, innmarksbeite 11: Lauvskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Innspel 4 overlappar med registrert naturtype, og vil medføre negative konsekvensar for denne.	4: -2 11:-1
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor innspela	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspela er ein del av Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse (NiN). Landskapstypen innanfor innspel 4 er kategorisert som våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 – middels verdi, vanleg førekomande i regional samanheng. Innspel 11 ligg dels innanfor denne, og dels innanfor landskapstypen Vestlandets skogåser, med landskapsverdi 4 – Stor verdi – landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng. Innspela ligg i eit område med bustader, i eit småkupert landskap.Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspel 4 er allereie dels utbygd, og ei utbygging innanfor innspel 11 vil ikkje ha store landskapsmessige konsekvensar.	4:0 11:-1
Kulturminne og kulturmiljø	Innspela ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone. Det er ikkje registrert kulturminne, andre kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspela.	Ingen kjende konsekvensar	0

Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert innmarksbeite innanfor innspel 4 og lauvskog (impediment) innanfor innspel 11. Eigedomen i innspel 4 er allereie utbygd.	Ei endring av føremål vil ikkje ha negative konsekvensar for naturressursar, då området er utbygd, og ikkje lenger er i bruk som innmarksbeite	0
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i tilknyting til eksisterande busetnad, og innspel 4 er allereie utbygd. Det er såleis truleg enkel tilgang til infrastruktur, og det er vegframføring til områda.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg tett på etablerte bustadområde. Det er relativt kort veg til Moster, som er definert som eit lokalsenter i kommunen. Det er om lag 1,5 km i luftlinje til Moster skule.		+2
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspela		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		0
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela ligg i tilknyting til eksisterande busetnad, eller er allereie utbygd. Ei endring av føremål vil ikkje ha store konsekvensar når det gjeld samfunnsnytte og berekraft.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred i området.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i all hovudsak over marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Endring av føremål vil kunne medføre ein ekstra bustad i området. Dette vil ikkje medføre vesentlege endringar i trafikktryggleik i området, men tilkomstvegane er smale, og har ikkje etablert fortau.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje kjente støykjelder i området kring innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy for omgjevnadane.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer innanfor eller tett på innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Mosterhamn, om lag 1,5 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
4: -2	**0**	**4: 0**	**0**	**0**	**+2**	**+2**	**0**	**x**
11: -1		**11: -1**						

Innspela ligg i tilknyting til eksisterande bustadområde, og innspel 4 er utbygd. Det er i hovudsak ikkje vesentlege negative konsekvensar ved ei endring av arealføremål. Innspel 4 bør justerast slik at naturtypen framleis vert liggande i LNF-føremålet. ROS-analyse: Trafikktryggleik
Fagleg vurdering innspel 4: Justert tilråding, til utanfor registrert naturtype
Fagleg vurdering innspel 11: Positiv tilråding

4.9.4 Moster 5a, 5b (gnr/bnr 19/2 og 97) og Moster 6 (gnr/bnr 19/4) - Bustad

Gjeldande arealbruk LNF Bustad	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Moster 5a: 4,2 daa Moster 5b: 4,8 daa Moster 6: 24,3 daa
Skildring av området	Bustadområde på Grønås på Moster. Ønskje om bustadføremål på ein del areal som ligg som LNF i dag, men med bustadføremål i områda rundt.
Aktuelle problemstillingar	

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: 5a: Ikkje registrert 5b: Overlappar med naturtypen hule eiker, høg kvalitet, moderat tilstand og svært stor verdi 6: Overlappar med følgjande naturtypar:	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	5a: -1

	• Hagemark, svært høg kvalitet, svært stor verdi • Hagemark, moderat kvalitet og stor verdi • Hagemark, låg kvalitet og stor verdi • Hule eiker, høg kvalitet, svært stor verdi • Naturbeitemark, svært høg kvalitet, svært stor verdi Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: 5a: Fulldyrka jord, skog 5b: Bebygd, samfersel, open fastmark 6:Innmarksbeite, overflatedyrka jord, fulldyrka jord, samferdsel, bebygd		5b: -1 6: -2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspela.	Ingen kjende konsekvensar for friluftsliv, då området allereie er utbygd eller landbruksareal.	0
Landskap	Innspela ligg innanfor landskapstypen «vestlandets skogsåser», registrert med verdi 4 – stor verdi, landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng.	Det ligg bustadhus i områda kring innspela. Landskapstypen gjeld for store delar av Moster og er omtalt til å blant anna omhandle bustadområder og vidare utbygging vil endre landskapet i liten grad. Ei vidare utbygging i området vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap, då det er relativt flatt i området, og ei vidare utbygging vil ikkje krevje store terrenginngrep.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Innspela ligg innanfor område registrert som kulturminnerik strandsone. Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller tett på innspela Det ligg 3 SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet Moster 6 (to i raud kategori, eitt i grå kategori)	Tiltaka har ingen kjende konsekvens for registrerte kulturminneinteresser i området.	0/-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Moster 5a: Overlapp med fulldyrka jord, 3,9 daa Moster 6: Overlapp med innmarksbeite: 15,7 daa Overlapp med overflatedyrka mark: 1,5 daa Overlapp med fulldyrka mark: 3 daa	Det vil være negative konsekvensar for dyrka jord ved utbygging av innspel 5a og 6. Det vil være negative konsekvensar for innmarksbeite ved utbygging av innspel 6. Ingen kjende konsekvensar for 5b.	5a: -2 5b: 0 6: -2
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg dels innanfor og dels tett på etablerte bustadområde.		+2/+3

Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg relativt tett på Moster, som er kategorisert som eit lokalsenter i samfunnsdelen til kommuneplanen til Bømlo. Det er om lag 1,5 km i luftlinje til Moster skule.	+2/+3
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av dyrka mark innanfor innspela	-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	0
Strandsone	Ikkje relevant	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i eit område som allereie er tilrettelagt med infrastruktur, og relativt nært lokalsenteret Moster. Innspelet er i tråd med mellom anna arealstrategien om nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor eller tett på innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje bekkar innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje i strandsona.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegframføring til områda, men tilkomstvegen er smal, og har ikkje fortau.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje kjent at det er støyande verksemder i nærleiken.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ein høgspentleidning på sørsida av innspela. Næraste avstand frå denne til innspelsgrensene er om lag 75 meter.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, tett på innspela.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-2	0/-1	-2	+2/+3	+2/+3	-1	0
-1				0				
-2				-2				


For område 5b er det i dag utbygd med lager og kontor til næringsdrift. Endring av området til bustad har lite negative konsekvensar og er sentrumsnært. Innspelet vert tilrådd. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.
5a og 6 er i dag i stort sett landbruksareal, og utbygging vil få negative konsekvensar for blant anna naturmangfald, landskap og naturresursar. Innspela vert ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Positiv tilråding til 5b

Fagleg vurdering: Negativ tilråding til 5a og 6

4.9.5 Moster 7, gnr/bnr 25/9 – Fritid/turisme

Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Fritid/turisme	
Arealstorleik planlagt arealbruk	12,4 daa
Skildring av området	Tunet på «Nerheim» består av Serinahuset, låve, uthus og 3 småbygningar. Tunet er påbegynt renovert i samarbeid med Sunnhordland museum og med støtte frå Kulturminnefondet. Det er ønskjeleg å bygge opp eit gardsmuseumskonsept med fokus på historia og liva til dei som budde der. I tilknyting til Serinatunet er det ønskjeleg å etablere utleigeeiningar.
Aktuelle problemstillingar	Kulturminne Dyrka mark

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar så vidt med naturtypen naturbeitemark av låg kvalitet. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ingen registreringar innanfor innspelet. Bustsivaks (EN) er registrert like utanfor innspelet. Markslag: Skog, bebygd, innmarksbeite, fulldyrka jord	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte område innanfor eller like i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapstypen middels breie fjordløp, med registrert verdi 3, middels verdi – vanleg førekomande i regional samanheng og/eller over gjennomsnittet lokalt.	Ei utbygging i området vil ikkje medføre store landskapsmessige konsekvensar.	-1

Kulturminne og kulturmiljø	Det ligg to automatisk freda kulturminne innanfor innspelet. Dette er buplass frå eldre steinalder, og aktivitetsområde frå yngre steinalder. Det er ikkje SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet Innspelet ligg innanfor område registrert som kulturminnerik strandsone.	Dei automatisk freda kulturminna vert direkte råka ved ei utbygging i området.	-3
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Overlapp med fulldyrka jord (stor verdi): 5,5 daa Overlapp med innmarksbeite (middels verdi): 0,6 daa	Ei utbygging i området vil medføre nedbygging av dyrka mark av stor og middels verdi	-3
Teknisk infrastruktur	Det må etablerast tilkomstveg til området. Det ligg bustader i nærleiken, og det er truleg relativt enkelt å kople seg til teknisk infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Ei etablering av fritid- og turistføremål i området vil vera positivt for Spissøy. Ei etablering i området vil ikkje vera med på å bygge opp under etablerte senter i kommunen.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av dyrka mark og skog av høg bonitet innanfor innspelet.		-2
Næringsliv og sysselsetting	Ei etablering knytt til fritid/turisme i området vil kunne medverke positivt med omsyn til arbeidsplassar og sysselsetting i kommunen.		+1
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i konflikt med dei kommunale arealstrategiane om å forhindre nedbygging av kulturminne og kulturmiljø, og å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging/unngå nedbygging av matjord utan at tilsvarande areal vert erstatta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er registrert eit par mindre bekkar i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje i strandsona.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det må etablerast vegframføring til området. Tilkomstvegen er smal, og har ikkje etablert fortau i dag.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje kjend at det er støyande verksemder i nærleiken. Utbygging av området til fritid/turisme vil ikkje medføre støy i området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, om lag 2,7 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	-3	-3	+1	0	-2	+1

Innspelet vil medføre vesentlege negative konsekvensar for kulturminne og naturressursar.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Negativ tilråding,

4.9.6 Moster 8, gnr/bnr 28/1 - LNF

Gjeldande arealbruk Bustad, med krav om reguleringsplan	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk LNF	
Arealstorleik planlagt arealbruk	103,7 daa
Skildring av området	Ønskje om å tilbakeføre området til LNF, og bruke det til vinterbeite til sau.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering knytt til bustadareal i kommunen og delområdet.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert	Endring til LNF- og beiteområde vil vera positivt for naturmangfald i området .	+3

	Artar: Ingen registreringar innanfor innspelet. Bjørkefink er registrert like utanfor innspelet Markslag: Relativt store myrområde, barskog, bebygd, samferdsel, vatn (Sundatjørna).		
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapstypen «Vestlandets skogsåser», og er verdisett til verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng.	Ei endring til LNF vil vera positivt for landskap.	+3
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. Det meste av innspelet ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Relativt store myrområde Barskog av høg bonitet Vatn	Ein endring til LNF- og beiteområde vil vera positivt for naturressursar	+2
Teknisk infrastruktur	Ikkje relevant		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje tett på etablerte senter i kommunen, og ei endring til LNF-føremål vil ikkje ha kjende konsekvensar for nærmiljø eller stadutvikling.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av myr og skog av høg bonitet i området		+2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med kommunale arealstrategiar om å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging/eit strengt jordvern.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Innsatstid brann	Ikkje relevant		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
+3	0	+3	0	+2	0	0	+2	x

Det er mykje ledig bustadareal i kommunen, og i dette delområdet. Ei endring av føremål frå bustad til LNF vil ha utelukkande positive konsekvensar.

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.9.7 Moster 10a – 10b, gnr/bnr 14/137 – Fritidsbustad, naust

Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Fritidsbustad Naust	
Arealstorleik planlagt arealbruk	10a: 2,7 daa (naust) 10b: 14,9 daa (fritidsbustad)
Skildring av området	Innspelet ligg på Grindheimsneset, vest-nordvest for Mosterhamn. Det er eit urørt område i dag, det ligg nokre fritidsbygg på austsida av vågen, og sør for innspelsområdet, ved Grindheimvågen. Det er vegframføring til området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Urørt område

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med naturtypen gammel fattig sumpskog. Tilstanden på naturtypen er vurdert til å vera god, naturmangfaldet er sett til å vera moderat, og det er registrert stor verdi på lokaliteten. I pollen søraust for innspelet er naturtypane strandeng (moderat kvalitet), gamal lågurtospeskog (høg kvalitet) og pollar (lokalt viktig) registrert. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ingen artar registrert innanfor innspelet Markslag: Barskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Naturtypen gammel fattig sumpskog vil verte negativt påverka av tiltak innanfor innspel 10b.	10a: -1 10b: -1/-2
Friluftsliv	Det er registrert ein kyststi/fotrute (Grindesmarka – Mosterhamn) som går gjennom innspelet, langs vegen og langs sjøen gjennom innspelet. Store deler av innspelet ligg i strandsona, definert som urørt strandsone (SSB). Hellingsgrada innanfor innspelet frå liten (< 3 grader) til stor helling (10-25 grader).	Utbygging vil være i konflikt med turstien i området og vil bygge ned og privatisere urørt strandsone på eit heilt nytt område.	10a: -2 10b: -2
Landskap	Landskapstypen i området er definert som våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 (middels verdi – vanleg førekomande i regional samanheng og/eller over gjennomsnittet lokalt).	Innspelet er i dag naturområde. Det er kupert terreng, men med små høgdeforskjellar. Nye tiltak vil vera synleg for dei nære områda på land og frå sjø. Etablering av tiltaka vil medføre terrenginngrep i strandsona.	10a: -1 10b: -1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet er ein del av definert kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Heile arealet er registrert som barskog av høg bonitet.	Utbygging i området vil medføre tap av skog av høg bonitet.	0/-1
Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til området, men truleg lite tilrettelagt med annan infrastruktur, då det er eit naturområde i dag.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje tett på etablerte senter i kommunen. Ligg samtidig midt mellom skuleområde og sentrum og blir brukt som turområde.		-1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av barskog med høg bonitet i området.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		0

Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritidsbustad og naust. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet om fritidsbustad er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for hytter i strandsona. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet ligg ikkje i tilknyting til eksisterande naustområde, og er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekker eller elveløp innanfor innspelet		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Tilkomst til området vil vera via Jektanesvegen og Steinshaugvegen. Vegane er smale, og har ikkje etablert fortau.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje kjend at det er støyande verksemder i nærleiken. Etablering av fritidsbustader og naust vil ikkje medføre støy i området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentleidningar tett på innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, om lag 2,2 km frå innspelet i luftlinje.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-1	0	0/-1	0	-1	-1	0
-1/-2	-2	-1						

Dette er eit urørt område midt i eit område med turstier. Utbygging vil få negative konsekvensar for mange at dei vurderte temaa. Tilrådinga er negativ for området.
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.9.8 Moster 12, gnr./bnr. 16/6 og Moster 13, gnr./bnr. 17/29 – Bustad

Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Moster 12: 0,7 daa Moster 13: 1,5 daa
Skildring av området	Innspela ligg på Skimmeland, i eit område med ein del bustader. Begge innspela er utbygd med einebustader.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspel 13 grensar til naturtypen naturbeitemark (NiN), med låg kvalitet og dårleg tilstand. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Framandarten bulkemispel (svært høy risiko) veks like utanfor innspel 13. Markslag: Bebygd	Areala er allereie utbygd, og ei endring av føremål vil ikkje medføre endringar i konsekvens for naturmangfald.	0
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor eller i nærleiken av innspela.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Landskap	Innspela er ein del av Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse (NiN). Landskapstypen innanfor innspela er Vestlandets skogåser, med landskapsverdi 4 – Stor verdi – landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Areala er allereie utbygd, og ei endring av føremål vil ikkje medføre endringar i konsekvens for landskap.	0

Kulturminne og kulturmiljø	Det er to sefrak-registrerte bygg innanfor innspel 12 (gul kategori). Innspel 13 overlappar så vidt med automatisk freda kulturminne (bautastein frå jernalderen). Innspela ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	Ei endring i føremål vil ikkje medføre negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ein mindre del langs kanten på innspel 13 er registrert som innmarksbeite. Det er ikkje registrert andre naturressursar innanfor innspela.	Ei endring av føremål vil ikkje medføre negative konsekvensar for naturressursar i området.	0
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i tilknyting til eksisterande busetnad, og er allereie utbygd. Det er såleis truleg enkel tilgang til infrastruktur, og det er vegframføring til områda.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg tett på etablerte bustadområde. Det er relativt kort veg til Moster, som er definert som eit lokalsenter i kommunen. Det er om lag 1,5 km i luftlinje til Moster skule.		+2
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspela		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Ikkje relevant, då innspela allereie er utbygd		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela er ikkje utsett for stormflo eller havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Endring av føremål vil ikkje medføre endringar i trafikktryggleik i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 12 ligg innanfor gul støysone frå Grindheimsvegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentlinjer i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Mosterhamn, 8-900 meter frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
0	**0**	**0**	**0**	**0**	**+2**	**+2**	**0**	**x**

Innspela er allereie bygd ut med bustader, og ei endring av føremål vil ikkje medføre endring i konsekvens for nokon av temaa. ROS-analyse: Kvikkleire, støy
Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.9.9 Moster 14, gnr/bnr 25/11, 12, 103, 112 LNF spreidd bustad

Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk LNF – spreidd bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 8,5 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Spissøy, i eit område med ein del spreidd bustadbygging.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering knytt til bustadareal i kommunen og delområdet. Dyrka mark

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med naturtypen naturbeitemark. Lokalitetskvaliteten er vurdert til å vera låg, men naturmangfaldet i området er vurdert til å vera moderat, og lokaliteten er registrert med stor verdi Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert innanfor innspelet	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Innspelet er i konflikt med naturtypen naturbeitemark	-2

	Markslag: Lauvskog, innmarksbeite, overflatedyrka jord, open fastmark		
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapstypen middels breie fjordløp, med registrert verdi 3, middels verdi – vanleg førekomande i regional samanheng og/eller over gjennomsnittet lokalt	Ei utbygging i området vil ikkje medføre store landskapsmessige konsekvensar. Det er allereie spreidd busetnad i nærområdet.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg innanfor område registrert som kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Overlapp med innmarksbeite av middels verdi; 4,7 daa Overlapp med overflatedyrka mark av middels verdi; 1 daa	Innspelet er i konflikt med dyrka mark (innmarksbeite og overflatedyrka mark)	-2/-3
Teknisk infrastruktur	Det må etablerast tilkomstveg til området. Det ligg bustader i nærleiken, og det er truleg relativt enkelt å kople seg til teknisk infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Ei endring til LNF-spreidd kan vera med på å auke folketalet på Spissøy. Ei etablering i området vil ikkje vera med på å bygge opp under etablerte senter i kommunen. Det er relativt lang veg til Moster skule, som er næraste grunnskule til innspelet.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av skog av høg bonitet og dyrka mark innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i eit område der det allereie er etablert spreidde bustader, men ligg relativt lite sentralt plassert på Bømlo. Innspelet er ikkje i tråd med kommunale arealstrategiar om å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging; eit strengt jordvern.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det meste av innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje bekkeløp eller elver innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje i strandsona.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Tilkomst til området vil vera via Betlehemsvegen. Vegen er smal, og det er ikkje etablert fortau i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje kjend at det er støyande verksemder i nærleiken. Etablering av bustader vil ikkje medføre støy i området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentleidningar i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, om lag 2,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	0	-1	0	-2/-3	+1	0	-1	x

Innspelet vil medføre negative konsekvensar for naturmangfald og naturressursar.
Innspelet grensar til eit større område avsett til LNF-spreidd. Det er uklårt om det framleis er ledige areal til bustad innanfor dette området. Tilrådinga kan eventuelt tilpassast behovsvurderingar for bustad.

ROS-analyse: Kvikkleire

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.9.10 Moster 15, gnr./bnr. 13/15 – Bustad

Gjeldande arealbruk LNF LNF-spreidd	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 37 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Totland, sør for eksisterande bustadområde. Det ligg ein bustad innanfor innspelet i dag, innanfor området sett av til LNF-spreidd.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering knytt til bustadareal i kommunen og delområdet.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med naturtypane kystlynghei med svært låg kvalitet og middels verdi, naturbeitemark med låg kvalitet og stor verdi, og hule eiker med høg kvalitet og svært stor verdi Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Fagerrogn (NT) og framandarten sitkagran (svært høg risiko) er registrert innanfor innspelet. Markslag: Open fastmark, barskog, bebygd, innmarksbeite, overflatedyrka jord, fulldyrka jord, ferskvatn.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er registrert fleire naturtypar innanfor innspelet, som vil verte påverka av ei føremålsendring.	-2
Friluftsliv	Det går ein sti gjennom innspelet, registrert som kyststi; Totlandsskogen – Mosterhamn. Ein mindre del av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Deler av dette arealet er registrert som potensielt tilgjengeleg i friluftsperspektiv	Ei utbygging i området vil medføre negative konsekvensar for registrert kyststi, og dels for allmenn ferdsel i strandsona.	-1
Landskap	Innspelet er ein del av Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse (NiN). Innspelet ligg i hovudsak innanfor landskapstype Brede fjordløp og fjordmøter, med verdi 3 – middels verdi. Landskapet er småkupert lyngheilandskap, og arealet ligg i tilknyting til eksisterande utbygd bustadområde, med noko dyrka mark. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging i området vil ikkje medføre vesentlege negative landskapsmessige konsekvensar, då terrenget er relativt flatt i området, og innspelet ligg i tilknyting til utbygde areal. Det vil likevel vera ei nedbygging av urørte område, relativt tett på 100-metersbeltet.	-1/-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor område registrert som kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert innmarksbeite samt overflatedyrka og fulldyrka jord i den nordlege delen av innspelet.	Ei utbygging i området vil medføre nedbygging av dyrka mark	-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i nærleiken av utbygde område, og det er truleg mogleg å kopla seg på eksisterande infrastruktur relativt enkelt.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknyting til eksisterande busetnad. Innspelet ligg i underkant av 2 km frå Moster i luftlinje. Moster er definert som eit		+1

	lokalsenter i kommunen. Det er om lag 2,5 km i luftlinje til Moster skule, som er næraste grunnskule.	
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av dyrka mark innanfor innspelet.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	
Strandsone	Ein mindre del av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø. Strandsoneretteleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren. Det må likevel presiserast at det berre er ein mindre del av innspelet som ligg i strandsona.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde. Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Trafikktryggleik må avklarast som ein del av reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar så vidt med gul støysone frå Totlandsvegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentlinjer innanfor eller tett på innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, i underkant av 2 km frå innspelet i luftlinje		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	**-1**	**-1/-2**	**0**	**-2**	**+1**	**+1**	**-1**	**x**

Innspelet er i vesentleg konflikt med naturmangfald og naturressursar, og vert ikkje tilrådd.
ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy

Fagleg vurdering: Negativ tilråding.

4.9.11 Moster 16 og 17, gnr./bnr. 27/4 – Fritidsbustad og bustad

Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Fritidsbustad Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Innspel 16 (fritidsbustad): Om lag 9,9 daa Innspel 17 (bustad): Om lag 67,4 daa
Skildring av området	Innspela ligg ved Gassasundet, like ved Spissøybrua. Området er ubygd i dag, med unntak av ein fritidsbustad, som ligg ved sjøen i den sørlege delen av innspel 16. Det er ikkje vegtilkomst til denne.
Aktuelle problemstillingar	Urørt område Strandsone Overordna behovsvurdering knytt til bustadareal i kommunen og delområdet.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspel 17 overlappar med to naturtypereistreringar (NiN). I nord ligg lokaliteten Gassasundet nord, som er ein gamal, fattig sumpskog, registrert med svært stor verdi, og svært høy kvalitet. I vest ligg lokaliteten Indre Røyksund nord 1, som er av typen Gammel furuskog med liggende død ved. Denne lokaliteten er registrert med svært stor verdi og svært høy kvalitet. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Det er registrert eit hjortetrekk innanfor innspela Artar: Det er registrert gul pærelav (NT) i den vestlege delen av innspel 17 Markslag: Barskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag Utbygging i området vil medføre negative konsekvensar for registrerte naturtypar med svært høg verdi, nær trua art og med omsyn til trekkveg for hjort i området.	-2/-3
Friluftsliv	Det er ikkje registrerte frilufts-område innanfor innspela. Heile innspel 16 ligg innanfor 100-metersbeltet. Deler av innspel 17 ligg innanfor 100-metersbeltet.	Ei utbygging med bustader og hytter vil medføre vesentleg privatisering av strandsona i området.	16: -2/-3 17: -2

	Strandsona i området er i hovudsak registrert som potensielt tilgjengeleg, med unntak av området rundt den eksisterande fritidsbustaden sør i innspels-område 16. Det er registrert varierande hellingsgrad i strandsona i området.		
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskaps-typen «Vestlandets skogsåser», og er verdisett til verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Innspel 16 og hovuddelen av innspel 17 ligg innanfor landskaps-typen Middels brede fjordløp, med verdi 3 – middels verdi. Ein mindre del av innspel 17 ligg innanfor landskapstypen våg- og smalsundlandskap med verdi 3 – middels verdi, og ein mindre del av innspel 17 ligg innanfor landskapstypen Vestlandets skogsåser, registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap. Innspela ligg i eit område som i hovudsak er utan tiltak, med unntak av ein fritidsbustad. Terrenget er småkupert, og heile innspel 16 og deler av innspel 17 ligg i strandsona. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging i området vil medføre vesentlege terrenginngrep, mellom anna i strandsona. Innspela vil medføre relativt store negative landskapsmessige konsekvensar.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet, men det er fleire automatisk freda kulturminne i områda rundt. Innspelet ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende direkte påverknader på kulturminne eller kulturmiljø	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert barskog av varierande bonitet innanfor innspela.	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspela, men barskog av varierande bonitet.	0/-1
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert teknisk infrastruktur i området. Eksisterande fritidsbustad har ikkje vegtilkomst.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Det ligg nokre bustader kring Røyksundkanalen, men det er ikkje etablert bustader tett på innspelet. Innspelet ligg ikkje i tilknyting til etablerte senter i kommunen. Innspela ligg relativt tett på Spissøybrua/ Bremnesvegen og Mostravegen, og ligg dels innanfor støysoner frå desse vegane. Støy kan vera ei utfordring i området.		-1
Karbonrike areal	Det er registrert barskog med dels høg og svært høg bonitet innanfor innspela.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x

Strandsone	Heile innspel 16 og deler av innspel 17 ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Strandsoneretteleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspela er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde. Innspela er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta. Innspel 17 er ikkje i tråd med arealstrategien om nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra. Innspela er ikkje i tråd med kommunale arealstrategiar om å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Trafikktryggleik må avklarast som ein del av reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 16 overlappar med gul støysone frå Bremnesvegen. Innspel 17 overlappar med gul og raud støysone frå Mostravegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentlinjer innanfor eller tett på innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, om lag 4 km frå innspela i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	**16: -2/-3** **17: -2**	**-2**	**0**	**0/-1**	**-1**	**-1**	**-1**	**x**

Innspela har dels store negative konsekvensar for fleire tema, og ligg relativt lite sentralt plassert i forhold til etablerte senter i kommunen. Innspela er ikkje i tråd med fleire definerte arealstrategiar, og er ikkje i tråd med strandsone-rettleiaren for Vestland/SPR. På bakgrunn av dette vert innspela ikkje tilrådd.


ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.10 Finnås



4.10.1 Finnås 1a-1e gnr/bnr 1/20, 25, 26, 27, Naust, småbåtanlegg, fritidsbustad

Gjeldande arealbruk	**Arealendring**
LNF Fritidsbustad Bruk og vern av sjø og vassdrag	
Planlagt arealbruk 1a, 1c: Naust 1b, 1d: Småbåtanlegg 1e: Fritidsbustad	

Arealstorleik planlagt arealbruk	1a: 0,15 daa - naust 1b: 0,21 daa - småbåtanlegg 1c: 1,3 daa - naust 1d: 0,9 daa - småbåtanlegg 1e: 41,7 daa - fritidsbustad
Skildring av området	Innspela ligg på Straumøy, som er utan vegtilkomst. Ønske om naustføremål, og fritidsbustad-føremål på heile eigedomane der det ligg fritidsbustader; i tråd med slik området var avgrensa ved førre kommuneplan.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet 1e overlappar dels med naturtypen frisk lågurtedellauvskog (Straumøyvika nordaust), og overlappar dels med Straumøyvika nord, som også er av typen frisk lågurtedellauvskog. Begge lokalitetane er registrert med låg kvalitet og dårleg tilstand, men med middels verdi. Naturtypen kantkratt og naturtypen større kamskjellførekomstar ligg like utanfor innspelet 1e. Begge registreringane er registrert med verdi Viktig Naturvern: Tjongspollen naturreservat (skogvern) ligg på Midtøya, like sør for innspela, og Vilt/funksjonsområde: Artar: Det er registrert kystblåfiltlav (NT), lind (NT), barlind (VU), purpurlyng (NT) og ramsløk (NT) innanfor innspel 1e. Fagerrogn (NT), vestlandsvikke (NT) og lodneføllblom (EN) er registrert like utanfor innspelet 1e. Framandartane parkslirekne (svært høg risiko) og sitkagran (svært høg risiko) er registrert både innanfor og like utanfor innspelet 1e Markslag: Skog, open skrinn fastmark, bebygd, overflatedyrka jord, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Innspela gir grunnlag for tiltak i sjøområdet. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag Dei registrerte naturtypane ligg heilt i randsona av innspelet, og mykje av naturtypane ligg allereie innanfor areal avsett til fritidsbustad eller er omfatta av tilgrensande reguleringsplan.	-2
Friluftsliv	Innspela ligg innanfor det svært viktige friluftslivområdet Kanalane og sjøareal i nærleiken. Området er registrert med stor brukarfrekvens. Området er også omfatta av omsynssone for friluftsliv; Ulvesøyane, Finnåsvika/Børøyfjorden i kommuneplanen. Strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg (SSB), og det er ikkje spesielt bratt i området.	Innspela ligg innanfor eit svært viktig friluftsområde. Området er stort i utstrekning, og det er allereie etablert tiltak innanfor innspelsområda. Areala er tilgjengelege i eit friluftslivperspektiv. Innspela knytt til naust og småbåtanlegg er allereie dels utbygd, men ytterlegare private naust og småbåtanlegg i området vil legge beslag på, og medføre meir arealbeslag i strandsona	-2

		Ei utviding av fritidsføremålet ned mot sjøen kan medføra fleire tiltak tettare på sjøen	
Landskap	Innspela 1a, 1b og deler av 1e ligg innanfor landskapstypen våg- og smalsundlandskap med verdi 4 – stor verdi – landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng. Innspela 1c, 1d og deler av 1e ligg innanfor landskapstypen middels breie fjordløp, med verdi 3 – middels verdi. Innspela ligg i hovudsak i strandsona, men er allereie dels utbygd.	Innspela ligg i hovudsak i strandsona, og opnar for terrenginngrep i sjø og på land, som vil gi negative landskapsmessige verknadar Det er allereie etablert tiltak innanfor innspela, og ei endring av føremål vil såleis ikkje ha vesentlege konsekvensar for landskap.	-1/-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor eller i nærleiken av innspela.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert barskog og lauvskog, dels av høg bonitet innanfor innspela. Det er registrert overflatedyrka jord innanfor innspel 1e, men innanfor området som allereie er avsett til fritidsbustad.	Endring til fritidsføremål vil ikkje medføra vesentlege konsekvensar for naturressursar	0/-1
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert veg på Straumøy. Naustområda er allereie utbygd, og ei endring av føremål vil ikkje medføre konsekvensar med omsyn til teknisk infrastruktur, klima og energi. Ei utviding av fritidsføremålet kan medføre auka utbygging, noko som vil vera uheldig med omsyn til klima og energi.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i tilknyting til etablert hytteområde, og relativt skjerma frå annan busetnad. Innspela ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Endring av føremål til naust/småbåtanlegg, og utviding av fritidsføremålet vil ikkje endra på konsekvensar knytt til nærmiljø og stadutvikling.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal, som til dømes skog av høg bonitet og dyrka mark innanfor innspelet.		-1/-2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspela ligg i hovudsak innanfor 100-meters beltet, og ønska arealbruk er fritidsbustad, naust og småbåtanlegg. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Strandsonerettleiaren presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, og at ein bør vera tilbakehaldne med å legga til rette for ny fritidsbusetnad i strandsona. Strandsonerettleiaren presiserer likevel at tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Etablering av naust og småbåtanlegg er dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om område med eksisterande busetnad. Fritidsbustad er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren og SPR, men det er positivt at innspelet er ei utviding av eksisterande område.		
Samfunnsnytte og berekraft	Naustområda er allereie utbygd, og ei endring av føremål vil ikkje medføre konsekvensar. Utviding av fritidsbustadføremålet kan vera i konflikt med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse

Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela 1a-1d, og mesteparten av innspel 1e ligg under marin grense. Lausmassane i området er registrert som forvitringsmateriale.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela. Det er små høgdeforskjellar, og kort veg til sjø, og det er lite truleg at flaum vil vera ein aktuell problemstilling i området.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegtilkomst til området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemder eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ei høgspentline like sørvest for innspel 1e.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg eller på Moster. Det er ikkje vegframføring til innspela.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-1/-2	0	0/-1	-1	0	-1/-2	x

Innspelet ligg i eit område som allereie er dels utbygd. Endring av føremål vil gi opning for etablering av naust, småbåtanlegg, og kan gi plass for fleire fritidsbustader i området.

Strandsonerettleiaren for Vestland er tydeleg på at nye fritidsbustader bør som hovudregel ikkje lokaliserast i strandsona, det er såleis ikkje ønskjeleg å utvida fritidsbustad-føremålet mot sjø. Den nordlegaste utvidinga i vest, som ligg utanfor 100-metersbeltet kan tilrådast. Føremålet bør leggast utanom dei registrerte naturtypane. Utviding mot nord, aust og søraust vert ikkje tilrådd. Innspela knytt til naust og småbåtanlegg er dels utbygd, og er i tråd med strandsonerettleiaren. Desse areala vert tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning




Fagleg vurdering:

Innspel 1a, 1b, 1c, 1d: Positiv tilråding naust og småbåtanlegg

Innspel 1e: Fritidsbustad, justert tilråding. Utvidinga som ligg utanfor 100-metersbeltet vert tilrådd. Dei andre vert ikkje tilrådd. Føremålet bør leggast utanom dei registrerte naturtypane.

4.10.2 Finnås 2a – 2d, gnr/bnr 3/1, naust, fritidsbustad, LNF-spreidd

Gjeldande arealbruk LNF Fritidsbustad	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Fritidsbustad – utviding av område Naust – utviding av to naustområde LNF-spreidd – utviding av område	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2a: 1,8 daa - naust 2b: 9,4 daa - fritidsbustad 2c: 4,2 daa - naust 2d: 4,5 daa – LNF - spreidd
Skildring av området	Innspelet ligg ved Bjørnavikneset/Bjørnavikstølen. Det er spreidd busetnad kring innspela, både einebustader og fritidsbustader.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ingen registreringar innanfor innspela Markslag: 2a: Lauvskog, sjø 2b: Lauvskog, innmarksbeite, bebygd 2c: Lauvskog, sjø 2d: Barskog, bebygd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor innspela. I sjøområda like utanfor innspela ligg det svært viktige friluftslivområdet «Kanalane og sjøareal i nærleiken», som omfattar sjøområda kring Røyksund- og Kulleseidkanalen. Innspel 2a-2c ligg i strandsona. Strandsona innanfor innspel 2a	Ingen kjende konsekvensar for kartfesta registreringar. For innspela 2b-2c vil endra arealføremål medføre meir privatisering av strandsona, sjølv om det allereie er nokre tiltak i området. For innspel 2a vil endring til naustføremål medføre meir negative konsekvensar med omsyn	2a: -2 2b-2c:-1/-2 2d: 0

	er kategorisert som tilgjengeleg, mens innspela 2b og 2c ligg innanfor areal som er kategorisert som ikkje-tilgjengelege (SSB), då det er relativt utbygd i området.	til strandsoneverdiar, sjølv om strandsona i området er bratt og lite tilgjengeleg.	
Landskap	Innspela 2a-2c ligg innanfor landskapstypen «småfjord- og storsundlandskap» med verdi 4 – stor verdi – landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng, mens innspelet 2d ligg i hovudsak innanfor landskapstypen «Vestlandets skogsåser»; også med verdi 4. . Innspela ligg i eit område med spreidd busetnad av bustader og fritidsbustader, ved Bjørnavika/Bjørnaviksneset. Området er relativt kupert, og innspela 2a – 2c ligg i strandsona. Sjå 3D-kart: http://3d.kommunekart.com/	Innspela 2a, 2b og 2c vil medføre relativt store terrenginngrep i strandsona, i eit relativt kupert terreng, men inngår i område som allereie dels er utbygd med fritidsbustader og naust. Innspelet 2d vil vera ei utviding av eksisterande LNF-spreidd område. Utviding av dette området vil ikkje medføre vesentlege endringar i konsekvens for landskap.	2d: -1 2a-2c:-2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor eller tett på innspela.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	2a: Lauvskog av særs høg bonitet 2b: Overlappande med innmarksbeite Uproduktiv skog og noko lauvskog av høg bonitet. 2c: Lauvskog (uproduktiv og av høg bonitet 2d: Barskog av høg bonitet	Innspelet 2b er dels i konflikt med innmarksbeite	2a: 0/-1 2b:-2 2c: 0 2d: -1
Teknisk infrastruktur	Det er veg fram til området. Innspelet ligg relativt lite sentralt plassert, men det er allereie bygd ut både med fritidsbustader og naust i nærleiken. Naudsynt infrastruktur er såleis truleg tilfredsstillande. Det er kupert terreng i området, og tiltak vil krevje relativt store terrenginngrep.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i tilknyting til etablert hytteområde og område med spreidd busetnad, og dei ligg relativt skjerma frå annan busetnad. Innspela ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal (skog av dels høg bonitet) innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspela 2a, 2b og 2c ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust med småbåtanlegg og utviding av fritidsbustad-føremålet. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad.		

	Strandsonerettleiaren presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, og at ein bør vera tilbakehaldne med å legga til rette for ny fritidsbusetnad i strandsona. Etablering av naust er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om område med eksisterande busetnad. Utviding av fritidsbustad-føremålet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren og SPR, sjølv om det generelt sett er positivt at innspelet er ei utviding av eksisterande område.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor registrerte aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela 2a-2c ligg under marin grense. Lausmassane innanfor alle innspela er registrert som bart fjell (vert brukt om område som stort sett manglar lausmasser, meir enn 50 % av arealet er fjell i dagen).		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum, og det er ikkje bekker eller elver innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela 2a-2c ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er veg fram til området i dag. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til trafikktryggleik i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje kjente registreringar av forureina grunn i området		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje sør og aust for innspel 2d.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 9 km frå innspela i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	2a: -2 2b: -1/-2 2c: -1/-2 2d: 0	2a: -2/-3 2b: -2/-3 2c: -2/-3 2d: -1	0	2a: 0/-1 2b:-2 2c: 0 2d: -1	-1	0	-1	x
Innspela 2a-2c ligg i strandsona, mens innspel 2d er ei utviding av LNF-spreidd areal som ikkje ligg i strandsona. Innspela vil dels medføre privatisering av strandsona, og vil dels medføre relativt store landskapsmessige konsekvensar. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at det kan vurderast nye naustføremål der desse kan samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspel 2a ligg i eit område utan etablerte tiltak, og som ikkje er definert som inngrepsnært. Innspelet 2c ligg i eit område som er definert som inngrepsnært, då det ligg								

tett på etablerte fritidsbustader. Det er allereie etablert tiltak i området. På bakgrunn av dette vert innspelet 2c tilrådd, mens innspelet 2a vert ikkje tilrådd. Det må utarbeidast reguleringsplan for naustområdet 2c. Strandsoneretteleiaren for Vestland er tydeleg på at nye fritidsbustader bør som hovudregel ikkje lokaliserast i strandsona. Innspel 2b vert på bakgrunn av dette ikkje tilrådd. Utviding av LNF-spreidd-sona, 2d, er ikkje i vesentleg konflikt med kjende registreringar, og vert tilrådd. ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning
Fagleg vurdering:
2a, 2b: Negativ tilråding
2c, 2d: Positiv tilråding

4.10.3 Finnås 3a – 3b gnr/bnr 5/4, bustad, naust

Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad Naust Innspelet er justert litt ut i sjø, pga ønske om flytebrygge.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	3a: 2,8 daa - bustad 3b: 1,3 daa - naust
Skildring av området	Området ligg ved Hetlevika, på nedsida av Bømlavegen. Deler av eigedomen er vist som bustad i gjeldande kommuneplan, medan resten av eigedomen (innspelet) er LNF-område. Det er ønskjeleg at heile eigedomen får bustad-føremål. Innspelet grensar til reguleringsplan for Havlandet/reguleringsplanforslag for kysthytter i nordaust, Bømlavegen i vest, og bustadområde i sør.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område	-1/-2

	Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Open fastmark, bebygd areal, lauvskog	som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	
Friluftsliv	Det er ikkje registrerte område for friluftsliv innanfor innspelet Strandsona i området er ikkje registrert som tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv, då det er busetnad relativt tett på.	Ingen kjende konsekvensar for kartfesta friluftsområde. Endring i føremål til naust og bustad vil medføre aukande grad av privatisering av strandsona i området.	-2
Landskap	Innspelet ligg i Hetlevika, innanfor landskapstypen småfjord- og storsundlandskap, med landskapsverdi 4 – stor verdi – landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng. Innspelet ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Innspelet er i eit område med etablerte tiltak tett på sjøen. Det er etablert eit naust med flytebrygge og eit uthus innanfor innspela. Det ligg bustader både på oppsida av vegen, og sør for innspelet på nedsida av vegen. Området i nordaust er omfatta av reguleringsplan for Havlandet/ reguleringsplanforslag for kysthytter. Sjå 3D-kart: http://3d.kommunekart.com/	Tiltak som krev større terreng-inngrep innanfor arealsone landskap er i utgangspunktet negativt. Føremålet ligg i strandsona, men konsekvensen av fortetting i eit område som i stor grad allereie er utbygd er ikkje vurdert til å vera vesentleg.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor eller i nærleiken av innspela.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet. Innspel 3b overlappar så vidt med registrert låssettingsplass Hellevika.	Etablering av tiltak innanfor innspel 3b kan medføre negative konsekvensar for den registrerte låssettingsplassen. I følgje kystnære fiskeridata er denne lite i bruk.	3a: 0 3b: -1
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg relativt sentralt plassert på Sakseid/Finnås Området er allereie utbygd med bustader, og nødvendig infrastruktur er såleis truleg tilfredsstillande.		+2

Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg sentralt plassert i kort avstand til Finnås, som er kategorisert som eit lokalsenter i kommunen. Det ligg tett på etablert bustadområde, og vil vera gunstig plassert med omsyn til nærmiljø og stadutvikling.	+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal (skog av høg bonitet) innanfor innspelet.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er bustad og naust. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Strandsoneretteleiaren presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad Etablering av naust er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om område med eksisterande busetnad. Fortetting av bustadområde er dels i tråd med strandsoneretteleiaren og SPR.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde, nye bustadområde i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra. Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense. Det meste av innspelet er registrert som bart fjell (område som stort sett manglar lausmassar, meir enn 50 % av arealet er fjell i dagen). Ein liten del i nordaust er registrert som forvitringsmateriale.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela, og det er ikkje registrert elver eller bekkar innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, og vil såleis potensielt vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Området har avkøyring frå Bømlavegen. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til området, men det manglar fortau/GS-veg i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Fylkesveg 541 Bømlavegen grensar til innspel 3a, og kan medføre noko støy. Innspelet overlappar dels med gul støysone frå denne vegen. Det er elles ikkje kjent at det er verksemder eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området. Innspela i seg sjølv vil ikkje medføre støy til nærområdet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ein høgspentleidning gjennom innspel 3a		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg i overkant av 6 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	-2	-2	0	3a: 0 3b: -1	+2	+2	-1	x

Innspela ligg i eit område som er relativt utbygd i strandsona, både med bustader og naust. Det er såleis allereie relativt privatisert. Ei endring av føremålet vil ikkje ha vesentlege konsekvensar for relevante tema, sjølv om plasseringa i strandsona gjer at det i utgangspunktet er negativt med endring til bustadføremål. Innspela er sentralt plassert i forhold til annan busetnad og senter i kommunen. Det må utarbeidast reguleringsplan for naustområdet før nye tiltak kan godkjennast.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, støy, stråling frå høgspent

Samla vurdering: Positiv tilråding

4.10.4 Finnås 4, gnr/bnr 5/27, Næring -kystfiske

Gjeldande arealbruk Naust Omsynssone bevaring kulturmiljø – verneverdige sjøbruksmiljø	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Næring -kystfiske	
Arealstorleik planlagt arealbruk	0,7 daa
Skildring av området	Det er ønskjeleg å endra føremålet frå naust til næring/kystfiske. Området vert nytta til småskala kystfiske, og det er ønskjeleg å kunna ha høve til å byggja næringsbygg, kai og flytebryggje i passande storleik.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Omsynssone bevaring kulturmiljø

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkjer registrert Artar: Framandarten pollpryd (svært høg risiko) er registrert i nærleiken av innspelet. Markslag: Bebygd, sjø	Området er allereie utbygd, og ei endring av føremål vil ikkje medføre konsekvensar for naturmangfald. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona og i sjø er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	0
Friluftsliv	Innspelet grensar til det svært viktige friluftslivområdet *Kanalane og sjøareal i nærleiken*.	Området er allereie utbygd, og ei endring av føremålet vil ikkje medføre konsekvensar for friluftsliv i området.	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor området *Børøysundet – Finnåsvika*, som er ein del av småfjord- og storsundlandskap, med verdi 4 - landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng. Innspelet ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Sjå 3D-kart: http://3d.kommunekart.com/	Området er allereie utbygd, og ei endring av føremålet vil ikkje medføre konsekvensar for landskap i området.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor omsynssone bevaring kulturmiljø – verneverdige sjøbruksmiljø i KPA	Området er allereie utbygd, og ei endring til næringsføremål, med føremål å leggje betre til rette for kystfiske-aktiviteten som har vore i området i lengre tid vil ikkje vera i konflikt med omsynssona	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Arealet innanfor innspelet er i bruk som naust, og det er ikkje registrert naturressursar i området. Det er registrert fiskeplassar for aktive (not) og passive (garn, dorg/harp/snik) reiskap i kanalen like sør for innspelet.	Området er allereie utbygd, og ei endring av føremålet vil ikkje påverke bruken av det registrerte fiskeområdet.	0
Teknisk infrastruktur	Føremålet med innspelet er å leggja betre til rette for næringsverksemda knytt til kystfiske som allereie er etablert i området. Bruken av området vil ikkje endrast vesentleg		0
Nærmiljø og stadutvikling	Føremålet med innspelet er å leggja betre til rette for næringsverksemda knytt til kystfiske som allereie er etablert i området. Bruken av området vil ikkje endrast vesentleg. Endring til næringsføremål kan likevel potensielt medføre meir støy, som kan vera sjenerande for nærliggande naust.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0

Næringsliv og sysselsetting	Næringsføremål i området vil vera med på å sikre vidare drift, vekst og utvikling for eigedomen, for bruk til kystfiske.	+1
Strandsona	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust, kystfiske, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Strandsonerettleiaren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og tiltaka er lokalisert i tilknyting til eksisterande naust og kai.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, eigna sjøareal til marin næring.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense. Lausmassane består av forvitringsmateriale (lausmassar danna på staden ved fysisk eller kjemisk nedbryting av berggrunnen).		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. Det er ikkje bekker eller elver innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er veg fram til området i dag. Ei endring av føremål frå naust til næring vil ikkje medføre vesentlege endringar i trafikk i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ei endring frå naustføremål til næring kan potensielt medføre noko meir støy i området. Dette kan vera uheldig då tilgrensande eigedomar består av meir tradisjonelle naust til rekreasjonsbruk.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje like vest/nordvest for innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 6,5 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
0	0	0	0	0	0	-1	0	+1


Endring til næringsføremål -kystfiske vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting. Det er ingen vesentlege endringar i konsekvens i høve til dagens arealbruk.

Innspelet er i tråd med strandsonerettleiaren for Vestland og SPR, då det er snakk om tilrettelegging for næring som må liggja tilknytt sjø. På bakgrunn av dette vert innspelet tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, støy, stråling frå høgspent

Samla vurdering: Positiv tilråding

4.10.5 Finnås 5a – 5b – gnr/bnr 6/4, næring, friområde

Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring**
Planlagt arealbruk 5a: Næring 5b: Friområde	
Arealstorleik planlagt arealbruk	5a: 9,7 daa – næring 5b: 2,0 daa - friområde
Skildring av området	Innspelet ligg på austsida av Finnåsvika, i Skjeljarvika. Det er ønskjeleg å etablere gardsbutikk i området, og leggja inn eit friluftsområde i badestranda i Skjeljarvika.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Bratt terreng

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Barskog, innmarksbeite, fulldyrka jord, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona og i sjø er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Sjøområda i Finnåsvika er omfatta av det svært viktige friluftslivområdet Kanalane og sjøareal i nærleiken. Dette er også omfatta av omsynssone friluftsliv i gjeldande kommuneplan (Ulvesøyane, Finnåsvika/Børøyfjorden). Området overlappar ikkje med innspelet. Ulvesøy, som ligg sør for innspelet, er eit statleg sikra friluftsområde, skildra som eit eldorado for båtfolket. Innspel 5b ligg i strandsona, og innspel 5a ligg dels i strandsona. Dei områda som ligg i strandsona er registrert som tilgjengeleg strandsoneareal, med i hovudsak stor hellingsgrad (10-25 grader).	Etablering av næringsområde vil ikkje medføre konsekvensar for friluftsliv. Endring til føremål friområde i Skjeljarvika vil vera positivt for friluftsliv, og kan medføre betra tilgjenge og tilrettelegging av badeplassen. Næringsføremål i område 5a vil medføre noko privatisering av strandsona.	5a: -1 5b: 0/+1
Landskap	Innspelet ligg innanfor området *Børøysundet – Finnåsvika*, som er ein del av småfjord- og storsundlandskap, med verdi 4 - landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng. Innspelet ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Innspela ligg på den skogkledde kollen Klokkarteigen. Det er kupert i området, og terrenget stig til 40 m.o.h. innanfor innspel 5a. Sjå 3D kart: http://3d.kommunekart.com/	Innspel 5a vil medføre terrenginngrep og tiltak i område som er urørt i dag, og med relativt bratt terreng. Innspelet ligg like sør for Solberg og Grønevik, og vil såleis utgjera ein naturleg vidareføring av busetnaden her.	5a: -2 5b: 0
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor eller i nærleiken av innspela.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Barskog av særs høg og høg bonitet	Næringsføremål i område 5a vil vera negativt for naturressursar (innmarksbeite og fulldyrka	5a: -1 5b: 0

	Ein del av innspel 5a (0,2 daa) overlappar med innmarksbeite og fulldyrka jord. Det er registrert fiskeområde for aktive og passive reiskap i sjøområda utanfor innspela.	mark). Det er eit relativt lite område som overlappar	
Teknisk infrastruktur	Innspel 5a ligg tett på Finnåsvegen, men det er ikkje tilrettelagt med infrastruktur, og må etablerast avkøyring til området. Det er truleg relativt enkel tilgang til annan infrastruktur i området, då det er kort veg til eksisterande busetnad. Friområde i område 5b vil ikkje medføre behov for teknisk infrastruktur så lenge det ikkje skal etablerast vegtilkomst til området.		5a:-1 5b: 0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i etablerte senter i kommunen, men ligg i relativt kort avstand til Finnås, som er kategorisert som eit lokalsenter i kommunen. Etablering av gardsbutikk i området vil kunne vera positivt for nærmiljøet i området Grønevik – Solberg.		+1
Karbonrike areal	Utbygging av urørt natur er generelt negativt med omsyn til klima og energi, og det er registrert karbonrike areal, som til dømes skog av høg og særs høg bonitet og dyrka mark innanfor innspelet.		5a: -1/-2 5b:-1
Næringsliv og sysselsetting	Etablering av gardsbutikk i området vil kunne vera positivt med omsyn til næringsliv og sysselsetting.		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er næring og friområde. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR presiserer at det ved lokalisering av næringsområde bør vektleggjast om næringar og næringsverksemd treng tilgang til sjøen. I dette tilfellet er det ikkje naudsynt at tiltaket vert lokalisert i strandsona. Etablering av friluftsområde i strandsona er positivt med omsyn til strandsonetema friluftsliv og allmenn ferdsel.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg innanfor aktsemdområde for steinsprang og snøskred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i hovudsak under marin grense. Lausmassane i området er registrert som bart fjell (område som stort sett manglar lausmassar, med meir enn 50 % fjell i dagen). Like nord for området er eit område med hav- og fjordavsetning og strandavsetning.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum. Det er ikkje registrert elver eller bekkar innanfor området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, men det er bratt i området, og innspelet 5b vil truleg ikkje verte berørt av havnivåstigning/stormflo.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det må etablerast avkøyring og tilkomst til innspel 5a. Innspelet ligg langs ein relativt rett strekning langs Finnåsvegen. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til trafikktryggleik i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**


	Innspel 5a overlappar dels med gul støysone frå Finnåsvegen. Det er ikkje kjent at det er verksemder eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området. Innspela i seg sjølv vil ikkje medføre støy til nærområdet		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er på Svortland eller i Mosterhamn. Det er i overkant til 7 km til begge desse i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	5a: -1 5b: 0/+1	5a: -2 5b: 0	0	5a: -1 5b: 0	5a:-1 5b: 0	+1	-1/-2 -1	+1

Innspela ligg i eit urørt område med relativt kupert terreng. Ei større utbygging i området vil ha relativt store landskapsmessige konsekvensar. Innspel 5a bør justerast til eit mindre areal som ligg tett på vegen. Innspelet vert tilrådd positivt justert som LNF – spreidd næring. Innspel 5b vert positivt tilrådd.


ROS-analyse: Skredfare, kvikkleire, støy



Fagleg vurdering: Justert tilråding innspel 5a, som LNF – spreidd næring

Fagleg vurdering: Positiv tilråding innspel 5b

4.10.6 Finnås 6a – 6f og 7 – gnr/bnr 122/3 og 122/22, 39 - Bustad, naust, småbåtanlegg

Gjeldande arealbruk LNF Bruk og vern av sjø og vassdrag Omsynssone bevaring kulturmiljø – verneverdige sjøbruksmiljø	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Bustad Naust Småbåtanlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	6a: 1,4 daa - bustad 6b: 1,2 daa - naust 6c: 1,7 daa - småbåtanlegg 6d: 13,1 daa - bustad 6e: 9,9 daa - naust 6f: 0,8 daa - småbåtanlegg 7: 0,7 daa - naust
Skildring av området	Innspela ligg ved Sakseidpøyla og Kulleseidkanalen, dels innanfor 100-meters beltet. Det er bustader og naust i området, og bustadinnspela og naustinnspelet 6b – 6c er utvidingar av eksisterande føremål. .
Aktuelle problemstillingar	Strandsone. Deler av innspela er omfatta av omsynssone for kulturmiljø i gjeldande kommuneplan. Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ingen innanfor innspela. Det er registrert storskarv (NT) og lomvi (CR) i Sakseidpøyla. Markslag: Skog, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2

Friluftsliv	Innspela overlappar med det svært viktige friluftslivområdet *Kanalane og sjøareal i nærleiken* i sjø. Området er registrert med stor brukarfrekvens. Det er etablert sti langs den sørlege delen av innspel 6a, som går ned til sjøen og bort til nærliggande bustader Deler av strandsona innanfor innspela er registrert som potensielt tilgjengeleg (SSB), med varierande hellingsgrad.	Etablering av småbåtanlegg i områda vil ikkje redusere verdien av det registrerte friluftslivområdet i vesentleg grad. Det er allereie etablert tiltak innanfor alle dei tre innspela som omfattar småbåtanlegg (6c, 6f og 7) Endring til bustadføremål og naustføremål vil medføre ytterlegare privatisering av strandsona i området, sjølv om ein stor del av strandsona allereie er utbygd i området.	6a:-1 6b/6c: -1/-2 6d: -2 6e/6f: -2 7:-1
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Kystslettelandskap. Skjermet indre kystslettelandskap med bratte åser, restfjell, klipper og stup. Landskapstype – og verdi Hordaland: Våg- og smalsundlandskap, middels verdi – vanlig forekommende i regional samanheng og/eller over gjennomsnittet lokalt. Innspela ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Innspela ligg i Sakseidpøyla, tett på Kuleseidkanalen. Landskapet er kupert og det er ein del tiltak, med spreidd busetnad og naust i området. Sjå 3d-kart: http://3d.kommunekart.com/	Innspela ligg i område der det allereie er bygd ut med bustadar og naust/småbåtanlegg. Innspela vil såleis ikkje medføre vesentlege landskapsmessige konsekvensar. Etablering av naust med småbåtanlegg i området vil vera ei naturleg utvikling av det maritime miljøet kring Kuleseidkanalen. Det er relativt kupert i området, og naustinnspela opnar for større terrenginngrep i strandsona. Dette vil gi negative verknader for landskap. Området for utviding av bustadareal mot sjøen (innspel 6d) ligg tett på sjøen, men på ein kolle i landskapet (26-27 m.o.h.). Bustader i dette området vil ligga eksponert til, og vil kunna gje ein silhuettverknad	6a:-1 6b/6c: -2 6d: -2 6e/6f: -2 7:-1
Kulturminne og kulturmiljø	Innspelet Finnås 7 overlappar så vidt med kulturminnet Kuleseidkanalen (midtre kanal). Dette er eit ikkje-freda kulturminne frå 1800-taler, tredje kvartal. Innspela 6b, 6c, 6e, 6f, dels 6d og heile 7 overlappar med Omsynssone bevaring kulturmiljø – verneverdige sjøbruksmiljø i gjeldande KPA. Det er ikkje registrert andre kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspela.	Innspela vidarefører arealbruken i området til bustad og naust/småbåtanlegg. Det er såleis ikkje vesentlege negative verknader av innspela når det gjeld kulturminne/kulturmiljø.	-1

Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Områda er i hovudsak registrert som barskog av høg bonitet, og sjøområde. Innspel 7 overlappar så vidt med fiskeplass– Børøyfjorden – Hiskosen, for aktive (not) og passive (garn, dorg/harp/snik) reiskap.	Innspelet Finnås 7 stadfestar i stor grad eksisterande arealbruk med kai og bryggjeanlegg. Det er såleis ikkje vesentlege konfliktar knytt til overlapp med registrerte fiskeområde. For dei andre delområda er det ikkje registrert interesser knytt til naturressursar.	6a-f: 0/-1 7: -1
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i tilknyting til eksisterande bustad- og naustområde, og vegtilkomst bør kunna løysast på ein tilfredsstillande måte. Det er allereie utbyggingsføremål i nærleiken, og såleis truleg enkel tilgang til infrastruktur i nærleiken. Innspela ligg relativt sentralt plassert på Sakseid/Finnås		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg sentralt plassert i kort avstand til Finnås, som er kategorisert som eit lokalsenter i kommunen. Dei ligg tett på etablert bustadområde, og vil vera gunstig plassert med omsyn til nærmiljø og stadutvikling. Våge skule ligg om lag 2,4 km frå innspelet i luftlinje.		+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal (skog av høg bonitet) innanfor innspela.		6a: -1 6b: -1 6c: 0 6d: -1/-2 6e:-1 6f: 0 7: 0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		-
Strandsone	Innspelet ligg dels innanfor 100-metersbeltet, og legg til rette for utviding av bustadområde, naust og småbåtanlegg. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspela er såleis dels i samsvar med SPR og rettleiaren då den legg til rette for utviding av eksisterande bustadområde, naust og småbåtanlegg.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde, nye bustadområde i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra. Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense. Det meste av innspelet er registrert som bart fjell (område som stort sett manglar lausmassar, meir enn 50 % av arealet er fjell i dagen). Ein del av innspela 6a, 6b, 6c og 7 er registrert som forvitringsmateriale.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. Det er ikkje bekker eller elver innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Nokre av innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			

Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje tilkomst i dag til dei fleste områda. For bustadområdet 6d må trafikktryggleik eventuelt avklarast i samband med reguleringsplan for området. Det er ikkje etablert fortau i området langs Bømlavegen.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 6a overlappar med gul støysone frå Bømlavegen. Innspela vil ikkje medføre støypåverknad på omgjevnadane.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 6,5 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	6a: -1	6a:-1	-1	6a: 0/-1	+2	+2	6a: -1	x
	6b: -1/-2	6b:-2		6b: 0/-1			6b: -1	
	6c: -1/-2	6c: -2		6c: 0/-1			6c: 0	
	6d: -2	6d: -2		6d: 0/-1			6d: -1/-2	
	6e: -2	6e: -2		6e: 0/-1			6e: -1	
	6f: -2	6f: -2		6f: 0/-1			6f: 0	
	7: -1	7:-1		7: -1			7: 0	

Innspela ligg i strandsona, og har i varierande grad negative konsekvensar for friluftsliv og landskap. Innspelet 6a er ei mindre utviding av eksisterande bustadføremål, og innspelet ligg tilbaketrekt frå sjøen. Innspela 6b – 6c er ei utviding av eksisterande naustføremål, og ligg i tilknyting til bustadføremålet i bakkant. Innspela 6e og 6f er ikkje ei utviding av naustføremål, men eit nytt område i eit relativt kupert terreng. Innspel 7 er utbygd med naust og brygger, og ei endring av føremålet vil stadfeste dagens situasjon. Det må utarbeidast reguleringsplan for områda 6b-c.

Innspelet 6d er ei utviding av eksisterande bustadføremål mot sjø. Innspelet ligg relativt eksponert til på ein kolle i landskapet. Innspelet vert negativt tilrådd. Dersom det skal vurderast bustad i dette området må det sjåast i samanheng med overordna vurderingar av bustadbehov, og arealet må eventuelt avgrensast på ein tilfredsstillande måte mot sjøen.


ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, støy.

Fagleg vurdering:

Positiv tilråding: Innspel 6a, 6b, 6c, 7

Negativ tilråding: Innspel 6d, 6e, 6f

4.10.7 Finnås 8a - 8b, gnr/bnr 124/3, naust, fritidsbustad

Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 8a: Naust 8b: Fritidsbustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	8a: 0,9 daa - naust 8b: 6 daa - fritidsbustad
Skildring av området	Innspelet ligg på Litlaneset, vest for Kulleseidkanalen. Naustinnspelet grensar til eksisterande naustområde i gjeldande kommuneplan.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Landskap Urørte område

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: heile innspel 8b og deler av innspel 8a ligg innanfor registrert naturtype kystlynghei. Lokaliteten heiter Steinsvågsaksla, og er registrert med låg kvalitet og dårleg tilstand, men lokaliteten er registrert med stor verdi. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Det ligg eit gyteområde for torsk i Trøytarosen, om lag 200 meter frå naustinnspelet. Artar: Ikkje registrert Markslag: 8a: Open grunnlendt fastmark, 8b: open grunnlendt fastmark og uproduktiv skog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag Innspel 8b ligg midt i den registrerte kystlyngheia, og vil påverke denne negativt. Innspel 8a ligg heilt i ytterkant av denne, og vil ikkje påverke kystlyngheia like mykje.	8a: -1/-2 8b: -2/-3
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivinteresser innanfor eller tett på innspela. Innspel 8b ligg i hovudsak innanfor 100-metersbeltet. Begge innspela	Etablering av naustområde og fritidsbustader vil verke privatiserande, og vil vere uheldig med omsyn til strandsoneverdiane i området.	-2

	er definert som potensielt tilgjengeleg strandsone, men i hovudsak med stor hellingsgrad (10 – 25 grader).		
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Landskapstype kystbygdene på Vestlandet, indre øy-, holme og skjærgårdslandskap, med verdi 3 – middels verdi – vanlig forekommende landskap i regional samanheng og/eller over gjennomsnittet lokalt. Innspelet ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Innspela ligg på Litlaneset, i eit område der det ikkje er tiltak i dag. Det er spreidde naust og bustader rundt Leirpollen vest for innspelet. Sjå 3D-kart: http://3d.kommunekart.com/	Tiltak som krev større terreng-inngrep innanfor arealsone landskap er i utgangspunktet negativt. Innspel 8a vil vera ei utviding av eksisterande naustområde, som er dels utbygd i dag. Området ligg likevel langt ut mot Litlaneset, i eit område der det ikkje er bygd ut. Området ligg relativt skjerma, inn mot Leirpollen. Innspel 8b ligg på eit høgde-drag, opp mot 35 moh. Fritidsbustader i dette området vil gi ein silhuettverknad, og vil vise godt igjen i landskapet.	8a: -2 8b -3
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspela.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspela er registrert som open grunnlendt fastmark og uproduktiv skog. Innspel 8a overlappar med låssettingsplassen Leirpollen. Denne er skildra som ein mykje brukt låssettingsplass, brukt til sild og sei. Det er registrert fiskefelt for aktive (not) og passive (garn, harp) reiskap like utanfor innspel 8a. Feltet er skildra som mykje brukt.	Det er ingen kjende konsekvensar knytt til arealbruken på land. Innspel 8a vil påverka låssettingsplassen negativt, og kan også dels påverke dei registrerte fiskeplassane negativt.	8a: -2 8b: 0
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje vegframføring til området. Det er relativt lang avstand til annan busetnad/andre bygg, og ikkje tilrettelagt med infrastruktur. Generelt er utbygging av urørte område negativt med omsyn til klima og energi.		-2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i tilknyting til etablert naustområde og område med spreidd busetnad, og dei ligg relativt skjerma frå annan busetnad. Innspela ligg i relativt kort avstand til Finnås, som er kategorisert som eit lokalsenter i kommunen		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspela.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		0
Strandsone	Innspel 8a ligg innanfor 100-metersbeltet, mens innspel 8b ligg i hovudsak innanfor 100-metersbeltet. Ønska arealbruk er naust og fritidsbustad.		

	Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Strandsonerettleiaren presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, og at ein bør vera tilbakehaldne med å legga til rette for ny fritidsbusetnad i strandsona. Etablering av naust er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om område med eksisterande busetnad. Fritidsbustad er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren og SPR.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta. Det tilgrensande naustområdet er ikkje ferdig utbygd.


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 8a og mesteparten av innspel 8b ligg under marin grense. Lausmassane i området er registrert som bart fjell (vert brukt om område som stort sett manglar lausmasser, meir enn 50 % av arealet er fjell i dagen).		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela. Det er ikkje bekker eller elver innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje veg fram til området. Eventuell ny tilkomstveg må koplast på Vornesvegen. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til denne, men utbygging av fritidsbustader og naust vil føre til auka trafikk på ein smal veg utan fortau.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemder eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentlinjer i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 6,5 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
8a: -1/-2 8b: -2/-3	-2	8a: -2 8b -3	0	8a: -2 8b: 0	-2	+1	0	x

Innspela ligg i strandsona, og har negative konsekvensar knytt til naturmangfald, landskap, naturmangfald og friluftsliv. Det er ikkje infrastruktur i nærleiken, og området er urørt, og ligg ikkje som ei naturleg utviding av eksisterande utbyggingsføremål. Det er ledige tomter i det tilgrensande naustområdet. ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik
Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.10.8 Finnås 9a – 9h, gnr/bnr 135/1, fritid/turisme, bustad, kai/hamn

Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring**
Planlagt arealbruk 9b,c,s,e,g,h: Fritid/turisme 9f: Bustad 9a: Kai/hamn	
Arealstorleik planlagt arealbruk	9a: 0,7 daa – kai/gjestehamn 9b: 1,1 daa – fritid/turisme 9c: 2,6 daa – fritid/turisme 9d: 30,6 daa - fritid/turisme 9e: 0,8 daa – fritid/turisme 9f: 8,3 daa - bustad 9g: 5,3 daa – fritid/turisme 9h: 6 daa – fritid/turisme

Skildring av området	Innspela ligg i tilknyting til Gullvegen Gardstun og Gullvegen Stormhytter AS. Dei ynskjer å fortsetja utviklinga på Lykling, og realisere overnattingskonsept og besøksgardsatsing.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Manglande infrastruktur Urørte område

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Naturtypen skjelsand, med verdi viktig er registrert i sjøen utanfor innspel 9a og 9b. Innspel 9c overlappar med naturtypen frisk lågurtedellauvskog (område Naustdalen), registrert med svært høg kvalitet og god tilstand, og svært stor verdi. Innspel 9d overlappar med naturtypen kystlynghei (lokalitet Barbuneset -Storhaug-Utsletteneset), med svært høg kvalitet, god tilstand og svært stor verdi, og med naturtypen rik open sørlig jordvannsmyr (lokalitet Lyklingfjorden nord), med høg kvalitet, god tilstand og svært stor verdi. Innspel 9f overlappar òg med kystlyngheia Barbuneset - Storhaug-Utsletteneset. Innspel 9g overlappar med naturtypen boreal hei (lokalitet Lyklingfjella), registrert med høg kvalitet, moderat tilstand og stor verdi. Innspel 9h overlappar med naturtypen rik open sørlig jordvannsmyr (lokalitet Nymark nordvest), registrert med høg kvalitet, god tilstand, og svært stor verdi og med naturtypen kystlynghei (lokalitet Barbuneset - Storhaug-Utsletteneset, registrert med svært høg kvalitet, god tilstand og svært stor verdi. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Artar: Røykkøllesopp (NT) er registrert innanfor innspel 9f. Trollnype (VU) er registrert innanfor innspel 9e. Kysthumle (NT) er registrert innanfor innspel 9h. Det er elles fleire artsregistreringar i områda rundt innspela.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Fleire av innspela vil medføre vesentleg påverknad og reduksjon i verdi for naturtypar med høg verdivurdering.	9a: -1/-2 9b:-1/-2 9c: -3 9d: -3 9e: -2 9f: -3 9g: -2/-3 9h: -3

	Markslag: Open grunnlendt fastmark, open jorddekt fastmark, lauvskog, myr		
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor eller tett på innspel 9a-f. Innspel 9g og h ligg innanfor det svært viktige friluftslivområdet Lykling Gullgruveområdet. Innspela 9a -f ligg heilt eller dels innanfor strandsona. For innspel 9a, 9d og 9f er strandsona definert som potensielt tilgjengeleg, mens for innspela 9b, 9c og 9e ligg det tiltak tett på som gjer at strandsona er definert som ikkje tilgjengeleg av SSB.	Etablering av turistføremål camping/bubilparkering kan medføra negativ påverknad på det registrerte friluftsområdet. Samstundes kan etablering av gjestehamn, campingplass, bobilparkering, og hytteområde vera med på å gjera området meir tilgjengeleg, òg i eit friluftslivperspektiv. Innspela som ligg i strandsona vil medføre privatisering av strandsona i området. Dette gjeld særleg innspela for hytteområde og bustad. Innspel 9c ligg på oppsida av vegen, i eit område der det er tiltak på nedsida av vegen, og konsekvensen vil såleis vera mindre enn for dei andre innspela.	9a: +1 9b:-2 9c: -2 9d: -2 9e: 0 9f: -2 9g: -1 9h:-1
Landskap	Alle innspela ligg innanfor NiN-område middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspela 9a-f ligg innanfor landskapstype kystbygdene på Vestlandet, brede fjordløp og opne fjordmunninger, med verdi 3 – middels verdi – vanlig forekommende i regional samanheng og/eller over gjennomsnittet lokalt. Innspela 9g og h ligg innanfor landskapstypen Kystheiene, med verdi 3. Deler av innspel 9g ligg innanfor landskapstypen brede fjordløp og opne fjordmunninger, med verdi 2 – vanlig forekommende landskap i lokal samanheng Innspela ligg i eit kupert kystlandskap, lyngheilandskap, med spreidd busetnad. Sjå 3D-kart: http://3d.kommunekart.com/	Innspela 9b og 9d, tenkt som hyttefelt, ligg relativt eksponert plassert, og vil vise godt igjen i landskapet. Særleg område 9d, som ligg eksponert til ut mot Lyklingfjorden. Innspel 9f, bustad, vil også ligge eksponert plassert, og vise godt igjen i landskapet. Innspela 9a (gjestehamn, kai), 9e (bobilparkering), 9c (hyttefelt), 9g (camping/bobil) og 9h (camping/bobil) vil i mindre grad ha stor landskapspåverknad.	9a: -1/-2 9b: -3 9c: -1/-2 9d: -3 9e: -1 9f: -2/-3 9g: -1 9h: -1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspela. Det ligg eit registrert kulturminne i sjøen like utanfor innspela 9a og 9b. Dette	Det er ingen kjende direkte konsekvensar av innspela på kulturminne. Enkelte av tiltaka/innspela kan vera med på å redusere verdien	0

	er eit skipsvrak, med uviss datering og uavklart vernetype. Innspela ligg innanfor område registrert som kulturminnerik strandsone.	av kulturmiljøet kring Lykling og gullgruvene. Dette gjeld i hovudsak hytteområda og camping/bubilområda. Innspela kan også vera med på å leggje til rette for oppleving av kulturmiljøet.	
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark eller viktige skogressursar innanfor innspela.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Det er veg i nærleiken, men for fleire av innspela må det etablerast tilkomstveg. Områda må tilretteleggjast med infrastruktur, men fleire av innspela ligg relativt tett på annan busetnad.		-2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela vil i hovudsak ikkje medføre ulemper for bustader i nærområdet, då dei stort sett ligg plassert relativt skjerma frå innsyn. Utvikling av området vil kunne vera positivt for stadutvikling på Lykling.		+2
Karbonrike areal	Innspela 9d og 9h ligg i myrområde, og ei utbygging av desse vil vera negativt med omsyn til klima. Generelt er utbygging av urørte område negativt med omsyn til klima og energi.		9a: 0 9b: 0 9c: 0 9d: -2 9e: 0 9f: 0 9g: 0 9h: -3
Næringsliv og sysselsetting	Realisering av tiltaka knytt til innspela vil vera med på å utvikle Gullvegen Gardstun og Gullvegen Stormhytter AS, som besøksgard og reislivsdestinasjon.		+2
Strandsone	Bustadinnspelet (9f) ligg dels innanfor 100-metersbeltet. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Når det gjeld reiselivsanlegg peikar strandsonerettleiaren for Vestland på at det er positivt i reiselivssamanheng å sikre allemannsretten og tilgang til friluftsområde. Det er difor også viktig for reiselivsnæringa at dei nære sjøområde får liten utbygging og at berre dei delane av næringstiltaket som må ligge til sjø vert etablert der. Strandsonerettleiaren seier vidare at i sone 3 skal behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, til dømes satsing på reiseliv og turisme, tilleggjast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med den kommunale arealstrategien om å ha eigna område til næringsføremål/reiseliv i strandsona, men dels ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela 9b og 9c overlappar så vidt med aktsemdområde for snøskred. Innspel 9d overlappar så vidt med aktsemdområde for steinsprang og snøskred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela 9a, 9b, 9c, 9e og deler av 9h ligg under marin grense. Lausmassane i området er registrert som bart fjell (vert brukt om område som stort sett manglar lausmasser, meir enn 50 % av arealet er fjell i dagen).		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela. Det er i hovudsak ikkje bekker eller elver innanfor innspela, men det går ein mindre bekk i myrområdet ved innspel 9h.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Fleire av innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ha tilkomstveg frå Gullvegen. Vegen er smal og trafikktryggleik må vera eit sentralt tema dersom området skal byggast ut med fleire delområde knytt til bubil/camping og hytter. Det er ikkje etablert fortau i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemder eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje eit stykke aust for innspel 9e. Dei andre innspela ligg ikkje i nærleiken av høgspentlinjer.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 10 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
9a: -1/-2	9a: +1	9a: -1/-2	0	0	-2	+2	9a: 0	+1
9b:-1/-2	9b: -2	9b: -3					9b: 0	
9c: -3	9c: -2	9c: -1/-2					9c: 0	
9d: -3	9d: -2	9d: -3					9d: -2	
9e: -2	9e: 0	9e: -1					9e: 0	
9f: -3	9f: -2	9f: -2/-3					9f: 0	
9g: -2/-3	9g: -1	9g: -1					9g: 0	
9h: -3	9h: -1	9h: -1					9h: -3	

Innspela ligg i stor grad i urørte område, fleire ligg i strandsona, og det er relativt mange registreringar av naturtypar med høg verdi i området, mellom anna kystlynghei, som er utvald naturtype.

- Innspel 9a – kai/gjestehamn er ikkje i vesentleg konflikt med registreringar i området, og er positivt tilrådd.
- Innspel 9b ligg i strandsona, og ei utbygging med hytter i dette området vil ha negative konsekvensar, mellom anna for friluftsliv og landskap. Innspelet er på bakgrunn av dette ikkje tilrådd.
- Innspel 9c ligg i strandsona, og er i vesentleg konflikt med naturmangfald, og er på bakgrunn av dette ikkje tilrådd.
- Innspel 9d ligg dels innanfor 100-metersbeltet. Innspelet har vesentlege negative verknader, mellom anna for naturmangfald, friluftsliv og landskap. I tillegg er det registrert myr innanfor området. Innspelet grensar til eit område regulert til fritidsbustader i aust. Dette området ligg i hovudsak innanfor 100-metersbeltet, og har også fleire naturtyperegistreringar. Det er føreslått at fritidsføremålet vert tatt ut, og erstatta med fritid/turisme-føremål i den nordaustlege delen av innspel 9d. Føremålet må leggast utanfor 100-meterbeltet, og utanfor registrert myr (naturtypen rik open sørlig jordvannsmyr) i den vestlege delen. Det bør leggast føringar på området om at utbygging i området bør utførast mest mogleg skånsamt med omsyn til registrert kystlynghei, og med minst mogleg terreng/landskapsinngrep. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.

- Innspel 9e er ikkje i vesentleg konflikt med registrerte interesser, og området er allereie omfatta av utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan (fritidsbusetnad). På bakgrunn av dette vert innspelet (fritid/turisme) tilrådd.
- Innspel 9f har vesentlege verknader, mellom anna for naturmangfald, friluftsliv og landskap, og ligg dels i 100-metersbeltet. Det ligg eit område for LNF-spreidd bustad like nordaust for gardstunet og innspelet. Dette området er også omfatta av registrert kystlynghei i området, og ligg i tillegg innanfor omsynssone verdifulle kulturlandskap i gjeldande kommuneplan. Gjeldande LNF-S område er føreslått flytta ned til innspel 9f. Føremålet må leggast utanfor 100-metersbeltet. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.
- Innspel 9g er i konflikt med naturtypen boreal hei, registrert med stor verdi, men er ikkje i vesentleg konflikt med andre registreringar. Naturtypen ligg ikkje i den vestlege delen av innspelet, og ein mindre del av innspelet kan tilrådast. Området må tilpassast registrert naturtype, og badeplass som ligg like sør for innspelet.
- Innspel 9h er i konflikt med naturtypar registrert med svært stor verdi, og store delar av innspelet er registrert som djup myr. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik




Fagleg vurdering innspel 9a og 9e: Positiv tilråding

Fagleg vurdering innspel 9d, 9f, 9g: Justert tilråding, sjå tekst over

Fagleg vurdering innspel 9b, 9c, 9h: Negativ tilråding

4.10.9 Finnås 10a- 10b, gnr/bnr 135/2, LNF-spreidd

Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk LNF-spreidd	
Arealstorleik planlagt arealbruk	10a: 0,6 daa 10b: 5,5 daa
Skildring av området	Innspela ligg i eit område med spreidd busetnad, i nærleiken av gullgruveområdet på Lykling.
Aktuelle problemstillingar	Innspel 10b ligg dels i strandsona Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ingen innanfor innspel 10a. Innspel 10b overlappar med naturtypane frisk lågurtedellauvskog med svært høg kvalitet (Nin) og svært stor verdi, boreal hei av høg kvalitet (Nin) og stor verdi, rik edellauvskog med verdi viktig (hb 13) Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ingen registreringar innanfor innspel 10a. Innanfor innspel 10b er det registrert kystblåfiltlav (NT), skjellporelav (VU), ask (EN) Markslag: 10a: Innmarksbeite, lauvskog 10b: Lauvskog, innmarksbeite	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona og i sjø er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspel 10b overlappar med naturtypar med svært høg og høg kvalitet. Det er i tillegg registrert raudlisteartar innanfor dette innspelet.	10a: -1 10b: -3
Friluftsliv	Heile innspel 10a og deler av innspel 10b overlappar med det regionale friluftsområdet Lykling. Gullgruveområdet, som er registrert som svært viktig. Området er skildra som eit populært utfartsområde, med fleire merka løyper i heile området.	Innspela er i konflikt med registrert friluftsområde og natursti, men ligg i utkanten av desse. Naturstien/rundløypa ser ut til å ha innfallsport i den nordaustlege delen av innspel 10b.	10a: -2/-1 10b: -2/-1

	Det er registrert ein natursti som går gjennom den nordaustlege delen av innspel 10b. 100-metersbeltet innanfor innspel 10b er i hovudsak registrert som inngrepsnær/ikkje tilgjengeleg. Ein liten del i aust er registrert som tilgjengeleg, men med bratt hellingsgrad.	Innspel 10b ligg innanfor 100-metersbeltet, og etablering av bustader innanfor denne sona vil medføre privatisering av strandsona i området. Det ligg allereie busetnad nedanfor innspelet og det er svært bratt i området. Konsekvensane for friluftsliv med omsyn på strandsoneverdiar er såleis tillagt mindre vekt.	
Landskap	Alle innspela ligg innanfor NiN-område middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspel 10a ligg innanfor landskapstypen Kystheiene, med verdi 3. Innspel 10b ligg i hovudsak innanfor landskapstype kystbygdene på Vestlandet, brede fjordløp og opne fjordmunninger, med verdi 3 – middels verdi – vanlig forekommende i regional samanheng og/eller over gjennomsnittet lokalt.. Innspela ligg i eit kupert kystlandskap, lyngheilandskap, med spreidd busetnad. Sjå 3d-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspela ligg i ytterkanten av spreidd busetnad. Den sørlege delen av innspel 10b består av ein bratt skrent, og utbygging i dette området vil krevje store terrenginngrep. Den nordlege delen av innspel 10b og innanfor innspel 10a er terrenget noko mindre kupert, og ei utbygging i desse områda vil medføre mindre terrenginngrep. Den nærliggande busetnaden ligg skjerma av høgdedraget i den sørlege delen av innspel 10b, og nye tiltak bør ikkje leggast på toppen av knausane.	10a: -1 10b: -2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspela. Det ligg ein del sefrak-registrerte bygg på vestsida av vika nedanfor innspel 10b, og det ligg eit automatisk freda kulturminne, klebersteinsbrot like aust for innspelet. Innspela ligg innanfor område registrert som kulturminnerik strandsone.	Det er ingen direkte og kjende konsekvensar av innspela på registrerte kulturminne eller sefrak-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspela overlappar med registrert innmarksbeite: Innspel 10a: 502 m^2 Innspel 10b: 278 m^2 Det er registrert lauvskog med dels høg bonitet innanfor innspela	Utbygging av områda kan medføre nedbygging av innmarksbeite	10a: -2 10b: -1/-2
Teknisk infrastruktur	Det er veg i nærleiken som ein kan kopla seg på. For deler av innspel 10b vil vegframføring medføre store terrenginngrep. Områda må tilretteleggast med infrastruktur, men ligg relativt tett på annan busetnad.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela vil i liggja relativt tett på annan busetnad i området. Etablering av fleire bustader i området vil kunne vera positivt for stadutvikling på Lykling.		+1


Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal som lauvskog av dels høg bonitet og innmarksbeite innanfor innspela.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	
Strandsone	Innspel 10b ligg dels innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er bustad. Strandsoneretteleiaren presiserer at nye område for bustad og skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad Fortetting av bustadområde er dels i tråd med strandsoneretteleiaren og SPR.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde, men ikkje i tråd med strategien om at nye bustadområde skal vera i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 10b overlappar så vidt med aktsemdområde for jord- og flaumskred i søraust		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspel 10b ligg dels under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela. Det er ikkje bekker eller elver innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ha tilkomstveg frå Gullvegen. Vegen er smal og trafikktryggleik må vera eit sentralt tema dersom området skal byggast ut med fleire bustader. Det er ikkje fortau i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemder eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje tett på høgspentlinjer		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 10 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
10a: -1 **10b: -3**	**10a: -2/-1** **10b: -2/-1**	**10a: -1** **10b: -2/-3**	**0**	**10a: -2** **10b: -1/-2**	**0**	**+1**	**-1**	**x**

Innspela ligg i eit område med spreidd busetnad, avsett til LNF-spreidd i gjeldande kommuneplan, og innspela vil såleis vera ei utviding av eksisterande område. Innspel 10a overlappar med innmarksbeite, og ligg innanfor registrert svært viktig friluftsområde. Innspel 10b overlappar med svært viktige naturtypar i den sørlege delen, og i dette området er det i tillegg svært bratt. Ei utbygging i dette området vil såleis medføre store terrenginngrep og konflikt med naturtypane. På bakgrunn av dette vert innspel 10 a ikkje tilrådd. Tilrådinga for innspel 10b er ei justering til den nordvestlege delen, der det ikkje er konflikt med naturtypar, og der eventuell busetnad vil liggje i tilknyting til eksisterande busetnad i nordvest, og noko skjerma bak knausane.




Det er føresett at føresegnene sikrar ei god plassering av eventuelle nye bustader i området, mellom anna med omsyn til dyrka mark.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, trafikktryggleik

Innspel 10a: Negativ tilråding

Innspel 10b: Justert tilråding

4.10.10 Finnås 11 – gnr/bnr 7/6, 12, LNF-spreidd

Gjeldande arealbruk LNF Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk LNF-spreidd	
Arealstorleik planlagt arealbruk	88,3 daa

Skildring av området	Innspelet ligg på Oldereid, i eit område med eksisterande spreidd busetnad. Det er relativt flatt i området, og arealet mellom Oldereidtjørna og Finnåsvatnet består i hovudsak av landbruksområde.
Aktuelle problemstillingar	Dyrka mark Kulturminne Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er registrert gjøk (NT), gråspett og bjørkefink innanfor innspelet. Markslag: Skog, bebygd, dyrka mark, myr	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Innspelet er stort, omfattar ein del skog og beiteområde i tillegg til dyrka mark, og grensar til Finnåsvatnet. Dette er område som kan vera viktige for lokalt naturmangfald.	-1/-2
Friluftsliv	Innspelet overlappar så vidt med det svært viktige friluftslivområdet Baståsen. Dette er skildra som ei ringløype, dels langs gamle gongstiar, men også nyare traktorvegar.	Ei utbygging i området vil kunna ha noko påverknad på det registrerte friluftslivområdet, men det er ein liten del som overlappar.	0/-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Kystnært innlandsslettelandskap under skoggrensen med bebygde områder. Den nordvestlege delen av innspelet ligg innanfor landskapstypen kystheiene. Den søraustlege delen av innspelet ligg innanfor landskapstypen Vestlandets skogsåser. Begge landskapstypane har verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Landskapet i området er relativt flatt jordbrukslandskap, med spreidde bustader. Den austlege delen av innspelet er skogkledd, meir kupert, og ligg høgare i terrenget. Innspelet grensar til Finnåsvatnet. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei vidare spreidd utbygging i området der det allereie er etablert bustader, dvs kring jordbruksområda, vil ikkje medføra vesentlege landskapsmessige konsekvensar. Nye bustader i området bør lokaliserast kring desse områda som allereie er utbygde, ikkje i dei skogkledde områda i aust, som grensar til Finnåsvatnet. Randsona mot vatnet bør bevarast mest mogleg inngrepsfri.	-2/-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det ligg eit automatisk freda kulturminne innanfor innspelet; Oldereid – Fetts fk. 1, Kjedlarhaugen. Dette er ein gravhaug frå bronsealder – jernalder. Det er fleire sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet, men ingen av desse er meldepliktige.	Innspelet er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Innspelet vil ikkje vera i konflikt med sefrak-registrerte bygg.	-2
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Barskog av høg og svært høg bonitet Overlapp med: Innmarksbeite: om lag 14,5 daa Overflatedyrka mark: om lag 5 daa Fulldyrka mark: Om lag 44 daa	I overkant av 70 prosent av innspelet, i overkant av 63 daa, overlappar med dyrka mark. Dei resterande delene av	-3

		innspelet er i hovudsak bebygd, lauvskog og myr. Ei utbygging i området vil medføre negative konsekvensar for landbruksinteresser.	
Teknisk infrastruktur	Det er tilkomstveg i nærleiken som ein kan kopla seg på. Områda må tilretteleggast med infrastruktur, men ligg relativt tett på annan busetnad.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela vil i liggja relativt tett på annan busetnad i området. Etablering av fleire bustader i området vil kunne vera positivt for Oldereid, men innspelet ligg relativt langt frå næraste lokalsenter, som er Finnås.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal som myr, skog av svært høg og høg bonitet, og dyrka mark innanfor innspela.		-2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med strategien om at nye bustadområde skal vera i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra, og ikkje i tråd med strategien om å sikre grønt – og landbruksområde mot vidare utbygging.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Den vestlege delen av innspelet overlappar med aktsemdområde for snøskred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet ligg under marin grense. Lausmassane i området er dels registrert som bart fjell, dels som morene.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg tett på aktsemdområde for flaum kring Oldereidtjørna i nordvest, og overlappar med aktsemdområde for flaum kring Finnåsvatnet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet vert ikkje påverka av stormflo/havnivåstigning.		
Nedslagsfelt drikkevatn	**Liv og helse**	**Ytre miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg innanfor nedslagsfelt for drikkevatn.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Opning for fleire bustader i området vil potensielt medføre meir trafikk. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til området, men det er ingen tilbod til mjuke trafikantar i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemder eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje gjennom den nordvestlege delen av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er i Svortland, om lag 6 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	0/-1	-2/-1	-2	-3	-1	0	-2	x

Det er relativt store negative konsekvensar av innspelet, mellom anna knytt til naturressursar og kulturminne.

Innspelet må justerast til å i hovudsak omfatta dei områda som allereie er utbygde. Det bør ikkje etablerast særleg mange nye bustader i randsona til Finnåsvatnet.

Det er vidare føresett at føresegnene sikrar ei god plassering av eventuelle nye bustader i området, mellom anna med omsyn til dyrka mark, kulturminne og myrområde.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, flaum, nedslagsfelt drikkevatn, stråling frå høgspent.




Fagleg vurdering: Justert tilråding, til dei allereie utbygde områda. Det kan opnast for ein ny bustad i aust.

4.10.11 Finnås 13a-13b, gnr/bnr 141/3, naust

Gjeldande arealbruk
LNF
LNF-spreidd
Omsynssone bevaring kulturmiljø; verneverdige sjøbruksmiljø.

Planlagt arealbruk
Naust

Arealendring



Arealstorleik planlagt arealbruk	13a: 0,4 daa 13b: 1,5 daa
Skildring av området	Innspela ligg på Grutle, på vestsida av Grutlefjorden. Det ligg spreidde bustader i tilknyting til området, og det ligg to naust med kaianlegg i området mellom dei to innspela. Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspel 13b i dag, innanfor innspel 13a er det etablert tilkomstveg til bustadhus som ligg like nord for innspelet.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Omsynssone bevaring kulturmiljø, verneverdige sjøbruksmiljø

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Det er registrert fleire område med den marine naturtypen skjelsand i sjøområda utanfor innspela. Områda har verdi viktig. Ingen av områda grensar til innspela. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er registrert kystblåfiltlav (NT), skjellporelav (VU) og ramsløk (NT) like utanfor innspel 13a. Markslag: Open grunnlendt fastmark, uproduktiv lauvskog, bebygd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspela. Strandsona innanfor innspel 13a er registrert som inngrepsnær/ ikkje tilgjengeleg. Strandsona innanfor innspel 13b er registrert som tilgjengeleg, med varierande hellingsgrad (3 – 25 grader) (SSB)	Naustføremål i området vil medføra arealbeslag og privatisering av strandsona. Innspelet 13a ligg allereie tett på eit bustadhus, og det er etablert tiltak (tilkomstveg i området). Det er difor vurdert at konsekvensen for friluftsliv er meir negativ for innspel 13b enn for 13a.	13a: -1/-2 13b: -2/-3
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspela ligg innanfor landskapstypen våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 – middels verdi – vanleg førekomande i regional samanheng og/eller over gjennomsnittet lokalt. Landskapet i strandsona i området er kupert. Det er om lag 7 meter høgdeforskjel innanfor innspel 13a, og 8-9 meter innanfor innspel 13b. Innspelet 13a ligg mellom etablerte naust og bustadhus, og det er allereie gjennomført tiltak i	Etablering av naust i området vil medføra større terrenginngrep i strandsona, i eit relativt kupert terreng. Innspelet 13a ligg tett på etablerte tiltak, og er bygd ut med veg. Konsekvensane knytt til landskap vil såleis vera mindre i dette området enn for innspel 13b, som er eit urørt område i dag.	13a: -1/-2 13b: -3/-2

	området, med tilkomstveg og fylling tilknytt denne. Innspel 13b ligg på ein odde i landskapet, og er utan tiltak i dag. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Innspela ligg innanfor Omsynssone bevaring kulturmiljø, verneverdige sjøbruksmiljø. Det er ikkje registrert kulturminne eller sefrak-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspela.	Det vil ikkje vera i konflikt med omsynssona å leggja til rette for naust i området, dersom dette vert gjort med god arkitektonisk utforming og tilpassing.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert landbruksjord eller skog av høg bonitet innanfor innspela. Det er ikkje registrert marine ressursar eller fiskefelt i nærleiken av innspela	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur og klima/energi	Innspel 13 a har allereie tilkomstveg. Innspel 13b ligg tett på tilkomstveg som ein kan kopla seg på. Områda må tilretteleggast med infrastruktur, men ligg relativt tett på annan busetnad.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i tilknyting til naustområde og område med spreidd busetnad, og dei ligg relativt skjerma frå annan busetnad. Innspela ligg ikkje tett på etablerte senter i kommunen.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspela.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Etablering av naust er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, så lenge det er snakk om område med eksisterande busetnad. Innspelet 13a er dermed vurdert til å vera meir i tråd med strandsonerettleiaren og SPR enn innspel 13b.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense. Lausmassane i området er registrert som bart fjell		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er veg fram til området i dag. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til trafikktryggleik i området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspela vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemder eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje høgspentleidningar i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er i Langevåg, om lag 8 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	13a: -1/-2 13b: -2/-3	13a: -1/-2 13b: -3/-2	0	0	+1	0	0	x

Innspel 13a er i tråd med strandsonerettleiaren og SPR, i og med at innspelet ligg i eit område som dels er utbygd, og ligg relativt tett på eksisterande busetnad og naust. Innspelet 13b ligg på ein odde som ikkje er utbygd i dag. Etablering av naust i dette området vil krevja relativt store terrenginngrep i urørt strandsone.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Positiv tilråding innspel 13a

Fagleg vurdering: Negativ tilråding innspel 13b

4.10.12 Finnås 14, gnr/bnr 4/8, 140, fritidsbustad

Gjeldande arealbruk Næring, med bandleggingssone for regulering.	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Fritidsbustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 0,6 daa
Skildring av området	Innspelet ligg ved Kulleseidkanalen, og grensar til område avsett til fritidsbustad i gjeldande plan. Deler av tomta ligg innanfor fritidsbustad-føremålet, og deler ligg innanfor næringsføremål. Det ligg fritidsbustader på eigedomane i sør og nord, og det er utbygd naustområde ved sjøen.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Deler av innspelet overlappar med innspel på kombinert føremål fritid/turisme/næring.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: skog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor innspelet. Innspelet ligg i 100-metersbeltet. Det meste av innspelet er registrert som inngrepsnært, og ikkje tilgjengeleg i eit friluftslivperspektiv.	Fritidsbustad i dette området kan medføre privatisering av strandsona i området. Det er allereie etablert private naust ved sjøen, og området er såleis allereie i stor grad privatisert.	-1
Landskap	Landskapet i området er registrert som middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NIN). Landskapstypen er registrert som småfjord- og storsundlandskap, med verdi 4 – stor verdi, landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng. Innspela ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Nærområdet består av naust ved sjøen, med fritidsbustader i bakkant. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspelet ligg i strandsona, men konsekvensen av fortetting i eit område som i stor grad allereie er utbygd er ikkje vurdert til å vera vesentleg. Det ligg fleire private naust i framkant av innspelet.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrert bygg innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Arealet er registrert med barskog av høg bonitet.	Arealet er lite, og utbygging av området vil ikkje ha konsekvensar for naturressursar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg sentralt plassert ved Kulleseidkanalen, og det er vegframføring til området . Området er allereie utbygd med bustader, og nødvendig infrastruktur er såleis truleg tilfredsstillande.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg sentralt plassert i forhold til Finnås, som er kategorisert som eit lokalsenter i kommunen. Det ligg tett på etablerte område for fritidsbustad og naust, og vil vera gunstig plassert med omsyn til nærmiljø og stadutvikling.		+1

Karbonrike areal	Det er registrert karbonrikt areal i form av høgbonitet skog på området.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Endring frå næringsføremål til fritid medfører tap av potensiale for næringsverksemd i området.	-1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritidsbustad. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, og at ein bør vera tilbakehaldne med å legga til rette for ny fritidsbusetnad i strandsona. Fritidsbustad-føremål er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren og SPR. Det er likevel positivt at innspelet er ei utviding av eksisterande område for fritidsbustad, og ligg i eit område der det allereie er etablert fleire fritidsbustader.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. Det er ikkje bekkar eller elver innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg 8-9 m.o.h., og stormflo/havnivåstigning utgjer ikkje ein risiko for området.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Området har tilkomst via Kanalvegen. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemder eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje gjennom innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 7 km frå innspelet i luftlinje		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	**-1**	**-1**	**0**	**0**	**+1**	**+1**	**-1**	**-1**

Området er avsett til utbyggingsføremål i KP2013. Dette er det lagt mindre vekt på i tilrådinga, fordi det er usikkerheit til om ein miljørevisjon knytt til strandsoneverdiar vil endra den opphavlege avgrensinga av arealføremålet.

Innspelet ligg i strandsona, og fritidsbustadføremål er generelt ikkje i tråd med strandsonerettleiaren for Vestland og SPR. Området er allereie utbygd med fritidsbustader og naust, og det er ikkje vurdert at det vil vera vesentlege negative konsekvensar knytt til føremålsendringa. Gjeldande føremål er næring, og området er såleis allereie omfatta av eit utbyggingsføremål i gjeldande plan. Området er lite, det vil berre vera plass til ein fritidsbustad. Tilrådinga må sjåast i samanheng med tilrådinga for overlappande innspel på kombinert føremål fritid/turisme/næring. ROS-analyse : Kvikkleire, stråling frå høgspent
Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.10.13 Finnås 15, Råstoffutvinning

Gjeldande arealbruk LNF LNF-spreidd bustad Fritidsbustad Reguleringsplan for gullgruveområdet Omsynssone bevaring kulturmiljø Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn	**Arealendring** 
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 1773 daa
Skildring av området	Området omfattar eit større areal kring Gullgruveområde på Lykling. Store deler av området er LNF-område med lynghei, og ein større del av arealet er omfatta av reguleringsplan for gullgruveområdet frå 1994.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone LNF-område Naturtypar Bevaringsområde innanfor reguleringsplanen (*område som p.g.a. historisk og anna kulturell verdi skal bevarast* og *område med bygningar og anlegg som p.g.a. historisk, antikvarisk eller anna kulturell verdi skal bevarast*) Overlappande innspel, mellom anna knytt til Gullvegen gardstun

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Heile innspelsområdet er dekka av naturtypar av svært stor og stor verdi. Dette gjeld naturtypane kystlynghei (utvald naturtype), naturbeitemark, rik,	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Råstoffutvinning vil også	-3

	open, sørlig jordvannsmyr, eng-aktig sterkt endret fastmark, boreal hei. Sjøområda som grensar til innspelet er omfatta av den marine naturtypen Større kamskjell-førekomstar, med verdi Viktig. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er svært mange artsregistreringar innanfor innspelet, både artar av særleg stor forvaltningsinteresse, nær trua artar, ansvarsartar og framande artar. Markslag: Open fastmark, skog,	medføre ein del støy og aktivitetar som kan forstyrre dyr i området. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er registrert svært store verdiar i området med omsyn til naturmangfald, og utbygging av området vil medføre vesentlege negative konsekvensar.	
Friluftsliv	Større deler av innspelet overlappar med det svært viktige friluftslivområdet Lykling – gullgruveområdet. Området er skildra som eit populært utfartsområde, med fleire merka løyper i heile området. Deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Strandsona i området er i all hovudsak registrert som potensielt tilgjengeleg, med varierande hellingsgrad.	Etablering av privatiserande og støyande tiltak i området vil medføre negative konsekvensar for dei relativt store friluftsinteressene i området, og for tilgjenge til strandsona. Det er knytt usikkerheit til kor omfattande tiltak som er planlagt, og i kva grad tiltaka er privatiserande.	-2
Landskap	Innspelet ligg i all hovudsak innanfor NiN-område middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskaps-typane kystbygdene på Vestlandet, Brede fjordløp og opne fjordmunninger, Kystheiene, Ytre skjærgård, Det meste av innspelet har verdi 3 – middels verdi – vanlig forekommende i regional saman-heng og/eller over gjennomsnittet lokalt, mens den nordlege delen av innspelet har verdi 2 – vanleg førekomande landskap. Innspela ligg i eit kupert kystlandskap, lyngheilandskap, med spreidd busetnad. Det meste av innspelet består av urørt natur med kystlynghei. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Det er knytt relativ stor usikkerheit til omfanget av terrenginngrep for innspelet. Det vil truleg vera behov for ei vesentleg oppgradering av infrastruktur i området, inkludert tilkomstvegar. Ei utvinning i det eksisterande gullgruveområdet vil truleg medføra lågare konsekvens for landskap enn ei utvinning i urørte område.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Den sørlege delen av innspelet overlappar med sone avsett til kulturminnerik strandsone. Deler av innspelet i sørvest er omfatta av omsynssone verdifulle	Ei omfattande råstoffutvinning i området vil medføre vesentlege konsekvensar for registrerte kulturmiljø.	-3

	kulturlandskap i gjeldande kommuneplan. Området kring gullgruveområdet er omfatta av reguleringsplan frå 1994. I denne planen er større deler avsett til spesialområde «Område som p.g.a. historisk og anna kulturell verdi skal bevarast» og «Område med bygningar og anlegg som p.g.a. historisk, antikvarisk eller anna kulturell verdi skal bevarast». Føresegnene for desse områda peikar mellom anna på at spor etter gruvetida og viktige geologiske formasjonar skal takast vare på i den form dei har i dag. Gullgruveområdet på Lykling er også nemnd i samfunnsdelen til kommuneplanen som eit verdifullt kulturområde som har stort potensiale. Det er ikkje registrerte automatisk freda kulturminne innanfor området. Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg i gul og grå kategori innanfor innspelet, og eitt bygg i raud (meldepliktig) kategori lengst nord, i Risvika.		
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet består i hovudsak av lynghei, men det er registrert både skog av høg bonitet, fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite i området. Det er til saman relativt store område med dyrka mark innanfor innspelet	Ei råstoffutvinning i området vil medføre vesentlege konsekvensar for dyrka mark i området. Råstoffutvinninga i seg sjølv vil derimot vera ei utnytting av potensielt viktige mineral-ressursar i området. Dette vert vekta under næringsliv og sysselsetting.	-2
Teknisk infrastruktur	Området er ikkje tilrettelagt med teknisk infrastruktur for eit større råstoffuttak.		-2
Nærmiljø og stadutvikling	Det er relativt lite busetnad i området, og råstoffutvinning i området vil ikkje nødvendigvis vera i konflikt med eksisterande busetnad. Innspelet ligg ikkje i tilknyting til definerte senter i kommunen.		-1
Karbonrike areal	Innspelet består i hovudsak av lyngheiområde, men det er også registrert myr, dyrka mark, og skog av dels høg bonitet innanfor innspelet		-1
Næringsliv og sysselsetting	Råstoffutvinning i området vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting		+3
Strandsone	Innspelet grensar til sjø, og relativt store deler av innspelet ligg i 100-metersbeltet. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Uttak av mineral/råstoffutvinning er næring som ikkje er sjøretta, men som må leggast i område der det er tilgang på ressursar.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til bustader, næring og kultur (inkludert grøntareal) i planar. Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å bevare viktige friluftsområde, arealstrategien		

	om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta, og arealstrategien om å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging, eit strengt jordvern.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar med nokre aktsemdområde for snøskred og steinsprang.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar med eit aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Dei delane av innspelet som ligg tett på sjøen vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Trafikktryggleik må avklarast i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Støy vil kunne vera ein problemstilling ved råstoffutvinning i området. Dette må avklarast i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ein høgspentleidning gjennom den austlege delen av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 9 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-3	-2	-2	-3	-2	-2	-1	-1	+3


Innspelet omfattar råstoffutvinning, og omfattar eit svært stort areal. Det vil vera store negative konsekvensar av å setje av heile området til råstoffutvinning, og det er også knytt usikkerheit til kva for område som vil kunna vera aktuelle for råstoffutvinning.
I Bømlo kommunes planprogram for rullering av kommuneplanens arealdel står det;
4.11.8.Mineralførekomstar, massedeponi og -uttak
Kommunen skal sikra viktige mineralførekomstar i arealplanen. Kommunen skal vurdera om eksisterande plangrunnlag gjev tilstrekkeleg grunnlag for forvaltning av kommunen sine mineralressursar på lang sikt. Utvinning skal vegast opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

Det er per no ikkje nok detaljar kring prosjektet, til dømes aktuelle område og inngrep. Ut frå vekting av miljøomsyn og andre samfunnsintesser er den samla vurderinga negativ tilråding av innspelet. Det må likevel presiserast at det i hovudsak ikkje ligg andre utbyggingsføremål innanfor området, som avgrensar eventuell framtidig utvinning i området, dersom det skulle visa seg å vera aktuelt.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy, høgspent.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.10.14 Finnås 16a-e, Kombinert fritid/turisme/næring, bustad, grønstruktur, småbåthamn

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 16a: LNF, bustad, næring, fritid/ turisme, bandlegging for regulering 16 b og c: LNF 16d: Friluftsområde i sjø Bruk og vern av sjø og vassdrag Omsynssone friluftsliv 16e: LNF, Næring	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk 16a: Fritid/turisme/næring 16b: Bustad 16c: Grønnstruktur 16d: Småbåthamn 16e: Næring	
Arealstorleik planlagt arealbruk	16a: 42 daa (kombinert fritid/turisme/næring) 16b: 21 daa (bustad) 16c: 59 daa (grønnstruktur) 16d: 4,2 daa (småbåthamn) 16e: 2,1 daa (næring)
Skildring av området	Innspela ligg ved Kulleseidkanalen, og skal mellom anna medverke til å kunne utvikle turist-/reiselivsanlegg i området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i delområda

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Framandarten høstberberis (svært høy risiko) er registrert innanfor innspel 16a Markslag: Skog, innmarksbeite, bebygd, fulldyrka jord, open fastmark, sjø,	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	16a: -1 16b: -1 16c: -1 16d: -1 16e: -1
Friluftsliv	Innspela 16a og 16d overlappar med det svært viktige friluftslivområdet Kanalane og sjørareal i nærleiken.	16c er positivt for friluftsliv då det legg opp til å bevare arealet som grøntområde.	16a: -1 16b: -1 16c: +1 16d: 0

	Innspela ligg dels i 100-metersbeltet. Mykje av strandsona innanfor innspela er registrert som inngrepsnær, og ikkje tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv. Den tilgjengelege strandsona har varierande bratthetsgrad.	16d legg opp til småbåthamn i friluftsområdet. Det aukar tilkomsten til området, men det ligg i friluftsområdet. 16a og b vil føre til nedbygging av område og at områda ikkje kan bli brukt som friområde.	16e: 0/-1
Landskap	Innspela ligg dels innanfor landskapssone i regional kystsoneplan. Dei austlege delane av innspela ligg innanfor landskapsområde Relativt åpent fjordlandskap med bebygde områder, mens den vestlege delen av innspela ligg innanfor landskapsområde Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Dei austlege delane av innspela ligg innanfor landskapstypen Småfjord- og storsundlandskap, mens den vestlege delen av innspela ligg innanfor landskapstypen Våg- og smalsundlandskap. Innspela ligg ved Kulleseidkanalen, og omfattar dels bebygde område, og dels relativt ope jordbrukslandskap. Terrenget i området er småkupert. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	16c og d har ingen kjende konsekvensar for landskapet. 16d er i sjø og vil være synleg, hovudsakeleg frå sjø. Terrenget er relativt flatt i 16a og e, og ei utbygging i området treng ikkje medføre store terrenginngrep, men området vil framstå som mindre opent. 16b er ein utviding av regulert bustadområde i nord. Terrenget er kupert. Utbygging vil være på ca. same nivå, og lågare enn eksisterande utbygging i vest, så det vil ikkje ha noko stor fjernverknad.	16a: -1 16b: -1 16c: 0 16d: -1 16e: -1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er fleire sefrak-registrerte bygg innanfor innspel 16a (gul og grå kategori). Innspel 16c overlappar med tre automatisk freda kulturminne, busetnad frå eldre steinalder. Eitt av dei ligg innanfor innspelet, for dei to andre ligg sikringssona innanfor innspelet.	Utbygging vil kunne få konsekvens for kulturminna og sefrak-registrerte bygg.	16a: -1 16b: 0 16c: -1 16d: 0 16e: 0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Skog av varierande bonitet Overlapp med fulldyrka jord (innspela 16a, c, e) Overlapp med innmarksbeite (innspela 16a og c) Det er registrert fiskeplassar for aktive og passive reiskap i sjøområda kring innspela. Fiskeplassane overlappar med innspelet 16d (småbåthamn).	Det vil være negative konsekvensar for dyrka jord ved utbygging av innspel 16 a og c. Innspel 16e går så vidt inn på areal registrert som dyrka, i underkant av 0,2 daa. Det vil være negative konsekvensar for innmarksbeite ved utbygging av innspel 16 a og c.	16a: -2 16b: 0 16c: -2 16d: -1 16e: 0/-1
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i tilknyting til eksisterande utbygde område, og vegtilkomst bør kunna løysast på ein tilfredsstillande måte. Det er truleg enkel tilgang til infrastruktur i nærleiken. Innspela ligg sentralt plassert på Finnås.		+2


Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg sentralt plassert ved Finnås, som er kategorisert som eit lokalsenter i kommunen. Dei ligg tett på etablert bustadområde, og vil vera gunstig plassert med omsyn til nærmiljø og stadutvikling.	+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal (skog av høg bonitet og fulldyrka mark) innanfor innspela.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Realisering av tiltaka knytt til innspela kan vera med på å utvikle reiselivs-/turistanlegg i området	+2
Strandsone	SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Når det gjeld reiselivsanlegg peikar strandsonerettleiaren for Vestland på at det er positivt i reiselivssamanheng å sikre allemannsretten og tilgang til friluftsområde. Det er difor også viktig for reiselivsnæringa at dei nære sjøområde får liten utbygging og at berre dei delane av næringstiltaket som må ligge til sjø vert etablert der. Strandsonerettleiaren seier vidare at i sone 3 skal behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, til dømes satsing på reiseliv og turisme, tilleggjast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Innspela er såleis i tråd med strandsonerettleiaren når det gjeld føremåla fritid/turisme og næring.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med den kommunale arealstrategien om å ha eigna område til næringsføremål/reiseliv i strandsona, men dels ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta, og ikkje i tråd med strategiane om å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging; eit strengt jordvern.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg dels under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg dels i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er dels etablert vegtilkomst til områda, via Kanalvegen. Trafikktryggleik må avklarast i reguleringsplan.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande aktivitetar i nærleiken av innspela. Næringsverksemd kan potensielt generere støy.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ein høgspentleidning gjennom innspel 16c og 16a.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er på Svortland, om lag 7 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	-1	-2	+2	+2	-1	+2
-1	-1	-1	0	0				
-1	+1	0	-1	-2				
-1	0	-1	0	-1				
-1	0/-1	-1	0	0/-1				

16a og c: Det er innmarksbeite i området, men det er her gitt dispensasjon frå gjeldande plan for etablering av frisbeegolf-bane på innmarksbeite. Tilrådd justert slik at dyrkamark vidareførast som LNF, og innspelet på fritidsbustad som overlappar med 16a (innspel Finnås14).



16b (Bustad): Det er regulert til bustad tilgrensande dette arealet, utbygging av denne planen er ikkje påstarta. Arealet kan være aktuelt som utviding på sikt, men tas ikkje med i denne omgangen. Negativ tilråding.

16d ligg i friluftsområdet i sjø, men det aukar også tilkomsten til området. Positiv tilråding.

16e er ikkje utbygd i dag, men ligg i hovudsak som næring i gjeldande kommuneplan. Positiv tilråding.

Det må utarbeidast reguleringsplan for områda 16 a og 16d.


ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent.

Fagleg vurdering: 16 d og e positiv


Fagleg vurdering: 16 a og c justert

Fagleg vurdering: 16b Negativ

4.11 Langevåg



4.11.1 Langevåg 1a-c, gnr/bnr 43/1, Naust, småbåtanlegg

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Bruk og vern av sjø og vassdrag	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Naust Småbåtanlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1a: 2,4 daa - naust 1b: 0,6 daa - småbåtanlegg 1c: 0,7 daa – småbåtanlegg

Skildring av området	Innspelet ligg i tilknyting til eksisterande naustområde ved Tjongspollen. Dei to områda for småbåtanlegg er allereie i bruk som småbåtanlegg, og heile den austlege delen av neset består av tilkomstveg til eksisterande naust og til småbåtanlegga.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone


Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Naturtypen Fjorder med naturlig lavt oksygeninnhold i bunnvannet med verdi Viktig er registrert i sjøområda. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspela overlappar med funksjonsområde for storskarv (NT) Artar: storskarv (NT) er registrert i området. Markslag: Skog, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Ei vidare utbygging med naust og småbåtanlegg vil medføre negativ påverknad på funksjonsområdet for storskarv. Det er allereie etablert tiltak i deler av innspela	-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor innspela. Innspela ligg i 100-metersbeltet. Strandsona i området er kategorisert som potensielt tilgjengeleg (SSB), med varierande hellingsgrad.	Etablering av fleire tiltak i området vil medføre meir arealbeslag i strandsona. Deler av området er allereie i bruk til naust og småbåtanlegg.	-2/-1
Landskap	Landskapet i området er registrert som skjerma indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Landskapstypen er registrert som våg- og smalsundlandskap, med verdi 4 – Stor verdi. Innspela ligg kring eit nes inst i Tjongspollen/Skåravågen. Det er kupert i området, den gjenståande kollen på neset er 8 m.o.h. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei vidare utbygging med naust i området vil medføre store terrenginngrep i strandsona.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Innspelet grensar til omsynssone verdifulle kulturlandskap i gjeldande kommuneplan. nnspelet ligg innanfor Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område) Søre Bømlo – Hespriholmen – Steinalderlandskap. Det ligg ikkje registrerte kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspela.	KULA-området er sårbart for utfylling og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet. Ei vidare utbygging i området med naust og småbåtanlegg vil ikkje ha vesentlege konsekvensar knytt til kulturmiljø.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Skogen i området er registrert som uproduktiv. Det er ikkje registrert andre landbruksinteresser innanfor innspela.	Ingen kjende konsekvensar	0

	Det er ikkje registrert marine ressursar i sjøen i nærleiken av innspela.		
Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til området. Det er etablert nokre naust i området, og det er såleis truleg god tilgang på infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen. Det er spreidd busetnad i nærleiken av naustområdet.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspela.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om etablering av naust, og innspela ligg i tilknyting til eksisterande område.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med kommunale arealstrategiar.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg dels innanfor aktsemdområde for snøskred og steinsprang		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ei vidare utbygging i området vil truleg ikkje påverke trafikktryggleik i området i vesentleg grad, då området allereie dels er utbygd		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er i Langevåg, om lag 5 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	**-2/-1**	**-2**	**-1**	**0**	**+1**	**0**	**0**	**x**

Innspela ligg i strandsona i eit område som dels er utbygd med naust og småbåtanlegg. Ei vidare utbygging i området vil medføre negative konsekvensar med omsyn til mellom anna naturmangfald og landskap. På bakgrunn av dette vert innspelet om utviding av naustområdet negativt tilrådd, mens innspela knytt til småbåtanlegg vert tilrådd justert til å omfatta eksisterande utbygd situasjon. ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning.	
Fagleg vurdering: Justert tilråding til eksisterande utbygd situasjon for innspel 1b og 1c	
Fagleg vurdering: Negativ tilråding for utvida naustområde, innspel 1a	

4.11.2 Langevåg 2a, gnr/bnr 57/34 og deler av 57/4 – Næring

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn (H110_16 – drikkevasskjelde og settefiskanlegg)	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Næring	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 40 daa
Skildring av området	Innspelet ligg nord for eksisterande settefiskanlegg i Langevåg. Eidesvik Havfiske ønsker å utvide dagens parkeringsfasilitetar og legge til rette for framtidig utviding av settefiskproduksjon. Det ligg to mindre bygg og ein veg innanfor innspelet, elles er det ikkje etablert tiltak i området.
Aktuelle problemstillingar	Deler av innspelet ligg i strandsona.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med to område med naturtypen kystlynghei (lav og moderat kvalitet, begge registrert med stor verdi), og naturtypen semi-naturleg våteng av moderat kvalitet, registrert med middels verdi Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Framandarten blankmispel (svært høy risiko), skjoldblad (NT) og hjertegras (NT) er registrert innanfor innspelet Markslag: Open fastmark, innmarksbeite, blandingsskog, ferskvatn, sjø, bebygd, samferdsel	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Ei utbygging av området vil medføre negative konsekvensar for registrerte naturtypar i området	-2/-3
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor innspelet. Strandsona i området er i hovudsak registrert som ikkje-potensielt tilgjengeleg.	Utbygging i området vil redusere potensiell bruk av området til friluftsliv. Strandsona i området er allereie i stor grad utbygd, og ei endring av føremål i dette området vil ikkje medføre vesentlege endringar.	-1/0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse (NiN) Det meste av innspelet ligg innanfor landskapstypen Ytre Skjærgård med verdi 3 – middels verdi. Den sørlege delen av innspelet ligg innanfor landskaptypen våg- og smalsundlandskap med verdi 2 – vanleg førekomande landskap. Innspelet består i stor grad av småkupert heilandskap som ikkje er tresatt. Høgste punkt innanfor innspelet ligg i aust, på Salomonsfjellet, og er om lag 40 m.o.h. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging i området vil medføre store terrenginngrep i eit relativt sårbart kystlandskap. Innspelet er ei utviding av eksisterande settefiskanlegg, og vidare utbygging vil såleis vera ei naturleg vidareføring av eksisterande næringsområde.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Innspelet ligg innanfor Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område) Søre Bømlo – Hespriholmen – Steinalderlandskap. Innspelet ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	KULA-området er sårbart for utfylling og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet. Ei utbygging i området vil medføre vesentlege konsekvensar for dei registrerte kulturminna i området.	-3

	Innspelet overlappar med to automatisk freda kulturminne. Begge kulturminna er buplassar frå steinalderen. Det ligg fleire automatisk freda kulturminne i områda kring innspelet.		
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Uproduktiv blandingsskog Om lag 300 m^2 overlapp med innmarksbeite. Det er ikkje registrert arine ressursar i sjøområda.	Ei utbygging i området vil medføre negative konsekvensar i form av tap av innmarksbeite.	-1/-2
Teknisk infrastruktur	Området ligg i tilknyting til eksisterande settefiskanlegg. Eksisterande infrastruktur vil truleg kunna nyttast og vidareførast inn i det utvida området.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Området ligg relativt sentralt plassert i forhold til Langevåg, som er kategorisert som eit lokalsenter i kommunen. Utvidinga av området er i retning vekk frå eksisterande busetnad, noko som er positivt med omsyn til eventuell støy- og luktproblematikk.		+2
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielle karbonrike areal innanfor innspelet		0
Næringsliv og sysselsetting	Ei utviding av næringsområdet vil vera positivt med omsyn til næringsliv og sysselsetting.		+2
Strandsone	Ein mindre del av innspelet ligg i strandsona. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og området ligg i tilknyting til eksisterande busetnad.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære næringsområde, næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, og eigna sjøareal til marin næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Den nordlege delen av innspelet overlappar så vidt med aktsemdområde for snøskred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg i hovudsak under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet vil kunne verte påverka av stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er tilkomst til dagens settefiskanlegg via Eidesvikvegen. Trafikktryggleik må utgreiast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Støy frå anlegget og påverknad på nærliggjande busetnad er eit tema som må utgreiast i samband med reguleringsplan for området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**


	Det er ikkje høgspentlinjer innanfor eller i nærleiken av innspelet.
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, om lag 800 meter frå innspelet i luftlinje.

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2/-3	-1	-2	-3	-1/-2	+2	+2	0	+2


Innspelet er i vesentleg konflikt med fleire registreringar, særleg knytt til naturmangfald og kulturminne. Samstundes er det store positive samfunnsmessige konsekvensar ved innspelet.
Det må gjennomførast ein reguleringsplan for området der tiltaka vert tilpassa registreringane i området.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy



Fagleg vurdering: Justert tilråding, til sørvestleg del, utanfor kulturminne og naturtypen våteng

4.11.3 Langevåg 3, gnr/bnr 59/154, Fritid/Turisme

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn (H110_16, drikkevasskjelde og settefiskanlegg) Reguleringsplan for ny vannledning frå Kvernavatnet til Vorland går gjennom området	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Fritid/turisme	
Arealstorleik planlagt arealbruk	97 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Vorland. Det er ønskje om fritidspark/ørnepark, universelt utforma naturløyper, klatreløyper og leikeplassar. Det er på sikt planlagt å etablere turistnæring knytt til ørneparken. Området er skogkledd og utan etablerte tiltak i dag. Regulert veg fram til Kvernavatnet går gjennom området
Aktuelle problemstillingar	Urørt naturområde

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med naturtypane boreal hei med høg kvalitet, moderat tilstand og stor verdi, og Rik åpen sørlig jordvassmyr med svært låg kvalitet, særs redusert tilstand og middels verdi. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Det er registrert trekkveg for hjort i den vestlege delen av innspelet. Artar: Framandarten sitkagran (svært høy risiko) er registert innanfor innspelet. Villeple (VU) er registrer innanfor innspelet. Markslag: Det er registrert myr i den vestlege delen av innspelet. Elles barskog med varierande bonitet og open fastmark.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Etablering av tiltak og aktivitetar i området vil medføre negative konsekvensar for registrert naturmangfald i området.	-2
Friluftsliv	Innspelet overlappar med det svært viktige friluftslivområdet roaldsfjorden. Dette er skildra som flott tursti på Søre Bømlo. Lett turterreng som skiftar mellom hei, lyngmark og myrar. Det går ein sti gjennom området.	Etablering av tiltak i området kan vera negativt med omsyn på registrerte friluftsområde. Samstundes kan etablering av turløyper, klatreløyper etc vera med på å gjera området meir tilgjengeleg og attraktivt for friluftsliv.	0

Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspelet er dels ein del av landskapstypen Kystheiene med verdi 3 – middels verdi, og dels ein del av landskapstypen våg og smalsundlandskap med verdi 2 – Vanlig forekommende landskap Det er relativt kupert i området, frå om lag 10 m.o.h. i det søraustlege hjørnet til over 90 m.o.h. i den nordvestlege delen. Området er skogkledd. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging i området vil ha landskapsmessige konsekvensar i form av terrenginngrep.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Den sørlege delen av innspelet ligg innanfor område registrert som kulturminnerik strandsone. Det er ikkje registrert kulturminne, andre kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor eller tett på innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet. Det er registrert barskog av varierande bonitet	Det er eit relativt stort areal, og utbygging av området vil medføre tap av skog.	-1
Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til området, og bustader i nærleiken.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg relativt tett på Langevåg, som er definert som eit lokalsenter i kommunen. Det er spreidd busetnad i området kring innspelet.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av myr og skog av dels høg bonitet i området.		-2
Næringsliv og sysselsetting	Etablering av fritid/turismeanlegg kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting.		+1
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med kommunale arealstrategiar.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er registrert aktsemdområde for flaum i den austlege/nordaustlege delen av innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet er ikkje utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Tilkomst til området er via Andalsvegen. Trafikktryggleik må sikrast og utgreiast gjennom ein eventuell reguleringsplan for området. Det kjem an på kva tiltak som skal etablerast i området om trafikkmengden vert vesentleg endra samanlikna med dagens situasjon.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemder i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ikkje høgspentleidning gjennom området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, om lag 1,5 km frå innspelet i luftlinje.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	0	-1	0	-1	0	+1	-2	+1

Innspelet omfattar eit relativt stort areal. Med unntak av naturmangfald er det ikkje vesentlege negative konsekvensar av innspelet.


Det er regulert inn tilkomstveg gjennom innspelet, fram til Kvernavatnet. Innspelet bør avgrensast til området aust for denne tilkomstvegen, for å avgrense landskapsverknadane, og justera innspelet til nærleiken til allereie etablerte tiltak. Det må leggast føringar på området som sikrar at tiltak er avgrensa til turløyper, klatrepark og liknande. Det skal ikkje etablerast utleigehytter i området.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik



Fagleg vurdering: Justert tilråding, til området på austsida av regulert veg i tilgrensande reguleringsplan

4.11.4 Langevåg 4, gnr/bnr 60/1, Næring

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Næring	
Arealstorleik planlagt arealbruk	170 daa
Skildring av området	Innspelet ligg nord for Vorlandsvågen, aust for Vedvikevatnet. Innspelet omfattar eigedomen gnr/bnr 60/1, og grensar til sjø. Det er ønskjeleg å sette av heile eigedomen til næring. Innspelet grensar til akvakulturområde i sjø, og Bremnes Seashore har eit anlegg liggande i området. Det er ønskjeleg å etablere akvarelatert produksjon/oppdrett i området mot sjø. Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelet i dag, men det går ein veg gjennom området, som går ned til bygga knytt til AK-området like utanfor innspelet. Det er eit planert område brukt som lager relativt tett på Andalsvegen.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Naturtypen Større kamskjellforekomster med verdi Viktig er registrert i sjøområda utanfor innspelet Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Det er registrert ein trekkveg for hjort inn i området. Artar: Det er fleire registreringar av sitkagran i området (framandart registrert med svært høg risiko). Markslag: Skog, open fastmark, myr, ferskvatn	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor innspelet. Deler av innspelet ligg i 100-metersbeltet. Det meste av strandsona er registrert som potensielt tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv, med i hovudsak hellingsgrad mellom 3 og 10 grader.	Ei utbygging i området vil medføre reduksjon i området sin verdi som til bruk som friluftsområde, både i strandsona og i resten av området. Strandsona i området er truleg ikkje svært attraktiv som friluftsområde, då det ligg eit oppdrettsanlegg om lag 150 meter frå strandlinja.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN)	Ei utbygging i området vil medføre store terrengmessige endringar i	-2

	Innspelet er dels ein del av landskapstypen våg og smalsundlandskap med verdi 2 – Vanlig forekommende landskap, og dels ein del av Brede fjordløp og fjordmøter med verdi 3 – middels verdi. Det er relativt flatt i området, Andalsvegen ligg om lag 30 m.o.h., Det meste av arealet består av barskog og myr.Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	området, både i strandsona og i resten av området.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor eller tett på innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er i hovudsak registrert skog av høg og særs høg bonitet innanfor innspelet.	Det er eit relativt stort areal, og utbygging av området vil medføre tap av skog.	-1
Teknisk infrastruktur og klima/energi	Det er vegframføring til området, og det ligg bygningar ved sjøen som truleg har infrastruktur ein kan kopla seg på.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg langt frå eksisterande busetnad, og i tilknyting til akvakulturanlegg i sjø. Innspelet ligg om lag 3 km i luftlinje frå Langevåg, som er definert som eit lokalsenter i kommunen.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av myr og skog av dels høg og særs høg bonitet i området.		-2
Næringsliv og sysselsetting	Næringsføremål i området kan vera positivt med omsyn til næringsliv og sysselsetting.		+2
Strandsone	Ein del av innspelet ligg i strandsona. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og området ligg i tilknyting til eksisterande busetnad.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære nærings-område, næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, og eigna sjøareal til marin næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred i området.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet overlappar med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet ligg i strandsona, og området vil vera utsett for stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er tilkomstveg i området. Reguleringsplan for området må avklara trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspelet vil potensielt kunne medføre ein del støy. Det er ikkje busetnad tett på området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje gjennom innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, som ligg om lag 3 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-1	-2	0	-1	0	+1	-2	+2


Innspelet er i stor grad ubygd i dag, og består av skog- og myrområde. Det er ønskjeleg å etablera næring knytt til akvakultur i området, og området ligg i tilknyting til akvakulturanlegg i sjø. Innspelet er stort, 170 daa. Innspelet er i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næringsområde som treng å ligga ved sjø (akvakultur).

I strandsona ligg innspelet tett på akvakulturområde i sjø, der Bremnes Seashore har eit eksisterande anlegg. Etablering av næringsområde med kaifront i området vil vera konfliktfylt i forhold til dette anlegget.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.11.5 Langevåg 5a, 5b, gnr/bnr 53, 54/1,4,1,2,3, Næring

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 5a: LNF Omsynssone bevaring kulturmiljø, verdifulle kulturlandskap (H570_12) 5b: Bruk og vern av sjø og vassdrag, akvakultur	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Næring	
Arealstorleik planlagt arealbruk	5a: 560 daa 5b: 146 daa

Skildring av området	Innspela ligg i tilknyting til Hovlandshagen industriområde i Langevåg. Innspelet kjem på bakgrunn at det er ønskjeleg å tilrettelegge nok industriareal for både noverande og framtidige nye næringar i tilknyting til den nye fiskerihamna i Langevåg. Innspelet 5b er kome på bakgrunn at det er avdekka behov for større tilgang til sjø, sjønært areal og areal i sjø.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Omdisponering av LNF og akvakultur

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspel 5a overlappar med naturtypen kystlynghei med i hovudsak moderat kvalitet og dårleg tilstand, 6 område med naturtypen Rik open sørlig jordvannsmyr med høg kvalitet og god tilstand, 2 område med naturtypen semi-naturlig eng med låg og høg kvalitet. Naturtypane er registrert med stor og svært stor verdi. Innspel 5b overlappar med naturtypen Større kamskjellførekomstar med verdi Viktig. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspelet overlappar med funksjonsområde (reproduksjone) for storspove (EN) Artar: Framandartane Sitkagran og Dielsmispel, sprikemispel, bulkemispel, platanlønn (alle svært høg risiko), rødlisteartar/ artar av stor forvaltningsinteresse: hjertegras (NT), geitsvingel, villeple (VU), fagerrogn (NT), trollnype (VU), ask (EN), strandkjeks, rognasal, purpurlyng (NT), blåstarr (NT), melrødspore (VU), heistarr (NT), gullhårmose, skarmarikåpe, storspove (EN) Markslag: Open fastmark, myr, barskog, lauvskog, ferskvatn, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er fleire registreringar av verdfullt naturmangfald i området, og ei utbygging vil ha vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald.	-3
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor innspela. Innanfor innspel 5a er det registrert fleire stiar. Deler av innspel 5a ligg i 100-metersbeltet mot sjø. Strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg (SSB), med varierande hellingsgrad.	Ei utbygging i området vil medføre tap av potensielt tilgjengeleg strandsone, og potensielt turterreng for bebuarar i Langevåg.	-2

Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspelet er dels ein del av landskapstypen våg og smalsundlandskap med verdi 2 – Vanlig forekommende landskap, og dels ein del av Brede fjordløp og fjordmøter med verdi 2 – vanlig forekommende landskap. Terrenget er relativt flatt i området, og består av kystlynghei og myrområde. Innspelet ligg på neset som skjermar Langevåg, og grensar til fiskerihamna i nord.. Det er ikkje etablert tiltak innanfor området i dag. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com	Ei utbygging i området vil visa markant igjen i landskapet, som er flatt, utan store høgdeforskjellar. Utbygging innanfor innspel 5b vil medføre relativt stor utfylling i sjø. Området grensar mot fiskerihamna i nord, og ei vidare utbygging sør og søraustover er såleis dels i samsvar med eksisterande bruk av området.	-3
Kulturminne og kulturmiljø	Innspel 5a ligg innanfor kulturminnerik strandsone. Det er registrert mange automatisk freda kulturminne innanfor innspel 5a; buplasser frå Steinalderen. Det ligg om lag 26 automatisk freda kulturminne innanfor innspelet. Innspel 5a ligg innanfor Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område) Søre Bømlo – Hespriholmen – Steinalderlandskap. Innspel 5b ligg dels innanfor kulturminnerik strandsone. Det er ingen registreringar innanfor innspel 5b.	KULA-området er sårbart for utfylling og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet Utbygging av innspel 5a vil medføre vesentlege negative konsekvensar for kulturminne. For innspel 5b er det ingen kjende konsekvensar av utbygging for kulturminne.	5a: -3 5b: 0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark eller viktige skogressursar innanfor innspel 5a. Det er ikkje registrert marine ressursar i området, med unntak av naturtypen større kamskjellførekomstar	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur og klima/energi	Innspela ligg i tilknyting til eksisterande utbygd område ved fiskerihamna. Det er truleg god tilgang på infrastruktur som ein kan kopla seg på ved vidare utbygging.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg mellom eksisterande næringsområde rundt fiskerihamna og busetnad i sørvest. Nærleiken til bustadområda kan vera utfordrande, mellom anna med omsyn til støyproblematikk. Innspela ligg tett på sentrum av Langevåg, som er definert som eit lokalsenter i kommunen.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av myr innanfor innspelet.		-2
Næringsliv og sysselsetting	Ei utbygging i området vil vera positivt med omsyn til næringsliv og sysselsetting.		+3

Strandsone	Ein del av innspel 5a ligg i strandsona, og innspel 5b ligg i sjøen. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og området ligg i tilknyting til eksisterande busetnad.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære nærings-område, næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, og eigna sjøareal til marin næring.


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspela ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil vera utsett for fare for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er vegtilkomst til eksisterande næringsområde. Trafikktryggleik må handsamast som ein del av reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela, men det er registrert mistanke om forureina grunn ved Bømmeløy mekaniske verkstad, like vest for innspela.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Utbygging av eit større nærings/industriområde vil truleg medføre støyproblematikk i forhold til nærliggande busetnad. Dette er eit viktig utgreiingstema ved utarbeiding av ein eventuell reguleringsplan for området		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ein høgspentleidning like vest for innspel 5a		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, om lag ein km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-3	-2	-3	5a: -3 5b: 0	0	+2	+1	-2	+3

Ei utbygging i området vil ha vesentlege negative verknader, særleg for naturmangfald, landskap og kulturminne/kulturmiljø. Samstundes er det store positive konsekvensar av ei utbygging knytt til næringsliv og sysselsetting.

Innspelet er i tråd med strandsonerettleiaren for Vestland, då det er snakk om næring som må ligga til sjø. Ved ei eventuell utbygging av området må det sikrast at det er sjøtilknytte næringar som vert etablert i området.

Det er tilrådd eit justert område som omfattar den austlege delen av innspelet. I dette området er det færre kulturminne-registreringar, og ein får utnytta strandsona til sjøtilknytte næringar. Det er også positivt for etablerte bustader i området at næringsområdet vert trekt lengst mogleg frå busetnaden. Det må utarbeidast reguleringsplan for området. ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, forureina grunn, støy, stråling frå høgspent.	
Fagleg vurdering: Justert tilråding, til austleg del	

4.11.6 Langevåg 6, gnr/bnr 57/2, Bustad og Langevåg 2b, Næring

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Akvakultur Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn (H110_16), drikkevasskjelde og settefiskanlegg	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Næring (akvakultur) Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	6: 109 daa (bustad) 2b: 93 daa (næring)
Skildring av området	Innspela ligg på Eidesneset, vest for Eidesvik. Området er urørt i dag. Det er to innspel knytt til området, eitt for næring (akvakultur) og eitt for bustad.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i området.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Naturtypen sørvendte berg og rasmarker med verdi Viktig ligg innanfor innspela. I sjøområda kring innspela er naturtypen større kamskjellforekomster med verdi viktig registrert. Innspela overlappar med naturtypen Kystlynghei med moderat kvalitet, semi-naturleg strandeng med låg kvalitet, open grunnlendt kalkrik mark i boreonemoral sone av moderat kvalitet, og semi-naturleg våteng med moderat kvalitet. Semi-naturleg våteng er registrert med middels verdi, dei andre naturtypane er registrert med stor verdi. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspela overlappar med funksjonsområde for hettemåke (CR) og ærfugl (VU). Artar: Framandartane krypmispel (svært høg risiko), dielsmispel (svært høg risiko), klistersvineblom (svært høg risiko), bulkemispel (svært høg risiko) Raudlisteartar/artar av stor forvaltingsinteresse: Trollnype (VU), kystblåfiltlav (NT), skjoldblad (NT), nebbpiggknopp (DD), purpurlyng (NT), heistarr (NT), havburkne (NT), svartstrupe (EN), gråspett, gjøk (NT), havørn, skjærpiplereke Markslag: Open fastmark, ferskvatn, sjø, innmarksbeite	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er mange registreringar i området, av både naturtypar, raudlisteartar /artar av stor forvaltningsinteresse og funksjonsområde. Ei utbygging i området vil medføre vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald,	-3
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor innspela, men det går stiar i området. Innspela ligg i hovudsak i 100-metersbeltet til sjø. Strandsona i området er i hovudsak kategorisert som potensielt tilgjengeleg, med varierande hellingsgrad.	Ei utbygging i området med næring eller bustad vil medføre privatisering av strandsona i området.	-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslette-landskap med tettbebyggelse (NiN) Den nordlege delen av innspela ligg innanfor landskapstypen Ytre Skjærgård med verdi 3 – middels verdi. Den sørlege delen av innspela ligg innanfor landskaptypen våg- og smalsundlandskap med verdi 2 – vanleg førekomande landskap Området består av eit større nes, Eidesneset, som ligg ved innseglinga til Vespestadvågen. Området ligg	Ei utbygging i området vil medføre vesentlege terrenginngrep, mellom anna i strandsona. Innspela vil medføre store negative landskapsmessige konsekvensar.	-3

	eksponert til, og er relativt kupert, frå sjønivå opp til 47 m.o.h. på toppen av Ternahaugen. Det er ingen tiltak i området i dag. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com		
Kulturminne og kulturmiljø	Innspela ligg innanfor Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område) Søre Bømlo – Hespriholmen – Steinalderlandskap. Innspela ligg innanfor kulturminnerik strandsone. Det ligg tre automatisk freda kulturminne innanfor innspel 6 – bustad. Dette er buplasser frå Steinalderen.	KULA-området er sårbart for utfylling og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet Ei utbygging i området vil medføre vesentlege negative konsekvensar for kulturminne for innspel 6 – bustad, som overlappar med dei automatisk freda kulturminna. For innspel 2b er det ingen kjende konsekvensar	2b: 0 6: -2/-3
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspela overlappar med innmarksbeite	Utbygging i området vil medføre tap av innmarksbeite. Det er eit relativt lite areal, som ikkje ligg i tilknyting til andre beiteområde.	-1
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje veg fram til området i dag, og det er ingen etablerte tiltak innanfor innspela. Det er tilgrensande busetnad (fritidsbygg) i nordaust, som ei eventuell utbygging i området truleg kan kopla seg til.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela grensar til busetnad i nordaust. Innspela ligg relativt sentralt plassert i forhold til Langevåg, som er definert som eit lokalsenter i kommunen. Det er i underkant av 2 km i luftlinje til Hillestveit skule i Langevåg.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert vesentlege karbonrike areal innanfor innspela|		0
Næringsliv og sysselsetting	Ei næringsutbygging i området vil vera positivt med omsyn til næringsliv og sysselsetting.		2b: +2 6:0
Strandsone	Innspel 2b ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspela er delvis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, men det trekk ned at tiltaka er lokalisert i urørt strandsone. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspel 6 er ikkje i samsvar med SPR og rettleiaren då den legg til rette for bustad i eit urørt område som ikkje ligg i direkte tilknyting til andre bustadområde		
Samfunnsnytte og berekraft	Næringsinnspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære næringsområde, næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, og eigna sjøareal til marin næring. Bustadinnspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad- nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen Innspela er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
	Liv og helse	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
Skred	Det er aktsemdområde for snøskred innanfor begge innspela, og aktsemdområde for steinsprang innanfor innspel 6.		

Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i hovudsak under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg i strandsona, og er såleis utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Tilkomst og trafikktryggleik må avklarast i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje kjent at det er støyande verksemder i nærleiken av innspela. Akvakultur – næring i området vil kunna medføre støy. Dette må avklarast i samband med reguleringsplan for området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ein høgspentleidning innanfor innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, om lag 1,5 – 2 km frå innspela.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-3	**-2**	**-3**	**2b: 0 6: -2/-3**	**-1**	**0**	**+1**	**0**	**2b: +2 6:0**

Innspela ligg i eit urørt område som ligg eksponert til på eit nes. Det er store natur- og strandsoneverdiar i området. Deler av området er vist som akvakultur i gjeldande kommuneplan. Dette er det lagt mindre vekt på i tilrådinga, fordi det er usikkerheit til om ein miljørevisjon knytt til strandsoneverdiar vil endra den opphavlege avgrensinga av arealføremålet.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding 2b og 6

4.11.7 Langevåg 7, gnr/bnr 62/3,4,5,7,8,10, LNF-spreidd fritid

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Omsynssone friluftsliv (H530_8, Ulvesøyane, Finnåsvika/Børøyfjorden – friluftsområde og statleg sikra friluftsområde. **Planlagt arealbruk** LNF – Spreidd fritid	**Arealendring** 
Arealstorleik planlagt arealbruk	54 daa
Skildring av området	Innspelet ligg ved Rysseid/Hjartnes, og omfattar fleire fritidsbustader som i dag ligg i LNF-område. Det er ønskjeleg at arealføremålet i området samsvarer med faktisk bruk av området. Innspelet ligg dels i strandsona.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med 2 område med naturtypen hule eiker (lav og moderat kvalitet), og to område med naturtypen frisk lågurtedellauvskog med svært høy lokalitetskvalitet. Naturvern: Ikkje registrert innanfor innspelet. Tjongspollen naturreservat ligg sør for innspelet. Føremålet med dette reservatet er å ta vare på sjeldan og sårbar natur i eit større naturprega skog- og kystlandskap utan vesentlege inngrep. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Gul pærelav (NT), villeple (VU), ask (EN), hasselrurlav (NT), tornflekklav (VU), alm (EN), kystblåfiltlav (NT), praktfiltlav (VU), kystprikklav (VU), trelegglav (EN), geitsvingel er registrert innanfor innspelet Markslag: Barskog, lauvskog , fulldyrka jord, myr, innmarksbeite, bebygd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er registrert fleire naturtypar og raudlista artar innanfor innspelet. Ei vidare utbygging i området vil medføre negative konsekvensar for naturmangfald.	-2
Friluftsliv	Innspelet ligg innanfor det svært viktige friluftslivområdet Kanalane og sjøareal i nærleiken. Det er registrert ein kyststi inn i området, som går frå	Ei vidare utbygging i området kan medføre negative konsekvensar for det registrerte friluftslivområdet, og vil medføre	-2

	Hjartnesvågen til Bergeseidet. Deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Områda kring dei to fritidsbustadane er definert som ikkje potensiell tilgjengeleg strandsone (SSB), mens områda i bakkant er definert som potensielt tilgjengeleg strandsone med varierande hellingsgrad.	ytterlegare privatisering av strandsona i området.	
Landskap	Landskapet i området er registrert som skjerma indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Landskapstypen er registrert som våg- og smalsundlandskap, med verdi 4 – Stor verdi. Landskapet i området er småkupert, og terrenget stig frå havnivå til om lag 36 m.o.h. innanfor innspelet. Det er spreidd busetnad i området med fritidsbustader. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei vidare utbygging i området vil medføre negative konsekvensar for landskapet i området. Det er likevel allereie ein del etablerte fritidsbustader i området, og det er mogleg å leggje eventuelle nye bygg på ein måte som er tilpassa terrenget. Strandsona nærast sjøen i området er allereie utbygd med fritidsbustader.	-1/-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert lauvskog av høg bonitet, fulldyrka jord og innmarksbeite innanfor innspelet	Ei vidare utbygging i området vil kunne medføre negative konsekvensar for registrert dyrka mark i området.	-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i eit område med eksisterande fritidsbustader, og det er truleg mogleg å kople seg til eventuell infrastruktur i området. Det er ikkje vegtilkomst til området.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Det er allereie etablert fritidsbustader innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje tett på etablerte senter i kommunen		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av myr og skog av høg bonitet i området.		-2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg dels innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritidsbustad. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, og at ein bør vera tilbakehaldne med å legga til rette for ny fritidsbusetnad i strandsona. Strandsonerettleiaren seier vidare generelt at tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om område med eksisterande busetnad.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Deler av innspelet vil vera utsatt for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje vegframføring til området		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemder eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ikkje høgspentlinjer gjennom innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, om lag 6,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-1/-2	0	-2	0	0	-2	x

Det er allereie etablert nokre fritidsbustader i området, og det vil vera naturleg at føremålet vert endra slik at det er i samsvar med eksisterande bruk av området. Innspelet vert såleis tilrådd, som LNF-spreidd fritidsbustad. Ei vidare utbygging i området vil medføra negative konsekvensar, mellom anna for naturmangfald, friluftsliv og naturressursar. Det bør såleis ikkje opnast for fleire fritidsbustader i området enn dei som allereie er etablert.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Positiv tilråding, med føresetnad om at det ikkje vert opna for fleire einingar

4.11.8 Langevåg 8 – Småbåthamn

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Fiske, låssettingsplass (KL)	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Småbåthamn	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 2,4 daa

Skildring av området	Innspelet ligg inst i vågen Pollen, innanfor Bømlahamn. Det er ingen tiltak i området i dag. Tilgrensande landområde er omfatta av reguleringsplanen Hovland indre og Hovland midtre frå 1991. Denne planen regulerer naustområde med vegframføring eit stykke på veg på nordvestsida av pollen, men det er ikkje regulert inn parkeringsplass. Tilgrensande landområde er regulert til jordbruk.
Aktuelle problemstillingar	Manglande infrastruktur Låssettingsplass i kommuneplanen Forhold til eksisterande reguleringsplan frå 1991

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Det er registrert fleire naturtypar på landsida, både næraste landside og i området der det vil vera aktuelt med tilkomstveg og parkeringsplass, mellom anna Rikt strandberg med verdi Svært viktig, open grunnlendt kalkrik mark i boreonemoral sone, med svært høg lokalitetskvalitet, Kystlynghei med verdi Viktig. Det er ikkje registrert naturtypar i sjøområda. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er registrert fleire raudlista artar på landsida, og i området der det er aktuelt med tilkomstveg og parkering. Mellom anna glansteppemose (EN), purpurlyng (NT), hvit småfingersopp (NT), fagerrogn (NT), villeple (VU). Markslag: Sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Ei småbåthamn vil medføre arealbeslag i form av anker/fortøyingar, samt støy og aktivitetar utover dagens situasjon. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. I områda der det er aktuelt med vegtilkomst og parkering er det registrert fleire naturtypar, dels med svært høg verdi, samt fleire raudlista artar.	-3
Friluftsliv	Det er ikkje registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Strandsona i området kring småbåthamna er registrert som potensielt tilgjengeleg, med i hovudsak stor hellingsgrad (10-25 grader).	Ingen kjende konsekvensar Etablering av ei småbåthamn vil i utgangspunktet vera positivt med omsyn til friluftsliv, då ein vil opna opp eit område for ålmenta som er relativt lite tilgjengeleg i dag.	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kyst-slettelandskap (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstypen Brede fjordløp og fjordmøter med verdi 2 – vanlig forekommende landskap. Innspelet ligg inne i ein skjerma våg, og tiltak i området vil ikkje vera synlege frå lengre avstandar. Landskapet i området er småkupert, men det er relativt bratt i området der det er teikna inn tilkomstveg i reguleringsplanen Hovland indre og Hovland Midtre. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Småbåthamna med tilkomstveg vil ikkje vera synleg frå lengre avstandar, men vil visa igjen inne i vågen. Tilkomstveg og parkering vil medføre relativt store terrenginngrep.	-2

Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert fleire automatisk freda kulturminne på landsida av tiltaket, og i området der det vil vera naturleg å etablera tilkomstveg og parkering. Innspelet ligg innanfor Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område) Søre Bømlo – Hespriholmen – Steinalderlandskap.	KULA-området er sårbart for utfylling og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet. Tilkomstveg og parkeringsplass kan potensielt koma i konflikt med automatisk freda kulturminne.	-2
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert naturressursar eller marine ressursar/fiskeriinteresser innanfor innspelet eller på tilgrensande landområde.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Det er ingen tiltak i området i dag, og det er ikkje etablert vegtilkomst. I tilgrensande reguleringsplan er det regulert inn tilkomstveg eit stykke på veg.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg relativt tett på busetnaden kring Bømlahamn, og det er ikkje lang veg til annan busetnad i Langevåg, og sentrum av Langevåg, som er definert som eit lokalsenter.		+2
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet eller i nærområda.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet er i eit område utan tiltak i dag, men det er regulert til naust , vegtilkomst etc. på landsida. Innspelet er ei allmenn tilgjengeleg småbåthamn som samlar fleire tiltak på eit avgrensa området. Dette er i utgangspunktet arealeffektiv bruk i strandsona, og vera positivt for friluftsliv og allmenn tilgjenge til strandsona. Det må likevel takast omsyn til dei konkrete verdiane i området, og ei etablering av småbåthamn i dette området har potensiell negativ verknad for naturmangfald, landskap og kulturminne.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta, og arealstrategien om å ha båtplassar til alle, og fleire fellesanlegg. Innspelet er ikkje i tråd med dei kommunale arealstrategiane om å forhindre nedbygging av kulturminne og kulturmiljø, og å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Området vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje vegtilkomst til området i dag.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje kjende støykjelder i nærområdet, og tiltaket vil heller ikkje medføre støy av betydning då storleik på arealet avgrensar storleik på hamna/tal båtar.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, om lag 1,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-3	+2	-2	-2	0	-1	+2	0	x

Det er ikkje kjende vesentlege konfliktar knytt til lokaliseringa av sjølve småbåthamna i sjø. På landsida er det fleire registreringar av viktig naturmangfald og kulturminne. Det vil vera behov for tilkomstveg og parkeringsplass for ei slik småbåthamn, og det vil vera utfordrande å etablera dette utan å kome i konflikt med vesentlege interesser.
Tilgrensande reguleringsplan har regulert tilkomstveg til naustrekkje eit stykke inn i pollen, men det er ikkje regulert areal til parkeringsplass. Denne vegen vil kome i konflikt med registrerte naturtypar med stor verdi, og truleg med automatisk freda kulturminne. Desse tilhøva er lagt vekt på i vurderinga av innspelet, og på bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.11.9 Langevåg 9 – gnr/bnr 53/1 og 53/3 - Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 34,9 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i Langevåg, nord for bustadfeltet Hamnabrotet, og sør for Hovlandsvegen. Det er ingen tiltak i området i dag, men innspelet grensar til reguleringsplan for bustad i sør og i nord.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering for bustadareal. Naturtypar

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med naturtypen kystlynghei, med svært stor og stor verdi. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspelet overlappar med funksjonsområde for storspove (EN) Artar: Ikkje registrert Markslag: I hovudsak open grunnlendt fastmark, noko blandingsskog av høg bonitet, bebygd, vatn	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit kystlynghei, og område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-3
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor innspelet, men i grunnkart er det synt at det går ein del stiar i området. Desse er truleg ikkje merka.	Ingen kjende konsekvensar for registreringar, men området vert truleg brukt som leikeareal/ nærturområde for tilgrensande bustader.	-1/-0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kysts-lettelandskap (NiN). Innspelet er dels ein del av landskapstypen våg og smalsund-landskap med verdi 2 – Vanlig forekommende landskap, og dels ein del av Brede fjordløp og fjordmøter med verdi 2 – vanlig forekommende landskap, og dels ein del av Kystheiene, med verdi 3 – Middels verdi. Innspelet består i stor grad av lynghei, og landskapet er småkupert. Det er ikkje tiltak innanfor innspelet, men det ligg bustader både sør, nord og vest for innspelet. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Det ligg bustadhus i områda kring innspelet. Ei vidare utbygging i området vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap, då det er relativt flatt i området, og ei vidare utbygging vil ikkje krevje store terrenginngrep.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. Den nordlege delen av innspelet ligg innanfor Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område) Søre Bømlo – Hespriholmen – Steinalderlandskap.	KULA-området er sårbart for utfylling og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet. Det er ingen kjende konsekvensar for kulturminne, men det er svært mange registrerte automatisk freda kulturminne i områda kring innspelet, og truleg også potensiale for funn innanfor innspelet	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet overlappar ikkje med dyrka mark, men det er noko blandingsskog registrert med høg bonitet i den austlege delen av innspelet	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Området er ubygd i dag, og ikkje tilrettelagt med infrastruktur og vegtilkomst. Det er truleg relativt enkelt å etablere teknisk infrastruktur, då områda kring innspelet er bygd ut.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg sentralt plassert i Langevåg, tett på etablerte bustadfelt og Langevåg sentrum		+2
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet		0

Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	x
Strandsone	Ikkje relevant	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med arealstrategien om nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred i området		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg over marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Området ligg ikkje i strandsona.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Trafikktryggleik må vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Den nordlegaste delen av innspelet overlappar med gul støysone frå Hovlandsvegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, om lag ein km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-3	**-1/0**	**-1**	**0**	**0**	**0**	**+2**	**0**	**x**

Innspelet ligg gunstig plassert i høve lokalsenteret Langevåg, og i eit område der det allereie er ein del bustader. Innspelet er ikkje i vesentleg konflikt med registreringar, med unntak av naturtypar og funksjonsområde for raudlista artar. Kystlyngheia i området er registrert med svært stor og stor verdi, og det registrerte funksjonsområdet er for storspove, som er plassert i kategori EN – Sterkt trua på raudlista. På bakgrunn av dette vert ikkje innspelet tilrådd.

ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.11.10 Langevåg 10 – gnr./bnr. 57/42 og 57/84 – Næring

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Offentleg eller privat tenesteyting Bustad **Planlagt arealbruk** Næring	**Arealendring** 
Arealstorleik planlagt arealbruk	3,9 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i forlenging av Langevåg sentrum, langs Eidesvikvegen. Arealet grensar i aust til reguleringsplan R-36, Hovland, Vold, Vespestad, Eide, Hillestveit, Vorland der tilgrensande areal er synt til forretning. Deler av innspelet er utbygd, men det er noko skog i den sørlege delen av 57/42.
Aktuelle problemstillingar	Automatisk freda kulturminne Behov for areal til offentleg eller privat tenesteyting

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Bebygd, skog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Mykje av arealet er allereie utbygd, og konsekvensen for naturmangfald vil såleis vera avgrensa.	-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrerte friluftsområde innanfor innspelet. Det er også lite truleg at området vert nytta til friluftsliv.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse (NiN).	Store deler av innspelet er utbygd. Det vil vera naturleg å behalda ein del av den skogkledde skråninga i den sørlege delen av innspelet	-1

	Landskapstypen i området er våg- og smalsundlandskap, med verdi 2 - vanleg førekomande landskap. Eigedom 57/84 er heilt utbygd, mens 57/42 er utbygd langs vegen. Den sørlege delen, som grensar til bustader består av ein skråning som er skogkledd. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	som ein buffer mot bustadområda i sør.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert eit automatisk freda kulturminne i området, som dekker det meste av innspelet. Dette er registrert som ein buplass frå eldre steinalder. Lokaliteten skal ha vore 20 meter brei, men er no redusert til 15 meters breidde, på grunn av vegen som går langs Eidesdalen. Innspelet ligg innanfor Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område) Søre Bømlo – Hespriholmen – Steinalderlandskap. Innspelet ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	Det er allereie etablert nokre tiltak i området, og kulturminnet er ikkje intakt, men tiltaket har likevel i utgangspunktet vesentlege negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø. KULA-området er sårbart for utfylling og bygging i dei lågt-liggjande draga i landskapet	-3
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registrerte naturressursar. Området er i stor grad utbygd.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er i stor grad utbygd, og tilrettelagt med teknisk infrastruktur		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i Langevåg sentrum, og deler av området er allereie i bruk som næringsareal. Det ligg bustader tett på innspelet, og det bør ikkje etablerast støyande næring i området.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert skog med høg bonitet i den sørlege delen av innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ei endring av føremålet til næring vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting		+2
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til bustader, næring og kultur i planar. Innspelet er ikkje i tråd med å forhindre nedbygging av kulturminne og kulturmiljø.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred i området.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg under marin grense		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Området vil ikkje vera utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje fortau/GS-veg i området. Trafikktryggleik må vera tema i reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspelet ligg innanfor gul støysone frå Eidesvikvegen. Næringsverksemd i området kan medføre sjenerande støy for nærliggande bustader.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet		
Innsatstid brann	Innspelet ligg ved brannstasjonen i Langevåg.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	-3	0	+2	+1	0	+2

Det er mindre vesentlege negative konsekvensar av innspelet for fleire tema, med unntak av for kulturminne. Området er i stor grad i bruk i dag, og kulturminnet er ikkje intakt. Tilpassingar knytt til dette bør avklarast i samband med reguleringsplan for området.


Innspelet er i dag sett av til bustad og offentleg eller privat tenesteyting. Området som er sett av til bustad er bygd ut med næringsbygg medan det er plassert ein lagerhall på området sett av til offentleg eller privat tenesteyting. Positiv tilråding av innspelet føreset at det ikkje er behov for arealet sør for Eidesvikvegen til eksisterande føremål til tenesteyting.

Det vil vera naturleg å behalda ein del av den skogkledde skråningen i den sørlege delen av innspelet som ein buffer mot bustadområda i sør, og dette arealet bør vera grøntføremål, også for å unngå store terrenginngrep. Innspelet ligg tett på eksisterande bustadområde, og det bør ikkje etablerast støyande næringar i området. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.11.11 Langevåg, Kalavåg – LNF-spreidd til bustadføremål

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF – spreidd LNF	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad Administrativt innspel om endring av LNF spreidd bustad til bustadføremål	
Arealstorleik planlagt arealbruk	105 daa
Skildring av området	Området ligg i Kallavågen ved Langevåg, og består av den sørlege delen av eit større LNF-spreidd område. Arealet grensar til fritidsføremål og naustføremål i sør og vest, og til LNF og LNF spreidd føremål i nord, aust og dels i sør. Arealet er i stor grad utbygd med einebustader, men det er noko ubygd areal i den sørlege/søraustlege delen av området. Den sørvestlege delen av arealet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Arealet overlappar litt i sør med naturtypen Open grunnlendt kalkrik mark i boreonemoral sone. Dette er ein utvalgt naturtype (Moderat tilstand, låg kvalitet). Arealet overlappar med naturtypen Frisk lågurtedelskog i nord (moderat tilstand og moderat kvalitet). Arealet overlappar også litt med naturtypen Kystlynghei i nord. Dette er ein utvalgt naturtype, og lokaliteten er registrert med svært låg kvalitet og svært redusert tilstand. Naturvern: ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Artar: Det er registrert alm (EN), ask (EN), hjertegras (NT), strandhinnelav (VU) innanfor arealet. Markslag: På dei ubygde områda er det registrert dyrka mark i form av innmarksbeite,	Nye tiltak vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Endring i føremål vil i tillegg vera negativt for dei registrerte naturtypane i området.	-2/-1

	overflatedyrka mark og fulldyrka mark. I tillegg er det registrert noko skog av varierande bonitet.		
Friluftsliv	Det er ingen registrerte frilufts-område innanfor arealet. Deler av arealet ligg i strandsona. Strandsona i området er utbygd heilt ned til sjøen, og det er såleis ikkje potensielt tilgjengeleg strandsone.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Endring av føremål og potensiale for fleire bygg i området vil ikkje endre konsekvensen for friluftsliv vesentleg, då strandsona i området allereie er svært utbygd.	-1
Landskap	Arealet ligg innanfor NiN-område middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse. Arealet ligg innanfor landskapst-ypen våg- og smalsundlandskap, med landskapsverdi 2. Landskapet innanfor arealet er småkupert, og husa ligg på sørsida av eit høgdedrag. Den søraustlege delen av arealet, der det ikkje er utbygd, består av ein relativt bratt, skogkledd skråning, med høgdeforskjell på om lag 20 meter. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Store deler av arealet er allereie utbygd med bustader. Vidare utbygging i dei søraustlege delane av arealet vil medføre relativt store terrenginngrep, då det er bratt helling i dette området.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Arealet ligg innanfor Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område) Søre Bømlo – Hespriholmen – Steinalder-landskap. Arealet ligg innanfor kulturminnerik strandsone. Det er ikkje registrert kulturminne eller sefrak-registrerte bygg innanfor arealet.	KULA-området er sårbart for utfylling og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet Arealet er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	På dei ubygde områda er det registrert dyrka mark i form av innmarksbeite, overflatedyrka mark og fulldyrka mark. I tillegg er det registrert noko skog av varierande bonitet.	Ei vidare utbygging innanfor arealet vil medføre ta p av dyrka mark	-2
Teknisk infrastruktur	Relativt store deler av arealet er bygd ut, og infrastruktur er såleis på plass.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Arealet er i relativt stor grad utbygd. Endring til bustadføremål vil kunne vera positivt med omsyn til stadutvikling for Langevåg, som er definert som eit lokalsenter i kommunen, då det vil kunna opna for fleire bustader i området		+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av skog av høg bonitet og dyrka mark innanfor arealet.		-1/-2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Arealet ligg dels innanfor 100-metersbeltet, og legg til rette for bustadbygging. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er til dels i samsvar med SPR og rettleiaren då den legg til rette for vidare bustadbygging i eit område som allereie er bygd ut, og der områda nærast sjøen allereie er utbygd.		
Samfunnsnytte og berekraft	Arealet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, nærings- og friluftsområde, og bustad- og næringsutvikling ved sjøen. Det er allereie etablert bustader og tilknytt infrastruktur i området		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er registrert eit mindre aktsemdområde for skred innanfor arealet.		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av arealet ligg under marin grense.		
Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ein mindre del av arealet ligg innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av arealet vil vera utsett for risiko for stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Store deler av arealet er allereie utbygd. Trafikktryggleik må vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av arealet.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Deler av arealet overlappar med gul støysone kring Vestvikvegen.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje inn i arealet i vest – nordvest.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, om lag 1 km frå innspelet i luftlinje		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2/-1	-1	-2	-1	-2	+2	+2	-1/-2	x

Arealet er i stor grad utbygd, og dels relativt tett utbygd. Det er registrert nokre naturtypar og ein del dyrka mark innanfor arealet. Området ligg sentralt plassert i forhold til lokalsenteret Langevåg.


Det er tilrådeleg å endra deler av området til bustad, i hovudsak dei utbygde områda, men det er også plass til nokre fleire bustader innanfor føremålet. Resterande LNFS-areal vert endra til LNF.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, flaum, stormflo/ havnivåstigning, trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent.




Fagleg vurdering : Justert tilråding, til i hovudsak dei utbygde områda

4.12 Espevær



4.12.1 Espevær 1, gnr/bnr 46/5 – Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Næring (krav om reguleringsplan)	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	14,1 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Nesjaberget på Espevær. Området er i hovudsak ikkje i bruk i dag, med unntak av ein gangsti til småbåthamna. Det ligg bustader i bakkant av innspelet. Det er ønskjeleg å bygge fire einebustader i området.

Potensial / avgrensingar	Strandsone – miljørevisjon arealføremål Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Naturtypen «større kamskjellforekomster» med verdi viktig er registrert i sjøområda. Heile innspelet er omfatta av naturtypen kystlyghei (NiN). Lokaliteten (Nesjaberget) er registrert med lav kvalitet, moderat tilstand, men med stor verdi Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Fagerrogn (NT) og sprikemispel (svært høg risiko på svartelista) er registrert innanfor innspelet. Markslag: I hovudsak open, grunnlendt fastmark.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag	-2/-3
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Deler av strandsona i området er bratt og lite tilgjengeleg frå land. Areala nærast sjøen har veldig stor helling >25 grader i følgje SSB. Området er tilgjengeleg frå sjøsida.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Det er allereie utbyggingsføremål i området. Endring frå næringsføremål til bustadføremål vil ikkje endra vesentleg på grad av privatisering av strandsona. Areala nærast sjøen er lite tilgjengelege i eit friluftlivsperspektiv i dag.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor Nin-område svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapstype Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap, og er registrert med verdi 4 – stor verdi – landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng. Innspelet ligg dels innanfor kulturmiljøet Søre Bømlo – Hespriholmen. Steinalderlandskap, som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Søre Bømlo er eit område som i nasjonal samanheng er særs rikt på lokalitetar frå steinalderen knytt til grønsteinproduksjon i eit omfang ein kan omtale som industrielt.	Arealet som er omfatta av KULA-området Søre Bømlo – Hespriholmen er sårbart for utfylling og bygging i dei lågtliggande draga i landskapet. Tiltak som krev større terrenginngrep innanfor arealsone landskap og KULA er i utgangspunktet negativt. Ei utbygging med bustader i området vil visa tydeleg igjen i landskapet, og bustadane vil vera eksponert mot sjøen på toppen av knausane. Bustadane som ligg bak innspelsområdet er ikkje synlege frå sjøen, då dei ligg lågare i terrenget. Bygga er planlagt plassert på toppen av knausen, og vil såleis ikkje trekkast heilt ned til sjøen. Tiltaket vil likevel verke privatiserande, og påverke strandsoneverdiane i området negativt.	-2

	Innspelet ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Innspelet ligg i strandsona, i eit område som er eksponert ut mot Svartesjøen. Det er svært bratt i strandsona, og terrenget stig kjapt opp til om lag 16-17 m.o.h. Sjå 3D-kart her: http://3d.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone. Innspelet ligg innanfor KULA (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse)-område Søre Bømlo – Hespriholmen. Steinalderlandskap.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg. Innspelet ligg innanfor registrert KULA-område. Området er sårbart for utfylling av og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Det må etablerast tilkomstveg i området. Innspelet ligg relativt tett på andre utbygde område, og det er såleis truleg enkel tilgang til annan infrastruktur i området.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg relativt lite sentralt plassert, men likevel i «sentrum» av Espevær. Innspelet ligg relativt tett på annan busetnad i området. Etablering av bustader på Espevær er positivt for Espevær som lokalsamfunn.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet, som t.d. myr eller større skogområde.		0
Næringsliv og sysselsetting	Området er avsett til næring i gjeldande kommuneplan.		-1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er bustad. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør prioriterast føre areal til fritidsbustader. Rettleiaren peikar vidare på at SPR slår fast at utbygging bør konsentrerast til etablerte byggjeområde. Innspela er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om bustadområde, som ligg i tilknyting til område der det allereie er etablert bustader.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad-nærings- og friluftsområde, samt bustad- og næringsutvikling ved sjøen. Innspelet er ikkje i tråd med strategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspela ligg under marin grense. Lausmassane i området er registrert som bart fjell, stadvis tynt lausmassedekke.		

Flaum	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert bekkeløp i området.		
Stormflo/havnivåstigning	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje vegtilkomst til området i dag. Det er lite trafikk på Espevær, og det er ikkje sannsynleg at innspela vil endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er ikkje registrert støyande verksemder i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det går ei høgspentlinje gjennom innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, som ligg om lag 4 km frå innspela i luftlinje, men på «fastlandet» på Bømlo.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2/-3	**-1**	**-2**	**-1**	**0**	**0**	**+1**	**0**	**-1**


Det er positivt for Espevær-samfunnet med tilrettelegging for bustadareal. Innspelet ligg i strandsona, og har negative verknader med omsyn til naturmangfald, strandsoneverdiar og landskapsverknad. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

Innspelet er formelt ei bruksendring frå LNF og næring til bustad. Det er likevel knytt usikkerheit til om ein miljørevisjon knytt til strandsoneverdiar vil endra den opphavlege avgrensinga av næringsføremålet.


ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning og stråling frå høgspent

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.13 Akvakultur



4.13.1 Dyrneset / Stora Brennøy

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) Fiskeri (gytefelt)	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Akvakultur Innspelet er ei utviding av eksisterande akvakulturføremål. Innspelshavar har planar om å etablere lokalitet for semi-lukka/lukka oppdrett. Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 15 dekar utvida akvakulturføremål
Skildring av området	Innspelet ligg på austsida av Bømlo, mot grensa til Fitjar kommune. Lokaliteten ligg nordvest for Aga og aust for Rolvsnes. Det er firmaet Fylkesnes Fisk som har innspelet. Det er ikkje løyve til produksjon på lokaliteten i dag.
Potensial / avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for etablering av nytt anlegg og ny produksjon (MTB), samt framtidig justeringar av anlegg. Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet. Søraust for arealet ligg lokaliteten Ospøy Øst (1,4 km i luftlinje). Innspelet er synt som arealsone landskap i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, medan eksisterande akvakulturføremål er synt som arealsone med akvakultur. Retningslinje for akvakultur innanfor arealsone landskap: *3.1.3 Intern flytting av eksisterande AK-område innanfor landskapsområde Fitjarøyane kan vurderast gjennom kommunale arealplanar. Nye lokaliseringar skal utgreiast og vurderast med omsyn til arealverdiane i Fitjarøyane og sumverknad knytt til samla belastning.*

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert innanfor, men førekomstar av skjelsand mellom øyane søraust for innspelet. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje reg-istrert innanfor arealet. Søndre del av Nattarøy er registrert som	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Endringa er på sjø relativt liten i arealutstrekning, ca. 100m utviding. Innspelet gir grunnlag for nytt anlegg og	-2

	yngleområde for vade-, måke- og alkefugler. Avstand ca. 0,6 km. Artar: Ingen innanfor. Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Kjærelva i Fitjar kommune, avstand ca. 5 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Registrert gyteområde for torsk, Brennøyosen. Gyteområdet ligg både i gjeldande kommuneplan og i kystnære fiskeridata (Fiskeri-direktoratet sin database), men området er ulikt avgrensa. Kystvassførekomst: Stokksund. Naturleg god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	innspelet vil difor ha vesentleg påverknad. Fortøyingar vil kunne gå utover akvakulturføremålet. Potensiale for arealkonflikt mellom kjente marine naturtype registreringar og fortøyingar er liten då desse ligg på aust- og sørsida av Stora Brennøy. Potensielt ny biomasse og produksjon vil truleg ha verknad for villfiskbestandane, gyte-område og mogleg kystvassføre-komst. Eventuell biomasse på lokaliteten vert avklart i konsesjonssøknad. I denne prosessen vil ev. løyve til utslepp og type teknologi definerast.	
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor. Arealet er i utkant av Fitjarøyane som er eit mykje nytta område. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål.	Innspelet er ikkje direkte areal-konflikt med registrerte friluftsområde. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakulturanlegg på 100 og 20 meter. Eventuelle nye fortøyings-linjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart utanfor ferdselssona.	-1
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Kystslettelandskap. Beskytta indre småkupert kystslette. Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål. Det er nokre få hytter og tiltak på øyane nærmast innspelet, Stora Brennøy (søraustleg del) og Stora Bukkøy (vestre del). Det er ingen tiltak på areala på Rolfsnes.	Innspelet gir grunnlag for å etablere nytt anlegg. Flytande anlegg som er synleg på sjø-overflata. Arealet er utviding av eksisterande føremål. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet og komme noko nærmare område med hytter. Utvidinga er i retning frå Fitjarøyane. Arealet vil vera mindre synleg frå fjernare område. Utviding kan ha negativ verknad for landskapsopplevinga.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land, eller eldre bygg/ SEFRAK-registreringar på land. Det er avgrensa utsikt til området. Kulturlandskap, KULA: Ikkje innanfor arealet. Ca. 500 m til området Fitjarøyane registrert med lyngheilandskap, maktsete og handel i leia.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne, kulturmiljø eller KULA registreringa i Fitjarøyane. Utvida areal er i retning frå KULA området, og er av mindre omfang. Verknaden vil vera avgrensa for kulturlandskapet.	-1/0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Ikkje registrert innanfor innspelet, eller i nærleiken Fiskeplassar – passive reiskap: Ikkje registrert innanfor innspelet, eller i nærleiken Låssettingsplass: Ikkje registrert innanfor arealet, eller i nærleiken.	Det er ikkje registrert fiskeri-interesser innanfor eller i området med potensial for fortøyingar. Innspelshavar har hatt møte med lokale fiskarar; *Fiskarane meinte plassering på nord- og vestsida av Stora Brennøy ville vera mykje mindre problematisk, både i det området som i*	0

	Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	*dag er regulert til akvakultur, samt lengre sør og inn i den vestre bukta på Stora Brennøy. Dette vil vera eit godt kompromiss.* Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	
Teknisk infrastruktur	I hovudsak ligg innspelet utanfor sektor frå lykta Ringholmane i aust. Farleia, bilei, Stokksund – Nyleia ligg aust for innspelet. Det er øyar mellom farleia og innspelet. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Det er ikkje etablert anlegg i området, og innspelet gir grunnlag for nytt anlegg. Innspelet er i retning frå og skjerma frå farleia. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0
Nærmiljø og stadutvikling	Dei nærmaste areala på landsida i vest er LNF-føremål utan tiltak, medan det er nokre hytter på dei nærmaste øyane i aust og sør. Innspelet går ikkje inntil land.	Innspelet gir grunnlag for akvakulturføremål som er tilnærma like lite eksponert mot busetnad som dagens kommune-plan og anlegg. Innspelet er om lag 100 meter nærmare Stora Brennøy enn eksisterande akvakultur-føremål. Nærmaste hytte er ca. 330m frå innspelet, men det er høgdedrag mellom anlegget og hyttene. Det er ikkje etablert anlegg her i dag og nytt anlegg her auke i støy/skjemmande aktivitet.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir betre grunnlag for etablering av nytt anlegg, samt framtidig fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling av lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet Eventuelt nytt anlegg handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.		+2
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg utanfor Aktsemdområde for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvêr Vind og bølgjer	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg på austsida av Bømlo, og relativt skjerma av øyar og skjer. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ved bileia Stokksundet – Nyleia, minsteavstand ca. 1,5 km. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar, då utvidinga er i retning frå bileia.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Innspelet er ca. 100 meter nærmare fritidsbustadar enn dagens kommuneplan. Avstanden er om lag 330m på det nærmaste, men det er høgdedrag mellom anlegget og hyttene. Det er ikkje anlegg på lokaliteten i dag.

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-2	-1	-1	-1/0	0	0	-1	+2	x

Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir betre grunnlag for lokalisering av nytt anlegg, samt at det gir framtidig fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget.

Det er få store negative konsekvensar av innspelet då innspelet er ei utviding av akvakulturføremål i kommuneplanen, og det er få kjente registreringar/interesser innanfor og i nærleiken av innspelet. Utviding av akvakulturområdet gir grunnlag for etablering av nytt anlegg der utvida område overlappar med registrert gyteområde for torsk.

ROS-analyse: Støy

Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.13.2 Ospøy Øst

Skildring av arealendringa:


Gjeldande arealbruk
Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)

Planlagt arealbruk
Akvakultur

Innspelet går på å utvide arealføremålet for å tilpasse arealet til anlegget si faktiske plassering. I tillegg til at dagens anlegg vert regulert til akvakulturføremål gir ny arealbruk ei buffersone kring anlegget som gjer at justeringar og endringar kan gjennomførast utan dispensasjon.

Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet.

Arealendring



Innspel synt med svart skravur. Godkjent arealbruk ihht. akvakulturregisterert synt med grøn skravur.

Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 115 dekar utvida akvakulturføremål
Skildring av området	Innspelet ligg på austsida av Bømlo, på grensa til Fitjar kommune. Lokaliteten ligg nordaust for Aga og søraust for Rolvsnes. Det er firmaet Fylkesnes Fisk som driv på lokaliteten. I dag består anlegget av 5 stålbur i rekke og lokaliteten har eit produksjonsløyve på inntil 1560 MTB matfisk av laks og regnbogeaure.
Potensial / avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for flytting eller justering av eksisterande anlegg, samt arealmessig eit grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet. Like aust for lokaliteten Ospøy øst ligg lokaliteten Ålforo. I hovudsak er innspelet er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Nord for innspelet er arealsone landskap.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert. Om lag 2,5 km sør for innspelet til sjøfuglreservatet Tangbleikjo. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Om lag 2,5 km sør for innspelet til Tangbleikjo registrert som yngleområde for vade-, måke- og alkefugler. Artar: Ingen innanfor. Nord for arealet observert svartbak, tjeld, storskarv og toppskarv (holmane Knottholmblekjene) Tangbleikjo: tjeld, ærfugl og svartbak. Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Kjærelva i Fitjar kommune, avstand ca. 5 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Stokksund. Naturleg god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Endringa er på sjø relativt liten i arealutstrekning. Innspelet vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag. Fortøyingar vil kunne gå utover akvakulturføremålet. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og fortøyingar er liten. Utviding av føremålet kan potensielt gi plass for eit større anlegg og større produksjon. Dette vil igjen kunne ha verknad for villfiskbestandane og kystvass-førekomst. Om området toler auke i produksjon vert eventuelt avklart i konsesjonssøknad. I denne prosessen vil ev. løyve til utslepp og type teknologi definerast.	-1/-2
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor. Arealet er i utkant av Fitjarøyane som er eit mykje nytta område. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål.	Innspelet er ikkje direkte areal-konflikt med registrerte friluftsområde. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakulturanlegg på 100 og 20 meter. Eventuelle nye fortøyings-linjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart utanfor ferdselssona. Utvida areal vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag.	0/-1

Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Kystslettelandskap. Beskytta indre småkupert kystslette. Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål. Det er nokre få hytter og tiltak på øyane nærmast innspelet. Det er etablert anlegg i området.	Innspelet gir grunnlag for å flytte noko på anlegget eller eit større anlegg. Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet er utviding av eksisterande føremål. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, med i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan ha negativ verknad for landskaps-opplevinga, men avgrensa pga. eksisterande anlegg.	-1/0
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land, eller eldre bygg/ SEFRAK-registreringar på land. Det er avgrensa utsikt til området. Kulturlandskap, KULA: Ein mindre del i nordaust overlappar med området Fitjarøyane registrert med lyngheilandskap, maktsete og handel i leia.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø. Utvida areal overlappar delvis og er noko nærmare det registrerte KULA registreringa i Fitjarøyane. Det er etablert anlegg i området i dag og dette ligg på grensa til det registrerte KULA området.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Ikkje registrert innanfor innspelet, eller i nærleiken Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet overlappar med område Stokksundet, Bømlosiden, nytta til garnfiske etter sei haust og vinter. Låssettingsplass: Ikkje registrert innanfor arealet, eller i nærleiken. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Dagens anlegg er lokalisert i fiskeplass for passive reiskap. Utvida arealføremål til akvakultur avgrensar og forringar bruken av feltet ytterlegare, men noko avgrensa pga. etablert anlegg i området. Innspel frå møte med lokale fiskarar viser til at fisket i området tilpassar seg dagens anlegg. Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	-1
Teknisk infrastruktur	I hovudsak ligg innspelet og anlegget i grøn sektor frå lykta Brømenholmflu i sør og raud sektor frå lykta Ringholmane i nord. Farleia, bilei, Stokksund – Nyleia ligg aust for innspelet, ca. 335 m. Deler av innspelet lengst aust ligg innanfor farleiareal, det gjer også dagens anlegg. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Det er etablert anlegg i området, og innspelet gir grunnlag for justeringar eller større anlegg. Innspelet er ca. 40 m nærmare farleia enn dagens anlegg, og ca. 150 m nærmare enn eksisterande akvakulturføremål. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0/-1
Nærmiljø og stadutvikling	Dei nærmaste areala på landsida er LNF-føremål og det er etablert nokre få hytter her. Store deler av akvakulturføremålet er skjerma av øyar mot «fastland» Bømlo. Det er noko spreidd busetnad på Ålforo i Fitjar kommune med innsyn til innspelet. Innspelet går ikkje inntil land.	Innspelet gir grunnlag for akvakulturføremål som er tilnærma like lite eksponert mot busetnad som dagens kommune-plan og anlegg. Innspelet er om lag 120 meter nærmare Nordre Ospøy enn eksisterande akvakultur-føremål og ca. 75 m nærmare enn dagens anlegg. Avstand til busetnad er på det minste om lag 170 m. Det er etablert anlegg her i dag og innspelet vil ikkje medføre	-1/0

		vesentleg auke i støy/skjemmande aktivitet.	
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt gi fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet Eventuelle endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg utanfor Aktsemdområde for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvêr Vind og bølgjer	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg på austsida av Bømlo, og relativt skjerma av øyar og skjer. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ved bileia Stokksundet – Nyleia, minsteavstand ca. 335 meter. Avstanden er tilnærma lik, 40 meter nærmare, som dagens anlegg. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er tilnærma lik avstand mellom innspelet/dagens anlegg og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-1/-2	**0/-1**	**-1/0**	**-1**	**-1**	**0/-1**	**-1/0**	**+1**	**x**

Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt gir fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling.

Det er få store negative konsekvensar av innspelet då innspelet er ei utviding av etablert anlegg og akvakulturføremål i kommuneplanen.

Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.13.3 Aga Øst

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag	**Arealendring**  Innspel synt med svart skravur. Godkjent arealbruk ihht. akvakulturregisterert synt med grøn skravur.
Planlagt arealbruk Akvakultur Innspelet går på å utvide arealføremålet for å tilpasse arealet til anlegget si faktiske plassering. I tillegg til at dagens anlegg vert regulert til akvakulturføremål gir ny arealbruk ei buffersone kring anlegget som gjer at justeringar og endringar kan gjennomførast utan dispensasjon. Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 80 dekar utvida akvakulturføremål
Skildring av området	Innspelet ligg på austsida av Bømlo, på grensa til Fitjar kommune. Aga ligg vest for innspelet. Det er firmaet Fremskridt laks som driv på lokaliteten. I dag består anlegget av 6 stålbur i rekke og lokaliteten har eit produksjonsløyve på inntil 2340 MTB matfisk av laks og regnbogeaure.
Potensial / avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for flytting eller justering av eksisterande anlegg, samt arealmessig eit grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet. Ein stor del av innspelet er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Mindre del i nord som ikkje inkluderer akvakultur i arealsona.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert. Om lag 800 meter aust for innspelet til sjøfuglreservatet Tangbleikjo. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Om lag 800 meter aust for innspelet til Tangbleikjo registrert som yngleområde for vade-, måke- og alkefugler. Artar: Ingen innanfor eller nærmaste nærleik. Tangbleikjo: tjeld, ærfugl og svartbak.	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Endringa er på sjø relativt liten i arealutstrekning, og opnar for akvakulturføremål noko nærmare Tangbleikjo og gytefeltet Krabbevika. Påverknad for registreringane er knytt til aktivitet og støy, samt næringssaltar. Det er avgrensa kunnskap om kva akvakulturanlegg har av inn-verknad på	-2

	Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Kjærelva i Fitjar kommune, avstand ca. 6,2 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Om lag 350 meter til gytefelt for torsk Krabbevika. Lokalt viktig gytefelt. Kystvassførekomst: Stokksund. Naturleg god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	gytefelt. Innspelet vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag. Fortøyingar vil kunne gå utover akvakulturføremålet. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og fortøyingar er liten. Utviding av føremålet kan potensielt gi plass for eit større anlegg og større produksjon. Dette vil igjen kunne ha verknad for villfiskbestandane og kystvass-førekomst. Om området toler auke i produksjon vert eventuelt avklart i konsesjonssøknad. I denne prosessen vil ev. løyve til utslepp og type teknologi definerast.	
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor. Arealet er i utkanten av Fitjarøyane som er eit mykje nytta område. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål.	Innspelet er ikkje direkte areal-konflikt med registrerte friluftsområde. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakulturanlegg på 100 og 20 meter. Eventuelle fortøyingslinjer mot land kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart lengre frå land. Utvida areal vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag.	0
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Fjordlandskap. Relativt ope fjordlandskap med busetnad/ infrastruktur. Landskapsverdi Hordaland: vanleg førekommande landskap. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål, og det er ingen tiltak i dette området. Det er etablert anlegg i området.	Innspelet gir grunnlag for å flytte noko på anlegget eller eit større anlegg. Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet er utviding av eksisterande føremål. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, med i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan i ha negativ verknad for landskaps-opplevinga, men avgrensa pga. eksisterande anlegg.	-1/0
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land, eller eldre bygg/ SEFRAK-registreringar på land. Det er avgrensa utsikt til området. Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert. Nord for innspelet er området Fitjarøyane registrert med lyngheilandskap, maktsete og handel i leia.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø. Utvida areal er noko nærmare det registrerte KULA registreringa i Fitjarøyane. Det er etablert anlegg i området i dag.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Ikkje registrert innanfor innspelet, men det er om lag 900 meter til større område i aust, Stokksundet/ Nyleia for reketråling. Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet overlappar med område Stokksundet, Bømlosiden, nytta til garnfiske etter sei haust og vinter.	Det er over 900 meter til rekefeltet i aust. Innspelet har ca. avstand som dagens akvakultur-føremål. Dagens anlegg er lokalisert i fiskeplass for passive reiskap. Utvida arealføremål til akvakultur avgrensar og forringar bruken av feltet ytterlegare. Det er ikkje direkte arealkonflikt med låssettingsplass og føremålet stenger ikkje for tilkomst til Austnesvågen.	-2

	Låssettingsplass: Ikkje registrert innanfor arealet, men er kartfesta låssetting i Austnesvågen 300 m vest for innspelet. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	
Teknisk infrastruktur	I hovudsak ligg innspelet utanfor sektor frå lykta Brømenholmflu. Ein mindre del i nordaust ligg innanfor grøn sektor. Farleia, bilei, Stokksund – Nyleia ligg aust for innspelet, ca. 250 m. Store deler av innspelet ligg innanfor farleiareal. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Det er etablert anlegg i området, og innspelet gir grunnlag for justeringar eller større anlegg. Innspelet er ikkje nærmare farleia enn dagens akvakulturføremål. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0
Nærmiljø og stadutvikling	Dei nærmaste areala på landsida er LNF-føremål og det er ikkje etablert busetnad her. Store deler av akvakulturføremålet er skjerma av Austneset. Det er spreidd busetnad på Aga. Innspelet går ikkje inntil land.	Innspelet gir grunnlag for akvakulturføremål som er noko meir eksponert mot busetnad enn dagens kommuneplan og anlegget. Avstand til busetnad er på det minste om lag 450 m. Det er etablert anlegg her i dag og innspelet vil ikkje medføre vesentleg auke i støy/skjemmande aktivitet.	-1/0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet Eventuelle endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg utanfor aktsemdområde for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvêr Vind og bølgjer	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg på austsida av Bømlo, og relativt skjerma av øyar og skjer. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ved bileia Stokksundet – Nyleia, minsteavstand ca. 240 meter. Avstanden er tilnærma lik som i gjeldande kommuneplan. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Det er god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-2	0	-1/0	-1	-2	0	-1/0	+	x

Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt gir fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling.

Det er få store negative konsekvensar av innspelet då innspelet er ei utviding av etablert anlegg og akvakulturføremål i kommuneplanen. Den største verknaden er ytterlegare forringing av registrerte fiskeriinteresser.

Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.13.4 Holevik

Skildring av arealendringa:


Gjeldande arealbruk
Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)

Planlagt arealbruk
Akvakultur

Innspelet går på å utvide arealføremålet for etablere større anlegg, og på sikt auka produksjon.

Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet, og er illustrert i skissa til høgre som grunnlag for konsekvensutgreiinga.

Arealendring



Innspel for akvakulturføremål synt med svart skravur og innspel om fortøyingar synt med blå skravur. Godkjent arealbruk ihht. akvakulturregisterert synt med grøn skravur.

Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 9,4 dekar utvida akvakulturføremål
Skildring av området	Innspelet ligg på austsida av Bømlo, på grensa til Stord kommune. Siggjarvåg ligg sør for innspelet, og Sørstokken flyplass på austsida av fjorden. Det er firmaet Bremnes Seashore som driv på lokaliteten. Lokaliteten har eit produksjonsløyve på inntil 2340 MTB matfisk av laks og regnbogeaure.
Potensial / avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for flytting eller justering av eksisterande anlegg, samt arealmessig eit grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet. Ein stor del av innspelet er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Mindre del knytt til fortøyingar i aust som ikkje inkluderer akvakultur i arealsona.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: Ingen innanfor, men ei registrering innanfor dagens akvakulturføremål; Brunskjene (plante, feil plassering). Sør for innspelet; registreringar av mosar (feil plassering) Anadromt vassdrag: Lang avstand til registrert vassdrag (Frugardselva, Kjærelva, Åreiddalselva) Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Stokksund. Naturleg god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Endringa er minimal, ca. 10 meter breidde. Innspelet vil ha ingen endring i påverknad då det er etablert anlegg og godkjent løyve på lokaliteten i dag. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og fortøyingar er liten. Innspelet vil ikkje ha verknad for villfiskbestandane eller kystvass-førekomst	0
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål og næringsføremål. Det er to naust innanfor næringsføremålet med traktorveg som tilkomst.	Innspelet er ikkje direkte areal-konflikt med registrerte friluftsområde. Innspelet hindrar ikkje tilkomst til nausta eller næringsområdet. Utvida areal vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag som ligg nærmare land enn utvida areal.	0
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Fjordlandskap. Relativt ope fjordlandskap med busetnad/ infrastruktur. Landskapsverdi Hordaland: vanleg førekommande landskap. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål og næringsføremål. Det er to naust	Innspelet er lite og gir grunnlag for å etablere større/planlagt anlegg. Endringa med utgangspunkt i dagens kommuneplan og etablert anlegg er så liten at landskaps-verknaden er vurdert til å vera ingen.	0

	innanfor næringsføremålet med traktorveg som tilkomst.		
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land, eller eldre bygg/ SEFRAK-registreringar nærmast på land. Det er fleire eldre bygg i Siggjarvågen. Det er avgrensa utsikt til området. Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø. Det er etablert anlegg i området i dag.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Ikkje registrert innanfor innspelet. Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet overlappar med område Stokksundet, Bømlosiden, nytta til garnfiske etter sei haust og vinter. Låssettingsplass: Ikkje registrert innanfor arealet, eller i nærleiken. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Innspelet overlappar med registrerte og mykje nytta fiskeplassar for passive reiskap. Dagens anlegg og fortøyingar er lokalisert innanfor same registreringar. Endringa er liten og har ingen verknad for fiskeriinteresser sett i lys av dagens kommuneplan. Eventuell nye fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i rød sektor frå lykta Stokkbleikjene. Farleia, bilei, Stokksund – Nyleia ligg aust for innspelet, ca. 625 m. Innspelet ligg utanfor farleiareal. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Det er etablert anlegg i området. Dagens KPA og innspelet gir grunnlag for flytting og/eller større anlegg. Innspelet er om lag 35 m nærmare farleia enn dagens akvakultur-føremål. Endringa har ingen innverknad på ferdsel på sjø. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0
Nærmiljø og stadutvikling	Dei nærmaste areala på landsida er LNF-føremål og næring. Det er etablert to naust i vågen. Det er noko spreidd busetnad langs Stokkabekkvegen. Avstanden frå dagens anlegg er om lag 250 m til busetnaden. Innspelet går ikkje inntil land.	Innspelet gir grunnlag for akvakulturføremål 35 meter lengre ut i fjorden enn dagens kommune-plan. Verknaden av endringa er ingen.	0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for å søke om større anlegg slik Bremnes har planlagt lokaliteten. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet.		+
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg utanfor Aktsomhetsområder for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvêr Vind og bølgjer	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg på austsida av Bømlo, og relativt skjerma av øyar og skjer. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ved bileia Stokksundet – Nyleia, minsteavstand ca. 625 meter. Avstanden er tilnærma lik, 35 m nærmare, som i gjeldande kommuneplan. Innspelet aukar ikkje risiko for uhell med fritidsbåtar som nyttar nausta inne ved land ved innspelet. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
0	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**x**

Innspelet sine negative verknadar er i hovudsak ingen då innspelet er endring av akvakultur for å kunne endre anlegget i tråd med kommuneplanen. Endringa er ei stripe på 35 meter. Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir grunnlag for endring av anlegget.

Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.13.5 Austnes

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) **Planlagt arealbruk** Akvakultur for matfisk av kveite (kvitfisk). Bruk og vern av sjø og vassdrag. Innspelet gjeld flytting og utviding av avsett akvakulturområde. Tubilah AS er i prosess med søknad om å etablere anlegg for oppdrett av kveite på lokaliteten slik føremålet ligg i dag, men ser at ei justering og utviding av avsett areal vil kunne gje betre tilhøve for oppdrett og miljøtilhøve for anlegget. Mykje av dagens avsette areal er også for grunt til å etablere oppdrettsanlegg på. Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet, og er illustrert i skissa til høgre som grunnlag for konsekvensutgreiinga.	**Arealendring**  Innspel for akvakulturføremål synt med svart skravur, innspel om fortøyingar synt med blå skravur, og akvakulturføremål som vert fjerna og erstatta med bruk og vern av sjø og vassdrag er synt med rød skravur. Innspelet skisserer alternativ arealbruk og storleik på akvakulturføremålet. Konsekvensutreiinga er basert på det primære ønsket til arealbruk.
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 132 dekar utvida akvakulturføremål Ca. 36 dekar omdisponert frå akvakultur til bruk og vern av sjø og vassdrag
Skildring av området	Innspelet ligg på søraustsida av Bømlo, aust for Moster. Området ligg sør for Spissøy og vest for Otterøya. Det er ikkje godkjent anlegg eller løyve på lokaliteten i dag, men Tubilah AS jobbar med å søke løyve til oppdrett av matfisk av kveite på lokaliteten.
Potensial / avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for etablering av nytt anlegg med ei betre lokalisering for drift av anlegget enn dagens kommuneplan opnar for. Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet. Den delen som er avsett til akvakultur i dagens kommuneplan er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Resterande areal er avsett til arealsone som ikkje inkluderer akvakultur.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar ikkje med registrerte marine naturtypar. Naturvern: Ikkje registrert. Nærmaste fuglereservat er ved Otterøya og Hestholmen, avstand ca. 1,5 km. Vilt/funksjonsområde: Innspelet overlappar ikkje med slike registreringar, men det er	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, og sjukdoms-smitte. Ein legg til grunn at det er kveite som skal produserast. Arealendringa er vesentleg. Potensiale for direkte konflikt mellom kjente registreringar og anlegg med fortøyingar er knytt til	-1

	registrert funksjonsområde for tjeld i Austneshamn og gråspett på Prestnes sør for innspelet. Artar: Innspelet overlappar med ei registrering av ansvarsarten Spisula elliptica (skjel. Klassifisert med livskraftig bestand i rødlista) og Owenia borealis (børstemark. Klassifisert med livskraftig bestand i rødlista). Anadromt vassdrag: Lang avstand til registrert vassdrag (over 10 km i luftlinje til Åreiddalselva og Frugardselva. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Nærmaste gyte-område (ikkje definert art) er ca. 700m vest for innspelet (Vestresundet). Kystvassførekomst: Bømlafjorden. Naturleg god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	to arts-registreringar med livskraftig bestand. Nytt anlegg vil komme noko lengre vekk frå registreringar på Prestaneset og Austneshamn, men noko nærmare naturreservata på Otterøy og Hestholmen, samt gyteområdet Vestresundet. Aktivitet og støy kan ha påverknad for artar i nærområdet. Innspelet vil ikkje ha kjende verknad for anadrome villfisk- bestandar, då området skal nyttast til produksjon av kvitfisk.	
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor. Nærmaste er knytt til Breidvika (Revsneset) i sør. Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor innspelet. Nærmaste er knytt til Austnes og Revsneset sør for innspelet. Dette er utfartsområde med svært viktig verdi. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål. Det er ikkje bygg eller tiltak her, men eit mykje nytta tur og rekreasjons-område.	Innspelet er ikkje direkte areal-konflikt med registrerte friluftsområde. Innspelet gjer at akvakulturføremålet vert flytta noko lengre vekk, ca. 60m, frå friluftsregistreringane. Anlegg i området vil framleis vera godt synleg og eksponert mot friluftsområda. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter.	-1
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Marine dallandskap Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål. Det er ikkje bygg eller tiltak her, men eit mykje nytta tur og rekreasjons-område. Sørvest for innspelet er Serklau næringsområde.	Arealendringa er vesentleg i storleik, og i forhold til dagens kommuneplan. Akvakulturføremålet er meir eksponert i fjorden enn arealet i dagens kommuneplan.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte freda kulturminne i sjø eller eldre bygg/ SEFRAK-registreringar nærmast på land. Fleire automatisk freda kulturminne på land, på Austneset og Spissøy. Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø. Dagens kommuneplan opnar for anlegg tettare på kulturminne på Austnes enn innspelet. Innspelet opnar for anlegg tettare på registreringar på Spissøy, ca. 550m. Den visuelle samanhengen vert noko endra av innspelet.	0/-1

Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Det er på det minste om lag 80m til rekefeltet Bømlafjorden. Fortøyingar grenser til feltet. Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet overlappar med område Spissøy, nytta til fiske etter sei. Dette er eit mykje nytta felt. Aust for innspelet er fiskefeltet Valevåg-Otterøy kartfesta. Låssettingsplass: Ikkje registrert innanfor arealet, eller i nærleiken. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Innspelet overlappar med registrerte og mykje nytta fiskeplassar for passive reiskap, og grenser til rekefelt i aust. Innspelet er i randsona til fiskefeltet i vest. Akvakulturføremålet i dagens kommuneplan overlappar med fiskefeltet i vest. Utvida areal-føremål til akvakultur vil avgrense og forringe bruken av fiskefelta i området. Fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	-1/-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg utanfor sektor frå lykta Mosterhamn. Farleia, hovudlei, Langenuen ligg sør for innspelet med over 2 km avstand til innspelet. Aust for innspelet er farleia, bilei, Stokksund-Nyleia, avstand ca. 240 m, og nord for innspelet bileia Spissøysundet-Serklau, avstand ca. 220 m. Heile innspelet ligg innanfor farleiareal. Ingen registrering av rigg- eller opplagsområde ved innspelet. Ankringsområdet Flæet ved Mosterhamn ligg vest for innspelet, avstand ca. 450m.	Innspelet gir grunnlag for eit større anlegg nærmare farlei og ankrings-område enn dagens kommuneplan. I dag går ein del av båttrafikken gjennom innspelsområde (ref. AIS sporing). Det er relativt god avstand til nærmaste farlei, og det er god plass for manøvrering i området slik at navigasjon kan tilpassast ny situasjon. Tilkomst til næringsområdet Serklau vert vesentleg endra, og potensiale for hendingar aukar sidan anlegget ligg såpass tett opp til innfarten til Serklau. Karmsund Hamn har gjort ei vurdering av innspelet, og peikar på at endringa av AK-området vil påverke ferdselen i området svært negativt. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	-2/-3
Nærmiljø og stadutvikling	Dei nærmaste areala på landsida er LNF-føremål. Og det er næringsføremål i sørvest, Serklau. Det er ingen busetnad nærmast på land, men dette er eit mykje nytta natur- og friluftsområde. Avstand til busetnad på Moster er i overkant av 900 m. Innspelet er lengre vekke frå land enn dagens kommuneplan og går ikkje inntil land.	Innspelet gir grunnlag for akvakulturføremål som vert liggjande lengre ut i fjorden enn dagens kommuneplan, og dermed lengre vekke frå busetnad. Det er opna for akvakultur i området i dagens kommuneplan. Verknaden av endringa er liten positiv.	+1
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for å søke om større anlegg slik Tubilah AS har planlagt lokaliteten. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet.		+2
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld arealstrategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg utanfor Aktsomhetsområder for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvêr Vind og bølgjer	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg på austsida av Bømlo, og relativt skjerma av øyar og skjer. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ved bileia Stokksund-Nyleia, avstand ca. 240 m, og bileia Spissøysundet-Serklau, avstand ca. 220 m. Dette er nærmare enn dagens kommuneplan opnar for. Innspelet medfører ny situasjon i området og særleg ferdsel til næringsområdet Serklau. Innspelet aukar risiko for uhell med næringstrafikk inn til Serklau, men i mindre grad knytt til Stokksund-Nyleia då det her er god manøvreringsareal.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er god avstand, ca. 900 m, mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-1	-1	-1	0/-1	-1/-2	-1/-2	0	+2	x


Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir grunnlag for etablering av oppdrett av kveite (kvitfisk) med betre tilhøve for oppdrett og miljøtilhøve for anlegget enn arealet avsett til akvakultur i dagens kommuneplan.

Det er ein del store negative konsekvensar av innspelet grunna at det er ei større arealendring som overlappar med registreringar eller at det er i influensområdet registreringar som vil verta negativt påverka. Dette gjeld for naturregistreringar, friluftsinteresser, landskapseksponering, fiskeriinteresser og for navigasjonsforhold. Den største verknaden er ytterlegare forringing av registrert fiskeriinteresser, navigasjon og landskap. På bakgrunn av dette, inkludert tilbakemelding frå Karmsund Hamn, vert innspelet negativt tilrådd.

ROS-analyse: Ulukke på sjø

Samla fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.13.6 Breivik

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) Fortøyingar i Ferdsel/Fiske (FE/FI (TF))	**Arealendring**  Innspel for akvakulturføremål synt med svart skravur og innspel om fortøyingar synt med blå skravur. Godkjent arealbruk ihht. akvakulturregisterert synt med grøn skravur.
Planlagt arealbruk Akvakultur Innspelet går på å utvide arealføremålet for etablere større anlegg, og på sikt auka produksjon. Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet, og er illustrert i skissa til høgre som grunnlag for konsekvensutgreiinga.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 14,5 dekar utvida akvakulturføremål
Skildring av området	Innspelet ligg på søraustsida av Bømlo, mot grensa til Sveio kommune. Moster/Mosterhamn ligg nord for innspelet. Det er firmaet Bremnes Seashore som driv på lokaliteten. Lokaliteten har eit produksjonsløyve på inntil 3120 MTB matfisk av laks og aure.
Potensial / avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for flytting eller justering av eksisterande anlegg, samt arealmessig eit grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet. Innspelet er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Mindre del knytt til fortøyingar i aust som ikkje inkluderer akvakultur i arealsona.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar ikkje med marine naturtypar, men fortøyingsareal gjer det: Større tareskog førekomst ved land og Teistholmen. Overlappar med to korallførekomstar (hornkorall) med svært viktig verdi. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert.	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Endringa er minimal, ca. 65 meter breidde på det meste. Utvida akvakulturareal vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag, og kommune-planen opnar for større anlegg enn eksisterande.	-1

	Artar: Ingen innanfor, men fleire område med fortøyingar: m.a. øyekorall, sjøtre. Anadromt vassdrag: Lang avstand til registrert vassdrag (over 10 km i luftlinje til Åreiddalselva) Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Bømlafjorden. Naturleg god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og fortøyingar er stor, og nye fortøyingar må ikkje medføre fysiske inngrep for kjente korallførekomstar. Innspelet vil ikkje ha verknad for villfiskbestandane eller kystvass-førekomst	
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor innspelet, men fortøyingsareal overlappar delvis med Totlandsskogen (marka område, svært viktig verdi). Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål. Det er ikkje bygg eller tiltak her, men eit mykje nytta turområde.	Innspelet er ikkje direkte areal-konflikt med registrerte friluftsområde. Utvida akvakulturareal vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag, og kommuneplanen opnar for større anlegg enn eksisterande.	0
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Fjordlandskap. Ope fjordlandskap. Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål. Ingen bygg eller tiltak.	Innspelet er lite og gir grunnlag for å etablere større/planlagt anlegg. Endringa med utgangspunkt i dagens kommuneplan og etablert anlegg er så liten at landskaps-verknaden er vurdert til å vera ingen.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte freda kulturminne i sjø, på land, eller eldre bygg/ SEFRAK-registreringar nærmast på land. Registrert eit ikkje freda kulturminne i sjø som overlappar med fortøyingsareal; Skipsfunn, forlis frå 1900-talet. Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert.	Innspelet for fortøyingar er i direkte arealkonflikt med registrert kulturminne, skipsvrak. Det er etablert anlegg i området i dag, der fortøyingsanlegg ikkje er i konflikt med kulturminnet. Eventuell nye fortøyingar må ikkje komme i konflikt med skipsvraket.	-2
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Innspelet overlappar med feltet Børøyfjorden/ Bømlo sør, notfiske etter makrell og sei. Fortøyingsareal overlappar med registrert rekefelt Bømlafjorden. Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet overlappar med område Børøyfjorden-Hiskosen, nytta til fiske etter sei. Dette er eit mykje nytta felt. Like vest for fortøyingsareal er fiskefeltet Børøyfjorden kartfesta. Låssettingsplass: Ikkje registrert innanfor arealet, eller i nærleiken.	Innspelet overlappar med registrerte og mykje nytta fiskeplassar for passive og aktive reiskap. Dagens anlegg og fortøyingar er lokalisert innanfor same registreringar. Endringa er liten og har ingen verknad for fiskeriinteresser sett i lys av dagens kommuneplan. Eventuell nye fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0

	Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert		
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i grøn sektor frå lykta Nappholmen. Farleia, hovudlei, Langenuen ligg sør for innspelet med over 2 km avstand til innspelet. Vest for innspelet er farleia, bilei, Børøy-fjorden Avstand ca. 1,5 km. Innspelet ligg utanfor farleiareal, deler av fortøyingsareal innanfor farleiareal. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Det er etablert anlegg i området. Dagens KPA og innspelet gir grunnlag for flytting og/eller større anlegg. Det er god avstand til nærmaste farlei. Innspelet opnar for om at anlegg kan plasserast om lag 65 m nærmare hovudleia, ikkje nærmare bileia. Endringa har ingen innverknad på ferdsel på sjø. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0
Nærmiljø og stadutvikling	Dei nærmaste areala på landsida er LNF-føremål. Det er ingen busetnad på land, men er eit mykje nytta natur- og friluftsområde. Innspelet går ikkje inntil land.	Innspelet gir grunnlag for akvakulturføremål 65 meter lengre ut i fjorden enn dagens kommune-plan. Verknaden av endringa er ingen.	0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for å søke om større anlegg slik Bremnes har planlagt lokaliteten. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet.		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring		

ROS-analyse			
Naturfare			
	Liv og helse	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
Skred	Innspelet ligg utanfor Aktsomhetsområder for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
	Liv og helse	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
Ekstremvêr Vind og bølgjer	Innspelet ligg i Bømlafjorden, dels eksponert. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
	Liv og helse	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
Ulukke på sjø	Innspelet ligg ved hovudleia Langenuen, minsteavstand over 2 km. Avstanden er tilnærma lik, 65 m nærmare, som i gjeldande kommuneplan. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
	Liv og helse	**Ytre Miljø**	**Mat. Verdiar/samfunn**
Støy	Det er god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-1	0	0	-2	0	0	0	+1	x

Innspelet sine verknadar er i hovudsak ingen då innspelet er endring av akvakultur for å kunne endre anlegget i tråd med kommuneplanen. Endringa er ei stripe på maksimalt 65 meter. Det er registeret eit ikkje freda kulturminne, skipsvrak, innanfor areal for potensiell fortøyingar. Eventuell nye fortøyingar må ikkje komme i konflikt med kulturminnet. Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir grunnlag for endring av anlegget.

Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.13.7 Andal

Skildring av arealendringa:

Gjeldande arealbruk
Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)

Kombinert føremål; Fiske/ferdsel FE/FI (TF)


Areal inn mot land er akvakultur

Planlagt arealbruk
Akvakultur

Innspelet går på å utvide arealføremålet for å flytte anlegget lengre frå land, justere det ifht. Straumretning, samt optimalisere anlegget med større og fleire merdar. Auka areal vil kunne opne for å drive med økologisk produksjon på lokaliteten, samt potensielt polykultur.

Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet, og er illustrert i skissa til høgre som grunnlag for konsekvensutgreiinga. Innspelshavar informerer om at det er trong for mindre justering av etablerte fortøyingar/ankerfeste.

Arealendring



Innspel for akvakulturføremål synt med svart skravur og innspel om fortøyingar synt med blå skravur. Godkjent arealbruk ihht. Akvakulturregisterert synt med grøn skravur.

Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 220 dekar utvida akvakulturføremål
Skildring av området	Innspelet ligg nord for Langevåg. Andal ligg vest for innspelet. Det er firmaet Varde Fiskeoppdrett (eigd av Tombre Fiskeanlegg og Lingalaks) som driv på lokaliteten. I dag har lokaliteten eit produksjonsløyve på inntil 3120 MTB matfisk av laks og regnbogeaure.

Potensial / avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for flytting eller justering av eksisterande anlegg, samt arealmessig eit grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet. Like sør for lokaliteten Andal ligg lokaliteten Hattasteinen. Hovudsakleg er innspelet synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Deler av areal synt som fortøying er ikkje inkluderer akvakultur i arealsona.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert i utvida areal, men mot land og innanfor dagens akvakulturføremål er det kartfesta marin naturtype større kamskjelførekomstar. Verdi viktig. Fleire naturtyperegistreringar på land. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsomr.: Ikkje registrert Artar: Ingen innanfor arealet, men mange på land knytt til dei registrerte naturtypane. Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Åreiddalselva, avstand over 10 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Bømlafjorden. Naturleg god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Endringa opnar for å flytte anlegget lengre frå land, der det er registreringar av naturtypar og artar. Innspelet vil ha noko avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og fortøyingar er liten. Utviding av føremålet kan potensielt gi plass for eit større anlegg og større produksjon. Dette vil igjen kunne ha verknad for villfiskbestandane og kystvass-førekomst. Om området toler auke i produksjon vert eventuelt avklart i konsesjonssøknad. I denne prosessen vil ev. løyve til utslepp og type teknologi definerast.	-2/-1
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål, LNF-spreidd bustad og naust (Andal).	Innspelet er ikkje i direkte areal-konflikt med registrerte friluftsområde. Innspelet hindrar ikkje tilkomst til nærliggjande naustområde. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Endringa opnar for å flytte anlegget lengre frå land. Eventuelle fortøyingslinjer mot land kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart lengre frå land. Utvida areal vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag.	0
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Marine dallandskap. Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi, breie fjordløp og fjordmøter.	Innspelet gir grunnlag for å flytte noko på anlegget eller eit større anlegg. Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet er utviding av eksisterande føremål,	-1

	Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål, LNF-spreidd bustad og naust. Det er etablere bustadar, naust og tiltak i dette området. Det er etablert anlegg i området.	utover fjorden som gir at framtidig anlegg kan verta noko meir eksponert enn dagens anlegg. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, med i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan i ha negativ verknad for landskaps-opplevinga, men avgrensa pga. eksisterande anlegg.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land, eller eldre bygg/ SEFRAK-registreringar på land. Det er avgrensa utsikt til området. Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Innspelet overlappar med to registrerte felt: Børøyfjorden/Bømlo sør med notfiske etter sei og makrell. Reketrålfelt Bømlafjorden der det i hovudsak er reketrålarar frå Bømlo og Kvinnherad som nytter. Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet overlappar med område Børøyfjorden-Hiskosen, nytta til fiske etter sei. Eit mykje nytta felt. Låssettingsplass: Ikkje registrert innanfor arealet, men er kartfesta låssetting nord for innspelet i Tollevika ca. 370 m vest for innspelet. Eit mykje nytta område. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Innspelet overlappar med registrerte og mykje nytta fiskeplassar for passive og aktive reiskap. Dagens anlegg og fortøyingar er lokalisert i fiskeplass for passive og aktive reiskap. Utvida arealføremål til akvakultur avgrensar og forringar bruken av feltet ytterlegare. Det er ikkje direkte arealkonflikt med låssettingsplass og føremålet stenger ikkje for tilkomst til Tollevika. Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad, men må ikkje gå lengre ut i fiskefelta enn dagens fortøyingar.	-2
Teknisk infrastruktur	I hovudsak ligg innspelet i rød sektor frå lykta Nappholmen, og utanfor kvit sektor frå Mosterhamn. Farleia, bilei, Børøyfjorden ligg aust for innspelet, ca. 1,8 km. Innspelet ligg utanfor farleiareal. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Det er etablert anlegg i området. Innspelet gir grunnlag for å flytte anlegget ca. 250 m nærmare farleia enn dagens anlegg. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0
Nærmiljø og stadutvikling	Dei nærmaste areala på landsida er LNF-føremål, spreidd busetnad og naust. Store deler av akvakultur-føremålet er eksponert og synleg frå busetnad på landsida. Innspelet går ikkje inntil land, og gir grunnlag for å flytte anlegget lengre ut i fjorden.	Innspelet gir grunnlag for akvakulturføremål som er noko meir eksponert mot busetnad enn dagens kommuneplan og anlegget. Avstand til busetnad frå utvida areal er på det minste om lag 400 m. Det er etablert anlegg her i dag og innspelet vil ikkje medføre vesentleg auke i støy/skjemmande aktivitet. Det vil framleis vera god tilkomst til naustområdet frå sjø.	+1/0

Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt gi fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet Eventuelle endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.	+1
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg utanfor Aktsomhetsområder for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvêr Vind og bølgjer	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg på austsida av Bømlo, og relativt skjerma av øyar og skjer. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ved bileia Børøyfjorden, minsteavstand ca. 1,8 km. Innspelet er nærmare bileia, men med god avstand. For etablert naustområde på land er forholda tilnærma lik, og det er god passasje for mindre fritidsbåtar å ferdast i området. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde. Innspelet opnar for at anlegget kan plasserast lengre vekk frå etablert busetnad.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-2/-1	**0**	**-1**	**0**	**-2**	**0**	**+1/0**	**+1**	**x**


Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt gir moglegheit for å flytte anlegget lengre ut i fjorden. Det gir også fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget og framtidig teknologisk utvikling.

Innspelet har negativ konsekvens for registrert naturmangfald og naturressursar, samt landskap. Verknadane er noko avgrensa grunna innspelet er ei utviding av etablert anlegg og akvakulturføremål i kommuneplanen. Den største verknaden er ytterlegare forringing av registrert fiskeriinteresser. Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad, men må ikkje gå lengre ut i fiskefelta enn dagens fortøyingar.

Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding med vilkår at forøytingar ikkje går lengre inn i fiskefelt og at eksisterande akvakulturareal nordvest for innspelet vert endra til bruk og vern av sjø og vassdrag.



4.13.8 Hattasteinen

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) Areal inn mot land er akvakultur	**Arealendring**  Innspel for akvakulturføremål synt med svart skravur og innspel om fortøyingar synt med blå skravur. Godkjent arealbruk ihht. akvakulturregisterert synt med grøn skravur.
Planlagt arealbruk Akvakultur Innspelet er ei mindre utviding for at dagens løyve på lokaliteten er i tråd med kommuneplanen. Utvidinga er ei stripe på om lag 10 meter breidde. Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet, og er illustrert i skissa til høgre som grunnlag for konsekvensutgreiinga.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 9 dekar utvida akvakulturføremål
Skildring av området	Innspelet ligg nord for Langevåg. Andal ligg vest for innspelet. Det er firmaet Bremnes Seashore som driv på lokaliteten. I dag har lokaliteten eit produksjonsløyve på inntil 3120 MTB matfisk av laks og regnbogeaure.
Potensial / avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for flytting eller justering av eksisterande anlegg. Endringa er så liten at det ikkje gir arealmessig grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB) utover gitt arealbruk. Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet.

	Like nord for lokaliteten Hattasteinen ligg lokaliteten Andal. Hovudsakleg er innspelet synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Deler av areal synt som fortøying er ikkje inkluderer akvakultur i arealsona.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert i utvida areal, men mot land og innanfor dagens akvakulturføremål er det kartfesta marin naturtype større kamskjelførekomstar. Verdi viktig. Fleire naturtyperegistreringar på land. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsomr.: Ikkje registrert Artar: Ingen innanfor arealet, men mange på land knytt til dei registrerte naturtypane. Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Åreiddalselva, avstand over 10 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Bømlafjorden. Naturleg god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Endringa er liten, ca. 10 meter breidde. Innspelet vil ha ingen påverknad då det er etablert anlegg og godkjent løyve på lokaliteten i dag. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og fortøyingar er liten. Innspelet vil ikkje ha verknad for villfiskbestandane eller kystvass-førekomst.	0
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål, samt i nordvest LNF-spreidd bustad og naust.	Innspelet er ikkje direkte areal-konflikt med registrerte friluftsområde. Innspelet hindrar ikkje tilkomst til naustområdet. Utvida areal vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag.	0
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Marine dallandskap. Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi, breie fjordløp og fjordmøter. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål, og i nordvest LNF-spreidd bustad og naust. Det er etablere bustadar, naust og tiltak i dette området. Det er etablert anlegg i området.	Innspelet er lite og gir grunnlag for å flytte noko på anlegget. Endringa med utgangspunkt i dagens kommuneplan og etablert anlegg er så liten at landskapsverknaden er vurdert til å vera ingen.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land, eller eldre bygg/ SEFRAK-registreringar på land. Det er avgrensa utsikt til området. Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Innspelet overlappar med Børøyfjorden/Bømlo sør med notfiske etter sei og makrell.	Innspelet overlappar med registrerte og mykje nytta fiskeplassar for passive og aktive reiskap. Dagens anlegg og	0

	Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet overlappar med område Børøyfjorden-Hiskosen, nytta til fiske etter sei. Eit mykje nytta felt. Låssettingsplass: Ikkje registrert innanfor arealet, eller nærmaste nærleik. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	fortøyingar er lokalisert innanfor same registreringar. Endringa er liten og har ingen verknad for fiskeriinteresser sett i lys av dagens kommuneplan og etablert anlegg. Eventuell justering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad, men må ikkje gå lengre ut i fiskefelta enn dagens fortøyingar.	
Teknisk infrastruktur	Farleia, bilei, Børøyfjorden ligg aust for innspelet. Innspelet ligg utanfor farleiareal. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Det er etablert anlegg i området. Det er godkjent arealbruk innanfor innspelet. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0
Nærmiljø og stadutvikling	Dei nærmaste areala på landsida er LNF-føremål, og i nordvest spreidd busetnad og naust. Deler av akvakulturføremålet er eksponert og synleg frå busetnad på landsida. Innspelet går ikkje inntil land.	Innspelet gir grunnlag for akvakulturføremål 10 meter lengre ut i fjorden enn dagens kommuneplan. Verknaden av endringa er ingen.	0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget og løyve er i tråd med kommuneplanen. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet.		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring		


ROS-analyse			
Naturfare			
	Liv og helse	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
Skred	Innspelet ligg utanfor Aktsomhetsområder for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
	Liv og helse	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
Ekstremvêr Vind og bølgjer	Innspelet ligg på austsida av Bømlo, og relativt skjerma av øyar og skjer. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
	Liv og helse	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
Ulukke på sjø	Innspelet ligg ved bileia Børøyfjorden, minsteavstand over 2 km. Innspelet er 10 m nærmare bileia. For etablert naustområde på land er forholda tilnærma lik, og det er god passasje for mindre fritdsbåtar å ferdast i området. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar		
	Liv og helse	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
Støy	Det er god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde. Innspelet opnar for at anlegget kan plasserast lengre vekk frå etablert busetnad.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
0	0	0	0	0	0	0	+1	x

Innspelet sine verknadar er i hovudsak ingen då innspelet er endring av akvakultur for at dagens løyve er i tråd med kommuneplanen. Endringa er ei stripe på 10 meter. Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad, men må ikkje gå lengre ut i fiskefelta enn dagens fortøyingar. Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, og innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet.

Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding. Sett i lys av positiv tilråding for Andal nord for dette arealet og samla omfang av akvakulturføremål i området - vilkår om at eksisterande akvakulturareal sør for innspelet vert endra til bruk og vern av sjø og vassdrag.



4.13.9 Klungsholmen

Skildring av arealendringa:

Gjeldande arealbruk
Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)


Areal inn mot land er akvakultur

Planlagt arealbruk
Akvakultur
Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)

Innspelet går på å flytte føremålet lengre frå land og utvide akvakulturføremålet. Innspelet gir grunnlag for justering av godkjent anleggsplassering. Dagens godkjent plassering av anlegget er ikkje i tråd med kommuneplanen.

Restareal mot land vert omdisponert til FFNF.

Arealendring



Innspel for akvakulturføremål synt med svart skravur, innspel om fortøyingar synt med blå skravur, og akvakulturføremål som vert flytta og erstatta med

	bruk og vern av sjø og vassdrag er synt med rød skravur. Godkjent arealbruk ihht. akvakulturregisterert synt med grøn skravur. Utsnitt av dagens kommuneplan er synt nedst til høgre.
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 105 dekar akvakulturføremål Ca. 40 dekar bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)
Skildring av området	Innspelet ligg aust for Espevær og vest for Langevåg. Det er firmaet Varde Fiskeoppdrett (eigd av Tombre Fiskeanlegg og Lingalaks) som driv på lokaliteten. I dag har lokaliteten eit produksjonsløyve på inntil 3900 MTB.
Potensial / avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for flytting eller justering av eksisterande anlegg. Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet. Innspelet til akvakultur er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Areal synt som fortøying er inkluderer i kombinert arealsone med akvakultur.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Delar av innspelet i sørvest overlappar med kartfesta marin naturtype større kamskjel-førekomstar. Verdi viktig. I nærleiken finn ein ei annan registrering av kamskjelførekomst på austsida av sundet, mot Eidesvika, samt større tareskog-førekomst nordvest for innspelet. Fleire naturtyperegistreringar på land. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsomr.: Ikkje registrert. Ca. 500 m til funksjonsområde for hettemåke, Eidesvika. Artar: Fleire innanfor innspelet og areal til fortøying, m.a. Owenia borealis (børstemark. Klassifisert med livskraftig bestand i rødlista) og pigghå. Elles mange i nærleiken og på land. Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Kvaleelva ved Haugesund, avstand over 17 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert.	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og anlegg/ fortøyingar er til stades da det er overlappande registreringar og førekomstar i influensområdet. Innspelet er ei større endring ifht. kommuneplanen, men ikkje så stor endring ifht. dagens godkjent plassering av anlegg. Utviding av føremålet kan potensielt gi plass for eit større anlegg og større produksjon. Dette vil igjen kunne ha verknad for villfiskbestandane og kystvass-førekomst. Om området toler auke i produksjon vert eventuelt avklart i konsesjonssøknad. I denne prosessen vil ev. løyve til utslepp og type teknologi definerast.	-1

	Kystvassførekomst: Bømlo-Indre. Moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.		
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor. I nærleiken; Espevær som er eit svært viktig friluftsområde med spesielle kvalitetar vest for innspelet. Roaldsfjorden som er eit svært viktig friluftsområde for utfart nord for innspelet. Areal på land nærmast innspelet er regulert til næringsføremål (Klungsholmen). I sør er busetnad på Espevær, samt LNF-område. På austsida av sundet er det LNF-område.	Innspelet er ikkje i direkte areal-konflikt med registrerte friluftsområde. Innspelet hindrar ikkje tilkomst til Espevær og gjer det mogleg å ferdast mellom land og anlegget i vest. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakulturanlegg på 100 og 20 meter. Endringa opnar for å flytte anlegget lengre frå land. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart lengre frå land. Endring av areala vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag.	0
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Marine dallandskap. Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi, ytre skjergard. Areal på land nærmast innspelet er regulert til næringsføremål (Klungsholmen). I sør er busetnad på Espevær med bustadar, butikk etc., samt LNF-område. På austsida av sundet er det LNF-område.	Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet er utviding av eksisterande føremål, utover fjorden som gir anlegget verta noko meir eksponert enn dagens kommuneplan opnar for. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, med i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan ha negativ verknad for landskapsopplevinga. Innspelet er ei større endring ifht. kommuneplanen, men ikkje så stor endring ifht. dagens godkjent plassering av anlegg. Innspelet vil difor ha noko avgrensa påverknad.	-1/0
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land, eller eldre bygg/ SEFRAK-registreringar nærmast på land. Kulturlandskap, KULA: Innspelet overlappar med Søre Bømlo - Hespriholmen. Steinalderlandskap	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne. Det overlappar med kulturlandskap. Innspelet er ei større endring ifht. kommuneplanen, men ikkje så stor endring ifht. dagens godkjent plassering av anlegg. Innspelet vil difor ha noko avgrensa påverknad.	-1/0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Ikkje registrert Fiskeplassar – passive reiskap: Ikkje registrert Låssettingsplass: Ikkje registrert Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Det er ikkje registrert fiskeri-interesser innafor innspelet heller ikkje i område med fortøyingar. Ev. justering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0
Teknisk infrastruktur	I hovudsak ligg innspelet i grøn sektor frå lykta Dyrnes. Farleia, bilei, Ryvarden-Goddeskjær ligg aust for innspelet, på det minste ca. 50 m. Innspelet ligg innanfor farleiareal.	Det er gitt løyve til plassering av anlegg med ca. tilsvarande minste-avstand til farleia. Minste avstanden er i søraust elles er føremålet vinkla frå farleia. Avstanden frå føremålet til land i aust er ca. 400 m i dette	-1

	Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	området. Eventuell justering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	
Nærmiljø og stadutvikling	Areal på land nærmast innspelet er regulert til næringsføremål (Klungsholmen). I sør er busetnad på Espevær med bustadar, butikk etc., samt LNF-område. På austsida av sundet er det LNF-område. Store deler av akvakulturføremålet er eksponert, men i mindre grad synleg frå busetnad på land. Innspelet går ikkje inntil land, og gir grunnlag for å fjerne akvakultur-føremål mot Klungsholmen.	Innspelet er noko meir eksponert mot busetnad enn det dagens kommuneplan opnar for. Samstundes er arealet noko lengre vekk frå busetnad på Espevær (ca. 150 m lengre vekk). Avstand til busetnad frå innspelet er på det minste om lag 300 m. Det er gitt løyve til plassering av anlegg som er noko nærmare enn dette. Innspelet som er justering av godkjent plassering vil ikkje medføre vesentleg auke i støy/ skjemmande aktivitet.	-1/0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for ei justering av dagens godkjent plassering av anlegget vert i tråd med kommuneplanen. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet.		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet for akvakultur ligg utanfor Aktsomhetsområder for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvêr Vind og bølgjer	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg på vestsida av Bømlo, men relativt skjerma av øyane kring Espevær. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar ra låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg tett på bileia Ryvarden-Goddeskjær, minsteavstand ca. 50 m. Innspelet ligg i eit relativt smalt sund. Det er gitt løyve til dagens plassering av anlegget, også av Kystverket etter deira regelverk.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er relativt god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde. Innspelet opnar for at anlegget kan plasserast lengre vekk frå etablert busetnad enn dagens kommuneplan.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-1	0	-1/0	-1/0	0	-1	-1/0	+1	x


Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir planmessig grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen.

Innspelet har avgrensa negativ konsekvens pga. anlegget allereie er etablert i tråd med innspelet. Det er likevel synt til noko negative verknadar for registrert naturmangfald, landskap, kulturlandskap og ferdsel på sjø.

Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding med vilkår om at eksisterande akvakulturareal sørvest for innspelet vert endra til bruk og vern av sjø og vassdrag.



4.13.10 Sølvøyane

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) Fiskeri, trålfelt (Fortøyingsareal)	**Arealendring**  Innspel for akvakulturføremål synt med svart skravur og innspel om fortøyingar synt med blå skravur. Godkjent arealbruk ihht. akvakulturregisterert synt med grøn skravur.
Planlagt arealbruk Akvakultur Innspelet går på å utvide akvakulturføremålet noko lengre sør for at dagens anlegg er i tråd med kommuneplanen, samt å kunne utvide anlegget med 5 nye merdar. Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet, og er illustrert i skissa til høgre som grunnlag for konsekvensutgreiinga.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 27 dekar akvakulturføremål

Skildring av området	Innspelet ligg nord for Espevær og aust for Nordøyane. Det er firmaet Bremnes Seashore som driv på lokaliteten. I dag har lokaliteten eit produksjonsløyve på inntil 5460 MTB matfisk av laks og regnbogeaure.
Potensial / avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for flytting eller justering av eksisterande anlegg, samt arealmessig eit grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet. Innspelet til akvakultur er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Areal synt som fortøying er inkluderer i kombinert arealsone med akvakultur.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ein liten del av innspelet i sørvest overlappar med kartfesta marin naturtype større kamskjel-førekomstar. Verdi viktig. I nærleiken finn ein fleire registreringar i områda kring Nordøyane til Espevær; tareskog og skjelsand. Naturvern: Ikkje registrert innanfor. Om lag 900 m frå innspelet til sjøfuglreservat knytt til øyane Utsletteøy, Joøy og Upsøykalven. Vilt/funksjonsomr.: Ikkje registrert. Vestre del av Nordøyane er registrert som funksjonsområde for ærfugl, Eldesvika. Artar: Ingen innanfor innspelet, men nokre innanfor areal til fortøying, m.a. Owenia borealis (børstemark. Klassifisert med livskraftig bestand i rødlista). Elles mange i nærleiken og på land. Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Kvaleelva ved Haugesund, avstand over 19 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Bømlo-Indre. Moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og anlegg/ fortøyingar er til stades da det er overlappande registreringar og førekomstar i influensområdet. Innspelet er mindre endring på sjø ifht. kommuneplanen, 27 daa. Utvidinga er frå naturreservata og ikkje mot land der det er registrert marine naturtypar. Påverknad for registreringane er knytt til aktivitet og støy, samt næringssaltar. Innspelet vil ha noko avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag. Fortøyingar vil gå utover akvakultur-føremålet. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og fortøyingar er til stades. Utviding av føremålet kan potensielt gi plass for eit større anlegg og større produksjon. Dette vil igjen kunne ha verknad for villfiskbestandane og kystvass-førekomst. Om området toler auke i produksjon vert eventuelt avklart i konsesjonssøknad. I denne prosessen vil ev. løyve til utslepp og type teknologi definerast.	-1/-2
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor. I nærleiken; Espevær som er eit svært viktig friluftsområde med spesielle kvalitetar sør for innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte areal-konflikt med registrerte frilufts-område. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Endringa opnar for å flytte anlegget lengre frå land og fortøyingar vil ikkje vera til	-1/0

	Roaldsfjorden som er eit svært viktig friluftsområde for utfart aust for innspelet. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-område. På landsida aust for innspelet er det også LNF-område.	hinder for båtutfart her. Endring av arealet vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag.	
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Marine dallandskap. Landskapsverdi Hordaland: Stor verdi, ytre skjergard. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-område. På landsida aust for innspelet er det også LNF-område.	Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet er utviding av eksisterande føremål, utover fjorden som gir anlegget verta noko meir eksponert enn dagens kommuneplan og anlegg. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, men i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan i ha negativ verknad for landskaps-opplevinga, men noko avgrensa pga. eksisterande anlegg.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land, eller eldre bygg/ SEFRAK-registreringar nærmast på land. Kulturlandskap, KULA: Innspelet overlappar med Søre Bømlo - Hespriholmen. Steinalderlandskap	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne. Det overlappar med kulturlandskap. Innspelet er av relativt avgrensa omfang på sjø ifht. kommuneplanen. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, med i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan i ha negativ verknad for landskapsopplevinga, men noko avgrensa, då det allereie er etablert anlegg på lokaliteten.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Innspelet inkl. fortøyingar overlappar med trålfeltet Vest av Gissøya (reketråling) og Bømlo sørvest som er eit mykje nytta felt for fiske etter sei. Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet sine fortøyingar overlappar med feltet Nordøyane-Holsøyane som nyttast til garnfiske etter fleire artar. Låssettingsplass: Ikkje registrert Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Dagens anlegg er lokalisert i fiskeplass for aktive og passive reiskap. Utvida arealføremål til akvakultur og fortøyingar avgrensar og forringar bruken av felta ytterlegare, men noko avgrensa pga. etablert anlegg med ankerfesta i området. Innspel frå møte med lokale fiskarar viser at ev. nye ankerfeste i sør vil øydelegge trålfeltet. Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad, og må tilpassast trålfeltet.	-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet i grøn sektor frå lykta Dyrnes. Farleia, bilei, Ryvarden-Goddeskjær ligg aust for innspelet, på det minste ca. 900 m. Innspelet ligg utanfor farleiareal. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Innspelet er ikkje nærmare farleia enn dagens kommuneplan opnar for. Det er god passasje for ferdsel i området. Eventuell justering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0
Nærmiljø og stadutvikling	Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-område. På	Innspelet gir grunnlag for større anlegg, men pga. det er etablert	0

	landsida aust for innspelet er det også LNF-område. Akvakulturføremålet er eksponert, men pga. avstandar i mindre grad synleg frå busetnad på land.	anlegg her i dag vil utvidinga truleg ikkje medføre vesentleg auke i støy/skjemmande aktivitet. Innspelet er noko meir eksponert, men det er lang avstand til busetnad.	
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt utviding av anlegget. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet Eventuelle endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet for akvakultur ligg utanfor Aktsomhetsområder for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvêr Vind og bølgjer	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg på vestsida av Bømlo, delvis eksponert men relativt skjerma av øyane kring Nordøyane. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ved bileia Ryvarden-Goddeskjær, minsteavstand ca. 900 m. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er lang avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-1/-2	**-/0**	**-1**	**-1**	**-2**	**0**	**0**	**+1**	**x**

Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir planmessig grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt utviding av anlegget.

Innspelet har negativ konsekvens for registrert naturmangfald, landskap (stor verdi), kulturlandskap (KULA) og naturressursar (fiskefelt i område med fortøyingar). Verknadane er noko avgrensa grunna innspelet er av mindre omfang på sjø, samt at det er utviding av etablert anlegg og akvakulturføremål i kommuneplanen. Den største

verknaden er ytterlegare forringing av registrert fiskeriinteresser med nye fortøyingar. Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad, og må tilpassast trålfeltet i aust.
Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding med vilkår at eksisterande akvakulturareal lengst nord vert endra til bruk og vern av sjø og vassdrag. 

4.13.11 Lyklingeholmen Nord

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)	**Arealendring**
Planlagt arealbruk Akvakultur Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) Innspelet går på å justere arealføremålet for å tilpasse arealet til anlegget si faktiske plassering. I tillegg til at dagens anlegg vert regulert til akvakulturføremål gir ny arealbruk ei buffersone kring anlegget som gjer at justeringar og endringar kan gjennomførast utan dispensasjon. Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet.	 Innspel for akvakulturføremål synt med svart skravur. Godkjent arealbruk ihht. akvakulturregisterert synt med grøn skravur.
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 36 dekar akvakulturføremål (nytt føremål) Ca. 16 dekar bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)
Skildring av området	Innspelet ligg nordvest for Lykling på vestsida av Bømlo. Det er firmaet Fremskridt Laks som driv på lokaliteten. I dag har lokaliteten eit produksjonsløyve på inntil 3120 MTB matfisk av laks og regnbogeaure.
Potensial / avgrensingar	Justering av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for flytting eller justering av eksisterande anlegg, samt arealmessig eit grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet. Innspelet til akvakultur er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ein del av innspelet i vest overlappar med kartfesta marin naturtype større kamskjel-førekomstar. Verdi viktig. I nærleiken finn ein ei fleire registreringar i områda kring Lyklingholmane: tareskog og skjelsand. Naturvern: Ikkje registrert innanfor. Vilt/funksjonsomr.: Ikkje registrert. Artar: Ingen innanfor innspelet, men fleire i nærområdet; fiskemåke, havelle, ærfugl og storskarv. Elles mange i nærleiken og på land. Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Åreidssaleelva i Børøyfjorden, avstand 7 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Bømlo-Indre. Moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og anlegg/ fortøyingar er til stades da det er overlappande registreringar og førekomstar i influensområdet. Innspelet er mindre endring på sjø ifht. kommuneplanen, flytter føremålet ca. 160 m lengre aust. Flyttinga er frå land der det er registrert marine naturtypar. Påverknad for registreringane er knytt til aktivitet og støy, samt næringssaltar. Innspelet vil ha noko avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag. Fortøyingar vil utover akvakultur-føremålet. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og fortøyingar er til stades. Utviding av føremålet kan potensielt gi plass for eit større anlegg og større produksjon. Dette vil igjen kunne ha verknad for villfiskbestandane og kystvass-førekomst. Om området toler auke i produksjon vert eventuelt avklart i konsesjonssøknad. I denne prosessen vil ev. løyve til utslepp og type teknologi definerast.	-2/-1
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor. I nærleiken; Lykling Gullgruveområde som er eit svært viktig friluftsområde med spesielle kvalitetar vest for innspelet. Areal på Nordre Lyklingholmen er regulert til LNF-område og fritid. Søre Lyklingholmen er regulert til LNF og omsynssone bevaring kulturmiljø (verdifull kulturland-skap). På landsida Lykling er deler regulert til spesialområde kultur-vern, og spreidd fritid.	Innspelet er ikkje direkte areal-konflikt med registrerte frilufts-område. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Endringa opnar for å flytte føremålet i tråd med slik anlegget er etablert, samt større anlegg. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart lengre frå land. Endring av areala vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag.	-1
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Fjordlandskap, relativt ope. Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi, ytre skjergard. Areal på Nordre Lyklingholmen er regulert til LNF-område og fritid. Søre Lyklingholmen er regulert til LNF og omsynssone bevaring kulturmiljø (verdifull kulturland-	Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet er flytting av eksisterande føremål, noko utover fjorden (ca. 160m) som gjer at anlegget vert noko meir eksponert enn dagens kommuneplan. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, med i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan i ha negativ verknad for	-1/0

	skap). På landsida Lykling er deler regulert til spesialområde kultur-vern, og spreidd fritid.	landskaps-opplevinga, men noko avgrensa pga. eksisterande anlegg.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land. Søre Lyklingholmen er regulert til omsynssone bevaring kulturmiljø (verdifull kulturlandskap). Gullgruveområdet på Lykling er på landsida aust for innspelet. Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne. Innspelet er av relativt avgrensa omfang på sjø ifht. kommuneplanen. Anlegget er godt synleg i nærområdet, med i mindre grad frå fjernare areal. Flyttinga kan i ha negativ verknad for landskapsopplevinga, men noko avgrensa då det allereie er etablert anlegg i området.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Innspelet overlappar med feltet Børøyfjorden/Bømlo Sør som vert nytta til fiske etter sei og makrell. Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet overlappar med feltet Børøyfjorden - Hiskosen som nyttast til harp- og garnfiske. Låssettingsplass: Ikkje registrert. Om lag 300 m avstand til nærmaste, Litla Holmsundet som er mykje bruk og ligg mellom Nordre og Søre Lyklingholmen. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Dagens anlegg er lokalisert innanfor fiskeplass for aktive og passive reiskap. Flytting av arealføremål går noko meir inn i felta og forringar bruken av dei ytterlegare, men noko avgrensa pga. etablert anlegg med ankerfesta i området. Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet i rød sektor frå lykta Hiskjo, og utanfor kvitsektor frå Lyngøyosen. Farleia, bilei, Alsvåg ligg nord for innspelet, på det minste ca. 1 km. Innspelet ligg utanfor farleiareal. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Innspelet flyttar akvakultur-føremålet lengre frå farleia enn dagens kommuneplan opnar for. Det er god passasje for ferdsel i området. Eventuell justering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0
Nærmiljø og stadutvikling	Areal på Nordre Lyklingholmen er regulert til LNF-område og fritid. Søre Lyklingholmen er regulert til LNF og omsynssone bevaring kulturmiljø (verdifull kulturland-skap). På landsida Lykling er deler regulert til spesialområde kultur-vern, og spreidd fritid. Akvakultur-føremålet er eksponert og dels synleg frå busetnad på land.	Innspelet gir grunnlag for dagens anlegg og at det kan justerast noko nærmare fastlandet enn i dag. Avstand til kystlinja er på det minste 300 m, men meir til busetnad. Det er etablert anlegg her i dag og utvidinga vil truleg ikkje medføre vesentleg auke i støy/skjemmande aktivitet. Innspelet er noko meir eksponert.	-1/0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt utviding av anlegget. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet Eventuelle endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.		+1

Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet for akvakultur ligg utanfor Aktsomhetsområder for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvêr Vind og bølgjer	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg på vestsida av Bømlo, men godt skjerma av øyane i kring. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ved bileia Alsvåg, minsteavstand ca. 1 km. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-2/-1	-1	-1/0	-1	-2	0	-1/0	+1	x


Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir planmessig grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt utviding av anlegget.

Innspelet har negativ konsekvens for registrert naturmangfald (marine naturtypar), kulturlandskap (gruveområdet og søre Lyklingholmen) og naturressursar (fiskefelt). Verknadane er noko avgrensa grunna innspelet er flytting av føremål ca. 160 meter lengre aust, samt at det er etablert anlegg her i dag og akvakulturføremål i kommuneplanen. Den største verknaden er ytterlegare forringing av registrert fiskeriinteresser. Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.

Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding med vilkår at eksisterande akvakulturareal nordvest for innspelet vert endra til bruk og vern av sjø og vassdrag.



4.13.12 Gjæravågen

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Akvakultur	**Arealendring**  Innspel om å fjerne akvakulturføremål synt med rød skravur.
Planlagt arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) Innspelet går på å fjerne akvakulturføremål.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 3,3 dekar bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)
Skildring av området	Innspelet ligg nordvest for Sakseid i Gjæravågen. Det er ikkje akvakulturverksemd eller løyve knytt til akvakulturføremålet. Bremnes Seashore sitt settefiskanlegg er lokalisert nord for innspelet ved utløpet av Erslandvatnet.
Potensial / avgrensingar	Innspelet er synt som arealsone kombinert med akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert innanfor. Naturvern: Ikkje registrert innanfor. Vilt/funksjonsomr.: Overlappar delvis med beiteområde for andefulgar. Artar: Ingen innanfor innspelet, men fleire i nærområdet; ærfugl og storskarv. Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Åreidssaleelva i Børøyfjorden Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Bømlo-Indre. Moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	Fjerning av akvakulturføremål gir ikkje grunnlag for produksjon i området. Potensiell påverknad av akvakulturverksemd er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Dette vil vera positivt då arealet ligg inne i ein relativt stengt poll.	+2
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor eller nærmaste nærleik. Areal på land er regulert til LNF-område, naust og næring (settefiskanlegg). Det er etablert	Innspelet er ikkje direkte areal-konflikt med registrerte friluftsområde. Fjerning av akvakultur-føremål gir ikkje grunnlag for produksjon eller bandlegging av areal til anlegg og ferdsel/fiske forbodssone. Dette vil vera positivt	+1

	naust og næringsverksemd innafor føremåla.	for generelt friluftsliv og for aktivitet og ferdsel knytt til naustområda.	
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Kystslettelandskap, beskytta indre småkupert kystslette. Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi, indre øy-. holme og skjer-gardslandskap. Areal på land er regulert til LNF-område, naust og næring (settefiskanlegg). Det er etablert naust og næringsverksemd innafor føremåla.	Endringa medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Dette vil vera positivt for landskaps-opplevinga i området.	+1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø. Nokre kulturminne og eldre bygningar på land. Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert.	Endringa medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Dette vil vera positivt for opplevinga av området.	0/+1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Ikkje registrert. Fiskeplassar – passive reiskap: Ikkje registrert. Låssettingsplass: Ikkje registrert. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Endringa medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg med fortøyingar. Det er ingen fiskeri-interesser i området. Endingar har ingen verknad for fiskeri.	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg inne i Gjæravågen. Ferdsel i vågen er i hovudsak knytt til naustområda. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Endringa medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg med fortøyingar med tilhøyrande ferdselsforbod. Endringar har noko positiv verknad for ferdsel i vågen.	0/+1
Nærmiljø og stadutvikling	Areal på land er regulert til LNF-område, naust og næring (settefiskanlegg). Det er etablert naust og næringsverksemd innanfor føremåla.	Endringa medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Dette er positivt for nærmiljøet då det er korte avstandar inne i vågen.	+1
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet fjernar arealmessig grunnlag for etablering av akvakulturanlegg. Potensialet for å få løyve til etablering av tradisjonelt akvakulturanlegg for laksefisk er liten med omsyn til naturgitte forholda og at det er etablert settefiskanlegg like ved.		-1
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld arealstrategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er positivt for ålmenta si bruk av/i vågen.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Ekstremvêr Vind og bølgjer	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

	Endringa medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg med fortøyingar med tilhøyrande ferdselsforbod. Dette reduserer potensiale for uhell mellom fritidsbåt og anlegg.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
+2	**+1**	**+1**	**0/+1**	**0**	**0/+1**	**+1**	**-1**	**x**

Det er i hovudsak berre positive konsekvensar av å fjerne planmessig grunnlag for etablering av akvakulturanlegg i Gjæravågen.

Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.13.13 Trettholmosen

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) Omsynssone friluftsliv, H530_3 Rogøy/Sæverudsøy	**Arealendring**  Innspel for akvakulturføremål synt med svart skravur. Godkjent arealbruk ihht. akvakulturregisterert synt med grøn skravur
Planlagt arealbruk Akvakultur Innspelet går på å utvide arealføremålet for å tilpasse arealet til godkjent arealbruk si faktiske plassering. Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 32 daa
Skildring av området	Innspelet ligg sørvest for Goddo, og vest for Katla. Det er firmaet Bremnes Seashore som driv på lokaliteten. I dag har lokaliteten eit produksjonsløyve på inntil 2340 MTB matfisk av laks og regnbogeaure.
Potensial / avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for mindre justering av eksisterande anlegg. Endringa er så liten at det ikkje gir

	arealmessig grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB) utover gitt arealbruk. Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet. Innspelet er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert innanfor. Fleire i nærområdet – større tareskogførekomstar i nordaust og vest langs øyane her. Naturvern: Ikkje registrert innanfor eller i nærleiken. Vilt/funksjonsomr.: Ikkje registrert innanfor eller i nærleiken. Artar: Ingen innanfor innspelet, men fleire i nærområdet; tjeld, teist og gråmåke. Anadromt vassdrag: Lang avstand til nærmaste kartfesta. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Goddo ytre. God økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand.	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og anlegg/ fortøyingar er til stades då det er førekomstar i influensområdet. Innspelet er mindre endring på sjø ifht. kommuneplanen, utvider føremålet ca. 110 m sørover, i samsvar med dagens anlegg. Flyttinga er ikkje mot land det er det registrert marine naturtypar. Påverknad for registreringane er knytt til aktivitet og støy, samt næringssaltar. Innspelet vil ha noko avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag. Fortøyingar vil utover akvakultur-føremålet. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og fortøyingar er til stades. Utviding av føremålet kan potensielt gi plass for eit større anlegg og større produksjon. Dette vil igjen kunne ha verknad for villfiskbestandane og kystvass-førekomst. Om området toler auke i produksjon vert eventuelt avklart i konsesjonssøknad. I denne prosessen vil ev. løyve til utslepp og type teknologi definerast.	-1
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Innspelet overlappar med friluftsområdet Sørvest for Goddo som er eit viktig område og populært utfartsområde for båturistar. Dette området er synt som omsynssone friluftsliv i kommuneplanen. Areal på dei nærmaste øyane er regulert til LNF-område.	Innspelet er i direkte arealkonflikt med registrerte friluftsområde. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Innspelet går på å utvide arealføremålet for å tilpasse arealet til anlegget si faktiske plassering. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart lengre frå land. Endring av areala vil ha avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag.	0/-1

Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Kystslettelandskap, Svært bølgeeksponert småkupert kyst-slettelandskap på ytre kyst. Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi, Ytre skjergard. Areal på dei nærmaste øyane er regulert til LNF-område.	Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Innspelet går på å utvide arealføremålet for å tilpasse arealet til anlegget si faktiske plassering. Anlegget er godt synleg i nærområdet, men i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan ha negativ verknad for landskapsopplevinga, men avgrensa pga. eksisterande anlegg.	0/-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land nærmast innspelet. Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Ikkje registrert. Fiskeplassar – passive reiskap: Ikkje registrert. Låssettingsplass: Ikkje registrert. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte fiskeriinteresser.	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i rød sektor frå lykta Hiskjo, og utanfor kvitsektor frå trettholmen. Farleia, bilei, Ryvarden-Goddeskjær ligg vest for innspelet, på det minste ca. 35 m. Innspelet ligg innanfor farleiareal. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Innspelet går på å utvide arealføremålet for å tilpasse arealet til anlegget si faktiske plassering. Innspelet flyttar akvakultur-føremålet noko nærmare farleia enn dagens kommuneplan opnar for. Det er god passasje for ferdsel i området. Eventuell justering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	-1
Nærmiljø og stadutvikling	Areal på dei nærmaste øyane er regulert til LNF-område.	Innspelet går på å utvide arealføremålet for å tilpasse arealet til anlegget si faktiske plassering. Det er etablert anlegg her i dag og utvidinga vil truleg ikkje medføre vesentleg auke i støy/skjemmande aktivitet.	0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet Eventuelle endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet for akvakultur ligg utanfor Aktsomhetsområder for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvêr	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

Vind og bølgjer	Innspelet ligg på vestsida av Bømlo, men godt skjerma av øyane i kring. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg ved Ryvarden- Goddeskjær, på det minste ca. 35 m Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan og godkjent anleggsplassering. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er god avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-1	0/-1	0/-1	0	0	-1	0	+1	x

Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir planmessig grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen.

Innspelet har negativ konsekvens for registrert naturmangfald (marine naturtypar), friluftsliv, landskap og nærleik til farlei. Verknadane er avgrensa grunna at innspelet er utviding av føremål for å tilpasse arealet til anlegget si faktiske plassering. Det er etablert anlegg her i dag og akvakulturføremål i kommuneplanen.

Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.13.14 Oksøyskallen

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) Omsynssone Bevaring naturmiljø (H560_8)	**Arealendring** 
Planlagt arealbruk Akvakultur Innspelet er eit heilt nytt akvakulturføremål. Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet. Det er spelt inn, av same firma, eit område for akvakultur like ved.	Innspel for akvakulturføremål synt med svart skravur og innspel om fortøyingar synt med blå skravur.
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 295 daa til akvakulturføremål

Skildring av området	Innspelet ligg lengst sør i Bømlo kommune. Aust for arealet er Sveio kommune med Ryvarden fyr. Vest for arealet er Lyngsøyane. Innspelet er eit nytt akvakulturføremål
Potensial / avgrensingar	Nytt akvakulturområde som gir arealmessig grunnlag for nytt anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet. Innspelet er synt som arealsone utan akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Konsekvensutgreiing	**Verdi**	**Konsekvens**	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert innanfor akvakulturføremålet. Fortøyings-areal i nord overlappar med større tareskogførekomst (viktig verdi). Fortøyingssona grenser i sørvest til område kartfesta som skjelsand (svært viktig verdi) og større tareskogførekomst (viktig verdi). Elles i nærleiken finn ein fleire registreringar av skjelsand og større tareskogførekomstar. Naturvern: Ikkje registrert innanfor innspelet inkl. fortøyingar. Øyane vest og nord for innspelet er sjøfugl-reservat (Hovsøy, Låtersøy, Melne, Melneklubben, Lyngsøy, Oksøy og Raudholmane naturreservat). Nærmaste avstand ca. 950 m frå akvakulturføremål. Vilt/funksjonsomr.: Ikkje registrert innanfor akvakulturføremålet. Fortøyingsareal overlappar med funksjonsområde for Teist, svartbak og ærfugl. Artar: Ikkje registrert innanfor akvakulturføremålet. Fleire i nærleiken: fiskemåke, lunde, tyvjo, lomvi, gråmåke, teist, havørn, havelle, svartand, svartbak og ærfugl og havert. Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Kvaleelva ved Haugesund, avstand over 10 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert i nærområdet. Kystvassførekomst: Bømlo-Ytre. Svært god økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand.	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og anlegg/ fortøyingar er til stades da det er overlappande registreringar og førekomstar i influensområdet. Det er relativt kort avstand til sjøfuglreservat som kan verta negativt påverka av støy og aktivitet. Innspelet opnar for nytt anlegg og innspelet vil difor ha vesentleg påverknad. Potensielt ny biomasse og produksjon vil truleg ha verknad for villfisk bestandane og mogleg kystvassførekomst. Eventuell biomasse på lokaliteten vert avklart i konsesjonssøknad. I denne prosessen vil ev. løyve til utslepp og type teknologi definerast.	-3

Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken. Nærmaste er i Sveio kommune og er knytt til Ryvarden fyr. Avstanden er over 3 km. Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor eller i nærleiken. Nærmaste er i Sveio kommune og er knytt til Ryvarden fyr. Avstanden er over 3 km. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-område og er verna område.	Innspelet er ikkje i direkte areal-konflikt med registrerte friluftsområde. Innspelet hindrar ikkje tilkomst for båtutfart og gjer det mogleg å ferdast mellom øyane og anlegget. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Innspelet opnar for eit nytt anlegg i område utan anlegg eller andre tekniske tiltak. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart. Innspelet har noko avgrensa påverknad då det ikkje er kartfesta registreringar i området og avstanden til Ryvarden fyr er lang.	-1/-2
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Marine ås- og fjellandskap Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi, breie fjordløp og opne fjordmunningar. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-område og er verna område. Det er ingen tiltak i nærområdet. Nærmast landdel med tiltak er Ryvarden fyr (over 3 km avstand).	Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet opnar for å kunne etablere eit heilt nytt anlegg i eit urørt område. Området ligg relativt eksponert i fjorden, men det er lang avstand til busetnad på fastlandet. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, men vil truleg vera lite/mindre synleg frå fastlandet. Etablering av eit anlegg her vil ha negativ verknad for landskapsopplevinga. Innspelet er ei stor endring ifht. kommuneplanen og innspelet vil difor ha vesentleg påverknad.	-2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land, eller eldre bygg/ SEFRAK-registreringar nærmast på land. Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Ikkje registrert overlappande interesser med unntak av fortøyingsareal som kan gå inn i reketrålfeltet Raudholmane. I møte med fiskarar viser dei til at registreringa til Fiskeridirektoratet kan vera feil teikna, og at felta vert lite nytta av fiskarane på Bømlo men kan vera nytta av fiskarar i Sveio. Fiskeplassar – passive reiskap: Store deler av innspelet overlappar med fiskefeltet Vest av Sletta som er nytta til garnfiske etter sei og breiflabb Låssettingsplass: Ikkje registrert Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Innspelet er i direkte arealkonflikt med kartfesta fiskefelt for passive reiskap, og mogleg fortøyingsareal i reketrålfelt. Dei overlappande interessene er i ytterkant av fiskefelta og innspelet vil ikkje splitte fiskefelta. Etablering av anlegg her vil forringe fiskeriinteressene i området. Ev. etablering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	-2/-3

Teknisk infrastruktur	Innspelet til akvakulturføremål ligg i rød sektor frå lykta Ryvarden og grøn sektor frå lykta Raudholmane. Farleia, hovudlei, Karmsundet ligg aust for innspelet, avstand ca. 2,4 km. Akvakulturføremålet ligg innanfor farleiareal. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Innspelet opnar for eit nytt anlegg i området, på eit sjøstrekk med mykje trafikk og som til tider kan vera vêrhardt. Hovudleia går tett inntil land og avstanden til innspelet er stort. Ev. fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	-1
Nærmiljø og stadutvikling	Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-område og er verna område. Det er ingen tiltak i nærområdet. Nærmaste landdel med tiltak er Ryvarden fyr (over 3 km avstand).	Innspelet ligg langt frå busetnad. Verknad for nærmiljø med omsyn til støy og aktivitet er ingen.	0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for etablering av eit heilt nytt areal for akvakultur. Det er få eller ingen slike eksponerte areal for akvakultur i kommunen og arealet gir grunnlag for akvakulturverksemd i område for anna type teknologi (semi- eksponert lokalitet). Arealet vil gi avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten slik at selskapet kan investera i lokaliteten.		+3
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet for akvakultur ligg utanfor Aktsomhetsområder for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvêr Vind og bølgjer	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg på vestsida av Bømlo, og relativt eksponert. Kvart anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvêr er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg eit stykke frå hovudleia Karmsundet og frå fastlandet. Innspelet ligg i eit relativt eksponert område. Det kan skje uhell mellom fritidsbåt og anlegget, samt uhell mellom brønnbåt og anlegget. Det er krav om merking av anlegget, samt at generelt fiske- og ferdselsforbod reduserer risikoen for ulykke. Båtførarar må vise aktsemd ved anlegget. Den viktigste føresegna i fartsforskriften er den generelle aktsomhetsnormen i § 2. (generell fartsbegrensning).		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er lang avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-3	-1/-2	-2/-3	0	-2/-3	-1	0	+3	x


Positive konsekvensar er knytt til at kommuneplanen opnar for akvakulturføremål i eit semieksponert område som konkret oppdrettsfirma har spelt inn. Slike type areal finst ikkje i dagens kommuneplan.

Innspelet har vesentlege negative konsekvensar pga. arealet nytt og at det er overlappande verdiar/interesser knytt til naturmangfald, friluftsliv, landskap, naturressursar og navigasjon. Spesielt har arealet negative verknadar for naturmangfald og fiskeriinteresser.

ROS-analyse: Ekstremver, vind og bølgjer, ulukke på sjø

Samla fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.13.15 Sengane

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)	**Arealendring**  Innspel for akvakulturføremål synt med svart skravur og innspel om fortøyingar synt med blå skravur.
Planlagt arealbruk Akvakultur Innspelet er eit heilt nytt akvakulturføremål. Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet. Det er spelt inn, av same firma eit område for akvakultur like ved.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 58 daa til akvakulturføremål
Skildring av området	Innspelet ligg lengst sør i Bømlo kommune. Aust for arealet er Sveio kommune med Ryvarden fyr. Sør for arealet er Lyngsøyane og nord er Raudholmane. Innspelet er eit nytt akvakulturføremål
Potensial / avgrensingar	Nytt akvakulturområde som gir arealmessig grunnlag for nytt anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvens-utgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakultur-føremålet.

	Innspelet er synt som arealsone utan akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert innanfor akvakulturføremålet. Fortøyings-areal i sør og nord overlappar med større tareskogførekomst (viktig verdi). Elles i nærleiken finn ein fleire registreringar av skjelsand (svært stor verdi) og større tareskog-førekomstar (viktig verdi). Naturvern: Ikkje registrert innanfor innspelet inkl. fortøyingar. Øyane vest og nord for innspelet er sjøfugl-reservat (Hovsøy, Låtersøy, Melne, Melneklubben, Lyngsøy, Oksøy og Raudholmane naturreservat). Nærmaste avstand ca. 1300 m frå akvakulturføremålet. Vilt/funksjonsomr.: Akvakultur-føremålet og store deler av fortøyingane overlappar med funksjonsområde for Teist, svartbak og ærfugl. Artar: Ikkje registrert innanfor akvakulturføremålet. Fleire i nærleiken: fiskemåke, lunde, tyvjo, lomvi, gråmåke, teist, havørn, havelle, svartand, svartbak og ærfugl og havert. Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Kvaleelva ved Haugesund, avstand over 10 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert i nærområdet. Kystvassførekomst: Bømlo-Ytre. Svært god økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand.	Potensiell påverknad for natur-mangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og anlegg/ fortøyingar er til stades da det er overlappande registreringar og førekomstar i influensområdet. Det er relativt kort avstand til sjøfuglreservat som kan verta negativt påverka av støy og aktivitet. Innspelet opnar for nytt anlegg og innspelet vil difor ha vesentleg påverknad. Potensielt ny biomasse og produksjon vil truleg ha verknad for villfisk bestandane og mogleg kystvassførekomst. Eventuell biomasse på lokaliteten vert avklart i konsesjonssøknad. I denne prosessen vil ev. løyve til utslepp og type teknologi definerast.	-3
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken. Nærmaste er i Sveio kommune og er knytt til Ryvarden fyr. Avstanden er over 4 km. Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor eller i nærleiken. Nærmaste er i Sveio kommune og er knytt til Ryvarden fyr. Avstanden er over 4 km. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-område og er verna område.	Innspelet er ikkje i direkte areal-konflikt med registrerte friluftsområde. Innspelet hindrar ikkje tilkomst for båtutfart og gjer det mogleg å ferdast mellom øyane og anlegget. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakultur-anlegg på 100 og 20 meter. Innspelet opnar for eit nytt anlegg i område utan anlegg eller andre tekniske tiltak. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart. Innspelet har noko avgrensa påverknad då det ikkje er	-1/-2

		kartfesta registreringar i området og avstanden til Ryvarden fyr er lang.	
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Kystslettelandskap, ekstremt bølgjeeksponert, småkupert kystslette på ytste kyst. Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi, breie fjordløp og opne fjordmunningar. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-område og er verna område. Det er ingen tiltak i nærområdet. Nærmaste landdel med tiltak er Ryvarden fyr (over 4 km avstand).	Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet opnar for å kunne etablere eit heilt nytt anlegg i eit urørt område. Området ligg relativt eksponert i fjorden, men det er lang avstand til busetnad på fastlandet. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, men vil truleg vera lite/mindre synleg frå fastlandet. Etablering av eit anlegg her vil ha negativ verknad for landskapsopplevinga. Innspelet er ei stor endring ifht. kommuneplanen og innspelet vil difor ha vesentleg påverknad.	-2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land, eller eldre bygg/ SEFRAK-registreringar nærmast på land. Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Ikkje registrert overlappande interesser med unntak av fortøyingsareal som kan gå inn i reketrålfeltet Raudholmane. I møte med fiskarar viser dei til at registreringa til Fiskeridirektoratet kan vera feil teikna, og at felta vert lite nytta av fiskarane på Bømlo men kan vera nytta av fiskarar i Sveio. Fiskeplassar – passive reiskap: Heile akvakulturføremålet overlappar med fiskefeltet Vest av Sletta som er nytta til garnfiske etter sei og breiflabb Låssettingsplass: Ikkje registrert Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Innspelet er i direkte arealkonflikt med kartfesta fiskefelt for passive reiskap, og mogleg fortøyingsareal i reketrålfelt. Dei overlappande interessene er i ytterkant av fiskefelta og innspelet vil ikkje splitte fiskefelta. Etablering av anlegg her vil forringe fiskeriinteressene i området. Ev. etablering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	-2/-3
Teknisk infrastruktur	Innspelet til akvakulturføremål ligg i grøn sektor frå lykta Ryvarden Raudholmane. Aust for innspelet er farleia, hovudlei, Karmsundet, avstand ca. 3 km, og bileia Ryvarden- Godde-skjær, avstand ca. 2,4 km. Akvakulturføremålet ligg utanfor farleiareal. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Innspelet opnar for eit nytt anlegg i området, på eit sjøstrekk med mykje trafikk og som til tider kan vera vêrhardt. Hovudleia går tett inntil land. Avstand til hovudlei og bilei er stort. Ev. fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	-1

Nærmiljø og stadutvikling	Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-område og er verna område. Det er ingen tiltak i nærområdet. Nærmaste landdel med tiltak er Ryvarden fyr (over 4 km avstand).	Innspelet ligg langt frå busetnad. Verknad for nærmiljø med omsyn til støy og aktivitet er ingen.	0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for etablering av eit heilt nytt areal for akvakultur. Det er få eller ingen slike eksponerte areal for akvakultur i kommunen og arealet gir grunnlag for akvakulturverksemd i område for anna type teknologi (semi eksponert lokalitet). Arealet vil gi avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten slik at selskapet kan investera i lokaliteten.		+3
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld areal-strategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: • Eigna sjøareal til marin næring		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet for akvakultur ligg utanfor Aktsomhetsområder for ras og skred (snø/steinsprang). Kjelde NVE.		
Ekstremvêr Vind og bølgjer	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg på vestsida av Bømlo, og relativt eksponert. Kvart anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvêr er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet ligg eit stykke frå hovud- og bilei, samt frå fastlandet. Innspelet ligg i eit relativt eksponert område. Det kan skje uhell mellom fritidsbåt og anlegget, samt uhell mellom brønnbåt og anlegget. Det er krav om merking av anlegget, samt at generelt fiske- og ferdselsforbod reduserer risikoen for ulykke. Båtførarar må vise aktsemd ved anlegget. Den viktigste føresegna i fartsforskriften er den generelle aktsomhetsnormen i § 2. (generell fartsbegrensning).		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er lang avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-3	-1/-2	-2/-3	0	-2/-3	-1	0	+3	x

Positive konsekvensar er knytt til at kommuneplanen opnar for akvakulturføremål i eit semieksponert område som konkret oppdrettsfirma har spelt inn. Slike type areal finst ikkje i dagens kommuneplan. Innspelet har vesentlege negative konsekvensar pga. arealet nytt og at det er overlappande verdiar/interesser knytt til naturmangfald, friluftsliv, landskap, naturressursar og navigasjon. Spesielt har arealet negative verknadar for naturmangfald og fiskeriinteresser. ROS-analyse: Ekstremver, vind og bølgjer, ulukke på sjø
Samla fagleg vurdering: Negativ tilråding

4.13.16 Opplag – Dyrøy

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) Akvakultur	**Arealendring**  Innspel om opplagsområde synt med lilla skravur, og akvakulturføremål som vert sletta og erstatta med bruk og vern av sjø og vassdrag er synt med rød skravur.
Planlagt arealbruk Opplag Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) Innspelet går på å regulere areal for opplag og lagring av utstyr knytt til oppdrettsnæringa. Innspelshavar skriv: *Vest for Dyrøy har det vore akvakulturområde for produksjon i mange år, og dei seinare åra har området blitt nytta som mellomlagringsplass for merdar som ikkje er i bruk. Det er eit akvakulturområde på austsida av Dyrøy, der det tidlegare var oppdrett av blåskjel. Den produksjonen er avslutta for mange år sidan. Det er altså mogleg å legga ned dette AK-området for å «flytta» det til vestsida av Dyrøy, om ein ikkje ønskjer å oppretta eit nytt.*	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 24 dekar opplag Ca. 29 dekar bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)
Skildring av området	Innspelet ligg sør for Svortland og Fylkesneset, aust for Hiskjo og vest for Sakseid/Finnås. Det er ikkje akvakulturverksemd i området i dag, men det var i tidlegare kommuneplan akvakulturføremål her. I dag vert det lagra utstyr mellombels til bruk på aktive lokalitetar.
Potensial / avgrensingar	Innspelet er synt som arealsone utan akvakultur eller opplag i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert innanfor. Skjelsandførekomst like søraust for innspelet, avstand ca. 20 m. Naturvern: Ikkje registrert innanfor eller i nærleiken. Vilt/funksjonsomr.: Ikkje registrert innanfor eller i nærleiken. Artar: Ingen innanfor innspelet, men fleire i nærområdet; storspove og makrellterne. Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Åreidsdalselva i Børøyfjorden Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Gyteområde aust for akvakulturføremålet aust for Dyrøya. Kystvassførekomst: Bømlo-Indre. Moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	Potensiell påverknad av opplags-området er knytt til arealbeslag, støy/aktivitet ved plassering av tiltak, samt jamleg sjekk av utstyret. Fjerning av akvakultur-føremål gir ikkje grunnlag for produksjon i området. Det er liten risiko for konflikt mellom kjente registreringar og utstyr da det ikkje er overlappande registreringar. Opplagsområdet vil ikkje ha verknad for villfiskbestandar eller kystvassførekomst så lenge utstyret vert jamleg kontrollert og fjerna om det er risiko for havari eller anna som kan påverke området negativt.	Opplag -1 Fjerne AK +2
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor eller i nærleiken Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor eller nærmaste nærleik. Areal på land er regulert til LNF-område, samt friluftsføremål nordvest for akvakulturføremålet på austsida av Dyrøya.	Innspelet om opplag og fjerning av akvakulturføremål er ikkje direkte arealkonflikt med registrerte friluftsområde. Opplagsområdet vil innebere ei bandlegging av området for utstyr som ekskluderer friluftsaktivitetar, samt at opplevinga av området vert redusert. Fjerning av akvakulturføremål gir ikkje grunnlag for produksjon eller bandlegging av areal til anlegg og ferdsel/fiske forbodssone. Dette vil vera positivt for generelt friluftsliv og for det regulerte friluftsføremålet på Dyrøya.	Opplag -1/-2 Fjerne AK +2
Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Kystslettelandskap, beskytta indre småkupert kystslette. Landskapsverdi Hordaland: Middels verdi, indre øy-. holme og skjer-gardslandskap. Areal på land er regulert til LNF-område, samt friluftsføremål nordvest for akvakulturføremålet på austsida av Dyrøya.	Opplagsområdet er for lagring av utstyr. Dette vil medverke til negativ landskapsoppleving. Området er relativt godt skjerma av øyane i kring, men likevel vil verknaden vera negativ. Fjerning av akvakulturføremål medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Dette vil vera positivt for landskapsopplevinga i området.	Opplag -1/-2 Fjerne AK +2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø. Nokre kulturminne vest for Flatholmen og eldre bygningar på land ved Storavik.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne. Opplagsområdet er for lagring av utstyr. Området er relativt godt skjerma av øyane i kring for	Opplag 0

	Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert.	innsyn frå registrerte kulturminne eller eldre bygningar. Fjerning av akvakulturføremål medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata.	Fjerne AK 0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Opplag = Ikkje registrert. Akvakulturføremål= overlappar med feltet Børøyfjorden-Hiskosen. Fiskeplassar – passive reiskap: Opplag = Ikkje registrert. Akvakulturføremål= overlappar med feltet Børøyfjorden/ Bømlo sør Låssettingsplass: Ikkje registrert. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Opplagsområdet er ikkje i direkte arealkonflikt med fiskeri-interesser. Fjerning av akvakulturføremål medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg innanfor område med registrerte fiskeriinteresser.	Opplag 0 Fjerne AK +2
Teknisk infrastruktur	Bileia Alsvåg ligg vest for innspela, avstand opplag ca. 500 m og akvakulturføremål ca. 750 m. Areala ligg utanfor farleiareal. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Innspelet er ikkje i konflikt med navigasjonsinnretningar eller farlei. Det vil vera noko avgrensa aktivitet knytt til opplagsområdet som ligg skjerma mellom øyar og holmar. Det er god passasje for ferdsel i området, men opplags-området vil stenge for ev. ferdsel mellom Flatholmen og Dyrøya.	Opplag 0 Fjerne AK 0
Nærmiljø og stadutvikling	Areal på land er regulert til LNF-område, samt friluftsføremål nord-vest for akvakulturføremålet på austsida av Dyrøya. Avstand til busetnad er relativt langt, nærmaste er ei hytte på Langholmen.	Opplagsområdet vil ikkje vera nytta til produksjon, men vera eit lagringsareal. Det er ikkje knytt støy eller vesentleg aktivitet til opplagsområdet. Endringa medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata aust for Dyrøya.	Opplag 0/-1 Fjerne AK +1
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir arealmessig grunnlag for lagring av utstyr som ikkje er i bruk. Dette er ei mellomlagring av utstyr som er produsert for å ligge i sjø og ikkje på land. Arealet har vore nytta til denne bruken over tid. Innspelet fjernar arealmessig grunnlag for etablering av akvakulturanlegg aust for Dyrøya.		Opplag +2 Fjerne AK -2
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld arealstrategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Arealet er knytt til verksemd som driv sjøbasert aktivitet. Innspelet er for lagring av utstyr som vil verta nytta i framtida, berekraftig attbruk av utstyr som er for godt til å skrote. Behov for lagringsareal er knytt til at det i mellomfasar alltid er utstyr som ein ønskjer å ta vare på for så å flytte det til aktuell lokalitet i drift. Det er vesentleg dyrare å lagre utstyret på land enn å ha det liggjande i sjø. I tillegg er det særs arealkrevjande, krev musefrie fasilitetar (treng tett bygg), samt at det kan vera utfordring med lukt frå utstyret som nettopp vert teke opp frå sjøen. Dette gjer at det er noko avgrensa kva areal som er aktuell for lagring på land.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Ikkje relevant		
Ekstremvêr	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**

Vind og bølgjer	Opplagsområdet er for lagring av utstyr. Området er relativt skjerma for vêr og vind, men utstyret må jamleg sjekkast og kontrollerast slik at det ikkje skjer havari eller liknande.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Innspelet om opplagsområde stenger vågen mellom Flatøya og Dyrøya for ferdsel. Utstyret må merkast. Det er god avstand til farleia.		
Støy	**Liv og helse**	**Ytre Miljø**	**Mat. verdiar/samfunn**
	Det er relativt lang avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde. Samt at det er berre båttransport som vil medføre støyande aktivitet.		

Samla vurdering og tilråding:

	Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
Opplag	**-1**	**-1/-2**	**-1/-2**	**0**	**0**	**0**	**0/-1**	**+2**	**x**
Fjerne akvakulturemål	**+2**	**+2**	**+2**	**0**	**+2**	**0**	**+1**	**-2**	**x**

Positive konsekvensar er knytt til at innspelet fjernar planmessig grunnlag for akvakulturføremål i område med fiskeriinteresser, friluftsliv m.m, samt legg til rette for lagring av utstyr i eit planavklart område for oppdrettsnæringa som har sin aktivitet i sjø.

Innspelet om opplagsområde har negativ konsekvens for naturmiljø, friluftsliv og landskap, noko som har samanheng med lagring av utstyr som skjemmer oppleving og ferdsel på sjø.

Samla fagleg vurdering:

- **Opplag: Positiv tilråding**
- **Fjerne akvakulturføremål: Positiv tilråding**